Solund kommune

Innkalling

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Solund Grendahus
Dato:	11.06.2026
Tid:	Kl. 10:30

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå på telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til kommunestyret etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Solund kommune
05.06.2026

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
019/26	Godkjenning av møteprotokoll	
020/26	Skriv og melding	
021/26	Årsrekneskap 2025	
022/26	Årsmelding 2025	
023/26	Tertialrapport nr. 1 2026	
024/26	Nytt kommunehus i Hardbakke senter	
025/26	Budsjettendringar 1. tertial 2026	
026/26	Økonomiplan 2026 - 2029	
027/26	Prosess felles handlings- og økonomiplan med budsjett	
028/26	Lokalitet for ekspressbåtstopp	
029/26	Sluttbehandling mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt	
030/26	Val av medlem og varamedlem til representantskapen i Vest brann og redning for resten av perioden 2023 - 2027	

Det vert fylgjande orienteringar:
Asplan Viak v/ Steinar Onarheim om rapporten “Vurdering av kailokalitetar”
Statsforvaltaren i Vestland om marint vern av Sognefjorden

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-033

ArkivsakID: 26/341
JournalpostID: 26/1546
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 05.06.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
019/26	Kommunestyre	11.06.2026

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saka:
31.03.2026 Møteprotokoll - Kommunestyre - 26.03.2026

Solund kommune

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Solund Grendahus
Dato:	26.03.2026
Tid:	Kl. 10:00 - 15:00
Saksnr.:	012/26 – 019/26

Faste representantar som møtte:	**Parti**
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Kenneth Sæbø	H
Signe Bjorøy	H
Anne Marie Gåsvær	SP
Erlend Lambrechts Trovåg	SP
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Nils Christian Bjørgo	SP
Per Daniel Losnegård	SP
Sara Tunestveit	SP
Øyvind Losnegard	SP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV

Forfall faste representantar:	**Parti**	**Fylgjande vararep. møtte:**	**Parti**
Andreas Færøy Gåsvær	AP	David Færøy Gåsvær	AP
Sigve Lerpold	AP	Hans Emil Gåsvær	AP
Øystein Olai Espeland	H	Øystein Aarøy Mårstig	H

Ugild	Sak	Varamedlem	Merknad
John Sigfred Hugøy	018/26	Silje Alvheim Hop, SP	

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 20. mars 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen

	Leiar for Helse og omsorg Marit Andersen Nesse Leiar for Oppvekst og kultur Øystein Bolset Strand Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer Leiar for Samfunn- og næringsutvikling Gudrun Kristin Fatland Rådgjevar Erik Askeland Rådgjevar Anne Kristine Dyrdal Rådgjevar Mona Hjønnevåg Prosjektleiar Bygdevekst Roar Hansen Rådgjevar Inger Helen Øvrebø
Permisjon frå møte:	Representanten Erlend Lambrechts Trovåg fekk permisjon frå møtet frå 12.00 til 12.50 (under orienteringane).
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkalling
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane John Sigfred Hugøy og Signe Bjorøy vart samrøystes valde
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	Husbanken v/ Olav Ohnstad, Lene Nyheim og Sigbjørn Spurkeland orienterte om Husbanken og deira verkemidlar. *Kommunedirektøren orienterar om:* Rådgjevar Mona Hjønnevåg orienterte om SoFA, eit aktivitetstilbod for vaksne. Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer orienterte om status i "Delmål 1: Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadfunksjonalitet" i Bygdevekstprosjektet. Prosjektleiar Bygdevekst Roar Hansen og rådgjevar Inger Helen Øvrebø orienterte om status i "Delmål 2: Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu" og rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn".
Synfaring:	
Diverse:	<u>Dagsorden</u> 10.00 Konstituering av møte 10.15 Orientering om SoFA 10.25 Handsaming av sak 018/26 og 013/26 10.30 Orientering om Bygdevekst delmål 1 11.30 Orientering om Bygdevekst delmål 2 12.15 Lunch 12.40 Orientering frå Husbanken 13.50 Sakane i rekkefølgje 15.00 Møte heva

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
012/26	Godkjenning av møteprotokoll
013/26	Skriv og melding
014/26	Sluttbehandling Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038
015/26	Oppstart forprosjekt utedel av dagsenter ved Solund helsetun
016/26	Revisjon av vedtekter for Solund fritidsfond
017/26	Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune
018/26	Fritak politiske verv
019/26	Notat om lærlingar i sektor for oppvekst og kultur

Underskrifter:

012/26: Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 012/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre sin møteprotokoll frå 5. februar 2026 vert godkjent.

013/26: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Felles framlegg:

Skriv 5 vert sett på sakskartet som sak 019/26.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 013/26 VEDTAK:
Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Skriv 5 vert sett på sakskartet som sak 019/26.

014/26: Sluttbehandling Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.

2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 014/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.
2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Felles framlegg om tillegg:

Nytt punkt 3:

Innspel frå Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert teke med inn i arbeidet med handlingsdelen.

Votering:

Det vart røysta samla over formannskapet sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg. Formannskapet sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 014/26 VEDTAK:

1. Solund kommunestyre vedtar Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2026 - 2038 datert 05.03.26, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-15.
2. Planen vert offentleggjort i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, 2. ledd.
3. Innspel frå Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert teke med inn i arbeidet med handlingsdelen.

015/26: Oppstart forprosjekt utedel av dagsenter ved Solund helsetun

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til

behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Felles framlegg om tillegg:

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 015/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 015/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre vedtek at det vert starta eit forprosjekt på eit utvida dagsenter. Der kostnadsestimat og framdriftsplan vert laga. Administrasjonen vil nytte ekstern hjelp til behovs- og arealsavklaring, samt designskisser og kostnadsestimat. Ramme for dette vert sett til 125 000,-. Finansiering hentast frå eksisterande midlar i økonomiplan og budsjett.

I det vidare arbeid må det sikrast god medverknad, mellom anna frå medverknadsorgan og andre som kan representere aktuelle brukargrupper.

016/26: Revisjon av vedtekter for Solund fritidsfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek:

1. endringsforslaget til gjeldande kriteriar for Solund fritidsfond, slik dei føreligg.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Felles framlegg om endring:

Endring av punkt 1:

“reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre."

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om endring vart samrøystes vedteke.

FOR- 016/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre vedtek:

1. reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 016/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre vedtek:

1. reviderte kriterie for Solund fritidsfond, slik dei ligg føre.
2. at kommunedirektøren får delegert mynde til å gjere ikkje-prinsipielle endringar i kriteria, og som ikkje endrar fondet sitt overordna føremål.

017/26: Kartlegging av bustadbehov i Solund kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek rapporten “Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn” til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 019/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre tek rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn" til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 017/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre tek rapporten "Ein heim - eit nabolag - vårt lokalsamfunn" til vitande.

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide eit heilskapleg og konkret Bustadprogram for Solund kommune som skal være førande for arbeid med bustadattraktivitet dei kommande åra. Det må sikrast brei involvering når Bustadprogrammet vert utarbeida.

018/26: Fritak politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

Handsaming i Formannskap 19.03.2026:

Representanten John Sigfred Hugøy var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav a og deltok ikkje i handsaminga. Vararepresentant Sigve Lerpold møtte under saka.

Felles framlegg om tillegg:

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og felles framlegg om tillegg. Kommunedirektøren sitt framlegg om vedtak og felles framlegg om tillegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 021/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Representanten John Sigfred Hugøy var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav a og deltok ikkje i handsaminga. Vararepresentant Silje Alvheim Hop møtte under saka.

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM- 018/26 VEDTAK:
Solund kommunestyre avslår søknaden frå varaordførar John Sigfred Hugøy om fritak frå politiske verv.

Omtale av forsikringsordningar vert innarbeidd i reglement for folkevalde i god tid før neste valperiode.

019/26: Notat om lærlingar i sektor for oppvekst og kultur

Handsaming i Kommunestyre 26.03.2026:

Framlegg om vedtak frå Gunn Åmdal Mongstad:

"Solund kommune skal legge til rette for at flest mogleg skal kunne ha lærlingtida si i kommunen. Det vert lagt fram eige sak om dette."

Votering:

Framlegg om vedtak frå Gunn Åmdal Mongstad vart samrøystes vedteke.

KOM- 019/26 VEDTAK:
Solund kommune skal legge til rette for at flest mogleg skal kunne ha lærlingtida si i kommunen. Det vert lagt fram eige sak om dette.

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-033

ArkivsakID: 26/341
JournalpostID: 26/1547
Sakshandsamar: ACOS Møtebruker (må ikke deaktiveres/slettes)
Dato: 05.06.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
020/26	Kommunestyre	11.06.2026

Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

Saksnummer	Tittel
1	Møtebok frå rådsmøte 10.09.2025
2	Møtebok frå Solund kontrollutval 12.05.2026
3	Oversending av sak til kommunestyret
4	Møteprotokoll - Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 25.11.2025
5	Møteprotokoll - Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 25.03.2026
6	Møteprotokoll - Solund Ungdomsråd - 19.01.2026
7	Kommunane si satsing på kultur, idrett og inkludering
8	Tilstandsrapport HAFS barnevernsteneste 2025
9	Sofa - Solund fellesarena
10	Rekneskap og årsmelding 2025
11	Solund - budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029
12	Revidert nasjonalbudsjett 2026 og kommuneopplegget for 2027

Fjordane interkommunalt politisk råd

Møtebok

Utval:	Fjordane interkommunalt politisk råd
Møtestad:	Førde
Dato:	10.09.2025
Tid:	Kl. 10:30 - 15:00

Følgjande medlem møtte	**Parti**
Anne Kristin Førde	
Arnar Kvernevik	
Bengt Solheim-Olsen	
Gunn Åmdal Mongstad	
Jenny Følling	
Leif Jarle Espedal	
Ole André Klausen	
Per Kjøllesdal	
Petter Sortland	
Judith Margrete Kvåle	AP

Forfall	**Parti**	**Varamedlem**	**Parti**
Kjell Eide			

Møteleiar: Jenny Følling

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/028	Godkjenning av innkalling og saksliste
25/029	Godkjenning av møteprotokoll
25/030	Referatsaker
25/031	Orienteringssaker 10.09.25
25/032	Orienteringar frå leiar 10.09.25
25/033	Orienteringssaker frå kommunedirektørnettverket 10.09.25
25/034	Evaluering av Fjordane interkommunalt politisk råd
25/035	Oppstart av kraftstrategi for Region Fjordane
25/036	Drøfting - skal Fjordane ha ein samferdselsstrategi?
25/037	Planlegging av formannskapskonferansen 2026
25/038	Uttale - Stad skipstunnel
25/039	Evaluering - Arendalsveka 2025

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033
JournalpostID:	25/33319
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	05.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/028	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Godkjenning av innkalling og saksliste

Leiar si tilråding:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/028 Vedtak:
Leiar si tilråding:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033
JournalpostID:	25/33210
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	04.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/029	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:
Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

25.06.2025	Protokoll - Arbeidsmøte i Fjordane interkommunalt politisk råd	1776723

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/029 Vedtak:
Leiar si tilråding:
Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033
JournalpostID:	25/33320
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	05.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/030	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Referatsaker

Leiar si tilråding:
Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:
1, Rullering av RTP - uttale frå Region Fjordane

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/030 Vedtak:
Leiar si tilråding:
Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033
JournalpostID:	25/33142
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	03.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/031	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Orienteringssaker 10.09.25

1. Grønt Landtransportprogram v/ Bjørn R. Kjørmo og Ingelin Noresjø
2. Invest in Fjordane v/ Bård Sandal og Ørjan Stubhaug

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Orienteingssakene vert teken til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/031 Vedtak:
Framlegg til vedtak:

1. Orienteingssakene vert teken til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033
JournalpostID:	25/33145
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	03.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/032	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Orienteringar frå leiar 10.09.25

Orienteringar:

1. Invitere politiet til rådsmøte- omorganisering av politiet
2. Val av ny leiar og AU
3. Rådsmøte 28.-29. oktober- endre dato?

Leiar sitt framlegg til vedtak:
«Skriv her»

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/032 Vedtak:
Framlegg til vedtak:

1. Rådet tek orienteringane til vitande. Ny dato for rådsmøte er 31. oktober i Høyanger og inviterer dei nye stortingsrepresentantane til rådsmøte.
2. Regionrådet støttar opp om Forsvarsforum Vestland IPR der ein tek med seg kommunar med utanfor Bergen som er relevante.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033
JournalpostID:	25/33144
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	03.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/033	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Orienteringssaker frå kommunedirektørnettverket 10.09.25

Bakgrunn for saka:

1. Drøftingar om alarmsentralen
2. Invitasjon til Musea i Sogn og Fjordane
3. Høyring- forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå
4. Prosjektskjønn- Forstudie brann og redning

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Rådet tek orienteringane til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/033 Vedtak:
Framlegg til vedtak:

1. Rådet tek orienteringane til vitande.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:
JournalpostID: 25/33215
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato: 04.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/034	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Evaluering av Fjordane interkommunalt politisk råd

Bakgrunn for saka:
I 2021 vart det fatta vedtak i medlemskommunane om å etablere Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR) som ei overbygning over dei eksisterande regionråda. Dette var eit strategisk grep for å vere ei sterk stemme og ein samarbeidspart inn i nye Vestland fylke. Målet var å få eit større og meir slagkraftig politisk organ som kunne vere ein tydeleg aktør, og samstundes vidareføre viktige oppgåver regionalt.

Rådet vart konstituert i mars 2022, og frå 1. januar 2023 var FIPR i ordinær drift som funksjonelt regionråd. Høyanger kommune vart innlemma som medlem i 2023, slik at rådet i dag består av 11 kommunar med til saman om lag 78 000 innbyggarar. Stad kommune er vertskommune for samarbeidet.

Med etableringa av Fjordane IPR er dei tre tidlegare regionråda i området – Nordfjordrådet, Hafs regionråd og SIS regionråd – nedlagde. FIPR er dermed det einaste politiske rådet i regionen og har samla rolla som felles politisk overbygning for kommunane i Fjordane.

FIPR er etablert etter kommunelova § 18 som interkommunalt politisk råd (IPR). Dette inneber at rådet skal vere ein arena for politisk samarbeid mellom kommunane. Etter tre år i drift er det naturleg å evaluere korleis FIPR har utvikla seg, og korleis rådet best kan organiserast og vidareutviklast for å fylle rolla som eit politisk tyngdepunkt i den nordlege delen av Vestland.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR) legg fram saka om evaluering av rådet for drøfting i rådsmøtet.
2. Etter møtet vert det gjennomført ei kort, skriftleg innspelsrunde hjå medlemskommunane om evalueringa og dei perspektiva som er omtala i saka.
3. På bakgrunn av rådsmøtet si drøfting og innspela frå medlemskommunane utarbeider sekretariatet eit samla saksframlegg.
4. Saksframlegget vert sendt til alle medlemskommunane slik at dei kan handsame saka om

vidareføring av Fjordane interkommunalt politisk råd i desembermøte 2025.

Vedlegg i saka:

04.09.2025	Årsmelding Fjordane IPR 2022 og 2023	1788324
04.09.2025	Årsmelding 2024- Fjordane interkommunalt politisk råd	1788325

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:
Innspel:

- Legge til eit avsnitt om organisering før samanslåing av dei 3 regionråda.
- Evalueringar er ein "status" på kor langt ein er komen i prosessen med etableringa.
- Uttaleorgan vs politikkutforming

Ber om at ein legg til puntk til evalueringa:

- Korleis har ein lukkast med å skape kreative arenaer der næringsliv, forsking og utdanningsmiljøa og offentlege myndigheiter kan samhandle. Med oppfølgingsspørsmål om ein ønskjer å prioritere dette vidare i regionrådet.
- Organisering av kommunedirektørnettverket og formål.

FIPR- 25/034 Vedtak:
Framlegg til vedtak:

1. Fjordane interkommunalt politisk råd (FIPR) legg fram saka om evaluering av rådet for drøfting i rådsmøtet.
2. Etter møtet vert det gjennomført ei kort, skriftleg innspelsrunde hjå medlemskommunane om evalueringa og dei perspektiva som er blir spelt inn i møtet.
3. På bakgrunn av rådsmøtet si drøfting og innspela frå medlemskommunane utarbeider sekretariatet eit samla saksframlegg.
4. Saksframlegget vert sendt til alle medlemskommunane slik at dei kan handsame saka om vidareføring av Fjordane interkommunalt politisk råd i desembermøte 2025.

Saksopplysningar:

Status for Fjordane interkommunalt politisk råd

Fjordane IPR har sidan oppstarten i 2022 utvikla seg til å bli den samla politiske overbygninga for medlemskommunane. Rådet har etablert seg som ein aktør med legitimitet og tyngde i det regionale landskapet.

Organiseringa er bygd opp med rådsmøte, arbeidsutval og kommunedirektørnettverk. Stad kommune har vertskommuneansvaret, og sekretariatet er lagt dit i ei 50 prosent stilling. Det er vidare etablert administrative fagnettverk innan oppvekst, helse og omsorg, personal, samt samfunn og utvikling. Desse er framleis i ein tidleg fase, og kan vere ei støtte for rådet, men ligg noko på sida av intensjonen i kommunelova § 18.

Den politiske aktiviteten er høg, med 5–6 rådsmøte i året. Arbeidsutvalet førebur saker, medan kommunedirektørnettverket fungerer som fagleg bindeledd mellom administrasjon og politikk. Rådet har lagt stor vekt på å vere ein arena for politiske og administrative leiarar, og har etablert formannskapskonferansen som årleg møteplass. Denne har raskt fått ein viktig funksjon som arena

for å utvikle felles forståing av regionale utfordringar og moglegheiter.

FIPR har òg vore synleg på fleire arenaer, mellom anna under Arendalsveka, og har invitert næringsliv, organisasjonar og offentlege instansar inn i møta for dialog. Gjennom utviklingsplanen er det peikt ut satsingsområde innan verdiskaping, klima og miljø, attraktive lokalsamfunn og marknadsføring av Fjordane som bu- og arbeidsregion. Kraftsituasjonen har vore særleg viktig, og rådet har saman med Invest in Fjordane starta strategiarbeid knytt til dette. Det er òg sendt fleire høyringsuttaler og innspel til fylkeskommunen og nasjonale styresmakter, noko som har styrka posisjonen som interessepolitisk aktør.

Den økonomiske grunnfinansieringa er føreseieleg. Kommunane bidreg med 50 000 kroner kvar i årleg kontingent, og alle har betalt sin del i 2024 og 2025. Vestland fylkeskommune bidreg med 600 000 kroner til drift og 80 000 kroner til Kompetanseforum Fjordane. I tillegg kjem fondsmidlar frå prosjekt og overføring frå det no avvikla Kystrådet.

Samla sett har FIPR gått frå å vere eit oppstartsprosjekt til å bli eit funksjonelt politisk samarbeidsorgan og ein tydeleg stemme for Fjordane og jobbar med saker som medlemskommunane har nytte av.

Erfaringar og læringspunkt

Erfaringane så langt viser at organiseringa har gitt god framdrift, men også enkelte utfordringar. Arbeidsutvalet med fem politiske representantar og leiar av kommunedirektørnettverket har fungert effektivt, men kommunar utan representasjon kan oppleve at dei står på utsida av viktige diskusjonar. Her ligg eit behov for å styrke forankring og eigarskap i heile rådet.

Eit anna læringspunkt er å halde fast på at FIPR først og fremst er eit politisk råd. Rådet må byggje strategiar som ein kan stå samla om utad. Kraft har vore hovudtema til no, men det er nødvendig å løfte også dei andre områda i utviklingsplanen – særleg samferdsel og arealpolitikk, i tillegg til næringsutvikling, klima og attraktive lokalsamfunn.

Samla sett peikar erfaringane på at FIPR har kome langt på kort tid, men òg at organisering og arbeidsform bør justerast for å styrke rådet som eit tydeleg og samla politisk samarbeidsorgan.

Perspektiv for evalueringa

Fjordane IPR er etablert i ein ny regional kontekst der vi ikkje lenger er eit eige fylke, men ein del av Vestland. Med 11 kommunar og om lag 78 000 innbyggjarar representerer rådet eit tyngdepunkt i den nordlege delen av fylket. Rådet er ein naturleg samarbeidspart og vert invitert til årlege samlingar hos Statsforvaltaren, KS og fylkeskommunen, og vert jamleg utfordra til å vere høyringspart i regionale saker.

FIPR er tufta på konsensus. Rådet skal vere ein arena der kommunane står saman og finn felles løysingar, noko som gjev legitimitet og tyngde, men som òg krev tid og vilje til kompromiss. Balansen mellom lokale omsyn og felles strategiar er avgjerande.

Som interkommunalt politisk råd er FIPR forankra i kommunelova § 18. Evalueringa må vurdere i kva grad rådet har oppfylt funksjonen som politisk samarbeidsarena, og korleis ein kan styrke rolla som politisk pådrivar og strategisk aktør.

Formannskapskonferansen har vist seg å vere ein viktig arena for å samle politiske og administrative leiarar, og bør vidareutviklast. Samtidig bør organiseringa vurderast nærmare for å sikre forankring og deltaking frå alle kommunane.

Dei administrative fagnettverka er enno i ein tidleg fase, og det er for tidleg å evaluere deira effekt. På sikt bør ein likevel vurdere både formål og ressursbruk for å sikre at nettverka gir meirverdi og vert ein integrert del av samarbeidet.

Forslag til evalueringskriterium

For å få ein målretta evaluering vert følgjande kriterium foreslått:

- Formål – I kva grad har FIPR oppfylt formålet som interkommunalt politisk råd?
- Organisering – Korleis fungerer rådsmøtet, arbeidsutvalet og kommunedirektørnettverket? Sikrar organiseringa forankring og deltaking frå alle kommunane?
- Relevans – Tek FIPR opp dei rette sakene, og opplever kommunane rådet som nyttig og tydeleg i Vestlandssamanheng?
- Ressursbruk – Har rådet eit berekraftig finansieringsgrunnlag, og blir ressursane nytta i samsvar med aktivitet og resultat?

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:
JournalpostID: 25/33253
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato: 04.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/035	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Oppstart av kraftstrategi for Region Fjordane

Bakgrunn for saka:
Regionrådet har gjennom kraftanalysen, innspel frå kommunar og næringsliv, og arbeidsverkstaden i juni 2025, identifisert fleire utfordringar som krev politisk merksemd. Manglande tilgang på kraft, utydelege køordningar og bekymring for tapt verdiskaping og utsett omstilling er blant dei mest presserande problemstillingane.

I denne fasen skal regionrådet drøfte dei strategiske hovudretningane og kome med innspel til det vidare arbeidet med kraftstrategien, Fjordanepakken. Målet er å sikre at utfordringane som rammar heile regionen, får ei tydeleg politisk forankring og ei samla retning for vidare innsats

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet tek orientering til vitande og ber om at det vert innarbeidd innspel frå møtet.

Vedlegg i saka:

04.09.2025	Arbeidsmøte om Kraft- oppspill til Fjordanepakken	1788420
04.09.2025	politiske arbeidsområder	1788421

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:
Legge til punkt

- Tilknytning og anleggsbidrag (ønske å prioritere dette)
- Korleis og kven ein skal påverke i det vidare arbeidet
- Vere dynamisk- arbeide med det som dukkar opp og er relevant
- Korleis forholde seg til verna vassdrag?

FIPR- 25/035 Vedtak:
Framlegg til vedtak:

1. Regionrådet tek orientering til vitande og ber om at det vert innarbeidd innspel frå møtet.

Saksopplysningar:

Utkast til kraftstrategien

Innleiing
Region Fjordane er ein stor produsent av fornybar energi, og har i fleire tiår levert store mengder straum til resten av Noreg. Likevel opplever kommunane i regionen i dag at dei ikkje har tilgang til nok kraft til å utvikle eigen industri, etablere ny næring eller gjennomføre nødvendig elektrifisering. Kraftbehov blir avvist, næringsaktørar står i kø for å bli kopla på nettet, og planlagde prosjekt blir utsette eller stoppa.

Utan tilgang til kraft blir det vanskeleg å få til den omstillinga samfunnet krev. Vi risikerer å miste industri, arbeidsplassar og framtidsretta næringsetableringar. Bustadbygging og samfunnsutvikling blir stogga, og regionen si evne til å bidra til nasjonale klima- og miljømål blir svekt. Når vi samtidig ser at vi produserer meir enn vi bruker – og at verdiane i stor grad blir ført ut av regionen – svekkjer det både viljen og evna til å stille opp for fellesskapet.

Det er bakgrunnen for at vi har utvikla Fjordanepakken – ein samla kraftstrategi for Region Fjordane. Dette er ikkje eit teknisk fagnotat, men ein politisk strategi. Den skal gi retning for det vidare arbeidet, samle kommunane om felles utfordringar, og stake ut konkrete grep for påverknad og gjennomføring. Strategien skal bidra til å styrke dialogen mellom kommunar, næringsliv og kraftaktørar, og skape rom for alliansar som gjer oss sterkare samla enn kvar for oss.

Fjordanepakken er òg eit verktøy for systematisk arbeid. Vi ønskjer å få på plass eit kraftforum som tek tak i utfordringane, byggjer felles kunnskap og samordnar innsatsen. Med denne strategien vil vi synleggjere kva kraftmangel faktisk kostar – i tapte moglegheiter, svekt omstillingsevne og utarma verdiskaping. Og vi ønskjer å rette søkjelyset mot dei endringane som må til i politikk, system og struktur for at Region Fjordane skal få utvikle seg på eigne vilkår – til det beste for både folk, næring og nasjon.

Visjon: Ein rettferdig og berekraftig kraftpolitikk som gjer det mogleg for Region Fjordane å utvikle verdiskaping, grøn industri og robuste lokalsamfunn – på eigne premiss.

Formål: Fjordanepakken er Region Fjordane sin politiske strategi for kraft og energi. Dokumentet skal synleggjere utfordringane i vår region, påverke nasjonal politikk og samle kommunar, næringsliv og regionale aktørar om konkrete mål for krafttilgang, verdiskaping og omstilling.

Innsatsområde

1. Energieffektivisering og betre bruk av eksisterande kraft
2. Natur og areal – utvikling med omsyn
3. Auka produksjon av fornybar energi
4. Rettferdig fordeling og forsterking av nettkapasitet

Det er utarbeidd eige vedlegg til saka vi viser dei konkrete problemstillingane som ein ønskjer å arbeid med. Ein ønskjer i dette rådsmøtet å drøfte om dette er problemstillingar som ein vil ta med seg i det vidare arbeidet.

Vurdering

Gjennom dialog, analysar og arbeidsverkstad har det kome fram at kraftspørsmålet i Region Fjordane er samansett, men at mange av utfordringane er godt kjente og delte av fleire kommunar og næringsaktørar. For å få brei politisk forankring og sikre framdrift, vel ein i denne fasen å utforme ein forenkla strategi med fokus på dei konkrete problemstillingane som regionen ønskjer å påverke.

Målet er å spisse innsatsen mot område der kommunane kan stå samla, og der det er mogleg å få politisk gjennomslag. Ei forenkla tilnærming gjer det lettare å konkretisere dei politiske kampsakene, formulere realistiske krav og leggje grunnlag for systematisk arbeid i dialog med nasjonale aktørar. Strategien skal fungere som eit verktøy for politisk påverknad og regional samordning – og ikkje som ein tradisjonell plan med operative tiltak.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:
JournalpostID: 25/33256
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato: 04.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/036	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Drøfting - skal Fjordane ha ein samferdselsstrategi?

Bakgrunn for saka:
Sekretariatet har teke initiativ til å starte arbeidet med ein mogleg politisk samferdselsstrategi for Region Fjordane. Bakgrunnen er behovet for å stå samla i påverknadsarbeidet overfor både Vestland fylkeskommune og nasjonale styresmakter, og for å få gjennomslag for dei prosjekta og prinsippa som er viktige for vår region.

Som grunnlag for drøfting har sekretariatet utarbeidd eit første utkast til diskusjonsgrunnlag. Det viktigaste i denne omgang er å ta stilling til om regionrådet ønskjer å utvikle ein felles politisk samferdselsstrategi, og eventuelt korleis vi ønskjer å gå vidare med arbeidet.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Saka vert lagt fram for regionrådet utan tilråding.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:
Innspel i møtet:
- Dialog med dei rette slik at ein ser det store bildet (td. kystverket og skyss)
- Definisjon av samfunnsøkonomisk nytte mtp kriteritum og berkeningsmodellane, rente, avskrivningstid

FIPR- 25/036 Vedtak:
Framlegg til vedtak:

1. Regionrådet sluttar seg til at ein byrjar med å planlegge for ein samferdselsstratgei med utgangspunkt i innspel frå møtet.

Saksopplysningar:

For å ha eit diskusjonsgrunnlag er det utarbeidd eit utkast til innhald i samferdselsstrategi. Denne peikar ikkje på enkeltprosjekt i denne omgang men peikar på politiske prinsipp som ein kan ta utgangspunkt i, deretter kople ulike samferdselsprosjekt til desse. Det vil vere naturleg at dei politiske prinsippa må differensierast med omsyn til NTP og RTP.

Visjon:

Region Fjordane skal vere ein tydeleg politisk stemme i samferdselspolitikken, og utvikle eit trygt, berekraftig og framtidsretta transportsystem som gjer det mogleg å bu, arbeide og skape verdiar i heile regionen.

Formål:

Samferdselsstrategien for Region Fjordane skal vere ein politisk forankra strategi som samlar regionen om felles prioriteringar, og peiker ut kva for nasjonal og regional samferdselspolitikk som må utfordrast for å fremje våre behov.

Strategien skal:

- Løfte fram og fremje samferdselsprosjekt som er avgjerande for regionutvikling,
- Fremje ny samferdselspolitikk
- Fremje tryggleik, beredskap og vedlikehald av eit rasutsett og sårbart transportnett,
- Fremje fjordkryssingar og sjøtransport

Strategien skal gi Region Fjordane ei samla politisk stemme, og vere grunnlag for påverknadsarbeid inn mot stortingspolitikarar, departement, regionale etatar og samarbeidande kommunar og fylke.

Fjordaneperspektivet: Byggje region – byggje tryggleik

I ei tid prega av geopolitisk uro, aukande beredskapsbehov og press på nasjonale ressursar, er det avgjerande at Noreg byggjer samfunn som står støtt – i heile landet. Det handlar ikkje berre om samferdsel, men om nasjonal tryggleik, beredskap og evna til å halde oppe verdiskaping og velferd over tid.

Region Fjordane spelar ei nøkkelrolle i norsk sjømatproduksjon, energi, industri, eksport og reiseliv. Dette krev infrastruktur som er påliteleg, sikker og framtidsretta – ikkje som ei gåve frå staten, men som ein føresetnad for å halde hjula i gang, også i utrygge tider.

Dei store verdiane som blir skapt i regionane må møte ein stat som byggjer med – ikkje nedprioriterer. Dagens transportpolitikk må sikre nasjonal samanhengskraft og effektiv bruk av ressursar. Fjordane vil særleg peike på at det er behov for å investere i infrastruktur som fungerer i heile landet – også i dei regionane som kanskje ikkje har flest innbyggarar, men som har størst verdiar å beskytte og utvikle.

Behov for politisk kursendring i Nasjonal transportplan

Nasjonal transportplan (NTP) legg føringane for dei største samferdselsinvesteringane i Noreg, og har avgjerande betydning for kva slags infrastruktur og transporttilbod regionar som Fjordane har tilgang til i tiåra som kjem. Region Fjordane har i fleire samanhengar peika på at NTP i dag ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til distrikta sine behov. Det er særleg tre utfordringar som gjer seg gjeldande:

<u>Politiske prinsipp for mobilitet, regional utvikling og kystsamfunn</u>

1. Underprioritering av rassikring og tryggleik

2. Skeiv geografisk fordeling av investeringar

3. Ein jernbanetung plan – lite veg for distrikta

Regional transportplan – avgjerande for Fjordane

Den regionale transportplanen (RTP) må vere eit aktivt verktøy for å byggje framtidas Vestland – ikkje berre ei opplisting av prosjekt. Skal vi utvikle eit fylke med levande lokalsamfunn, sterke næringsmiljø og robuste bu- og arbeidsregionar, må RTP brukast strategisk til å løfte fram distrikta og bygge opp under regional utvikling i heile fylket.

Fjordane spelar ei nøkkelrolle i verdiskaping, beredskap og eksport frå Vestlandet. Då må også samferdselsinvesteringane spegle dette. RTP må ikkje bli ein teknisk arena der geografiske skilnader blir oversett, men eit politisk verktøy som driv utvikling der det verkeleg monar – også utanfor dei største byane.

<u>Politiske prinsipp for mobilitet, regional utvikling og kystsamfunn</u>

1. Tilgang til mobilitet for alle

2. Samferdsel som drivkraft for utvikling

3. Kysten som del av hovudsystemet

4. Likeverdig tilgang til tenester og tryggleik

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033
JournalpostID:	25/33237
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	04.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/037	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Planlegging av formannskapskonferansen 2026

Bakgrunn for saka:
Formannskapskonferansen 2025 vart gjennomført i Loen med brei deltaking og gode tilbakemeldingar. Arbeidsutvalet ønskjer å vidareføre konferansen i same format som eit lunsj-til-lunsj-arrangement, med planlagt gjennomføring i veke 10 i 2026 i Førde. Vi er no på idemyldringsstadiet, og kommunedirektørane har peikt på fleire aktuelle tema som kan utviklast vidare. Regionrådet vert invitert til å kome med innspel til tema og vinklingar, slik at vi kan starte førebuingar og sikre at konferansen løftar fram dei mest relevante problemstillingane for kommunane i regionen

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Saka vert lagt fram for rådet utan tilråding.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:
Innspel:
- Samfunnsutviklarrolla som overordna tema og ulike sekvensar innan for dette tema.
- Vurdere utanforskap, omstilling og beredskap
- Invitere inn dei ulike "næringsorganisasjonar" for å få innsikt i kvar vi står.

FIPR- 25/037 Vedtak:
Framlegg til vedtak:

1. Regionrådet tek orienteringa til vitande og ber om at innspel frå møtet vert vurdert inn i den vidare planlegginga.

Saksopplysningar:
I februar 2025 vart formannskapskonferansen gjennomført i Loen. Konferansen samla om lag 180 deltakarar, med brei deltaking frå både politisk og administrativ leiing, i tillegg til kraftselskap, næringshagar og ulike interesseaktørar. Evalueringa viser at deltakarane opplevde konferansen som ein viktig arena for kunnskapsdeling og drøfting av store samfunnsspørsmål. Tilbakemeldingane var særleg positive til kombinasjonen av faglege innlegg, politisk drøfting og arena for uformelle samtalar.

Hovudtema for konferansen i 2025 var kraft og helse. Målet var å ha nok tid til å gå i djupna på desse samfunnsområda. Kraft vart løfta som ei felles sak for heile Fjordane, og konferansen vart arrangert i samarbeid med Invest in Fjordane. Slike samarbeid vart trekt fram som viktige både for å styrke programmet og for å sikre relevans i innlegga.

Eit nytt trekk ved konferansen i Loen var den sterke deltakinga frå administrativ leiing i alle kommunane. Kommunedirektørane understreka verdien av at ulike kommunalområde får innsikt i heilskaplege og nasjonale problemstillingar – også innan fagfelt som ikkje ligg til deira daglege ansvarsområde. Dette peikar på at formannskapskonferansen har utvikla seg til å bli ein felles møteplass for politisk og administrativ leiing i regionen.

Konferansen vart også omtala som ein viktig møtestad for regionutvikling, særleg når ein får besøk av statsrådar, statsforvaltar, finans- og kraftbransjen og forskingsmiljø. Samstundes viste evalueringa at enkelte innlegg kunne hatt meir tid til fordjuping, som til dømes KS Konsulent sitt innlegg om helse- og omsorgstenester. Det vart også spelt inn at IKT-selskapa kunne vere relevante bidragsytarar i framtida, då dei spelar ei sentral rolle i effektivisering og omstilling i kommunal sektor.

Status så langt i arbeidet:

Arbeidsutvalet har drøfta evalueringa og ønskjer å vidareføre formannskapskonferansen i same format – eit lunsj-til-lunsj-arrangement. For 2026 er det føreslått å legge konferansen til veke 10 i Førde, slik at også økonomisjefane i kommunane får høve til å delta.

Vi er no på idemyldringsstadiet. Kommunedirektørane har hatt ein første runde med idear til aktuelle tema og vinklingar. Mellom anna er desse forslaga spelt inn:

Transformering gjennom arealpolitikk og bustadutvikling

Ein sekvens om korleis kommunane kan utvikle lokalsamfunn og samtidig handtere nasjonale føringar som kan opplevast hemmande.

- Stadutvikling og bustadpolitikk – bustadsattraktivitet (Folka våre)
- Planprosessar og strandsone – dagens arbeidsmåtar mellom politikk og administrasjon
- Effektivisering av arealplanarbeidet – kva vil det seie å vere arealnøytral, og korleis påverkar det kommunane?
- Kva skal til for å lukkast med transformering i arealpolitikken?

Barn, familie og helse

Her får vi løfta fram dei gode historiene som kan inspirere og bygge læring på tvers av kommunane.

- Skulepolitikk og prinsippet om barnas beste
- Familie- og helsetenester – døme frå barnebustad, barnevern og andre tenester der vi kan lære av kvarandre
- Kva skal til for å lukkast med transformering i tenestene retta mot barn, unge og familiar?

Beredskap og samfunnstryggleik

Ein sekvens som gjev deltakarane innsikt i utfordringar der kommunane må vere på hogget – både på kort og lang sikt.

- Totalberedskap: tele, straum og det nye trusselbiletet
- Analyse av kraftsituasjonen i Ytre Sogn – resultat og nasjonal merksemd
- Kommunane si rolle som førstelinje i samfunnstryggleik

Berekraft og effektivisering

Her får vi eit breitt perspektiv på korleis kommunane kan levere meir og betre, innanfor tronge rammer.

- Omstilling og effektivisering i kommunal sektor
- Digitalisering/IKT som nøkkel for betre drift og utvikling
- Kombinasjonen av økonomisk berekraft og grøn omstilling

Politisk og administrativt leiarskap

Ei avsluttande sekvens om korleis vi styrer og leier kommunane for å lukkast med transformering og møte framtida.

- Politisk leiarskap i omstilling – verkstad med enkeltsaker
- Forholdet mellom politikk og administrasjon
- Kommunedirektørrolla – styrking og utvikling

Dette er ikkje endelege tema, men eit første grunnlag for vidare drøfting.

Vidare prosess

Regionrådet vert med denne saka invitert til å kome med innspel til tema og vinklingar for formannskapskonferansen 2026. Innspela vil vere viktige for å forme programmet og sikre at

konferansen tek opp dei problemstillingane som opplevast mest relevante og nyttige for kommunane. Arbeidsutvalet vil samle og strukturere innspela, og kome tilbake til regionrådet med eit meir konkret programopplegg.

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:
JournalpostID: 25/33212
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato: 04.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/038	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Uttale - Stad skipstunnel

Bakgrunn for saka:
Stad skipstunnel er eit nasjonalt infrastrukturprosjekt som er klar for byggestart. Prosjektet har brei politisk forankring, men kostnadsramma må no justerast som følgje av anbodsprosess og prisvekst i anleggssektoren. For å sikre framdrift er det avgjerande at staten ferdigforhandlar prosjektet og at Stortinget følgjer opp tidlegare vedtak og lovnader.

Arbeidsutvalet har drøfta saka på førehand og ønskjer at regionrådet skal sende ei uttale som understrekar den nasjonale betydninga av Stad skipstunnel, og som peikar på at prosjektet må behandlast på same måte som andre store samferdsleprosjekt. Uttalen vil vere eit viktig bidrag for å styrke oppslutninga om prosjektet nasjonalt og for å synleggjere at dette er eit tillegg til annan infrastrukturutvikling både i Vestland og i resten av landet.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet sluttar seg til uttalen om Stad skipstunnel slik den ligg føre.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:

FIPR- 25/038 Vedtak:
Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet sluttar seg til uttalen om Stad skipstunnel slik den ligg føre.

Forslag til uttale frå Region Fjordane

Stad skipstunnel – eit nasjonalt prosjekt som må ferdigforhandlast og følgjast opp politisk

Region Fjordane sitt interkommunale politiske råd understrekar den nasjonale betydninga av Stad skipstunnel. Prosjektet har brei politisk forankring, er planlagt og har gjennomgått omfattande førebuingar lokalt og regionalt. Det er no avgjerande at staten fullfører prosessen og ferdigforhandlar prosjektet, og at Stortinget behandlar saka og følgjer opp sine tidlegare lovnader.

Stad skipstunnel er ikkje eit lokalt ønskjeprosjekt, men eit nasjonalt infrastrukturtiltak. Sjøen er vår «Riksveg 1», og tryggleik, beredskap og framkomst på kysten må prioriterast på line med veg og bane andre stader i landet.

Prosjektet vil gje:

Tryggleik: Ei sikker skipslei forbi eit av dei mest vêrutsette og risikable strekkene på norskekysten.

Beredskap: Betre føresetnader for å flytte sivilt og militært materiell trygt heile året.

Klima og miljø: Betydelig reduksjon i drivstoff og utslepp grunna kortare seglingsavstand og mindre ventetid.

Regional utvikling: Nye moglegheiter for sjøtransport, reiseliv og næringsliv som styrkar nasjonal verdiskaping.

Kostnadsauken i prosjektet må òg sjåast i samanheng med den generelle prisveksten i anleggssektoren dei siste åra. Samanlikna med fleire andre nasjonale prosjekt med langt større overskridingar, er Stad skipstunnel framleis eit lite prosjekt i kostnad, men med stor nasjonal gevinst.

Det er behov for å sikre beredskap og utvikling i heile landet – ikkje berre i og rundt dei største byområda. Store infrastrukturprosjekt må fordelast jamnare geografisk dersom vi skal sikre tryggleik, verdiskaping og busetnad langs heile kysten. Stad skipstunnel er eit slikt prosjekt.

Stad skipstunnel kjem som eit tillegg til annan infrastrukturutvikling i Vestland og i resten av Noreg, og står ikkje i motsetnad til andre viktige prosjekt i fylket eller i andre regionar.

Vår oppmoding:

Regjeringa og Stortinget må sikre at Stad skipstunnel vert fullfinansiert, at forhandlingane vert ferdigstilt, og at saka vert behandla politisk slik at tidlegare vedtak og lovnader vert følgde opp.

Stad skipstunnel er eit nasjonalt løft for tryggleik, klima og verdiskaping – og må realiserast no

Fjordane interkommunalt politisk råd

Arkiv:	FE-033, FA-U09
JournalpostID:	25/33204
Saksbehandlar:	Elisabeth Birkeland Hatlenes
Dato:	04.09.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/039	Fjordane interkommunalt politisk råd	10.09.2025

Evaluering - Arendalsveka 2025

Bakgrunn for saka:
Region Fjordane har delteke på Arendalsveka for andre året på rad. Det er lagt ein fram ei førebels evaluering og regionrådet skal få høve til å kome med sine innspel til denne evalueringa. Det vil òg vere naturleg å drøfte erfaringane og vurdere om ein ønskjer vidare deltaking i 2026.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet tek den førebelse evalueringane til vitande og legg til innspel som kjem til i rådsmøte.

Fjordane interkommunalt politisk råd 10.09.2025:

Handsaming:
Innspel:
- Invitere med næringsliv
- Sørge for at alle arrangement vert streama
- Vere medviten på tidspunkt, samarbeidspart og lokale

FIPR- 25/039 Vedtak:
Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet tek den førebelse evalueringane til vitande og legg til innspel som kjem til i rådsmøte.

Saksopplysningar:
Førebels oppsummering og evaluering av Arendalsveka 2025

Region Fjordane deltok i år med to arrangement i samarbeid med Invest in Fjordane. Det første arrangementet var «Industrien og næringslivet står klare – men kvar blir det av krafta?», som løfta fram korleis næringslivet i Fjordane er klare for investeringar og grøne satsingar, men møter utfordringar knytt til tilknytingskøar, høge anleggsbidrag og manglande prioritering av nye prosjekt. Her vart både politiske og praktiske rammevilkår sett på dagsorden.

Det andre arrangementet vart gjennomført saman med Tyting og Terawatt, og hadde fagleg vinkling mot kraftproduksjon i Fjordane og flaskehalsar i kraftsystemet. Paneldeltakarar frå SFE, Nordfjord Havn og Vestland fylkeskommune bidrog med innsikt og forslag til løysingar.

I tillegg hadde fleire av utviklingsselskapa i regionen eigne arrangement. Måløy Vekst løfta fram Stad skipstunnel under Arendalsveka, medan Sunnfjord Utvikling sette søkjelys på E39 Hafstad-tunnelen. Desse arrangementa bidrog til å styrke synlegheita om sentrale samferdselsprosjekt i regionen, og utfylte tematikken som Regionrådet sjølv tok opp.

Den førebelse evalueringa er at arrangementa samla sett gav god synlegheit og posisjonerte Region Fjordane som ein sentral stemme i kraft- og samferdselsdebatten. Ein viktig effekt er at vi no har starta å bygge alliansar med kraftselskap, nettselskap, bankar, andre regionråd og fylkeskommunen. I etterkant av møta har fleire av desse aktørane teke kontakt med ønskje om samarbeid vidare mot Arendalsveka 2026.

Kontorfasilitetane i Arendal har òg vore ein viktig base under veka. Her har kommunane hatt eigne møte, samlingar og aktivitetar som har styrka nettverksbygging, profilering og samarbeid på tvers. Arendal fungerer som ein naturleg møtestad der ein kan samle mange møte iløpet av få dagar, noko som er både tids- og ressursbesparande.

Læringspunkt for deltaking ved seinare høve:

- Arbeide for fellesmøte med statsrådar om saker som er viktige for regionen.
- Vere tidleg ute med å sikre samarbeidspartar til felles arrangement
- Vere tidleg ute med å sikre gode arrangementslokale og leggje til rette for faglege møtepunkt.

Rådet skal få høve til å kome med sine innspel til denne evalueringa. Det vil òg vere naturleg å drøfte erfaringane og vurdere om ein ønskjer vidare deltaking i 2026.

Solund kontrollutval

SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

Møtebok

Møtestad:	Solund kommune - møterom i bankbygget		
Dato:	12.05.2026	**Tid:**	Kl. 11:00 til kl. 13:00
Møteleiar:	Bjarne Leiv Ravnøy	**Sekretær:**	Audhild Ragni Vie Alme

Faste representantar som møtte:	**Parti**
Hans Gåsvær	A
Anita Einen	H
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Ingvill Storøy	SV

Forfall faste representantar:	**Parti**	**Vara som møtte:**	**Parti**
Manuela Gjata	SP		

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
16/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
17/26	Referatsaker
18/26	Uttale til rekneskap og årsmelding 2025 - Solund kommune
19/26	Beredskap i Solund kommune - kommunedirektøren informerer
20/26	Statsforvaltaren - tilsynsrapport og vedtak i tilsyn med barnehagemynde si handsaming av dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar
21/26	IKS Folkehelseavdeling - Tilsyn med Solund barnehage
22/26	Forvaltningsrevisjon - Flyktning og integrering - status
23/26	Kontrollutvalsplan - gjennomgang og eventuell endring
24/26	Oppfølgingsliste 3-2026
25/26	Godkjenning av møtebok

Andre som møtte:
SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme
Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen i sakene 18-21/26
Vestland Revisjon ved Torill Monsen i sak 18/26

Underskrifter:

Ingvill Storøy _____ Anita Einen _____ B. Ravnøy _____

Hans Gåsvær _____ _____

16/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 16/26 VEDTAK:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

17/26: Referatsaker

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Referatsakene vert tekne til vitande

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 17/26 VEDTAK:
Referatsakene vert tekne til vitande

18/26: Uttale til rekneskap og årsmelding 2025 - Solund kommune

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 vert vedteken.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte, og gjekk gjennom rekneskap og årsmelding 2025 for Solund kommune.

Vestland Revisjon ved rekneskapsrevisor Torill Monsen møtte og informerte om revisjon av rekneskapen.

Presentasjonen frå rekneskapsrevisor vert sendt til SEKOM sekretariat, og arkivert på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 18/26 VEDTAK:
Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 vert vedteken.

19/26: Beredskap i Solund kommune - kommunedirektøren informerer

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Kontrollutvalet tek informasjonen om beredskap til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte, og orienterte om beredskap i Solund kommune.

Presentasjon/oppsummering vert ettersendt til SEKOM sekretariat, og arkivert på saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 19/26 VEDTAK:
Kontrollutvalet tek informasjonen om beredskap til vitande.

20/26: Statsforvaltaren - tilsynsrapport og vedtak i tilsyn med barnehagemynde si handsaming av dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Kontrollutvalet tek informasjonen om tilsynet til vitande, og vil ha saka på oppfølgingslista til pålegga er retta.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte, og orienterte om Statsforvaltaren sitt tilsyn .

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 20/26 VEDTAK:
Kontrollutvalet tek informasjonen om tilsynet til vitande, og vil ha saka på oppfølgingslista til pålegga er retta.

21/26: IKS Folkehelseavdeling - Tilsyn med Solund barnehage

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om Folkehelseavdelinga sitt tilsyn ved Solund barnehage til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt og stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen møtte, og orienterte om Folkehelseavdelinga sitt tilsyn med Solund barnehage.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 21/26 VEDTAK:
Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektøren om Folkehelseavdelinga sitt tilsyn ved Solund barnehage til vitande.

22/26: Forvaltningsrevisjon - Flyktning og integrering - status

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Kontrollutvalet tek informasjon om status i forvaltningsrevisjonsprosjektet – Flyktning og integrering, per 29.4.2026, til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 22/26 VEDTAK:
Kontrollutvalet tek informasjon om status i forvaltningsrevisjonsprosjektet - Flyktning og integrering, per 29.4.2026, til vitande.

23/26: Kontrollutvalsplan - gjennomgang og eventuell endring

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Kontrollutvalet prioriterer følgjande oppfølging av kontrolltiltak vidare i perioden:

1. Endra prioritering i kontrollutvalsplanen:
    a.
2. Orienteringar frå kommunedirektøren:
    a. Personvern og teieplikt
    b. Informasjonstryggleik
    c. Varsling
    d. Administrative rutinar
    e. Arkiv
    f. Psykisk helsevern og rusomsorg
    g. Interkommunalt samarbeid

Handsaming i Solund kontrollutval 17.03.2026:

Mogelege tema:

- Kompetansekartlegging.
- Sjukefråvær knytt til kostnad og kontinuitet.

Stikkord om internkontroll:

- Bidrar kvalitetssytemet til at nytilsette lettare kan utføre jobben.

Nytt framlegg i møtet:
Saka vert utsett til neste møte.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

SOL- 12/26 VEDTAK:
Saka vert utsett til neste møte.
Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Nytt framlegg i møte:
Kontrollutvalet prioriterer følgjande oppfølging av kontrolltiltak vidare i perioden:

1. Endra prioritering i kontrollutvalsplanen:
    a. Kompetanse

2. Orienteringar frå kommunedirektøren:
    a. Personvern og teieplikt
    b. Informasjonstryggleik
    c. Varsling
    d. Administrative rutinar
    e. Arkiv
    f. Psykisk helsevern og rusomsorg
    g. Interkommunalt samarbeid

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

SOL- 23/26 VEDTAK:
Kontrollutvalet prioriterer følgjande oppfølging av kontrolltiltak vidare i perioden:

1. Endra prioritering i kontrollutvalsplanen:
    a. Kompetanse

2. Orienteringar frå kommunedirektøren:
    a. Personvern og teieplikt
    b. Informasjonstryggleik
    c. Varsling
    d. Administrative rutinar
    e. Arkiv
    f. Psykisk helsevern og rusomsorg
    g. Interkommunalt samarbeid

24/26: Oppfølgingsliste 3-2026

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:
SEKOM sekretariat ved Audhild Ragni Vie Alme gjekk gjennom oppfølgingslista.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 24/26 VEDTAK:
Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til vitande.

25/26: Godkjenning av møtebok

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Møteboka vert godkjent.

Handsaming i Solund kontrollutval 12.05.2026:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

SOL- 25/26 VEDTAK:
Møteboka vert godkjent.

Solund kommune
Sentraladministrasjonen - Stab

Solund kommunestyre

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
26/318	26/1523	K1-033		04.06.2026

Oversending av sak til kommunestyret

Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne fatta fylgjande vedtak i sak 004/26 i møtet 2. juni 2026:

> «Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ber om at skriv 1 “Manglande tenester i kommunen - frisør og fotpleie” vert sendt til Solund kommunestyret og at dei vert gjort kjent med problemstillinga. Tidlegare har kommunen hatt tenestene med hjelp av støtteordningar som gratis husleige, og aktivt oppmoda eigne tilsette om etterutdanning. Tilsvarande ordningar bør gjeninnførast og gjerast kjent.»

Skrivet ligg vedlagt.

Med helsing

Amund Fuglebakk Aglen
stabsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Manglande tenester i kommunen - frisør og fotpleie

Solund kommunen
Solund eldreråd

FOTTERAPEUT I KOMMUNEN

I Solund var det busett 739 personar ved utgangen av 2025. Når ein ser på aldersfordelinga, visar statistikk at kring 21 – 22 % av busetnaden er 67 år eller eldre. Dette betyr at kring 155 – 165 personar er over 67 år i følge SSB.

God fotpleie for eldre betyr forebygging av smerter, oppretthalding av mobelitet og auka livskvalitet gjennom regelmessig stell av hud og negler. For eldre er føttene ekstra utsett for endringer som redusert blodsirkulasjon, tørr hud og negleforandring, noko som gjer profesjonell oppfølging viktig for å unngå alvorlege fotproblemer.

Med ein andel på 21 - 22% (155 – 165 personar) av busetnad på 739 personar er det viktig at denne tenesta finns i kommunen.

Pensjonistlaget i Solund kjenner ikkje til at denne tenesta fins i kommunen.

Vi ber derfor om at det vart tilsett offentleg godkjent helsepersonell med medisinsk utdanning, for å gje desse tenestene til innbyggarane i kommunen.

Pensjonistlaget i Solund kjenner heller ikkje til at det fins frisør i kommunen. Etter kvart som åra går, og vi som pensjonistar vert eldre, kan det vere ei stor utfordring å kome til frisør, når denne tenesta ikkje fins i kommunen. Med eit folketal på 739 personar, skulle grunnlaget vere tilstades for ei slik teneste.

Solund har i mange år lege langt framme, når det gjeld busetnad av invandrarar. Det måtte vere eit mål å gje desse høve både til praksis og etablering av ei slik teneste i kommunen.

Vi oppmoder kommunen om å legge tilrette og ikkje minst informere i offentlege media om at dette er ei teneste som mangla i kommunen.

16.03.2026
Pensjonistlaget i Solund

Solund kommune

Møteprotokoll

Utval:	Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Møterommet
Dato:	25.11.2025
Tid:	Kl. 09:00 - 10:30
Saksnr.:	007/25 – 009/25

Faste representantar som møtte:	**Parti**
Hilmar Blomkvist	
Sigurd Johan Eide	
Synnøve Solhaugen Engen	
Anne Marie Gåsvær	

Forfall faste representantar:	**Parti**	**Fylgjande vararep. møtte:**	**Parti**
Sølvi Songstad Waage			

Møteleiar: Synnøve Solhaugen Engen

Møteinnkalling:	Innkalling datert 21. november 2025
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Sekretær Amund Fuglebakk Aglen
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes vedteke.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Hilmar Blomkvist og Sigurd Johan Eide vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	Sekretær Amund Fuglebakk Aglen orienterte om ordninga med følgjekort i Solund kommune.
Synfaring:	
Diverse:	Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å ta opp ein sak i neste møte om

	innkallingar til sjukehuset. Brukarar som ikkje har digital postkasse kan motta innkalling etter timen skulle vore. Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande innspel til budsjett- og økonomiplanen: "Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike digitalt utanforskap som ein veksande problemstilling. Solund kommune må arbeide for å legge til rette for dei ikkje digitale brukaren og for å syte for at flest mogleg har tilstrekkeleg digital kompetanse.".

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
007/25	Godkjenning av møteprotokoll
008/25	Skriv og melding
009/25	Frakt på medisinar

Underskrifter:

007/25: Godkjenning av møteprotokoll

Sound fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne sine møtebøker for 3. juni 2025, 23. september 2025 og 28. oktober 2025 vert godkjent

Handsaming i Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 25.11.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

E- 007/25 VEDTAK:
Sound fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne sine møtebøker for 3. juni 2025, 23. september 2025 og 28. oktober 2025 vert godkjent

008/25: Skriv og melding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Handsaming i Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 25.11.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

E- 008/25 VEDTAK:
Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

009/25: Frakt på medisinar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitende.

Handsaming i Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 25.11.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

E- 009/25 VEDTAK:
Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa til vitende.

Solund kommune

Møteprotokoll

Utval:	Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Møterommet
Dato:	25.03.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 11:00
Saksnr.:	001/26 – 002/26

Faste representantar som møtte:	**Parti**
Hilmar Blomkvist	
Anne Marie Gåsvær	
Sølvi Songstad Waage	

Forfall faste representantar:	**Parti**	**Fylgjande vararep. møtte:**	**Parti**
Sigurd Johan Eide		Magne Audun Hamre	
Synnøve Solhaugen Engen		Anna Krakhellen	

Møteleiar: Hilmar Blomkvist

Møteinnkalling:	Innkalling datert 17. mars 2026
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Sekretær Amund Fuglebakk Aglen
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Sølvi Songstad Waage og Anne Marie Gåsvær vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	
Synfaring:	
Diverse:	Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande innspel til samfunnsdelen: “Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike digitalt utanforskap som ein veksande

	problemstilling. Solund kommune skal sikre fullverdige tilbod til dei ikkje digitale brukarane og syte for at flest mogleg har tilstrekkeleg digital kompetanse gjennom til dømes samarbeid med skulen. Det er viktig at utstyr ikkje er eit hinder, og kommunen må ha ordningar som sikrar at dei som ikkje har digitalt utstyr kan skaffe seg det." Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ber om at ulike innspel frå pensjonistlaget vert sendt ut saman med innkallinga til neste møte.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll
002/26	Møteplan 2026

Underskrifter:

001/26: Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 25.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

E- 001/26 VEDTAK:
Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne sin møteprotokoll frå 28. november vert godkjent.

002/26: Møteplan 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal ha møte fylgjande datoar i 2026:

24. mars, 2. juni, 22. september, 27. oktober og 1. desember.

Handsaming i Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne 25.03.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

E- 002/26 VEDTAK:
Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal ha møte fylgjande datoar i 2026:

24. mars, 2. juni, 22. september, 27. oktober og 1. desember.

Solund kommune

Møteprotokoll

Utval:	Solund Ungdomsråd
Møtestad:	Teams
Dato:	19.01.2026
Tid:	Kl. 18:00 - 18:30
Saksnr.:	001-002/26

Faste representantar som møtte:	**Rolle**
Isak Høyesen	Medlem
Linus Sundal	Medlem
Pola Anna Lamert	Medlem
Truls Einen Osland	Nestleiar

Forfall faste representantar:	**Rolle**	**Fylgjande vararep. møtte:**
Johannah Trovåg	Utvalsleiar	Ida Elisabeth Lending

Andre:	**Stilling**
Øystein Bolset Strand	Leiar Oppvekst og kultur

Møteleiar: Truls Einen Osland

Møteinnkalling:	Innkalling datert 16.01.2026
Kunngjering:	
Frå administrasjonen møtte:	
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Ingen merknad til innkalling
Godkjenning sakliste:	Sakliste vert godkjent
2 rep. underskrift møtebok:	
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll
002/26	Tilråding val av ungdomsråd 2026-2027

Underskrifter:

001/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund Ungdomsråd sin møteprotokoll frå 3. november 2025 vert godkjent.

Handsaming i Solund Ungdomsråd 19.01.2026:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

U- 001/26 VEDTAK:
Solund Ungdomsråd sin møteprotokoll frå 3. november 2025 vert godkjent.

002/26: Tilråding val av ungdomsråd 2026-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund ungdomsråd tilrår følgjande samansetning av ungdomsrådet for 2026-2027:

1.

2.

3.

4.

5.

Vara:

1.

2.

3.

4.

5.

Handsaming i Solund Ungdomsråd 19.01.2026:

Felles framlegg til vedtak:

Solund ungdomsråd tilrår følgjande samansetning av ungdomsrådet for 2026-2027:

1. Pola Anna Lamert – 3. VGS

2. Truls Einen Osland – 2. VGS

3. Linus Sundal – 2. VGS

4. Ida Elisabeth Lending – 10. kl

5. Audun Magnus Pollen Villanger-Engdal 8. kl

Vara:

1. Aisha Isabella Joof – 9. kl

2. Adrian Trovåg Fimreite – 8. kl

3. Danylo Pikulov – 8. kl

4. Mark Smilianets – 8. kl

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøyste vedteke:

U- 002/26 VEDTAK:
Solund ungdomsråd tilrår følgjande samansetning av ungdomsrådet for 2026-2027:

1. Pola Anna Lamert – 3. VGS

2. Truls Einen Osland – 2. VGS

3. Linus Sundal – 2. VGS

4. Ida Elisabeth Lending – 10. kl

5. Audun Magnus Pollen Villanger-Engdal 8. kl

Vara:

1. Aisha Isabella Joof – 9. kl

2. Adrian Trovåg Fimreite – 8. kl

3. Danylo Pikulov – 8. kl

4. Mark Smilianets – 8. kl

Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)

Dato	24.04.2026
Vår referanse	2024/27166-18
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Eva Kristin Svidal
E-post	Eva.Kristin.Svidal@vlfk.no
Telefon	47481181

Solund kommune
Hardbakke 26
6924 HARDBAKKE

Som Vestland fylkeskommune må også kommunane ta kulturansvar

Fråsegn frå hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune til kommunestyra i Vestland fylke

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune vedtok i møte 16.04.26 å sende følgjande fråsegn til kommunestyra i Vestland:

> Vestland fylkeskommune har ei målretta satsing på kultur, idrett og inkludering. Dei åra fylket har eksistert, har Vestland auka budsjettrammene til sektoren monaleg, samstundes som vi omstiller og forenklar for å få mest mogleg att for budsjettmidlane. Vår ambisjon er å ta ei tydeleg rolle som det leiande kulturfylket i landet.
>
> Kulturfylket Vestland er ikkje anna enn summen av aktørar og lokalsamfunn rundt om i heile fylket. Å løfte desse er på ulikt vis eit sams ansvar for staten, fylkeskommunen, kommunane, private bidragsytarar, stiftingar mv. Den sektoren som hovudutval for kultur, idrett og inkludering har ansvar for treng fleire finansielle bein å stå på. Om eitt av dei blir vesentleg korta ned, eller forsvinn heilt, kan heile samfinansieringsmodellen vakle eller kvelve heilt over ende.
>
> Hovudutval for kultur, idrett og inkludering konstaterer at fleire kommunar i Vestland har kutta i støtta til aktørar som er samfinansiert av kommune og fylkeskommunen mv. Aktørar melder til oss at bortfall av kommunal støtte gjer at dei i større grad må vende seg til fylkeskommunen for å sikre vidare drift. I vår budsjetthøyring hausten 2025 sa fleire nye aktørar at dei søkte midlar frå fylkeskommunen, til det vi vurderer som utprega lokale kulturtiltak utan regional funksjon, berre fordi det kommunale bidraget var redusert.
>
> Sjølv om fylkeskommunen sine budsjettrammer for det utvida kulturfeltet er styrka, så opplever også Vestland fylkeskommune eit stort behov for omstilling og at rammer ikkje strekker til behovet. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering oppmodar kommunane om å ikkje redusere kulturbudsjetta sine (enten det er til kulturskule, driftstilskot til eksterne aktørar eller anna) og heller ser på korleis det utvida kulturfeltet bygger samfunn i stort og smått, og der tilskot til kultur, idrett og inkludering snarare er god samfunnsøkonomi.
>
> Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ser det som viktig at alle kommunane tek sin del av ansvaret for kulturfeltet og ikkje gjer dette til ein salderingspost. Dersom kommunane kuttar i denne sektoren vil det kunne påverke det fylkeskommunale bidraget i dei respektive kommunane på kulturfeltet.

Med helsing

Jacob Nødseth
leiar hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

FJALER KOMMUNE
Kommunedirektøren

Solund Kommune
Hardbakke 26
6924 Hardbakke

Vår ref.	**Dykkar ref.**	**Dato:**
26/145-3/ KVA 26/3460		23.03.2026

Tilstandsrapport HAFS barnevernsteneste 2025

Vedlagt fylgjer tilstandsrapport for HAFS barnevern 2025. Det er eit krav at dokumentet vert lagt fram til kommunestyret.

Med helsing

Kjersti Valvik
kommunalsjef helse og omsorg

Direkte tlf: 57738129

Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.

Kopi til:

Ola Hovland	kommunedirektør
Heidi Roos	konstituert barneversleiar

Vedlegg:
Tilstandsrapport barneverntenesta 2025

Tilstandsrapport for barneverntenesta i HAFS 2025

Innhald

Innleiing 2
1. Presentasjon av verksemda 3
1.1 Bemanning og kompetanse 4
2. Mandat og ansvarsområde 5
3. Temaområde 6
3.1 Bakgrunnsinformasjon/ demografi 6
3.2 Meldingar 7
3.3 Undersøkingar 9
3.4 Tiltak 10
3.5 Fosterheim 11
3.6 Ettervern 12
4 Kvalitet 13
5 Samarbeid 15
8. Økonomi 15
9. Utfordringsbiletet og innsatsområde 16

Innleiing

Barnevernet i Noreg har hatt eit større fokus retta mot seg dei seinare år. Barnevernsreforma (også kalla oppvekstreforma) som tredde i kraft i 2022, og den nye barnevernslova som tredde i kraft i 2023, har stor betydning for korleis vi bør tenke kring framtidige innsatsområde.

I Lov om barnevern av 09.06.2023 (barnevernsloven) er kommunen sitt overordna ansvar for barneverntenesta presisert. Det er kommunen si øvste politiske og administrative leiing som har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta vert forvalta i tråd med gjeldande regelverk, og at tenestene er forsvarlege. Tenesta skal ha ein leiar, og barnevernsleiar er kommunen si øvste myndigheit i barnevernfaglege spørsmål. Jamfør her barnevernsloven kapittel 15.

Kommunen sitt ansvar for å lage årsrapport om barnevernstenesta er regulert i barnevernsloven. Kommunestyret skal, i kvar kommune, minst éin gong i året få ei redegjering om tilstanden i barnevernstenesta, og dette er lovfesta i barnevernsloven § 15-3 siste ledd Barnevernsloven. Formålet er å gi kommunestyret innsikt i barnevernstenesta sitt arbeid. Rapporten skal behandlast av kommunestyret sjølv.

Kommunen si «barnevernseigarrolle» er også forankra i barnevernsreforma, gjennom tilstandsrapportering frå barneverntenesta til kommunestyret. Det blir vurdert at ein slik tilstandsrapport vil vere eit viktig verktøy for openheit og dialog om prioriteringar og forventningar, og tilstandsrapport blir difor framlagt til politisk handsaming årleg. Tilstandsrapporten baserer seg mellom anna på data frå SSB, og på våre eigne data. Her visast nokre differansar mellom våre HAFS-kommunar, og noko til samanlikning med landsgjennomsnittet. Dette for å vise samanhengar i eit større og meir heilskapleg bilete, og dessutan danne eit fundament å bygge vidare på for framtidige tilstandsrapportar.

Både i lov og i reform er det fokus på betre barnevern, større rettstryggleik for dei involverte, førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Barnevernsreforma gir vidare kommunen fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar, og auka kommunale eigendelar for bruk av spesialiserte hjelpetiltak; spesialiserte fosterheimar, institusjonar og akutt-tiltak. Kommunen får óg eit heilskapleg ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar.

Barneverntenesta leverer tenester til barn og unge i alderen 0-18/25 år og deira familiar. Tenestene rettar seg mot dei som oppheld seg eller er busett i kommunen, og som av ulike grunnar har særleg behov for hjelp. Tenestene skal leverast i tråd med lover og forskrifter som regulerer barnevernets fagområde, og kvaliteten innanfor dette området. Ein kan enkelt omtale fagområda som; avklare meldingar, gjennomføre undersøkingar, samt det å drifte hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervern.

1. Presentasjon av verksemda

Barneverntenesta i HAFS er ei interkommunal teneste som omfattar kommunane Fjaler, Askvoll, Hyllestad og Solund. Fjaler er vertskommune med kontorstad på Fjalerhuset i Dale. Barneverntenesta er heimehøyrande under Helse- og omsorg. Det vil seie at kommunalsjef for Helse- og omsorg er barnevernsleiar sin næraste overordna.

Tenesta har over fleire år arbeidd etter generalistmodellen, der kontaktpersonar (sakshandsamarar) følgjer barnet og familien gjennom alle fasar av ei sak. Barneverntenesta i HAFS har vore i ein utviklingsprosess der ein har vurdert ulike moglegheiter for vidare utvikling på dette området, mellom anna ei tydelegare avgrensing og spesialisering mellom meldings- og undersøkingsarbeid og tiltaksarbeid.

Det er tilsett to teamleiarar, ein med ansvar for melding- og undersøking og ein med ansvar for tiltak i heimen, og dei tilsette er organiserte i team. På grunn av vakansar, sjukefråvær, auka saksmengd og turnover hjå leiar har det ikkje vore mogleg å innføre denne arbeidsforma konsekvent. I periodar har tenesta hatt mangel på naudsynt kompetanse, noko som heng saman med at tenesta er relativt lita og difor sårbar.

Det er eit mål å arbeide vidare med denne utviklinga i 2026, i samarbeid med ny leiar og teamleiarane, og med omsyn til tenesta sine rammer og føresetnader.

HAFS barneverntеneteste er med i interkommunal barnevernvakt. Kommunane som deltek i samarbeidet er Sunnfjord, Kinn, Bremanger og våre eigne HAFS-kommunar. Sunnfjord kommune er vertskommune for dette samarbeidet. Barnevernvakta er tilgjengeleg utanom kontortid, også nattestid, og vår teneste har vakt 11 veker i året. Det var svært få tilsette å fordele vaktene på i 2025, noko som gjorde det utfordrande å få vaktordninga til å gå rundt.

Fleire tilsette opplevde at vaktarbeidet var vanskeleg å kombinere med ansvar for eigne barn, medan andre kjende seg usikre på å ha vaktansvar. Leiar hadde hovudansvar for vaktordninga i første halvdel av 2025, medan dei to teamleiarane delte på ansvaret i siste halvdel av året. Det skal vidare arbeidast målretta for at fleire tilsette skal kjenne seg trygge og kompetente til å handtere vaktansvaret. Det må nemnast at vakttelefonen er bemanna av tilsette på kontoret, og at i store kommunar (til dømes Bergen) er Barnevernsvakta ein eigen arbeidsplass med eigne tilsette.

1.1 Bemanning og kompetanse

På den eine sida skal barnevernet ivareta og sørge for tilstrekkeleg omsorg for barn og unge som står i svært vanskelege livssituasjonar. På den andre sida forvaltar barnevernet nokre av dei mest inngripande tiltaka i samfunnet overfor enkeltpersonar. Det inneber at barnevernet har eit mandat der riktig og god kompetanse er heilt sentralt.

Barnevernstenesta har 10 stillingsheimlar, inkludert barnevernsleiar. Den eine stillinga er delvis ei kontorfagleg stilling med tittelen koordinator. Tenesta er organisert slik at det også er to teamleiarar, ein for tiltak og ein for undersøking. Dette er i tidleg fase og ein må jobbe vidare med organiseringa. Dei øvrige tilsette har kontaktpersonstillingar (sakshandsamar).

Tenesta har over tid hatt færre tilsette enn talet på stillingar. Dette har samanheng med turnover, vakansar, rekrutteringsutfordringar, utdanningspermisjonar og sjukefråvær. I løpet av 2025 vart alle stillingane som saksbehandlar/kontaktperson fylte, men leiarstillinga vart vakant i løpet av året. Ein av teamleiarane vart konstituert som barnevernsleiar og stillinga vart lyst ut. Det var ingen søkjarar til den utlyste stillinga som barnevernleiar i HAFS.

Kommunalsjefen har, i samarbeid med tillitsvalde, kommunedirektør og konstituert leiar, vurdert ulike måtar å løyse leiarutfordringa på. Teamleiar ønskte ikkje å halde fram med å vere konstituert leiar. Når vi ikkje fekk søkjarar til stillinga som leiar måtte vi vurdere følgjande: Lyse ut stillinga som leiar på nytt? Utvide/endre annonse til anna kompetanse? Fjernleiing frå Sunnfjord eller Høyanger? Ta kontakt med tidlegare tilsette? Sjå på intern omorganisering? Vi tok kontakt med tidlegare tilsett og fekk nokre tips til vegen vidare, men det var ikkje aktuelt for vedkommande å komme attende som leiar på noverande tidspunkt.

Valet fall på det siste alternativet; å sjå på ny organisering; å flytte leiar frå helsetenesta til barnevern vart vurdert som beste løysing.

Frå 1. desember 2025 vart det difor vurdert som den beste løysinga å overføre ein erfaren leiar frå helsetenestene til barneverntenesta.

Bemannings- og leiarmessig har 2025 vore eit krevjande år. Tenesta har vore sårbar, og manglande kontinuitet i leiinga har vore særleg utfordrande. Det har difor vore naudsynt å leige inn eksterne konsulentar både til undersøkingsarbeid, tiltaksarbeid og leiarrettleiing.

Målet er at tenesta skal verte meir sjølvgåande, og det blir arbeidd aktivt for å nå dette i 2026. Samstundes er det, samanlikna med tidlegare år, svært positivt og viktig at den sosialfaglege kompetansen i tenesta er styrkt, og at fleire tilsette har gjennomført vidareutdanning. Alle tilsette er viktige for tenesta og bidreg med ulik kompetanse og erfaring i arbeidet, noko som styrkjer heilskapen i tenesta. Samstundes er erfaring frå, og formell kompetanse innan, barnevern avgjerande for å sikre fagleg kvalitet i arbeidet.

2. Mandat og ansvarsområde

Barneverntenesta har ansvaret for å sikre at barn og unge har trygge og gode oppvekstvilkår, og at barn får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta sitt mandat er nærare omtalt i barnevernsloven § 1-1:

> **§ 1-1 Lovens formål**
> Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse.

Barnevernstenesta får både meldingar om bekymring, søknader om bistand frå foreldre og eigeinitiativ. Ofte startar det med ei bekymring frå nokon som kjenner barnet og vil bidra til at det får hjelp.

Arbeidet til barnevernstenesta handlar om både støtte og kontroll. Barneverntenesta skal først og fremst gje hjelp og støtte slik at foreldra sjølv skal kunna meistre omsorgsansvaret

sitt. Slik hjelp og støtte kan givast i form av ulike typar hjelpetiltak i heimen, som til dømes råd og rettleiing til familien, avlastningstiltak, støttekontakt og i enkelte tilfelle økonomisk stønad til eksempelvis barnehageplass eller SFO.

I nokre særleg alvorlege tilfelle er derimot hjelpetiltak i heimen ikkje nok til å vareta trygginga til barnet. Barneverntenesta har eit ansvar for å gripa inn der hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg til å vareta behovet til barnet. I slike tilfelle kan det vere naudsynt å plassere barnet utanfor heimen i ein kortare eller lengre periode. Dette kan skje med eller utan samtykke frå foreldra. Dersom eit barn skal plasserast utanfor heimen utan samtykke frå foreldra, må det treffast vedtak om dette i Barneverns- og helsenemnda.

3. Temaområde

Tilstandsrapportering til kommunestyret er eit verktøy i kommunen si politiske styring av barnevernstenesta, der føremålet med rapporteringa er å gje relevant tilpassa statusoversikt over tenesta. I oppbygginga er det nytta mal utarbeida av Bufdirektorat.

3.1 Bakgrunnsinformasjon/ demografi

Antal barn i kommunane mellom 0-17 år

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Fjaler	660	649	648	675	643	593
Askvoll	613	588	587	594	605	571
Hyllestad	214	201	195	187	181	179
Solund	139	132	122	121	115	107

Tabellen viser at Fjaler hadde ei auke i antal born i 2024, medan det elles både i 2024 og 2025 har vore nedgang i barnetalet i alle kommunane.

Antall fødde i 2024 og 2025

	2024	2025
Fjaler	35	31
Askvoll	23	19
Hyllestad	9	5
Solund	3	4

3.2 Meldingar

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over mottekne meldingar dei tre førre åra, samt kor mange som vart henlagde og kor mange som gjekk vidare til undersøking. I tillegg viser tabellen ei oversikt over kor mange barn som omfattast av meldingane.

Meldingar												
	Fjaler			Askvoll			Hyllestad			Solund		
År	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**
Antal meldingar	32	23	61	37	22	25	5	23	40	0	0	9
Henlagde	6	10	27	4	8	6	0	13	27	0	0	4
Oppretta undersøking	17	13	32	25	14	19	5	7	12	0	0	5
Henlagt aktive tiltak	3	0	5	0	2	4	0	0	15	0	0	0
Henlagt pågåande undersøking	6	3	20	8	3	1	0	13	9	0	0	2
Antal barn som omfattast av meldingane	17	19	37	26	17	22	5	7	15	0	0	7

Tal meldingar har nesten tredobla seg i Fjaler i 2025 samanlikna med 2024, medan det i Hyllestad har vore nesten ei dobling av antal meldingar i same periode. Askvoll ligg jamt når det gjeld antal meldingar i 2024 og 2025, medan det i Solund har vore ei auke.

I løpet av eit år kan fleire personar ha sendt inn bekymringsmeldingar for det same barnet. Ei melding kan også handle om bekymring for born/søsken i same familien. Meldingane vi mottek er i hovudsak knytt til foreldrekonflikt, vald og/eller overgrep, psykisk uhelse hos ein eller begge foreldra, psykisk uhelse hos barnet/ ungdomen. Vidare er manglande ferdigheiter hjå foreldra ofte eit uromoment som meldar melder i frå om. I tillegg mottek vi ofte underretningar frå politiet etter at dei har iverksett etterforsking mot ein eller begge foreldra. Vi ser òg ei auke i anonyme bekymringsmeldingar, samanlikna med tidlegare år.

Når det gjeld *kven* som har sendt meldingar til barneverntenesta i 2025 er oversikta slik;

- Politi – 27 %
- Privat meldar – 35 %
- Lege/ sjukehus – 5,9 %
- Psykisk helsevern 11 %
    - For vaksne – 5,1 %
    - For barn – 5,9 %
- Anna barneverntenesta – 11 %
- Helsestasjon – 3 %
- Skule – 5 %
- Barnevernvakt – 3 %
- Barnehage – 1,5 %

Antal meldingar HAFS barneverntenesta			
År	**2023**	**2024**	**2025**
Antal meldingar	74	68	135
Henlagde	10	31	64
Oppretta undersøking	47	34	68
Henlagd aktive tiltak	3	2	24

Henlagd pågåande undersøking	14	19	32
Antal barn som omfattast av meldingane	48	43	81

Tabellen ovanfor syner det totale tal meldingar som HAFS barneverntenesta har motteke i 2023, 2024 og 2025. Som det framkjem i tabellen har det vore jamt med meldingar i 2023 og 2024, medan vi ser ei svært stor auke frå 2024 til 2025. Det er vanskelege å vite kva ei så stor auke skyldast, men det er òg viktig å poengtere at fleire av meldingane er knytt til same born/ familiar, jf. oversikta ovanfor.

3.3 Undersøkingar

Undersøkingar												
	Fjaler			Askvoll			Hyllestad			Solund		
År	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**
Antal undersøkingar	17	13	39	25	22	22	5	10	16	0	0	5
Vidareførte frå førre år	3	0	7	4	8	3	0	3	4	0	0	0
Avslutta med tiltak	5	4	20	10	10	10	2	1	3	0	0	5
Avslutta utan tiltak	6	2	18	8	8	8	1	5	4	0	0	0
		Resterande ikkje avslutta innan årsslutt										

Tal undersøkingar har tredobla seg i Fjaler i 2025 samanlikna med 2024. Askvoll ligg på same antal undersøkingar for 2024 og 2025, medan vi ser ei lita auke i Hyllestad i same periode. Solund har hatt ei auke frå 0 undersøkingar både i 2023 og 2024, til 5 undersøkingar i 2025.

Antal undersøkingar HAFS barneverntenesteste			
År	**2023**	**2024**	**2025**
Antal undersøkingar	47	45	82
Vidareførte frå førre år	7	11	14
Avslutta med tiltak	17	15	38
Avslutta utan tiltak	15	15	30

Tabellen ovanfor syner det totale tal undersøkingar som HAFS barneverntenesteste har hatt i 2023, 2024 og 2025. Som det framkjem i tabellen har det vore jamt med undersøkingar i 2023 og 2024, medan vi ser ei svært stor auke frå 2024 til 2025. Det same gjeld også iverksette hjelpetiltak når ein samanliknar 2023/2024 med 2025.

3.4 Tiltak

Barn med hjelpetiltak												
	Fjaler			Askvoll			Hyllestad			Solund		
År	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**
Antal tiltak	20	22	30	25	32	27	5	5	10	0	1	5
I familien	17	20	27	20	26	21	3	4	8	0	1	5
Utanfor familien	3	3	5	5	8	8	2	1	5	0	0	0
Både i og utanfor heimen	3	1	2	5	2	2	2	0	3	0	0	0

Mange av sakene som HAFS barneverntenesteste har er tiltakssaker. Dei fleste av desse omhandlar tiltak i familien. Størstedelen av desse igjen omhandlar råd- og rettleiing til foreldre, eventuelt i kombinasjon med andre tiltak som eksempelvis ansvarsgruppe eller avlastning. I alle tiltakssaker skal borna ha ein gyldig tiltaksplan, og tiltaka skal evaluerast. Om borna har tiltaksplan og evaluering er gjennomført er ein del av halvårleg rapportering til Statsforvaltaren. Det barneverntenesta i HAFS har hatt flest avvik på er manglande

evaluering. I fleire av desse tilfella har evaluering faktisk sett vore gjennomført, men dokumentasjonen manglar. Vi er blitt betre på å sikre at evaluering både vert gjennomført og dokumentert.

Dei tiltaka vi har utanfor heimen er frivillige fosterheimsplasseringar, det vil seie at foreldra har samtykka til plasseringa (og evt. borna om dei er over 15 år).

Sum antal tiltakssaker HAFS barneverntenesta			
År	**2023**	**2024**	**2025**
Antal tiltak	50	60	72
I familien	40	51	61
Utanfor familien	10	12	18
Både i og utanfor heimen	9	3	7

Tabellen ovanfor syner det totale antal tiltakssaker som HAFS barneverntenesta har hatt i 2023, 2024 og 2025. Som det framkjem i tabellen har det vore ei jamn auke når det gjeld barn med hjelpetiltak. Til informasjon er Frivillige plasseringar registrert *både* som tiltak utanfor heimen (tabell over) ***og*** som tvangsplasseringar (tabell under).

3.5 Fosterheim

Fosterheimsplasseringar												
	Fjaler			Askvoll			Hyllestad			Solund		
År	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**	**2023**	**2024**	**2025**
Antal	1	3	4	3	2	2	1	1	1	0	0	0

Tabellen her syner plasseringar der aktuell kommune har overtatt omsorga for barnet etter behandling i barneverns- og helsenemnda. Akuttplasseringar er midlertidige plasseringar, og er ikkje medrekna i tabellane. Dei borna som bur i fosterheimar skal ha omsorgsplan, og oppfølgingsbesøk frå barneverntenesta. Dette er også noko som vi vert målt på halvårleg. Barneverntenesta i HAFS fylgjer godt opp våre plasserte born. I den grad vi har fått avvik på

at oppfølgingsbesøk ikkje har vore gjennomført har dette anten omhandla at besøket er gjennomført, men har vore feil registrert i fagsystemet (det må registrerast på ein bestemt måte for å verte talt), eller at det har vore gjennomført, men ikkje innan rett dato.

Born som bur i fosterheim skal også ha besøk av ein tilsynsperson. Dette er ein person som har ei uavhengig rolle i forhold til barneverntenesta. Vi har hatt fleire born i tenesta som har mangla tilsynsperson fordi vi har hatt store utfordringar med å rekruttere til desse oppdraga. Vi har no tilsett og alle våre barn har eller får snarleg tilsynsperson.

HAFS-kommunane har få institusjonsplasseringar.

Sum antal omsorgssaker HAFS barnevernteneste			
År	**2023**	**2024**	**2025**
Fosterheimsplasseringar	5	6	7

Tabellen ovanfor syner at talet omsorgsplasseringar ligg jamt.

3.6 Ettervern

Dei borna som har motteke tiltak frå barneverntenesta skal få tilbod om ettervern etter fylte 18 år. Dersom vedkomande sjølv ynskjer det, kan ungdom få ettervern fram til fylte 25 år. Det er frivillig å motta ettervern. Føremålet med å gje etterverntiltak for personar i aldersgruppa 18-25 år, er at ungdommane skal få naudsynt hjelp og støtte i overgangsfasen til sjølvstendige liv som vaksne.

Dersom ungdom takkar nei til tilbod om ettervern ved 18 år, skal barneverntenesta som hovudregel spørje ungdomen på nytt etter eitt år om vedkomande har ombestemt seg. Dersom barneverntenesta ikkje gjev tilbod om ettervern skal det alltid grunngjevast.

Innhaldet i ettervernet skal vere individuelt tilpassa, og døme på ettervernstiltak kan vere;

- Vidare oppfølging og støtte frå kontaktperson
- Hjelp til å finne og etablere eigen hybel/leilegheit, og eventuell økonomisk støtte til dette i ein overgangsfase

- Hjelp til å meistre kvardagen, t.d. ADL-ferdigheiter som økonomi/ budsjett, betale rekningar, husarbeid, matlaging, hygiene, døgnrytme
- Hjelp til å kome i kontakt med aktuelle instansar, t.d. NAV, skule, fastlege, psykisk helsehjelp
- Vidareføring av fosterheims- eller institusjonstiltak (dersom dette var etablert før vedkomande fylte 18 år)
- Støttekontakt som kan bistå med fritidsaktivitetar eller sosial støtte i kvardagen

Antal etterverssaker HAFS barneverntenesta			
År	**2023**	**2024**	**2025**
Fjaler	1	0	0
Askvoll	1	1	1
Hyllestad	1	1	1
Solund	1	0	0

Som tabellen syner har HAFS barneverntenesta nesten ikkje saker med ettervernstiltak. Her er nok fleire faktorar som spelar inn, men vi opplever mellom anna at det oftast er foreldra som ynskjer å ha eit samarbeid med barneverntenesta, og at når ungdomar sjølv får tilbod om ettervern takkar dei oftast nei. Vi erfarer òg at saker med hjelpetiltak i heimen ofte blir avslutta før ungdomane fyller 18 år, og det er såleis ikkje naturleg å tilby ettervern fleire år etter at saka vart avslutta.

Dei aktive ettervernsakene vi har per i dag er ungdomar som har vore plassert i fosterheim eller institusjon før fylte 18 år. Framover er det grunn til å tru at det vil kome fleire ettervernsaker, då vi per i dag har fleire plasseringar, både i fosterheim og på institusjon, der vedkomande snart fyller 18 år. Nokre av ungdomane har allereie signalisert at dei ynskjer vidare oppfylging av barneverntenesta.

Til samanlikning ser ein òg på landsbasis at det har vore nedgang i antal unge med ettervernstiltak.

4 Kvalitet

Vi vurderer at tenesta i all hovudsak leverer gode og forsvarlege tenester. Vi har stor omsut for dei borna og familiane vi er i kontakt med, og legg stor vekt på å arbeide relasjonelt og på ein mest mogleg skånsam måte. Samstundes er vi medvitne om at born og foreldre vil ha

sine eigne opplevingar av møtet med barneverntenesta, og for mange kan kontakten opplevast som svært inngripande. Vi arbeider kontinuerleg for at tiltaka våre skal vere minst mogleg inngripande, men har forståing for at situasjonen kan opplevast som særleg vanskeleg for dei det gjeld, spesielt i saker der det er aktuelt å setje i verk tvangstiltak.

Som nemnt ovanfor har tenesta over tid vore i ein utfordrande og sårbar situasjon. Dette inneber at vi har forbetringspotensial på fleire område. Tenesta arbeider jamt, systematisk og målretta med utviklingsarbeid, mellom anna knytt til rutinar, planar og struktur, samt å sikre at desse vert nytta etter føremålet i det daglege arbeidet. Erfaringane frå tilsyn og pålegg har gitt oss viktig læring, og vi tek desse aktivt med oss i det vidare arbeidet. Dette har bidrege til auka merksemd på internkontroll, og vi vil halde fram med å styrkje internkontrollarbeidet på alle ledd i tenesta.

Førre barnevernsleiar har hatt leiarstøtte gjennom ekstern konsulent, Bjarte Gangeskar. Dette har vorte opplevd som svært nyttig, og som eit positivt bidrag til styrking av leiing og fagleg kvalitet i tenesta. Vi vil vurdere om ny barnevernleiar skal ha leiarstøtte frå ekstern konsulent eller barnevernsleiar i annan kommune.

Kommunalsjef og kommunedirektør har arbeidd med kvalitetssikring på eit overordna nivå, og det er utarbeidd eit eige dokument som skal bidra til å sikre at rutinar vert følgde, og at eventuelle avvik vert avdekte og handterte på ein systematisk måte.

Når det gjeld arbeidet med pålegg og avdekte lovbrot, har tenesta arbeidd målretta med å lukke desse. Det er sett i verk tiltak for å rette opp forholda, og arbeidet med oppfølging av pålegga har vore prioritert. Dette arbeidet har gitt betre oversikt, styrka dokumentasjonen og meir medvit rundt etterleving av lov- og regelverk særleg i undersøkingar og det å avdekke vald og overgrep.

Tenesta har innført nytt sakshandsamingssystem. Målet med dette er å styrke kvaliteten i sakshandsaminga, sikre betre dokumentasjon, meir struktur i arbeidsprosessane og auka etterprøvbarheit i arbeidet. Vi vil jobbe med gode malar og system for å nytte verktøyet på best mogeleg måte i 2026.

Ovannemnde er ikkje ei uttømmande skildring av kvalitetsarbeidet i tenesta, men gir eit overordna bilete av delar av situasjonen slik den er i dag.

5 Samarbeid

Samarbeid er svært viktig for å yte gode tenester, dei «rette» tenestene og til rett tid. Barneverntenesta samarbeider med mange andre instansar; her under skular, barnehagar, psykisk helse og rus, helsestasjonar, PPT, NAV, BUP med fleire. Vi tilstrebar å ha best mogeleg samarbeid, og så kan vi bli endå betre! Det å ha kjennskap til kvarandre og kvarandre sitt mandat er etter underteikna si oppfatning essensielt for eit godt samarbeid, her under å oppklare eventuelle misforståingar.

Barneverntenesta har vore til stades på samhandlingsmøter i nokre av kommunane. Vi vonar å få til samhandlingsmøter med alle kommunane i 2026.

BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) vert no innført i kommunane våre. Vi i barneverntenesta i HAFS er spente på kva som framover vert vår rolle/ vårt bidrag her, og er svært positive til å vere ein del av dette. Det er ei utfordring at HAFS kommunane er komen ulikt i dette arbeidet.

8. Økonomi

Barneverntenesta i HAFS har store utgifter knytt til at vi har konsulentar i 2025. I tillegg har det også vore store utgifter knytt til plasseringar, då vi har ein relativ stor andel plasseringstiltak, både frivillige plasseringar og tvangsplasseringar, her under juridiske utgifter då vi har hatt nemndsbehandling i fleire saker i kommunen.

Slik nemnt innleiingsvis har barnevernsreforma ført til auka utgifter for kommunane,

Vi håpar på lågare utgifter i 2026 mellom anna grunna fleire tilsette som kjem attende slik at vi kan få mindre konsulentbruk. Målet er å unngå konsulentbruk utover første halvdel av 2026.

Bruk av konsulentar				
År	**Budsjett 2024**	**Rekneskap 2024**	**Budsjett 2025**	**Rekneskap 2025**
Bruk av konsulentar	2 363 000	3 347 134	3 237 000	3 513 753

9. Utfordringsbiletet og innsatsområde

Nokon av dei utfordringane vi møter i arbeidet vårt nemnt ovanfor, er knytt til mellom anna kapasitet i tenesta og økonomi. Her trekkast fram at kommunane våre manglar tilbod med tilstrekkeleg lågterskeltilbod til foreldre og born som er i behov for hjelp, men der vilkåra etter barneverntenesta sitt lovverk ikkje er oppfylte. Dette er eit område som det arbeidast med i kvar kommune, og også i fellesskap, men der vi har ein god veg å gå. Sjølv om HAFS kommunane jobbar saman om **Førebyggjande plan for barn og unge**, ser vi at det er stor skilnad mellom kommunane kor langt ein er komen med tiltaka.

Barneverntenesta i HAFS har mange innsatsområde, og det er spanande å arbeide med å utvikle tenesta. Våre innsatsområde er til dømes:

- Auka kompetanse i tenester
- Opplæring til nytilsette (og andre)
- Rettleiing til tilsette
- Rutinar og malar
- Godt arbeidsmiljø
- Tverrfagleg samarbeid

SOLUND FELLESARENA

Rådgjevar, Mona Hjønnevåg, Solund kommune

Møteplassen SoFA

I seinare tid mangla ein jamleg og organisert møteplass for vaksne over 18 i Solund. Ein slik møteplass var ynskja, vist m.a. i kartlegging. SoFA vart derfor etablert som ein rusfri og inkluderande møteplass i november 2025, av startprosjektet Ung og framtida i Solund, i samarbeid med NAV, psykisk helseteneste, og ressursgruppe frå målgruppa 18+. Møteplassen driftast av Sektor for samfunns- og næringsutvikling, og er finansiert av prosjektmidlar frå startprosjektet Ung og framtida i Solund ut 2026.

Den er open for alle frå det året ein fyller 18 år. Tiltaket er kunnskapsbasert, og konseptet er i hovudsak at ein møtast rundt enkle aktivitetar. Som spelkvelder med enkel bevertning, 1-2 torsdagskvelder kvar månad. Så lågterskel at «alle» kan drifte det.

Møteplassen er breitt forankra. Både i dagens samfunnsbehov, samt prioriteringar i samfunnsdelen og folkehelseoversikta, og kunnskap frå forsking, tilsett- og målgruppemedverknad. Gjennom livet er det dessutan unge som nasjonalt er mest einsame. Særskilt unge heilt/delvis utanfor arbeid/utdanning kjenner på utanforskap og peikar på manglande arenaer for dei som ikkje har andre naturlege arenaer å møtast på. Og overgongen frå grunnskulen til vidare skulegong er utfordrande, der kontakta med etablerte vennekretsar svekkast. Som inkluderande møteplass går ein aktivt inn for å få med alle, uansett om ein er ny i Solund, nytilsett, lærling, eller berre har behov for ein arena å møte andre vaksne på.

Erfaringar så langt

Oppmøte og attendemeldingar

Oppmøtet har vore mellom 12 og 20 personar kvar gong. Attendemeldingar frå ulike hald er svært positive, også gjeldande at tilbodet er rusfritt. Deltakarane har sjølve også bidratt med ressursar inn i møteplassen, og kan også vere med i drifta vidare.

Format og innhald vert justert undervegs, etter erfaringar ein gjer seg.

Potensiale

Vi ser at SoFA kan brukast til meir enn uformell møteplass. Den kan brukast til nettverks- og sesongtreff for unge vaksne. Som døme nemner vi felles sommaravslutningar, bedriftsmingling og julemiddag. Innanfor konsept liknande U40, som m.a. viser unge mogelegheitene i Solund, skapar nettverk, samhald, rekruttering og omdøme. Ikkje minst ein tettare tilknyting til Solund. Dette støttast i kartlegging i 2026, der unge vaksne mellom 18-40 føresler SoFA til nettopp dette. Ungdomsprosjektet og Bygdevekst har sistnemnde tiltak under utforming, med oppstart andre halvår 2026.

Tilråding framover

Økonomi

Vi har sambruksavtale med skulen, både på utstyr og lokale. Drifta inngår elles i eksisterande tilsettrolle. Hovudkostnadane er knytt til anna lønstillegg, utstyr, musikkavspelingslisens, enkel bevertning og arrangementslogistikk. Estimert til ein samla kostnad på 50 000 i året.

Oppsummert tilråding

Prosjektgruppa vurderer at møteplassen i høgste grad er føremålstenleg opp mot økonomiske rammer og ulike behov i kommunen. Det multifunksjonelle tilbodet sikrar ikkje berre ein rusfri og jamleg møteplass-arena, som også i seg sjølv er gir positive effektar. Men kan også aktivt bidra til rekruttering og tettare kontakt med Solund. Erfaringane og attendemeldingane hittil, gjer at prosjektgruppa anbefaler sterkt at drifta av SoFA bør sikrast vidare drift i økonomiplan frå og med 2027.

Innaforskap

SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval
www.sekom.no | post@sekom.no

Notat

Arkivsak	Journalnr	Dato
25/107	26/325	12.02.2026

Rekneskapshefte 2025 for SEKOM sekretariat

Følgjande dokument er lagt ved:

- Bevilgningsoversikt
- Økonomisk oversikt
- Oversikt balanse
- Notar til rekneskapet

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
Arnar.Helgheim@sekom.no

SEKOM 2025
Bevilgningsoversikt -drift

	Tekst	2025 Rekneskap	Regulert budsj.	Oppr. Budsjett	2024 Rekneskap
1	Rammetilskot				-
2	Inntekts- og formueskatt				-
3	Eigedomsskatt				-
4	Andre generelle driftsinntekter	-2 792 998,00	-2 793 000,00	-2 793 000,00	2 675 000,00
5	Sum generelle driftsinntekter	-2 792 998,00	-2 793 000,00	-2 793 000,00	-2 675 000,00
6	Sum bevilgninger drift, netto	2 602 230,22	2 743 000,00	2 743 000,00	-2 634 583,33
7	Avskrivingar	-	-	-	-
8	Sum netto driftsutgifter	2 602 230,22	2 743 000,00	2 743 000,00	-2 634 583,33
9	Brutto driftsresultat	-190 767,78	50 000,00	-50 000,00	-40 416,67
10	Renteinntekter	-701	0,00	0,00	-833
11	Utbytte	-536	-	-	-463
12	Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-	-	-	-
13	Renteutgifter	-	-	-	0
14	Avdrag på lån	-	-	-	-
15	Netto finansutgifter	-1237			-1296
16	Motpost avskrivingar		-	-	-
17	Netto driftsresultat	-192 004,78	50 000,00	50 000,00	-41 712,67
	Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
18	Overøring til investering	-	-	-	-
19	Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
20	Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	192 004,78	50 000,00	50 000,00	41 712,67
21	Dekning av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-
22	Sum disponeringar eller dekning av nett driftsresultat	192 004,78	50 000,00	50 000,00	41 712,67
23	Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	-	-	

Førde 09.02.2026

Sunnfjord kommune

Marius Bjørvik Solheim
rekneskapsansvarleg

Sekom Sekretariat for kommunalt oppgåvefellesskap

Arnar Helgheim
Dagleg leiar

Økonomisk oversikt - drift

2 Sekom - 2025

04.02.2026

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
2 Inntekts- og formuesskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Eiendomsskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
4 Andre skatteinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	0,00	0,00	0,00	0,00
6 Overføringer og tilskudd fra andre	2.842.698,36	2.848.000,00	2.848.000,00	2.716.136,76
7 Brukerbetalinger	0,00	0,00	0,00	0,00
8 Salgs- og leieinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Sum driftsinntekter	**2.842.698,36**	**2.848.000,00**	**2.848.000,00**	**2.716.136,76**
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	1.810.521,22	1.848.000,00	1.848.000,00	1.837.101,82
11 Sosiale utgifter	482.494,57	505.000,00	505.000,00	445.488,24
12 Kjøp av varer og tjenester	292.662,43	375.000,00	375.000,00	336.398,27
13 Overføringer og tilskudd til andre	66.252,36	70.000,00	70.000,00	56.731,76
14 Avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
15 Sum driftsutgifter	**2.651.930,58**	**2.798.000,00**	**2.798.000,00**	**2.675.720,09**
16 Brutto driftsresultat	**190.767,78**	**50.000,00**	**50.000,00**	**40.416,67**
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	701,00	0,00	0,00	833,00
18 Utbytter	536,00	0,00	0,00	463,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
21 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Netto finansutgifter	**1.237,00**	**0,00**	**0,00**	**1.296,00**
23 Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
24 Netto driftsresultat	**192.004,78**	**50.000,00**	**50.000,00**	**41.712,67**
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0,00	0,00	0,00	0,00
26 Avsetninger til bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
27 Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
28 Avsetninger til disposisjonsfond	192.004,78	50.000,00	50.000,00	41.712,67
29 Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresult	**192.004,78**	**50.000,00**	**50.000,00**	**41.712,67**
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00

Oversikt - balanse

2 Sekom - 2025

04.02.2026

	Regnskap 2025	Regnskap 2024
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	**8.744.120,00**	**8.072.578,00**
I. Varige driftsmidler	0,00	0,00
1. Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
II. Finansielle anleggsmidler	232.222,00	215.670,00
1. Aksjer og andeler	232.222,00	215.670,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	0,00	0,00
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	8.511.898,00	7.856.908,00
B. Omløpsmidler	**1.230.544,53**	**1.029.881,53**
I. Bankinnskudd og kontanter	727.178,53	517.321,53
II. Finansielle omløpsmidler	0,00	0,00
1. Aksjer og andeler	0,00	0,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	503.366,00	512.560,00
1. Kundefordringer	66.498,00	51.260,00
2. Andre kortsiktige fordringer	0,00	0,00
3. Premieavvik	436.868,00	461.300,00
Sum eiendeler	**9.974.664,53**	**9.102.459,53**
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	**886.498,24**	**977.829,46**
I. Egenkapital drift	839.816,24	647.811,46
1. Disposisjonsfond	839.816,24	647.811,46
2. Bundne driftsfond	0,00	0,00
3. Merforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
II. Egenkapital investering	0,00	0,00
1. Ubundet investeringsfond	0,00	0,00
2. Bundne investeringsfond	0,00	0,00
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	0,00	0,00
III. Annen egenkapital	46.682,00	330.018,00
1. Kapitalkonto	46.682,00	330.018,00
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	0,00	0,00
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	0,00	0,00
D. Langsiktig gjeld	**8.697.438,00**	**7.742.560,00**
I. Lån	0,00	0,00
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	0,00	0,00
2. Obligasjonslån	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	8.697.438,00	7.742.560,00
E. Kortsiktig gjeld	**390.728,29**	**382.070,07**
I. Kortsiktig gjeld	390.728,29	382.070,07
1. Leverandørgjeld	0,00	0,00
2. Likviditetslån	0,00	0,00
3. Derivater	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	390.728,29	382.070,07
5. Premieavvik	0,00	0,00

2 Sekom - 2025

04.02.2026

	Regnskap 2025	Regnskap 2024
Sum egenkapital og gjeld	**9.974.664,53**	**9.102.459,53**
F. Memoriakonti	**0,00**	**0,00**
I. Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
II. Andre memoriakonti	0,00	0,00
III. Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

SEKOM sekretariat

Notar til rekneskap 2025

Rekneskapen for SEKOM sekretariat er ført i samsvar med

- Kommunelova
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv
- God kommunal rekneskapsskikk

Inntekter og utgifter er ført etter anordningsprinsippet. Kjende inntekter og utgifter som gjeld rekneskapsåret er tekne med i rekneskapen.

Pålagde noteopplysningar går fram av budsjett og rekneskapsforskrifta. Mange av desse er ikkje relevante for SEKOM sekretariat og er difor ikkje med i dette dokumentet.

1. Endring i arbeidskapital

Balanserekneskap	2025	2024	Endring
2.1 Omløpsmidlar	1 230 544,53	1 029 881,53	
2.3 Kortsiktig gjeld	-390 728,29	-382 070,07	
	839 816,24	647 811,46	192 004,78

Drifts og investeringsrekneskape		
Økonomisk oversikt drift:		
Driftsinntekter 600 - 899	-2 842 698,36	
Driftsutgifter 001 - 499	2 635 378,58	
Avskrivingar 590	0	
Eksterne finansinntekter 900 - 921	-1 237,00	
Eksterne finanskostnader 500 - 529	16 552,00	
Motpost avskrivingar	0	
Endring arbeidskapital	-192 004,78	-192 004,78
		0

Budsjett og rekneskapsforskrifta § 5-10, a:

a. Det skal opplyses om hva arbeidskapitalen er ved inngangen av året, årets endring i arbeidskapitalen, og hva arbeidskapitalen er ved utgangen av året. Årets endring i arbeidskapitalen skal spesifiseres med netto driftsresultat, netto utgifter i investeringsregnskapet, endring i ubrukte lånemidler og virkningen av endring i regnskapsprinsipp.

2. Kapitalkonto

Kapittel	Balansen	31.12.2025	01.01.2025	Endring
2.2	Anleggsmidlar (+ v/økning)	8 744 120,00	8 072 578,00	671 542,00
2.4	Langsiktig gjeld (-v/økning)	-8 697 438,00	-7 742 560,00	-954 878,00
Differanse				-283 336,00
2.9100	Memoriakontro for ubrukte lånemidler (+ økning/-redusjon)			0
Sum endring i balansen (beregnet endring kapitalkonto)				**-283 336,00**

Kapittel	Balansen	31.12.2025	01.01.2025	Endring
2.5990	Kapitalkonto	-46 682,00	-330 018,00	283 336,00

Avstemming mellom rekenskapsdelane	Beløp
Differanse	-

Budsjett og rekneskapsforskrifta § 5-10, b:

b. Årets endring i kapitalkonto skal spesifiseres med årets endring i bokført verdi av anleggsmidlene og langsiktig gjeld, endring i ubrukte lånemidler og virkningen av endring i regnskapsprinsipp.

3. Aksjar og andelar

Eigenkapitalinnskot KLP med kr 16.552:

Saldo pr 1.1.25	215 670,00
Innskot 2025	16 552,00
Saldo pr 31.12.25	232 222,00

Budsjett og rekneskapsforskrifta § 5-11, b:

b. For aksjer og andeler under finansielle anleggsmidler skal det for hvert selskap opplyses om eierandelen og balanseført verdi ved utgangen av regnskapsåret. Det skal også opplyses om vesentlige endringer i eierandeler. Det skal i tillegg opplyses om vesentlige nedskrivninger, og eventuelle reverseringer av slike, og årsaken til dette.

4. Pensjon

Frå og med 2023, følgjer vi reglane i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregneskap og årsberetning for kommune og fylkeskommuner mv. Dette inneber føring med premieavvik og amortisering av dette med like delar dei komande 7 åra.

Til og med 2022, vart den årleg påløpte pensjonskostnaden rekneskapsført det året den vart betalt, utan føring av premiavvik og tilhøyrande amortisering.

Pensjon 2025

Sekom sekretariat kommunalt oppgåvefellesskap sin pensjonskasse er KLP.

KLP

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik 2025	Beløp
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	250 115
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	340 108
- Forventet avkastning på pensjonsmidlene	- 367 867
Administrasjonskostnader	7 900
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	230 256
Årets pensjonspremie	272 657
Årets premieavvik	42 401
Amortiseringsperioder	
Premieavvik over 15 år	
Premieavvik over 10 år	
Premieavvik over 7 år	42 401
Premieavvik totalt	42 401

Samlede pensjonskostnader	Beløp
Netto pensjonskostnad	222 356
Sum amortisert premieavvik	64 492
Adm.kostnad/rentegaranti	7 900
Samlet pensjonskostnad	294 748

Premiefond	Beløp
Innestående på premiefond 01.01.	157 004
Tilført premiefondet i løpet av året	406 382
Bruk av premiefondet i løpet av året	- 300 000
Innestående på premiefond 31.12.	263 386

Pensjonsmidler	Beløp
Pensjonsmidler pr. 01.01	7 856 908
Premieinnbetaling	272 657
Administrasjon	- 7 900
Forventet avkastning	367 867
Utbetalinger	- 326 327
Estimatavvik - midler	348 693
Pensjonsmidler pr. 31.12	8 511 898

Pensjonsforpliktelser	Beløp
Pensjonsforpliktelser pr. 01.01	- 7 742 560
Estimatavvik	- 673 200
Årets opptjening	- 250 115
Rentekostnad	- 340 108
Utbetalinger	326 327
Pensjonsforpliktelse pr. 31.12	- 8 679 656

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	Beløp	Arbeidsgiveravgift
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	- 8 679 656	- 920 044
Pensjonsmidler pr. 31.12.	8 511 898	902 261
Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	- 167 758	- 17 782

AGA netto pensjonsforpliktelser: Skal ikkje førast dersom netto er positiv, ref KDDs brev 27. april 2022 og KDDs brev 23.06.2023.

Estimatavvik og planendringer	Pensjonsmidler Beløp	Pensjonsforpliktelser Beløp
Estimatavvik 31.12.	348 693	673 200
Virkningen av planendringer	0	0

Beregningsforutsetninger	KLP
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,50 %
Diskonteringsrente	4,00 %
Forventet årlig lønnsvekst	2,97 %
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	2,97 %
Forventet pensjonsregulering	2,20 %

Budsjett og rekneskapsforskrifta § 5-12, c:

c. Det skal opplyses om årets pensjonspremier, netto pensjonskostnad og premieavvik, og om årets amortiseringskostnader og samlet pensjonskostnad. Det skal også opplyses om hvilke amortiseringsperioder som benyttes for amortisering av premieavvik. Det skal i tillegg opplyses om størrelsen på bruk av premiefond i året og midler på premiefond ved utgangen av året. Årets netto pensjonskostnad og årets endring i pensjonsmidler og brutto pensjonsforpliktelse skal spesifiseres. Det skal opplyses om hvilke beregningsforutsetninger som er brukt.

5. Ytingar til leiande personar

Styret vedtek årsløna til dagleg leiar og det er styreleiar som tilviser. Dagleg leiar Arnar Helgheim har hatt slik årsløn i 2025:

1.1.25 – 30.04.25: Kr 943.244
1.5.25 – 31.12.25: Kr 984.747.

Reiseutgifter vert dekka etter staten sitt regulativ. Tenestetelefon vert dekka av arbeidsgjevar og skatta etter reglane om naturalyting.

Budsjett og rekneskapsforskrifta § 5-13, d:

d. Det skal opplyses om ytelser til ledende personer i virksomheten.

6. Godtgjersle til revisor

Godtgjersle til Vestland Revisjon KO var på kr 22.500,- inkludert meirverdiavgift.

Budsjett og rekneskapsforskrifta § 5-13, e:

e. Det skal opplyses om godtgjørelser til revisor, fordelt på revisjon og rådgivning.

7. Overføring frå eigarkommunane

I tråd med samarbeidsavtala mellom eigarkommunane om SEKOM sekretariat, vert kostnadane dekka etter følgjande fordelingsnøkkel: Folketal 50%, tidsbruk 25% og fast sum 25%. Reisetid vert ikkje ført på den enkelte kommune og påverkar såleis ikkje fordeling av tilskot.

Avrekning vert gjort mot tilskot i 2026.

Kommune	Folketal 1.1.25	Tidsbruk i %	Folketal 50%	Tid 25%	Fast 25%	Budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avrekning*
Askvoll	2 930	9,8 %	76 770	68 394	69 825	211 302	214 989	3 687
Bremanger	3 361	10,7 %	88 062	74 786	69 825	221 995	232 674	10 679
Fjaler	2 924	9,7 %	76 612	67 481	69 825	208 221	213 919	5 698
Gloppen	5 936	10,7 %	155 531	74 939	69 825	302 696	300 294	-2 402
Gulen	2 260	6,8 %	59 215	47 179	69 825	191 497	176 219	-15 278
Hyllestad	1 281	6,9 %	33 564	48 153	69 825	152 092	151 542	-551
Høyanger	3 894	10,9 %	102 028	76 004	69 825	241 803	247 857	6 054
Solund	740	7,7 %	19 389	54 089	69 825	145 432	143 302	-2 129
Stryn	7 311	10,3 %	191 557	71 651	69 825	331 206	333 034	1 827
Sunnfjord	22 662	16,6 %	593 773	115 573	69 825	786 755	779 171	-7 584
	53 299	**100,0 %**	**1 396 500**	**698 250**	**698 250**	**2 793 000**	**2 793 000**	-

*) Avrekning vert gjort mot tilskotet for 2026.

Selskapet er fullfinansiert med tilskot frå eigarkommunane. Dei andre inntektspostane er:

Kompensasjon mva driftsrekneskapen	- 49 700
Renteinntekter	- 701
Utbytte og eigaruttak	- 536
Sum	- 50 937

Sjå også note 4 om pensjonsføringar.

Budsjett og rekneskapsforskrifta § 8-2:

I tillegg til noteopplysningene som nevnt i § 5-10 til § 5-15 skal årsregnskapet til interkommunale politiske råd og kommunale oppgavefellesskap inneholde noter med følgende opplysninger:

a. Hvor stor andel av samarbeidets inntekter som kommer fra deltakerkommunene, og hvor stor andel av samarbeidets inntekter som kommer fra andre.

b. Overføringer fra deltakerkommunene som er foretatt for å dekke inn et merforbruk i samarbeidet.

Førde, 09.02.2026

Sunnfjord kommune

Marius Bjørvik Solheim
Rekneskapsansvarleg

Sekom Sekretariat for kommunalt oppgåvefellesskap

Arnar Helgheim
Dagleg leiar

SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
03/26	Styret for SEKOM sekretariat	16.03.2026
03/26	Representantskap for SEKOM sekretariat	13.04.2026

Arkiv	Sakshandsamar
FE-210	Arnar Helgheim

Rekneskap 2025 - SEKOM sekretariat

Vedlegg i saka:
Rekneskapsutskrift 2025 datert 30.1.26
Rekneskapshefte 2025 SEKOM sekretariat
Revisjonsmelding 2025 SEKOM

16.03.2026 Styret for SEKOM sekretariat

Vedtak:
Rekneskap 2025 for SEKOM sekretariat vert godkjent.

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

13.04.2026 Representantskap for SEKOM sekretariat

Vedtak:
Rekneskap 2025 for SEKOM sekretariat vert godkjent.

Handsaming:

Styreleiar Per Rune Vereide informerte om rekneskapen for 2025.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
Rekneskap 2025 for SEKOM sekretariat vert godkjent.

Saksutgreiing:
Vedlagt er rekneskapshefte og revisjonsmelding. Tabellar og notar i rekneskapsheftet gir det meste av informasjon om rekneskapen. Innhaldet i sjølve rekneskapsheftet er stramma inn frå tidlegare.

Ved handsaminga av førre rekneskap, ønskte styret at innhaldet vart redusert. Det er difor berre dei obligatoriske oversiktene og notane som er med i dokumentet i år.

I tillegg til rekneskapsheftet, har eg lagt ved ein tabell med budsjettavvik. Her er oversikt over utgiftene, samanlikna med budsjett og ferskaste prognose til styret.

Rekneskapsresultat
Ved avslutning av rekneskapet var det eit udisponert beløp på kr 142 005. Dette er sett av til disposisjonsfond saman med budsjettert avsetjing på kr 50 000.

Rekneskapen syner ca kr 120 000 betre resultat enn siste prognosa. Om lag halvparten knyter seg til pensjonsføringane. Resten kjem frå jamt over litt lågare forbruk enn prognosa på mange mindre enkeltpostar. Sjå nærare i vedlegget med detaljrekneskap.

Pensjon
Sekom følgjer reglane i budsjett- og rekneskapsforskrifta. Dette inneber føring med premeiavvik og utgiftsføring av dette med like delar fordelt på 7 år.

Premieavvik KLP	**Beløp**
Premieavvik 2025	-42 401
Arbeidsg.avg. Premieavvik KLP	-4 495
Sum inntektsføring	**-46 896**
Amortisert avvik	64 492
Arbeidsg.avg. av amortisert avvik	6 836
Sum utgiftsføring	**71 328**
Netto utgiftsføring - premieavvik	**24 432**

Likviditet
Etter nokre år med gradvis svekka likviditet, vart denne betra i 2025. Forbetringa heng saman med at rådgjevar har teke ut 20% pensjon, og selskapet har dermed lågare lønsutgifter enn normalt.

Fond og premieavvik	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**
Disposisjonsfond	589 186	606 099	647 812	839 817
Samla premieavvik med arb.gjevaravgift	0	-352 506	-461 300	-436 868
Netto til disposisjon	**589 186**	**253 593**	**186 512**	**402 949**
Netto til disposisjon i % av kommunetilskot	22 %	9 %	6,7 %	15,1 %

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Årsmelding 2025



1 Innhald

1 INNHALD 1

2 INNLEIING 2

3 REPRESENTANTSKAP OG STYRE 2

3.1 Representantskap 2
3.2 Styre 2

4 TILSETTE 3

5 ARBEIDSÅRET 3

5.1 Kontrollutvala 3

6 ØKONOMI 4

6.1 Utdrag frå rekneskap 4
6.2 Avslutning av rekneskap 4
6.3 Pensjon 4
6.4 Disposisjonsfond og likviditet 4
6.5 Ressursbruk og avrekning 5

7 ANDRE TILHØVE 5

7.1 Internkontroll 5
7.2 Arkivansvar 5
7.3 Personvern 6
7.4 Likestilling 6
7.5 Arbeidsmiljø 6
7.6 Ytre miljø 6
7.7 Meir om selskapet 6

2 Innleiing

Frå og med 1.1.20 vart SEKOM sekretariat omdanna til kommunalt oppgåvefellesskap. Ut 2019 var selskapet heimla i § 27 i den gamle kommunelova. I 2025 har selskapet 10 eigarkommunar og gjeldande samarbeidsavtale vart vedteken av kommunestyra vinteren 2024.

Selskapet sitt føremål jf punkt 4 i samarbeidsavtala:

> *SEKOM er oppretta for å utføre sekretariattenester for kontrollutvala i eigarkommunane. Selskapet skal syte for at kontrollutvala får naudsynt bistand til å utføre kontrollutvalsoppgåvene.*

3 Representantskap og styre

3.1 Representantskap

Representantskapet er eigarane sitt organ med ein vald representant med vara frå kvar kommune.

Kommune	Representant	Vara (kalla inn ved behov)
Askvoll	Frank Ask	Tormod Ådlandsvik
Bremanger	Tor Inge Myrhol	Øyvind Heimtun
Fjaler	Leif Jarle Espedal	Marte Haugsbakk
Gloppen	Per Jarle Myklebust	Beate Dybendal Nordvik
Gulen	Normann Grimen	Aslak Nyhammer
Hyllestad	Kjell Eide (nestleiar)	Christian Hatlem Skår (til 9.10.25) Anne Merete Takle (frå 9.10.25)
Høyanger	Petter Sortland	Geir Helge Østerbø
Solund	John Sigfred Hugøy	Sara Tunestveit
Stryn	Per Kjøllesdal	Sonja Øvre-Flo
Sunnfjord	Jenny Følling (leiar)	Helge Robert Midtbø

Saker for representantskapet
Saker som skal handsamast i representantskapet jf punkt 7 i samarbeidsavtala:

- Val av leiar og nesteleiar i representantskapet
- Val av styre
- Val av leiar og nestleiar i styret
- Budsjett, årsrekneskap og årsmelding etter framlegg frå styret
- Reglement for godtgjersle til representantskap og styre

3.2 Styre

Representantskapet vel styre for 2 år. Representantskapet valde nytt styre den 27.5.24. I 2024, har styret vore samansett slik:

Leiar	Per Rune Vereide
Nestleiar	Merete Haugsdal
Styremedlem	Ole Johnny Stubhaug
Styremedlem	Ann Sissel Austgulen
Styremedlem	Vidar Stavik

1. vara*	Ståle Brattelid
2. vara	Heidi Djupvik Råd
3. vara	Hallvard Lervik
4. vara	Kari Synnøve Muri
5. vara	Kjersti Nygaard

*) Første vara møter fast i styremøta.

Oppgåver for styret etter punkt 9 i samarbeidsavtala:

- Tilsetjing og oppseiing av tilsette i selskapet
- Løns- og arbeidsvilkår for tilsette
- Eventuell arbeidsplan eller tilsvarande styringsdokument
- Framlegg til representantskapet om budsjett, rekneskap og årsmelding
- Økonomireglement
- Vedtak om kontorstad
- Eventuell instruks eller tilsvarande for dagleg leiar

4 Tilsette

Verksemda hadde 2 tilsette, dagleg leiar Arnar Helgheim og rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme. Rådgjevar har hatt delvis pensjon, og arbeidde i 80% stilling heile 2025. Årsløna til dagleg leiar er pr 31.12.25 på kr 984.747.

Reiseutgifter for tilsette vert dekka etter statens regulativ og andre utgifter etter dokumentert rekning. Tenestetelefon vert dekka av arbeidsgjevar og skatta etter reglane om naturalyting.

SEKOM er medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen Samfunnsbedriftene. Styret vedteke at SEKOM sekretariat følgjer personalreglementa i Sunnfjord kommune for utfyllande reglar der det ikkje er avklaringar i lov- og avtaleverk.

5 Arbeidsåret

	Møte	Saker
Styre	4	28
Representantskap	2	13

Arbeidsplan - status
Dagleg leiar rapporterer til styre og representantskap om gjennomføring av arbeidsplan som vert vedteken saman med budsjett. Dette er tilgjengeleg på www.sekom.no men er ikkje ein del av den formelle årsmeldinga frå selskapet til eigarane.

5.1 Kontrollutvala

I 2025 har hovudfokus vore å sikre at kvart enkelt kontrollutval utfører dei planlagde kontrollhandlingane.

Kvart utval rapporterer til sitt kommunestyre med årsmelding og i saker der det er aktuelt. Oversikt over tal møte og saker som er tilgjengelege på SEKOM si nettside:

Kommune	Møte	Saker
Askvoll	6	44
Bremanger	7	49
Fjaler	5	48
Gloppen	6	48
Gulen	5	37
Hyllestad	5	35
Høyanger	6	47
Solund	5	34
Stryn	6	43
Sunnfjord	8	62
	59	447

Årstal	Møte	Saker
2025	59	447
2024	66	520
2023	49	416
2022	52	396

6 Økonomi

6.1 Utdrag frå rekneskap

	Rekneskap 2025	Budsjett 2025 Revidert	Rekneskap 2024
Sum driftsinntekter	-2 842 698	-2 848 000	-2 716 137
Lønsutgifter	1 810 521	1 848 000	1 837 102
Sosiale utgifter	482 495	505 000	445 488
Kjøp av varer og tenester	292 662	375 000	336 398
Overføringar og tilskot til andre	66 252	70 000	56 732
Brutto driftsresultat (til disposisjonsfond)	-190 768	-50 000	-40 417

6.2 Avslutning av rekneskap

Ved avslutning av rekneskap 2025 var det eit udisponert beløp på kr 142 005. Dette er sett av til disposisjonsfond saman med budsjettert avsetjing på kr 50 000.

6.3 Pensjon

SEKOM følgjer reglane i budsjett- og rekneskapsforskrifta for kommunar og fylkeskommunar. Dette inneber føring med premieavvik og utgiftsføring av dette med like delar dei komande 7 åra.

Premieavvik KLP	Beløp
Premieavvik 2025	-42 401
Arbeidsg.avg. Premieavvik KLP	-4 495
Sum inntektsføring	**-46 896**
Amortisert avvik	64 492
Arbeidsg.avg. av amortisert avvik	6 836
Sum utgiftsføring	**71 328**
Netto utgiftsføring - premieavvik	**24 432**

SEKOM har opparbeidd eit premiefond i KLP som berre kan nyttast til å dekke framtidige pensjonskostnadar:

Premiefond KLP	Beløp
Saldo pr 1.1.25	157 004
Saldo pr 31.12.25	263 386

6.4 Disposisjonsfond og likviditet

Etter tidlegare vedtak, er disposisjonsfondet delt i 2:

- Pensjonsfond som er innbetalt av kommunar som gjekk ut av selskapet 1.1.2020
- Bufferfond som er ubrukte midlar tidlegare år.

	Pr 1.1.25	Endring 2025	Pr 31.12.25
Bufferfond	247 214	192 005	439 219
Pensjonsfond (kommunar som gjekk ut)	400 598	0	400 598
Sum balanseført	647 812	192 005	839 817

Etter nokre år med svekka likviditet, vart denne betra i 2025. Forbetringa heng saman med at rådgjevar har teke ut 20% pensjon, og selskapet har dermed lågare lønsutgifter enn normalt.

Fond og premieavvik	2022	2023	2024	2025
Disposisjonsfond	589 186	606 099	647 812	839 817
Samla premieavvik med arb.gjevaravgift	0	-352 506	-461 300	-436 868
Netto til disposisjon	**589 186**	**253 593**	**186 512**	**402 949**
Netto til disposisjon i % av kommunetilskot	22 %	9 %	6,7 %	15,1 %

I samband med budsjett for 2025, vedtok representantskapet at netto til disposisjon bør vere mellom 7,5% og 20% av kommunetilskotet. For å sikre likviditet og føreseielege tilskot frå eigarane, vart det frå og med budsjett 2025 også utarbeidd 4-årig økonomiplan for selskapet.

6.5 Ressursbruk og avrekning

Vi fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM sekretariat:

- Fast del 25%
- Etter tidsbruk 25%
- Etter folketal 50%

Kommune	Folketal 1.1.25	Tidsbruk i %	Folketal 50%	Tid 25%	Fast 25%	Budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avrekning*
Askvoll	2 930	9,8 %	76 770	68 394	69 825	211 302	214 989	3 687
Bremanger	3 361	10,7 %	88 062	74 786	69 825	221 995	232 674	10 679
Fjaler	2 924	9,7 %	76 612	67 481	69 825	208 221	213 919	5 698
Gloppen	5 936	10,7 %	155 531	74 939	69 825	302 696	300 294	-2 402
Gulen	2 260	6,8 %	59 215	47 179	69 825	191 497	176 219	-15 278
Hyllestad	1 281	6,9 %	33 564	48 153	69 825	152 092	151 542	-551
Høyanger	3 894	10,9 %	102 028	76 004	69 825	241 803	247 857	6 054
Solund	740	7,7 %	19 389	54 089	69 825	145 432	143 302	-2 129
Stryn	7 311	10,3 %	191 557	71 651	69 825	331 206	333 034	1 827
Sunnfjord	22 662	16,6 %	593 773	115 573	69 825	786 755	779 171	-7 584
	53 299	**100,0 %**	**1 396 500**	**698 250**	**698 250**	**2 793 000**	**2 793 000**	-

*) Avrekning vert gjort mot tilskotet for 2026.

7 Andre tilhøve

7.1 Internkontroll

Samla gjennomgang av internkontrollen er sak i styret annakvart år (sist i 2024). Hovudelementa i SEKOM sin interne kontroll:

- Internkontrollhandbok etter mal frå FKT og NKRF
- Risikovurdering og risikohandtering etter mal frå FKT og NKRF
- Kvalitetsnotat samla i sak/arkivsystemet (arkivsak: 23/45)

7.2 Arkivansvar

Sidan kommunedirektøren ikkje har instruksjonsmynde over kontrollutvalet sitt sekretariat, har SEKOM sjølvstendig ansvar for at dokumentasjonen vert sikra og tilgjengeleg etter same standard som annan kommunal informasjon.

Gjennom arbeidsplan har styret vedteke at kontrollutvala og selskapet sine dokument skal vere minst like tilgjengelege for ålmenta som dokument i eigarkommunane.

Hausten 2025, avleverte vi alle papirarkiva våre til Fylkesarkivet. Frå 1.1.2014, har vi hatt fullelektronisk arkiv, slik at dette gjaldt dokument for perioden ut første halvår 2014. Vi fekk nyttig hjelp frå Sunnfjord kommune (som hadde avlevering samtidig) og frå Fylkesarkivet.

Arkivplanen vart oppdatert etter avleveringa, og vi informerte alle noverande og tidlegare eigarkommunar om status for papirarkivet.

7.3 Personvern

SEKOM har inngått avtale med sekretariatsselskapet i Trøndelag om at dei tek på seg funksjonen som personvernombod. Plan for informasjonstryggleik er vedteken av representantskapet 14.4.21 og personvernerklæring er vedteken av dagleg leiar med heimel i planen. Personvern har også eigen meny på nettsida.

7.4 Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Styret har 2 kvinner og 3 menn.

7.5 Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2025. Selskapet har godt eigna lokale i Sunnfjord rådhus som er grunnlag for eit godt fysisk arbeidsmiljø. SEKOM har 2 enkeltkontor i 5. etasje. Lokalisering saman med ein kommuneadministrasjon gir også eit større arbeidsfellesskap, noko som er nyttig for eit selskap med berre 2 tilsette.

Tilsette har høve til heimekontor. Dette vert nytta ved sjukdom og når det elles er praktisk til dømes før eller etter reise til møte.

7.6 Ytre miljø

SEKOM sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

7.7 Meir om selskapet

Meir om SEKOM sekretariat finn de på www.sekom.no . Her er all møteinformasjon og postjournal med søkemogelegheiter både for sjølve selskapet og kontrollutvala.

Førde,

Styret for SEKOM sekretariat

Per Rune Vereide
Styreleiar

Merete Haugsdal
Nestleiar

Ole Johnny Stubhaug

Ann Sissel Austgulen

Vidar Stavik

SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
04/26	Representantskap for SEKOM sekretariat	13.04.2026

Arkiv	Sakshandsamar
	Arnar Helgheim

Årsmelding 2025 - SEKOM sekretariat

Vedlegg i saka:
Årsmelding 2025 - SEKOM sekretariat - underskriven av styret 16.3.26
Arbeidsplan 2025 - status pr 31.12.25

13.04.2026 Representantskap for SEKOM sekretariat

Vedtak:
SEKOM sekretariat si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

Handsaming:

Styreleiar Per Rune Vereide informerte om årmeldinga for 2025.
Dagleg leiar Arnar Helgheim informerte om gjensidig avtale med Vest Kontroll om kjøp av teneste ved behov t.d. sjukdom eller inhabilitet.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Tilråding frå SEKOM sekretariat:
SEKOM sekretariat si årsmelding for 2025 vert teken til vitande.

Saksutgreiing:

Årsmelding er rapport frå styret til representantskapet og eigarkommunane. I møte 16. mars, vedtok styret årsmeldinga. Denne vert no sendt til representantskapet med tilråding om at den vert teken til vitande.

Status for arbeidsplan er rapportering frå dagleg leiar til styret og er lagt ved saka som informasjon. Statusrapporteringa er ikkje ein del av den formelle årsmeldinga til eigarane, men er sjølvsagt offentleg tilgjengeleg for alle interesserte på SEKOM si nettside.

Emne: SEKOM sekretariat - rekneskap og årsmelding 2025
Til: Askvoll postmottak <postmottak@askvoll.kommune.no>, Fjaler Postmottak <postmottak@fjaler.kommune.no>, Hyllestad Postmottak <postmottak@hyllestad.kommune.no>, Høyanger Postmottak <postmottak@hoyanger.kommune.no>, Postmottak kontakt Bremanger <post@bremanger.kommune.no>, Postmottak kontakt Gloppen <post@gloppen.kommune.no>, Postmottak kontakt Gulen <postmottak@gulen.kommune.no>, Postmottak kontakt Stryn <postmottak@stryn.kommune.no>, Postmottak Sunnfjord kommune <postmottak@sunnfjord.kommune.no>, Solund Postmottak <post@solund.kommune.no>, Anders Skipenes <anders.skipenes@gloppen.kommune.no>, Gjermund Flage <Gjermund.Flage@hyllestad.kommune.no>, Jens-Eivind Kobbeltvedt <Jens-Eivind.Kobbeltvedt@solund.kommune.no>, Jon Nesje <jon.nesje@stryn.kommune.no>, Martin Kramprud Lundgård <Martin.Kramprud.Lundgard@Askvoll.kommune.no>, Ola Hovland <Ola.Hovland@fjaler.kommune.no>, reidun.halland <reidun.halland@gulen.kommune.no>, Lise Mari Haugen <Lise.Mari.Haugen@sunnfjord.kommune.no>, Tom Joensen <tom.joensen@bremanger.kommune.no>, Ørjan Haram <Orjan.Haram@hoyanger.kommune.no>, Anne Kristin Førde (anne.kristin.forde@bremanger.kommune.no) <anne.kristin.forde@bremanger.kommune.no>, Arnar Kvernevik <arnar.kvernevik@gloppen.kommune.no>, Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no>, Jenny Følling <Jenny.Folling@sunnfjord.kommune.no>, Kjell Eide <Kjell.Eide@hyllestad.kommune.no>, Leif Jarle Espedal <Leif.Jarle.Espedal@fjaler.kommune.no>, May-Lynn Osland <may-lynn.osland@gulen.kommune.no>, Ole André Klausen <Ole.Andre.Klausen@Askvoll.kommune.no>, Per Kjøllesdal <per.kjollesdal@stryn.kommune.no>, Petter Sortland <Petter.Sortland@hoyanger.kommune.no>
Sendt: 15.04.2026 07:22:25
Fra: Arnar Helgheim <Arnar.Helgheim@sekom.no>
Eg legg ved hefte med rekneskap og årsmelding 2025 for SEKOM sekretariat KO.

Her er lenke til representantskapsmøte 13.4.26 der dokumenta vart godkjende.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar

SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

www.sekom.no
ah@sekom.no
+47 975 81 418

Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 15.04.2026
Vår ref: 2026/580
Dykkar dato:
Dykkar ref: 2025/430

SOLUND KOMMUNE
Hardbakke 26
6924 HARDBAKKE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Edvard Høgestøl, 5557 2045

Solund - budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Solund kommunestyre har i møte 11. desember 2025, sak 064/25 handsama og vedteke budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029.

Statsforvaltaren kontrollerer for alle kommunar at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

I gjennomgangen og vurderingane har vi lagt vekt på at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid og at kommunen skal gjere tidlege tiltak ved økonomisk ubalanse, jamfør kommunelova § 14-1 til § 14-5.

Oppsummering
Kommunen har gode, men svært varierande inntekter, og må halde fram arbeidet med å balansere utgifter mot ein tilstand der inntektene frå Havbruksfondet kan bli lågare. Ein slik tilnærming er å finne i budsjett og økonomiplan. Gjeldsgraden er høg, og sjølv om gjeldsgraden også på slutten av økonomiplanperioden ligg godt over måltalet, er det ein nedgang i perioden.

Rekneskap 2025
Det er eit negativt netto driftsresultat i førebels rekneskap for 2025 på kr 9,8 mill., eller -5,7 prosent av driftsinntektene.

Disposisjonsfondet var kr 10,1 mill. ved utgangen av 2025, eller 5,9 prosent av drifts-inntektene.

Langsiktig gjeld, ekskl. pensjonsforpliktingar kr 190,3 mill., tilsvarande 110,7 prosent av brutto driftsinntekter.

Budsjett 2026
Det er eit netto driftsoverskot i budsjettet for 2026 med kr 19,6 mill. Det utgjer 11,6 prosent av budsjetterte driftsinntekter. Kr 8,8 mill. av netto driftsoverskot er planlagt sett av til disposisjonsfond. Kommunen har budsjettert med kr 34,7 mill. i skatt på formue og inntekt for 2026. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 93,1 mill.

Inntektsprognosen for 2026 er oppdatert med innkomen skatt i 2025 og folketal per 01.01.d.å. Den siste inntektsprognosen frå KS for kommunen ligg om lag 2,- mill. under dei budsjetterte frie inntektene i kommunen sitt budsjett.

Budsjettert eigedomsskatt for 2026 er kr 1,8 mill. Det vert skriven ut skatt for alle «faste eigedommar i kommunen, unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» - som følgje av eigedomsskattelova § 3, bokstav g.
Den generelle skattesatsen for skattepliktige eigedommar er 2 promille.

Det er budsjettert med kr 11,3 mill. i ordinære avdrag. Det utgjer om lag 5,9 prosent av kommunen si langsiktige lånegjeld ex. pensjonsforpliktingar ved utgangen av 2025. Det er verdt å merke seg at kommunen har ekstraordinære avdrag i år med auksjon.

I 2026 er det budsjettert med kr 15,9 mill. til investeringar i varige driftsmiddel. Dei største postane er utbetringar på Solundheimen (kr 2,8 mill.), kjøp av areal Søre Mortevika (kr 2,6 mill.), utbetringar av barneskulen (kr 1,8 mill.), og utbetringar i veg i Klubben bustadfelt (kr 1,47 mill.).

Investeringane vert finansiert med bruk av lån, kr 4,5 mill. Største finansieringspost er overføring frå drift (11,1 mill.) og ubundne investeringsfond – til saman kr 11,2 mi..
I tillegg vert det tatt opp kr 0,5 mill. i lån til vidare utlån.

Økonomiplan 2026 - 2029
Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er det pårekna at netto driftsresultat vil variere kraftig med -8,8 mill. i 2027, 13,8 mill. i 2028 og -7,7 mill. i 2029. Årsaka er variasjonar i utbetalingar får Havbruksfondet der det kvart anna år er auksjon (produksjonstilskotet er budsjettert fast med kr 10,4 mill. i heile perioden, mens inntekter frå statlege auksjonar er budsjettert med kr. 36,6 mill. i 2026 og 2028).

Den budsjetterte eigedomsskatten ligg fast med kr 1,8 mill. kvart år.

Investeringane i varige driftsmiddel har eit utvikling som samsvarar med «auksjonsåra», og er meint å avgrense lånetrongen ved overføring til investering. I tillegg utløyser nokre av investeringane tilskot. Investeringane er budsjettert til kr. 8,32 i 2027, kr 11,5 mill. i 2028 og kr 1,7 mill. i 2029.

Dei største investeringane ut i perioden er utbetring av søre Mortavika (kr. 10,- mill.), og utbetring av kommunale bustader (kr 4,- mill.) i 2027.

Investeringane er finansiert ved overføring frå drift, låneopptak og tilskot. Låneopptaket er kr. 4,5 mill. i åra 2026 – 2028, og kr 1,3 mill. i 2029. Merk at budsjetterte avdrag er kr 11,3 mill., kr 8,1 mill., kr 22,2 mill. og kr. 8,3 mill. i åra 2026, 2027, 2028 og 2029. Lånegjelda fell såleis i økonomiplanperioden.

Finansielle måltal
Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal vere på minst 1,75 prosent av driftsinntektene i snitt for økonomiplanperioden.
- Disposisjonsfondet skal ligge på minst 15 prosent av dei frie inntektene, justert for auksjonsinntekter.
- Netto lånegjeld på 70 prosent av dei frie inntektene, juster for auksjonsinntekter

- Bruk av inntekter frå Havbruksfondet på ikkje meir enn produksjonsavgifta og auksjonsinntekter tilsvarande distriktstilskot Sør-Noreg, justert for INGAR (kr. 7,5 mill. i 2025)

Kommunen skil seg frå dei fleste kommunar kva gjeld utforminga av måltala ettersom dei er laga for å ta inn over seg dei store endringane på inntektssida grunna utbetalingar frå Havbruksfondet. Difor er det, som kommunedirektøren skriv, naturleg å sjå på gjennomsnitt for heile perioden.
Med det som utgangspunkt når kommunen måltalet for netto driftsresultat, ligg like under for disposisjonsfond, og har eit stykke igjen for gjeldsgrad – sjølv om det definitivt går rette vegen.

Grunna inntektene frå Havbruksfondet får ikkje kommunen distriktstilskot Sør-Noreg. Som ei tilnærming til ein tilstand med lågare bidrag frå desse inntektene, er målsettinga om å ikkje bruke meir av inntekter frå Havbruksfondet enn tilsvarande nemnte tilskot, ei god tilnærming.

Statsforvaltaren sine vurderingar
Kommunen har store, men svingane, inntekter frå Havbruksfondet. Endringa av inntektssystemet frå 2025 slo dårleg ut for kommunen.

Gitt kommunen sin høge gjeldsgrad er det etter Statsforvaltaren sitt syn fornuftig at det i økonomiplanperioden vert lagt opp til reduksjon av lånegjelda, og at ein generelt legg til grunn at bruk av ekstra midlar skal ned på nivå for distriktstilskot Sør-Noreg.

Generelt blir det vekst i dei eldre aldersgruppene i kommunane og auka utgifter til pleie- og omsorg. Denne veksten vil også gjelde Solund kommune. Samstundes vil også andre sektorar, som t.d. barnehage, i periodar ha auke. Det er trong for kontinuerleg omstilling, noko som ikkje alltid er enkelt, særleg ikkje i ein kommune som har «ein av alle tenester» og få strukturgrep til disposisjon.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Synnøve Stalheim
Kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 18.05.2026
Vår ref: 2026/8882
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Revidert nasjonalbudsjett 2026 og kommuneopplegget for 2027

Statsforvaltaren gir i dette brevet eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2026 og kommuneopplegget for 2027, jf. prop. 94 S - Kommuneproposisjonen.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Endringar i det økonomiske opplegget for 2026
Skatteoverslaget for kommunane samla er i revidert nasjonalbudsjett auka opp med nærare kr 2,5 mrd. frå nivået i statsbudsjettet. Påreknа skattevekst i prosent frå innkomen skatt i 2025 til 2026 er auka frå 5,3 prosent i statsbudsjettet til 6,3 prosent no. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt.

Høgare årslønsvekst i fjor enn påreknа trekkjer i retning av høgare skatteinntekter enn tidlegare påreknа også no i år.

Kostnadsdeflatoren for kommunane var 3,5 prosent i statsbudsjettet for 2026, fordelt mellom påreknа lønsvekst inkl. pensjon på 4,0 prosent, og påreknа prisvekst for kjøp av varer og tenester med 2,8 prosent.

Det er no rekna med større kostnadsvekst for kommunane. Kostnadsveksten skuldast i hovudsak vesentleg større prisvekst for kjøp av varer og tenester enn lagt til grunn i statsbudsjettet. Påreknа prisvekst aukar frå 2,8 prosent i statsbudsjettet til 4,9 prosent no. Dette trekkjer den samla kostnadsveksten opp for kommunane.

Den påreknа kostnadsveksten for i år er no 4,1 prosent inklusiv pensjon:

lønsvekst inkl. pensjon	3,6	prosent (vekt 0,579)
prisvekst kjøp av varer og tenester	4,9	prosent (vekt 0,421)
Samla prisvekst	**4,1**	**prosent**

Det er rekna med noko større lønsvekst no enn i statsbudsjettet, men pensjon bidreg til reduksjon i kostnadsveksten. I statsbudsjettet var det rekna med same prosentvekst i pensjon som lønsvekst. Det er no rekna med lågare prosentvekst i pensjon enn lønsvekst i år. Lønsvekst inkl. pensjon er difor no redusert frå 4,0 prosent i statsbudsjettet til 3,6 prosent i revidert nasjonalbudsjett.

Høgare skatteinntekter og høgare kostnadsvekst er pårekna å langt på veg utlikna kvarandre. Netto verknaden for heile kommunesektoren (medrekna fylkeskommunane) er venta å gi ein reduksjon i inntektsramma med om lag kr 100 mill. Dette er basert på at kommunane og fylkeskommunane samla er pårekna å få om lag kr 3,2 mrd. i høgare skatteinntekter og om lag kr 3,3 mrd. i høgare kostnadsvekst, enn lagt til grunn i statsbudsjettet.

Det er no venta at meirutgifter som følgje av den demografiske utviklinga vil bli om lag kr 600 mill. lågare i 2026 enn lagt til grunn i statsbudsjettet for i år. Det skuldast blant anna lågare netto innvandring frå Ukraina enn tidlegare lagt til grunn.

Deling av personopplysningar ved skulebytte

Kunnskapsdepartementet har lagt fram prop. 79 L (2025-2026) *Endringar i opplæringslova og barnehagelova.*

Det er framlegg om å innføre ei plikt til å dele særskilte personopplysningar om elevar ved skulebytte. Skulane skal dele personopplysningar for å førebygge negativ oppførsel. Dette vil vere av omsyn til skulemiljøet for andre medelevar, eller arbeidsmiljøet for dei tilsette. Skulebytte omfattar også overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule.

Det blir teke sikte på å setje i verk ordninga frå hausten 2026. Samla kompensasjon for meirutgifter er kr 5 mill. for kommunane og kr 1 mill. for fylkeskommunane. Desse beløpa er kompensasjon for heilårsverknaden. I 2026 vil framlegget ha halvårseffekt. Kompensasjon blir utbetalt over rammetilskotet til kommunane.

Kommuneopplegget for 2027

Generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunesektoren i intervallet frå 3,5 til 4,0 mrd. kroner frå 2026 til 2027. Av dette er kommunane sin del rekna til intervallet frå 2,8 til 3,2 mrd. kroner. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2026 til 2027 vil difor kome som eit tillegg. Kostnadsdeflatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli fastsett i statsbudsjettet for 2027 til hausten.

Det kommunale skatteøyret for 2027 vil bli fastsett i statsbudsjettet. Det blir som tidlegare lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Dei samla meirutgiftene i 2027 som følgje av den demografiske utviklinga er rekna til om lag kr 3,7 mrd. Av vekst i pårekna demografikostnader for kommunesektoren i 2027, er 3,0 mrd. kroner den delen av kostnadsveksten som må bli dekt av vekst i dei frie inntektene. Dette kan bli fordelt med 2,4 mrd. kroner på kommunane og 0,6 mrd. kroner på fylkeskommunane. Ein mindre del av kostnadsveksten blir dekt av auke i andre inntekter enn dei frie inntektene.

Det er lagt til grunn at kommunesektoren får eit auka handlingsrom i intervallet frå 0,5 til 1,0 mrd. kroner i 2027. Dette er realvekst i frie inntekter, med fråtrekk for auka demografikostnader. Dette auka handlingsrommet kan bli fordelt med 80 prosent på kommunane og 20 prosent på fylkeskommunane.

Mange kommunar har auke i talet på eldre og nedgang i barnetala. Berekningane av meirutgifter som følgje av demografisk utvikling, er netto verknaden av meir- og mindre utgifter i dei ulike aldersgruppene.

Pensjon

Frå og med 2026 inngår kompensasjon for den pårekna veksten i pensjonskostnadene i overslaget på den kommunale kostnadsdeflatoren.

Departementet vil opplyse nærare om dei økonomiske føresetnadene for berekning av pensjonskostnadene for 2027 i eige rundskriv til kommunane. Departementet fastset dei økonomiske føresetnadene som skal bli lagt til grunn for berekning av netto pensjonskostnad. Det er særleg forholdet mellom diskonteringsrenta og lønsvekst (forholdstalet) som er viktig for nivået på dei berekna pensjonskostnadene.

I rundskrivet for berekning av pensjonskostnadene for 2026 er forholdstalet justert ned frå 1,00 i 2025 til 0,88 i 2026, slik at forholdet mellom diskonteringsrenta og lønsveksten er sett lågare. Dette inneber at berekna pensjonskostnader blir høgare i kommunerekneskap. Departementet si målsetjing er at dei berekna pensjonskostnadene over tid skal bli meir i samsvar med dei faktiske betalte pensjonspremiane. Dette vil over tid bidra til lågare premieavvik.

Departementet legg for 2027 opp til ein ytterlegare nedjustering av forholdstalet til 0,75, som bidreg til høgare berekna pensjonskostnader i kommunerekneskap. Det gir større grad av samsvar mellom berekna pensjonskostnader og faktisk betaling av pensjonspremie.

Departementet har også vurdert kortare amortiseringstid av oppsamla premieavvik. Kortare amortiseringsperiode vil vere eit tiltak for å byggje opparbeidd premieavvik raskare ned. Det er ikkje framlegg om dette tiltaket no. Departementet prioriterer i staden den nemnde ytterlegare nedjusteringa av forholdstalet i 2027. I dei komande åra vil det bli vurdert eventuelle andre tiltak, dersom det er behov for å redusere oppsamla premieavvik.

Inntektssystemet 2027

Nytt inntektssystem for kommunane vart innført i 2025. Det er ikkje varsla nye endringar i inntektssystemet for 2027.

I 2025 er det innført ein ny oppdatert kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga (basert på faglege analysar og utviklinga i kommunane sine faktiske utgifter) og endringar i dei regionalpolitiske tilskota, t.d. distriktstilskot Sør-Noreg og småkommunetillegget. Overgangsordninga INGAR tek omsyn til desse endringane slik at verknaden kjem gradvis over nokre år.

Ressurskrevjande tenester – toppfinansieringsordninga

I statsbudsjettet for 2026 får kommunane på landsbasis kompensert 80 prosent over innslagspunktet. Ordninga vart frå 2025 lagt om slik at kommunane sine eigendelar blir berekna på ein ny måte. I tillegg vart innslagspunktet auka i 2026 som følgje av at verdien av PU-kriteriet i inntektssystemet for 2025 vart redusert.

Det er ikkje varsla endringar i den nye ordninga for ressurskrevjande tenester - toppfinansieringsordning for 2027. Departementet vil kome med nærare opplysningar om ordninga i statsbudsjett for 2027 til hausten. Dette vil blant anna omfatte fastsetjing av innslagspunkt for utbetaling av tilskot i 2027.

I budsjettframlegget for 2028 vil budsjettansvaret for tilskotsordninga bli overført frå Kommunal- og distriktsdepartementet til Helse- og omsorgsdepartementet. I den samanheng vil det bli vurdert å gjere endringar i ordninga, blant anna om delar av ordninga skal bli innlemma i rammetilskotet.

Skjønstilskot
Basisramma for skjønstilskot blir fordelt mellom kommunane av statsforvaltarane. Ramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet er kr 830 mill. i 2026, av dette kr 123,4 mill. til Vestland.

Basisramma i 2027 for skjønstilskot i landet blir nominelt uendra, det vil seie kr 830 mill.

Departementet gjennomførde for 2026 ei omfordeling av fylkesrammene. Det gav Vestland ei lågare ramme. Departementet har gitt signal om at det også for 2027 vil bli ei omfordeling av skjønsrammer mellom fylka. Vestland si ramme til fordeling mellom kommunane kan difor bli redusert ytterlegare.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Naturskade
Retningslinene for skjønstilskot i samband med naturskade vart justert for 2026. Eigendel og innslagspunkt vart auka for 2026 på bakgrunn av prisvekst som har vore over fleire år. Det er ikkje framlegg om endringar frå 2026 til 2027.

Kommunar som har hatt utgifter etter naturskade som samla er over kr 350,- per innbyggjar, får kompensasjon som dekker halvparten av utgiftene. Dersom utgiftene er over kr 700,- per innbyggjar, får kommunen kompensasjon som dekker alle utgiftene over kr 350,- per innbyggjar.

Dei nemnde beløpa for eigendel og innslagspunkt vil bli justerte med jamne mellomrom på bakgrunn av pris- og lønsvekst i kommunesektoren.

Andre saker
<u>Vurdering av tiltak for å gjere inntektene meir føreseielege for kommunane</u>
I dei seinare åra har nivået på skatteinntektene utvikla seg vesentleg annleis enn venta i nasjonalbudsjetta. For lite føreseielege inntekter og svingingar i skatteinntektene gir utfordringar for kommunane si planlegging og økonomiske styring.

Kommunane har behov for informasjon om komande inntekter som samsvarer meir med slik inntektene faktisk blir.

Regjeringa vil invitere KS til å delta i eit utgreiingsarbeid for å gjennomgå budsjetteringa av veksten i dei frie inntektene. Det vil bli vurdert tiltak som kan gi meir føreseielege inntekter og betre informasjon til den økonomiske styringa i kommunane.

<u>Særskilt oppfølging av kommunar med omfattande styringsutfordringar</u>
Nokon kommunar kan over tid ha ein særleg krevjande økonomisk situasjon som svekker tenestene til innbyggjarane, t.d. kvaliteten på helse- og omsorgstenester.

Departementet arbeider med eit høyringsnotat med framlegg til nye reglar. Notatet om særskilt oppfølging av kommunar vil kome på høyring i løpet av året. Tiltak skal vere retta mot kommunar med vesentlege utfordringar i styring og kontroll. Det vil til dømes vere kommunar med betydeleg ubalanse i økonomien, som gir negative konsekvensar for tenestene til innbyggjarane.

I samanheng med reglar om særskilt oppfølging, blir det også vurdert endringar i reglane for kommunar i ROBEK. Dette vil inngå som ein del av utgreiinga og høyringa.

Oppfølging av kommunekommisjonen

Frå 1. januar 2026 er grensa for når kommunesektoren som hovudregel ikkje skal rapportere på øyremerkte tilskot auka frå kr 100 000,- til kr 1,0 mill. Kommisjonen si tilråding var ei grense på kr 0,5 mill.

I statsbudsjettet for 2026 vart det innlemma øyremerkte tilskot som til saman utgjer om lag kr 1,6 mrd. i dei frie inntektene for kommunesektoren.

Regjeringa vil vurdere nærare å ta bort særskilte kompetansekrav innafor helse- og omsorg, som kva profesjonar kommunane må ha knytt til seg. Det blir dessutan vurdert å forenkle kompetansekrav for tilsetjing i lærarstillingar. Regjeringa vil kome attende til kommunekommisjonen sitt framlegg om endringar i lærarnorma i grunnskulen.

Regjeringa vil gjere framlegg om å innlemme ytterlegare åtte øyremerkte tilskot i rammetilskotet i statsbudsjettet for 2027. Dei åtte tilskota utgjer til saman om lag kr 0,5 mrd. for kommunesektoren. Det klårt største av desse tilskota er TT-ordning for brukarar med særskilte behov (samferdsel), som blir forvalta av fylkeskommunane.

Regjeringa vil gjere framlegg om å slå saman tilskotsordningane natursats, klimasats og klima-tilpassing under Klima- og miljødepartementet i statsbudsjettet for 2027. Dei tre tilskota blir slått saman til ei større øyremerkt tilskotsordning.

Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2027 under Kunnskapsdepartementet gjere framlegg om å slå saman tilskota til innkjøp av fysiske lærebøker, tilskot til skulebibliotek og bøker, og dessutan tilskot til innkjøp av bøker i barnehagane. Regjeringa kjem att med nærare opplysningar om den nye tilskotsordninga i statsbudsjettet for 2027.

Regjeringa vil også gjere framlegg om å etablere eit nytt omstillingstilskot under Helse- og omsorgs-departementet i statsbudsjettet for 2027. Dette vil erstatte fleire tilskot som blir slått saman. Det nye tilskotet skal bidra til kommunane sitt arbeid med å handtere noverande og framtidig situasjon med mangel på helsepersonell. Regjeringa vil kome att til kva tilskot som blir slått saman, og som vil inngå i det nye tilskotet i samband med statsbudsjettet for 2027.

Kommunekommisjonen har gjort framlegg om å avvikle grunnskuletilskotet i inntektssystemet til kommunane. Tilskotet vart oppretta i 2022. Kommunane får i særskilt fordeling i rammetilskotet eit tilskotsbeløp som er like stort per grunnskule. I 2026 er tilskotet kr 583 234,- per grunnskule, og utgjer samla for kommunane om lag kr 1,4 mrd. Regjeringa vil ikkje gjere framlegg om endringar i denne tilskotsordninga no.

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Edvard Høgestøl (55572045) hjå Statsforvaltaren, eventuelt på e-post.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Synnøve Stalheim
direktør

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-212

ArkivsakID: 26/87
JournalpostID: 26/1456
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 28.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
002/26	Administrasjonsutval	04.06.2026
024/26	Formannskap	04.06.2026
021/26	Kommunestyre	11.06.2026

Årsrekneskap 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2025 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 5.200.000,- i overføring i avsetjing til disposisjonsfond er strøket og ytterlegare 949.120,- er henta frå disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 672.739,- som må inndekkast i 2026.

04.06.2026 Administrasjonsutval

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A-002/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2025 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 5.200.000,- i overføring i avsetjing til disposisjonsfond er strøket og ytterlegare 949.120,- er henta frå disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 672.739,- som må inndekkast i 2026.

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-024/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre vedtek Kommunerekneskapen for 2025 slik den ligg føre.

Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0, etter at 5.200.000,- i overføring i avsetjing til disposisjonsfond er strøket og ytterlegare 949.120,- er henta frå disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 672.739,- som må inndekkast i 2026.

Vedlegg i saka:

28.05.2026	Endeleg årsrekneskap 2025
28.05.2026	Sak til formannskap/kommunestyre: Rekneskap og årsmelding 2025 - uttale frå kontrollutvalet
28.05.2026	Revisjonsmelding for årsrekneskapen 2025

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

Årsmelding år 2024 for Solund kommune

Kontrollutvalssak 18/26

Kva saka gjeld:

Godkjenning av Solund kommine sin årsrekneskap for år 2025

Saksutgreiing:

Det vert i alle hovudsak vist til Solund kommune sin Årsrekneskap som ligg vedlagt, og Årsmeldinga år 2025 for Solund kommune som vert handsama i eige sak. Dokumenta bør lesast i samanheng for å få best mogleg forståeing og oversikt.

Revisjonen har gjennomført sine revisjonshandlingar og dei har ikkje framført nokon merknader til kommunerekneskap eller årsmeldinga for driftsåret. Det var heller ingen merknader frå tidlegare år, som skulle følgjast opp. Kontrollutvalet har handsama saka og deira uttale ligg vedlagt. Også denne utan merknader.

Årsrekneskapen for drift er avslutta i balanse ved å stryke 5.200.000,- i overføring i avsetjing til disposisjonsfond og ytterlegare 949.120,- er henta frå disposisjonsfond

Årsrekneskapen for investering er avslutta med eit meirforbruk på 672.739,- som må inndekkast i 2026. Kommunedirektøren fremjer forslag for inndekning av meirforbruket i budsjettjusteringssaka.

Solund kommune budsjetterte med eit underskot i 2025 fordi det ikkje skulle gjennomførast havbruksauksjonar. Store delar av Solund kommune sine inntekter er knytt til utbetalingane frå Havbruksfondet, og inntektene svingar difor stort frå år til år. Underskotet vart likevel større enn budsjettert og skuldast i hovudsak høgare pensjonsutgifter enn budsjettert og bortfall av tilskot til ressurskrevjande brukarar. Dette gjorde seg utslag i alle vedtekne måltal:

	Resultat	Vedteke mål
Netto driftsresultat	- 14,1 %	- 13,7 %
Netto lånegjeld	177 %	171 %
Disposisjonsfond per 31.12	9,3 %	10 %
Havbruksinntekter i drift, utover produksjonsavgift og driftstilskot	10.067.119,-	7.514.000,-

Vurdering:

Kommunedirektøren synar til Årsmelding år 2025 for Solund kommunefor nærare kommentarer. Kommunedirektøren vurderer at årsmeldinga utfyller årsrekneskapen godt og at dei saman gjev eit godt oversyn over driften av Solund kommune i 2025.

Årsrekneskap 2025



Solund kommune

Vedteke i Solund kommunestyre den 11. juni 2026 i sak xxx/26

Økonomisk oversikt etter art - drift

			2025			2024
	KOSTRA-art	**Tekst**	**Regnskap**	**Regulert budsjett**	**Opprinnelig budsjett**	**Regnskap**
		Driftsinntekter				
1	800	Rammetilskudd	56 635 267	55 617 000	56 575 000	55 011 788
2	870	Inntekts- og formuesskatt	35 022 885	36 775 000	32 970 000	31 723 163
3	871:876, 878:879	Eiendomsskatt	1 710 130	1 800 000	1 800 000	1 596 817
4	877	Andre skatteinntekter	0	0	0	0
5	810	Andre overføringer og tilskudd fra staten	18 876 582	18 201 000	15 801 000	49 540 017
6	700:780, 830:850, 880:895, 920	Overføringer og tilskudd fra andre	22 549 197	14 681 000	14 179 000	35 907 793
7	600	Brukerbetalinger	4 503 879	3 570 000	3 622 000	4 181 672
8	620:660	Salgs- og leieinntekter	8 879 484	8 666 000	8 666 000	11 102 007
9	**Sum postene 1:8**	**Sum driftsinntekter**	**148 177 423**	**139 310 000**	**133 613 000**	**189 063 258**
		Driftsutgifter				
10	010:089, 160:165	Lønnsutgifter	77 062 388	73 920 500	71 951 500	78 103 286
11	090:099	Sosiale utgifter	21 019 261	17 259 500	16 016 500	19 550 002
12	100:285 minus 160:165, 300:380	Kjøp av varer og tjenester	39 431 155	35 154 000	32 028 000	45 461 505
13	400:480, 520	Overføringer og tilskudd til andre	14 796 928	9 257 000	8 902 000	10 850 733
14	590	Avskrivninger	8 637 480	7 500 000	7 500 000	9 070 622
15	**Sum postene 10:14**	**Sum driftsutgifter**	**160 947 213**	**143 091 000**	**136 398 000**	**163 036 148**
16	**Post 9 minus 15**	**Brutto driftsresultat**	**-12 769 790**	**-3 781 000**	**-2 785 000**	**26 027 110**
17	900:901	Renteinntekter	1 803 705	1 498 000	1 000 000	2 117 316
18	905	Utbytter	4 151 595	4 335 000	3 750 000	4 115 772
19	909 minus 509	Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0

20	500:501	Renteutgifter	9 215 060	9 221 000	8 527 000	7 668 392
21	510:511	Avdrag på lån	8 426 058	8 344 000	15 248 000	7 118 282
22	**Sum postene 17:21**	**Netto finansutgifter**	**-11 685 818**	**-11 732 000**	**-19 025 000**	**-8 553 586**
23	990	Motpost avskrivninger	8 637 480	7 500 000	7 500 000	9 070 622
24	**Post 16 minus 22 pluss 23**	**Netto driftsresultat**	**-15 818 128**	**-8 013 000**	**-14 310 000**	**26 544 146**
		Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
25	570	Overføring til investering	32 434 000	32 434 000	3 614 000	11 714 307
26	550	Avsetninger til bundne driftsfond	4 443 642	242 000	667 000	2 000 092
27	950	Bruk av bundne driftsfond	7 998 650	2 141 000	300 000	2 083 693
28	540	Avsetninger til disposisjonsfond	0	5 200 000	5 200 000	27 433 888
29	940	Bruk av disposisjonsfond	44 697 119	43 748 000	23 491 000	12 520 448
30	530	Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
31	**Sum post 25:28**	**Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat**	**15 818 128**	**8 013 000**	**14 310 000**	**-26 544 146**
32	**980 (post 24 minus 31)**	**Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)**	**0**	**0**	**0**	**0**

Bevilgningsoversikter - drift

			2025			2024
	KOSTRA-art	**Tekst**	**Regnskap**	**Regulert budsjett**	**Opprinnelig budsjett**	**Regnskap**
1	800	Rammetilskudd	56 635 267	55 617 000	56 575 000	55 011 788
2	870	Inntekts- og formuesskatt	35 022 885	36 775 000	32 970 000	31 723 163
3	871:876, 878:879	Eiendomsskatt	1 710 130	1 800 000	1 800 000	1 596 817
4	810 pluss 877	Andre generelle driftsinntekter	18 876 582	18 201 000	15 801 000	49 540 017
5	**Sum posten 1:4**	**Sum generelle driftsinntekter**	**112 244 863**	**112 393 000**	**107 146 000**	**137 871 786**
6	Fra bevilingsoversikt drift, §5-4, 2. ledd.	Sum bevilgninger drift, netto	116 377 173	108 674 000	102 431 000	102 774 054
7	590	Avskrivninger	8 637 480	7 500 000	7 500 000	9 070 622
8	**Sum post 6:7**	**Sum netto driftsutgifter**	**125 014 653**	**116 174 000**	**109 931 000**	**111 844 676**
9	**Post 5 minus post 8**	**Brutto driftsresultat**	**-12 769 790**	**-3 781 000**	**-2 785 000**	**26 027 110**
10	900:901	Renteinntekter	1 803 705	1 498 000	1 000 000	2 117 316
11	905	Utbytter	4 151 595	4 335 000	3 750 000	4 115 772
12	909 minus 509	Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
13	500:501	Renteutgifter	9 215 060	9 221 000	8 527 000	7 668 392
14	510:511	Avdrag på lån	8 426 058	8 344 000	15 248 000	7 118 282
15	**Sum post 10:14**	**Netto finansutgifter**	**-11 685 818**	**-11 732 000**	**-19 025 000**	**-8 553 586**
16	990	Motpost avskrivninger	8 637 480	7 500 000	7 500 000	9 070 622
17	**Postene 9 minus 15 pluss post 16**	**Netto driftsresultat**	**-15 818 128**	**-8 013 000**	**-14 310 000**	**26 544 146**
		Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
18	570	Overføring til investering	32 434 000	32 434 000	3 614 000	11 714 307
19	550	Avsetninger til bundne driftsfond	4 443 642	242 000	667 000	2 000 092
20	950	Bruk av bundne driftsfond	7 998 650	2 141 000	300 000	2 083 693
21	540	Avsetninger til disposisjonsfond	0	5 200 000	5 200 000	27 433 888
22	940	Bruk av disposisjonsfond	44 697 119	43 748 000	23 491 000	12 520 448
23	530	Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
24	**Sum post 18:21**	**Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat**	**15 818 128**	**8 013 000**	**14 310 000**	**-26 544 146**
25	**980 (Postene 17 minus 24)**	**Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt drift § 5-4, 2. ledd

	Rekneskap 25	Endeleg Budsjett	Opphavleg budsjet	Rekneskap 24
Stab	16 968 241	17 243 000	17 593 000	16 956 434
Oppvekst og kultur	31 397 666	31 771 000	31 223 000	29 527 685
Helse og omsorg	42 681 675	39 285 000	36 794 000	35 029 310
Samfunns- og næringsutvikling	6 113 837	5 630 000	5 721 000	5 733 163
Plan og tekniske tenester	11 220 860	10 267 000	10 337 000	10 529 195
Kommunedirektør	4 270 006	2 579 000	1 130 000	3 460 760
Sum netto drift	**112 652 286**	**106 775 000**	**102 798 000**	**101 236 547**
5-4, 1. ledd punkt 6	**116 377 173**	**108 674 000**	**102 431 000**	**102 774 054**
Differanse	-3 724 887	-1 899 000	367 000	-1 537 507
Netto bruk av bundne driftsfond	-3 555 008	-1 899 000	367 000	-83 601
Renteinntekter i drift	-141 547	0	0	-137 431
Renteutgifter i drift	441	0	0	134
Sum	-3 696 114	-1 899 000	367 000	-220 898
Differanse etter korrigering	**-28 773**	**0**	**0**	**-1 316 609**

Bevilgningsoversikter - investering

			2025			2024
	KOSTRA-art	**Tekst**	**Regnskap**	**Regulert budsjett**	**Opprinnelig budsjett**	**Regnskap**
1	010:099, 100:285, 300:380, 400, 429, 500:501, -620, -650	Investeringer i varige driftsmidler	66 775 297	59 711 079	11 368 079	82 359 984
2	430:480	Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	111 899
3	529	Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	352 518	330 000	330 000	334 579
4	520:521	Utlån av egne midler	0	322 000	322 000	0
5	510:511	Avdrag på lån	0	0	0	0
6	**Sum postene 1:5**	**Sum investeringsutgifter**	**67 127 815**	**60 363 079**	**12 020 079**	**82 806 462**
7	729	Kompensasjon for merverdiavgift	11 494 012	2 490 000	0	15 625 669
8	700:780 minus 729, 810:850, 880:895, 900:901	Tilskudd fra andre	4 449 848	6 895 000	4 350 000	84 124
9	660:670	Salg av varige driftsmidler	0	388 000	388 000	0
10	929	Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
11	905	Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12	920:921	Mottatte avdrag på utlån av egne midler	244 000	322 000	322 000	234 000
13	910:911	Bruk av lån	16 000 000	16 000 000	1 000 000	47 360 052
14	**Sum postene 7:13**	**Sum investeringsinntekter**	**32 187 860**	**26 095 000**	**6 060 000**	**63 303 846**
15	522	Videreutlån	0	500 000	500 000	0
16	912	Bruk av lån til videreutlån	0	500 000	500 000	0
17	512	Avdrag på lån til videreutlån	362 874	267 000	267 000	376 666
18	922	Mottatte avdrag på videreutlån	460 636	147 000	147 000	488 766
19	**Sum postene 15:18**	**Netto utgifter videreutlån**	**97 762**	**-120 000**	**-120 000**	**112 100**

20	970	Overføring fra drift	32 434 000	32 433 985	3 613 827	11 714 307
21	550	Avsetninger til bundne investeringsfond	218 639	0	0	0
22	950	Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
23	540	Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	513 749
24	940	Bruk av ubundet investersingsfond	1 954 094	1 954 094	2 466 252	8 189 958
25	530	Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
26	**Sum postene 20:23**	**Sum overføring fra drift og netto avsetninger**	**34 169 455**	**34 388 079**	**6 080 079**	**19 390 516**
27	**980/ Sum postene (-6, 14, -19, -24)**	**Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)**	**-672 738**	**0**	**0**	**0**

§ 5-5, 2. ledd

	Investeringsprosjekt pr. sektor	Opphavleg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap	Mva	Tilskot	Restløyving	Budsjett 2026
	Sektor STAB							
2222	Varmeløysing fjernarkiv	0	188 000	0	0	0	188 000	
	Sektor OPPVEKST OG KULTUR							
2404	Inventar og utstyr skule	0	428 000	326 423	81 606	0	101 577	
2307	Nytt utlånssytem bibliotek	100 000	100 000	100 000	18 265	0	-0	
2202	Musikkutstyr Oppvekst	141 719	141 719	118 444	29 611	0	23 275	
	Sektor HELSE- OG OMSORG							
2405	Velferdsteknologi	0	55 000	0	0	0	55 000	
2406	Inventar og utstyr helse- og omsorg	0	576 000	159 110	40 398	0	416 890	
2948	Medisinsk utstyr lækjarkontor	0	40 000	0	0	0	40 000	
	Sektor SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING							
2409	Idrett- og friluftsplan inkl. utstyr	0	550 000	0	0	0	550 000	100 000
2403	Ballbinge Eide	0	0	136 868	26 212	189 000	-136 868	
2201	Ballbinge ved Solund barne- og ungdomsskule	0	310 000	197 206	143 552	377 000	112 794	
2221	Utviding diskgolfbane (tilskot)	0	0	-52 650	0	52 650	52 650	
2923	Dagsturhytte	50 000	0	-48 888	0	48 888	48 888	
2408	Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	200 000	200 000	0	0	0	200 000	325 000
2410	Utvikling Ekspressbåtstopp Hardbakke	250 000	215 000	0	0	0	215 000	1 500 000
2414	Utbetring Ytre Solund Fleirbrukshus	0	266 000	91 227	17 962	0	174 773	
2223	Kulturvandring	0	0	259 730	60 367	46 038	-259 730	
2224	Sikkerheitstiltak - utgang borgarmottak / samtalerom	0	200 000	0	0	0	200 000	
2213	Områdeplan Hardbakke	650 000	200 000	0	0	0	200 000	
2882	Utvikling næringsareal	0	250 000	0	0	0	250 000	
	Tilrettelegging av lokaler Studiesenter Kysten	150 000	0	0	0	0	0	

	Sektor PLAN OG TEKNISKE TENESTER							
	Prosjekt mot Oppvekst- og kultur							
2203	Barnehagen - leikeapparat	0	200 000	81 137	20 284	0	118 863	
2317	Barnehagen - uteområde	600 000	370 000	576 028	128 688	0	-206 028	
2416	Barnehagen - Sykke- og utstyrsbod	0	-32 000	0	0	0	-32 000	
2005	Utbetringar barnehagen							900 000
	Prosjekt mot Helse og Omsorg m.m.							
2418	Utskifting vindauge / ny glasfasade Solundheimen	0	3 000	0	0	0	3 000	
2419	Ny frys og kjøl Solundheimen (bruk av ub.inv.fond)	0	600 000	0	0	0	600 000	
2111	Fjerne gml. Pasientvarslesystem	0	157 000	0	0	0	157 000	
2911	Oppgradering varmeanlegg Solundheimen	0	121 000	0	0	0	121 000	
2322	Oppgradeing varmestyringsanlegg kommunale bygg	0	183 000	0	0	0	183 000	
2001	Rehabilitering og etterisolering Solundheimen	3 800 000	2 333 000	4 583 011	1 871 796	3 078 000	-2 250 011	2 800 000
2301	Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetesarena	565 000	0	0			0	1 130 000
	Andre prosjekt							
2421	Kaihus Krakhella - opprusting	211 360	211 360	220 640	55 160	0	-9 280	
2422	Utbetring kommunale bustader	0	137 000	0	0	0	137 000	
2423	Oppgradering kommunale vegar	350 000	350 000	548 761	137 190	0	-198 761	1 077 000
2424	Utbetring Klubben	800 000	1 180 000	1 502 023	359 431	0	-322 023	1 470 000
2425	Trafikktryggingstiltak	500 000	998 000	389 420	97 355	0	608 580	250 000
2427	Oppgradering kaiar	150 000	347 000	75 204	18 801	0	271 796	
2430	Adresseprosjekt	0	459 000	0	0	0	459 000	
2433	Veglys - utskifting til LED	0	396 000	16 996	4 249	0	379 004	
2332	Kommunale bygg - utskifting til LED	0	237 000	296 092	74 023	0	-59 092	
2601	Trafostasjon Hardbakke	500 000	500 000	1 577 237	150 501	0	-1 077 237	
2937	Skilting kommunale bygg	0	104 000	50 000	0	0	54 000	50 000

	Utstyr							
2602	Flisekutter	350 000	165 000	165 000	41 250	0	0	
2603	Lift	600 000	600 000	612 679	153 170	0	-12 679	
2604	Frontmontert kost traktor	100 000	100 000	0	0	0	100 000	
	Sjølvkostprosjekt							
2701	Sjøvkost vatn	0	0	71 089	0	0	-71 089	
2702	Sjøvkost avlaup	1 000 000	1 000 000	0	0	0	1 000 000	
2434	Oppgradering alle vassverk	0	40 000	902 630	209 583	0	-862 630	
2122	Avlaupsanlegg Hardbakke - forprosjekt / rapport	0	208 000	0	0	0	208 000	
2435	Overtaking pumpestasjon Sildevika	0	108 000	0	0	0	108 000	
2120	Digitalisering leidningsnett	0	25 000	0	0	0	25 000	
2121	Hovudplan vassforsyning	0	188 000	0	0	0	188 000	
2334	Avlaupspumpestasjonar - automatisering og overvaking	0	189 000	0	0	0	189 000	
2216	Utskifing pumper avlaupsstasjonar	0	123 000	0	0	0	123 000	
2336	Nytt høgdebasseng Hardbakke - forprosjekt	0	50 000	0	0	0	50 000	
	KOMMUNEDIREKTØR							
2944	Ny skule m/bibl.	0	28 815 000	31 228 441	7 715 418	600 000	-2 413 441	
2978	Bustadfelt Hersvik	0	0	230 628	0	0	-230 628	
2002	Kjøp av areal Søre Mortevika	0	2 000 000	2 019 800	4 950	0	-19 800	2 600 000
2412	Næringsbygg / nytt kommunehus	0	141 000	291 660	32 953	0	-150 660	
2003	Kjøp Hardbakke 20	0	4 000 000	4 105 495	1 238	0	-105 495	
	Vidareutlån og eigenkapital KLP							
7000	EK KLP	330 000	330 000	352 518	0	0	-22 518	
7030	Formidlings og startlån	267 000	267 000	0	0	0	267 000	

7040	Lån til næringsutvikling	322 000	322 000	-244 000	0	0	566 000	
	Vidareutlån (startlån)	500 000	500 000	0	0	0	500 000	500 000
		12 487 079	51 745 079	50 939 955	11 494 012	4 391 576	805 124	

5-5, 1. ledd post 1-4	67 127 815
Rekneskap + mva + tilskot (-7040)	67 069 543
Differanse	58 272

BALANSE

EIENDELER		2025	2024
A. Anleggsmidler	**Kap. 2.2**	**597 427 478,50**	**527 595 840,54**
I. Varige driftsmidler		**361 339 556,50**	**305 180 536,54**
1. Faste eiendommer og anlegg	(2.27)	350 352 041,50	293 998 295,10
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	(2.24)	10 987 515,00	11 182 241,44
II. Finansielle anleggsmidler		**26 752 303,00**	**27 104 421,00**
1. Aksjer og andeler	(2.21)	21 291 183,00	20 938 665,00
2. Obligasjoner	(2.29)	0,00	0,00
3. Utlån	(2.22)	5 461 120,00	6 165 756,00
III. Immaterielle eiendeler	(2.28)	**0,00**	**0,00**
IV. Pensjonsmidler	(2.20)	**209 335 619,00**	**195 310 883,00**
		0,00	**0,00**
B. Omløpsmidler	**Kap. 2.1**	**51 198 865,63**	**106 358 551,58**
I. Bankinnskudd og kontanter	**(2.10)**	**22 502 427,30**	**63 593 195,84**
II. Finansielle omløpsmidler		**0,00**	**0,00**
1. Aksjer og andeler	(2.18)	0,00	0,00
2. Obligasjoner	(2.11)	0,00	0,00
3. Sertifikater	(2.12)	0,00	0,00
4. Derivater	(2.15)	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer		**28 696 438,33**	**42 765 355,74**
1. Kundefordringer	(2.13)	17 819 683,02	22 063 601,51
2. Andre kortsiktige fordringer	(2.16)	364 708,47	295 085,22
3. Premieavvik	(2.19)	10 512 046,84	20 406 669,01
Sum eiendeler		**648 626 344,13**	**633 954 392,12**

EGENKAPITAL OG GJELD		2025	2024
C. Egenkapital	**Kap. 2.5**	**220 171 413,09**	**232 811 185,55**
I. Egenkapital drift		**21 506 343,81**	**69 758 471,49**
1. Disposisjonsfond	(2.56)	9 047 655,50	53 744 774,71
2. Bundne driftsfond	(2.51)	12 458 688,31	16 013 696,78

3. Merforbruk i driftsregnskapet	(2.5900)	0,00	0,00
II. Egenkapital investering		**2 569 451,58**	**4 977 644,46**
1. Ubundet investeringsfond	(2.53)	1 407 236,81	3 361 330,81
2. Bundne investeringsfond	(2.55)	1 834 952,65	1 616 313,65
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	(2.5970)	-672 737,88	0,00
III. Annen egenkaptial		**196 095 617,70**	**158 075 069,60**
1. Kapitalkonto	(2.5990)	197 154 596,70	159 134 048,60
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	(2.580)	-1 058 979,00	-1 058 979,00
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	(2.581)	0,00	0,00
		0,00	**0,00**
D. Langsiktig gjeld	**Kap. 2.4**	**404 532 190,20**	**372 721 100,40**
I. Lån		**190 319 890,00**	**180 912 602,00**
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	(2.45)	190 319 890,00	180 912 602,00
2. Obligasjonslån	(2.41 og 2.42)	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	(2.43)	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	(2.40)	**214 212 300,20**	**191 808 498,40**
		0,00	**0,00**
E. Kortsiktig gjeld	**Kap. 2.3**	**23 922 740,84**	**28 422 106,23**
I. Kortsiktig gjeld		**23 922 740,84**	**28 422 106,23**
1. Leverandørgjeld	(2.35)	0,00	0,00
2. Likviditetslån	(2.31)	0,00	0,00
3. Derivater	(2.34)	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	(2.32)	23 922 740,84	28 422 106,23
5. Premieavvik	(2.39)	0,00	0,00
Sum egenkapital og gjeld		**648 626 344,13**	**633 954 392,18**
F. Memoriakonti	**Kap. 2.9**	**4 548 436,95**	**4 853 234,45**
I. Ubrukte lånemidler	(2.9100)	4 259 371,00	4 259 371,00
II. Andre memoriakonti	(2.9200)	289 065,95	593 863,45
III. Motkonto for memoriakontiene	(2.9999)	-4 548 436,95	-4 853 234,45

Samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar

Disposisjonar som er gjennomført i årsavslutninga i driftsrekneskapen

1.	Netto driftsresultat	15 818 128
2.	Avsetjing til bunde driftsfond	4 443 642
3.	Bruk av bunde driftsfond	-7 998 650
4.	Overføring til investering ihht til årsbudsjett og fullmakt	32 434 000
5.	Avsetjing til disposisjonsfond ihht årsbudsjett og fullmakt	5 200 000
6.	Bruk av disposisjonsfond ihht årsbudsjett og fullmakt	-43 748 000
7.	Budsjettert dekning av tidlegare års meirforbruk	0
8.	**Årets budsjettavvik (meir/mindreforbruk før strykingar)**	**6 149 120**
9.	Stryking av overføring til investering	0
10.	Stryking av avsetjing til disposisjonsfond	-5 200 000
11.	Stryking av dekning av tidlegare års meirforbruk	0
12.	Stryking av bruk av disposisjonsfond	0
13.	**Meir eller mindreforbruk etter strykning**	**949 120**
14.	Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets meirforbruk etter strykingar	-949 120
15.	Bruk av disposisjonsfond for inndeking av tidlegare års meirforbruk	0
16.	Bruk av mindreforbruk etter strykingar for dekning av tidlegare års meirforbruk	0
17.	**Avsetjing av mindreforbruk etter strykingar til disposisjonsfond**	**0**
18.	Fremført til inndeking i seinare år (meirforbruk)	0

Disposisjonar som er gjennomført i årsavslutninga i investeringsrekneskapen

1.	Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån	50 842 193
2.	Avsetjing til bunde investeringsfond	218 639
3.	Bruk av bunde investeringsfond	0
4.	Budsjettert bruk av lån	-16 000 000
5.	Overføring frå drift ihht årsbudsjett og fullmakter	-32 434 000
6.	Avsetjingar til ubunde investeringsfond ihht årsbudsjett og fullmakter	0
7.	Bruk av ubunde investeringsfond ihht årsbudsjett og fullmakter	-1 954 094
8.	Dekning av tidlegare års udekka beløp	0
9.	**Årets budsjettavvik (udekka eller udisponert beløp før strykingar)**	**672 738**
10.	Stryking av avsetjing til ubunde investeringsfond	0
11.	Stryking av bruk av lån	0
12.	Stryking av overføring frå drift	0
13.	Stryking av bruk av ubunde investeringsfond	0
14.	**Udekka eller udisponert beløp etter strykingar**	**672 738**
15.	Avsetjing av udisponert beløp etter strykingar	0
16.	Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	-672 738

NOTE nr. 1: Endring i arbeidskapital

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, a)

BALANSEN	**31.12.2025**	**01.01.2025**	**Endring**
Omløpsmidler	51 198 865,63	106 358 551,58	-55 159 685,95
Kortsiktig gjeld	23 922 740,84	28 422 106,23	-4 499 365,39
Arbeidskapital	**27 276 124,79**	**77 936 445,35**	**-50 660 320,56**

DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)	**2025**
Netto driftsresultat	-15 818 127,81
Netto utgifter/inntekter i investering	34 842 192,88
)	0,00
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet	-50 660 320,69
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering	**0,13**

NOTE nr. 2: Kapitalkonto

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, b)

BALANSEN	**31.12.2025**	**01.01.2025**	**Endring**
Anleggsmidler	597 427 478,50	527 595 840,54	69 831 637,96
Langsiktig gjeld	404 532 190,20	372 721 100,40	31 811 089,80
Endring ubrukte lånemidler	4 259 371,00	4 259 371,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld	0,00	0,00	0,00
Netto endring	**197 154 659,30**	**159 134 111,14**	**38 020 548,16**

NOTE nr. 3: Vesentlige endringer i regnskapsprinsipp

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-10, c)

Lovtekst:

§ 5-10. ***Faste noteopplysninger om arbeidskapitalen, kapitalkonto og endringer i regnskapsprinsipp***

c) Det skal opplyses om vesentlige endringer i regnskapsprinsipp. Det skal også opplyses om vesentlige endringer i regnskapsestimater og om vesentlige korrigeringer av tidligere års feil.

Det har i 2025 ikkje vore vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp, vesentlege endringar i rekneskapsestimar eller vesentlege korrigeringar av tidlegare års feil

NOTE nr. 4: Varige driftsmidler

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, a)

Anleggsmiddelgrupper, maksimum levetid

Tekst	**5 år**	**10 år**	**15 år**	**20 år**	**40 år**	**50 år**
Bokført verdi per 1.1	**3 524 987,45**	**4 330 238,63**	**0,00**	**20 605 883,85**	**168 967 786,74**	**93 796 621,32**
Tilgang	556 083,29	1 022 098,75	0,00	1 435 760,77	45 334 506,49	10 085 940,38
Avgang	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avskrivninger	1 066 184,21	531 618,23	0,00	1 158 321,24	3 576 225,52	2 305 130,64
Nedskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Reverserte nedskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bokført verdi 31.12	**3 014 886,53**	**4 820 719,15**	**0,00**	**20 883 323,38**	**210 726 067,71**	**101 577 431,06**

Dekomponerte anskaffelser

Tekst	**5 år**	**10 år**	**15 år**	**20 år**	**40 år**	**50 år**

Ingen dekompnerte anskaffelser

Spesifikasjon av vesentlige finansielle leieavtaler

Ingen vesentlege nedskrivingar

Ingen vesentlege reverseringar

NOTE nr. 5: Aksjer og andeler (finansielle anleggsmidler)

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, b)

Selskapets navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskriving	Reversering nedskriving	Bokført verdi 31.12
KLP	-	-	-	-	2 400
Eviny AS (C-aksjar)	0,24 %	-	-	-	14 803 130
Sogn og Fjordane Holding AS	1,51 %	-	-	-	58 005
Opplæringsfartøy AS	0,13 %	-	-	-	10 000
Solund Næringsbygg as	57,67 %	-	-	-	313 000
Sunnlab as	7,92 %	-	-	-	184 213
Hauglandssenteret	-	-	-	-	3 000
AL Biblioteksentralen	-	-	-	-	300
NGIR	2,11 %	-	-	-	18 000
Sogn & Fjordane utbyggingsselskap	-	-	-	-	10 000
Lutelandet utvikling AS	11,50 %	-	-	-	208 600
Visit Fjordkysten AS	3,45 %	-	-	-	80 500
Kystvegen Måløy-Florø AS	0,52 %	-	-	-	7 000
Totalt					**15 698 148,00**

NOTE nr. 6: Utlån (finansielle anleggsmidler)

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, c)

Låntaker	Utlån (beløp)	Finansiert med egne midler	Finansiert med lån	Vesentlig tap
Solund Næringsbygg AS	500 000	500 000	-	-
Formidlings- og startlån	3 723 392	-	4 184 028	-
Sosiale utlån	73 728	73 728	-	-

NOTE nr. 7: Markedsbaserte finansielle omløpsmidler

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, d)

Aktivaklasse	**Anskaffelseskost**	**Markedsverdi 1.1.**	**Resultatført verdiendring**	**Markedsverdi 31.12**
Rentepapirer				
Aksjefond				
Aksjer				
Sertifikater				
Obligasjoner				
Sum				

Derivat	**Markedsverdi 1.1.**	**Resultatført verdiendring**	**Markedsverdi 31.12**
Fra			
Kjøpt opsjon			
Solgt opsjon			
Osv.			
Sum			

Solund kommune har ingen marknadsbasert finansielle omløpsmidlar

NOTE nr. 8: Sikring av finansielle eiendeler og forpliktelser

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, e)

Finansiell eiendel (sikring)	**Sikringsinstrument**	**Formål med sikringen**	**Sikringens utløp (år)**
Aksjer			
Andeler			
Obligasjoner			
Utlån			
Sertifikater			
Gjeld			
Osv.			

Solund kommune har ikkje nytta sikringsinstrument i 2025

NOTE nr. 9: Lån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, a)

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot	Refinansering*
Lån til egne investeringer	185 825 268,00	16,88	4,740 %	-
Lån til andres investeringer	-	-	-	-
Lån til innfrielse av kausjoner	-	-	-	-
Lån til videre utlån	4 494 622,00	15,48	4,304 %	-
Finansielle leieavtaler	-	-	-	-

*Lån som forfaller og må refinansieres i det året regnskapet legges fram.

NOTE nr. 10: Avdrag på lån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, b)

Grunnlag for beregning av minimumsavdrag	**Beløp**
Beregnet minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd	5 221 631,80
Korrigering for mottatte avdrag videreutlån til avdrag andre lån	0
Betalte avdrag	6 229 838,00
Differanse mellom beregnet, korrigerte og betalte avdrag	-1 008 206,20

Grunnlag for beregning av minimumsavdrag	
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 31.12	291 225 518,39
Bokført verdi lånegjeld 31.12	176 055 106,00
Avskrivninger	8 637 479,84

NOTE nr. 11: Pensjon

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, c)

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	**Beløp**
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	9 921 524,00
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	8 287 803,00
- Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-8 999 660,00
Administrasjonskostnader	343 228,00
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	9 552 895,00
Årets pensjonspremie	4 570 284,00
Årets premieavvik	-4 982 611,00
Amortiseringsperioder	
Premieavvik over 15 år	2002-2010
Premieavvik over 10 år	2011-2013
Premieavvik over 7 år	2014
Premieavvik totalt	9 504 561,00

Samlede pensjonskostnader	**Beløp**
Netto pensjonskostnad	9 209 667,00
Årets amotiseringskostnader	3 963 699,00
Samlet pensjonskostnad	13 173 366,00

Premiefond	**Beløp**
Innestående på premiefond 01.01.	7 156 664,00
Tilført premiefondet i løpet av året	9 023 203,00
Bruk av premiefondet i løpet av året	13 202 854,00
Innestående på premiefond 31.12.	2 977 013,00

Pensjonsmidler	**Beløp**	
Pensjonsmidler pr. 01.01	195 310 883,00	
Premieinnbetaling	4 570 284,00	
Administrasjon	343 228,00	-
Forventet avkastning	8 999 660,00	
Utbetalinger	5 517 380,00	-
Estimatavvik - midler	6 315 400,00	
Pensjonsmidler pr. 31.12	209 335 619,00	

Pensjonsforpliktelser	**Beløp**
Pensjonsforpliktelser pr. 01.01	192 144 170,00
Estimatavvik	8 908 815,00
Årets opptjening	9 921 524,00
Rentekostnad	8 287 803,00
Utbetalinger	-5 517 380,00
Pensjonsforpliktelse pr. 31.12	213 744 932,00

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	**Beløp**	**Arbeidsgiveravgift**
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	213 744 913,00	
Pensjonsmidler pr. 31.12.	209 335 619,00	
Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	4 409 294,00	467 387,23

Estimatavvik og planendringer	**Pensjonsmidler Beløp**	**Pensjonsforpliktelser Beløp**
Estimatavvik 31.12.	6 315 400,00	8 908 815,00
Virkningen av planendringer	-	11 708 407,00

Beregningsforutsetninger	**KLP**	**SPK**
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,50	4,00
Diskonteringsrente	4,00	4,00
Forventet årlig lønnsvekst	2,97	2,97
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	2,97	2,97
Forventet pensjonsregulering	2,20	-

NOTE nr. 12: Garantier gitt av kommunen

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-12, d)

Garantien er stilt for	Formål	Type garanti	Vedtatt garantiramme (ekskl. tillegg)	Saldo 31.12	Forventet låneopptak (utover saldo)	Tillegg for renter og omkostn. ol.	Godkjenning	Utløper
NGIR IKS	Lån	Selskapsavtale	Uavgrensa for 1,95 % av totalen	1 453 730	-	-	**Selskapsavtalen**	-
NGIR IKS	Pensjon	Selskapsavtale		304 485	-	-	**Selskapsavtalen**	-
NGIR IKS	Etterdrift	Selskapsavtale		754 317	-	-	**Selskapsavtalen**	-
Sum garantier/lån ved kausjon				**2 512 532**				

NOTE nr. 13: Vesentlige bundne fond

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, a)

Fond	Bokført verdi 01.01	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond	16 103 697*	4 443 642	7 998 650*	12 548 689
Bundne investeringsfond	1 616 314	218 639	0	1 834 953
Ubundne investeringsfond	3 361 331	244 000	2 319 951	1 285 380
Disposisjonsfond	53 744 745	0	43 748 000	9 996 745
Sum	**74 826 086**	**4 906 281**	**54 066 601**	**25 665 766**

*Bundne fond knytt til Fjordane Friluftsråd utgjorde 6.101.746,29,- ved inngangen til 2025 og vart flytta over i deira rekneskap i 2025.
Overføringa er ført som bruk av bundne driftsfond i rekneksapen til Solund kommune for 2025.

NOTE nr. 14: Gebyrfinansierte selvkosttjenester

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, b)

Selvkostområde renovasjon	
Dekningsgrad i %	100 %
Gebyrinntekter	1 701 000
Beregnet selvkost (kostnader)	1 930 000
Selvkostresultat (over-/underskudd)	-229 000
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	229 000
Dekning av fremført underskudd	0
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	0
Bokført verdi 31.12	**223 000**

Selvkostområde slam	
Dekningsgrad i %	100 %
Gebyrinntekter	246 000
Beregnet selvkost (kostnader)	252 000
Selvkostresultat (over-/underskudd)	-5 000
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	5 000
Dekning av fremført underskudd	0
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	0
Bokført verdi 31.12	**11 000**

Selvkostområde vann	
Dekningsgrad i %	100 %
Gebyrinntekter	1 694 171
Beregnet selvkost (kostnader)	1 611 346
Selvkostresultat (over-/underskudd)	82 825
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	0
Dekning av fremført underskudd	82 825
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	221 584
Bokført verdi 31.12	**-221 584**

Selvkostområde avløp	
Dekningsgrad i %	100 %
Gebyrinntekter	1 287 569
Beregnet selvkost (kostnader)	1 076 182
Selvkostresultat (over-/underskudd)	211 387
Avsetning til selvkostfond	50 467
Bruk av selvkostfond	0
Dekning av fremført underskudd	160 920
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	0
Bokført verdi 31.12	**50 467**

Selvkostområde feiing	
Dekningsgrad i %	100 %
Gebyrinntekter	501 099
Beregnet selvkost (kostnader)	440 046
Selvkostresultat (over-/underskudd)	61 053
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	0
Dekning av fremført underskudd	61 053
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	67 482
Bokført verdi 31.12	**-67 482**

Selvkostområde kartoppmåling	
Dekningsgrad i %	100 %
Gebyrinntekter	186 385
Beregnet selvkost (kostnader)	241 700
Selvkostresultat (over-/underskudd)	-55 315
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	0
Bokført verdi 31.12	**0**

Selvkostområde byggesak	
Dekningsgrad i %	100 %
Gebyrinntekter	366 060
Beregnet selvkost (kostnader)	371 820
Selvkostresultat (over-/underskudd)	-5 756
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	0
Bokført verdi 31.12	**0**

NOTE nr. 15: Salg av aksjer (finansielle anleggmidler)

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, c)

Salg av aksjer klassifisert som finansielle anleggsmidler	Ander ført i driftsregnskapet (opptjente resultater)	Andel ført i investeringsregnskapet (utdeling av innskutt kapital mv.)
Sum		

Solund kommune har ikkje solgt aksjar klassifisert som finansielle anleggsmidlar i 2025.

NOTE nr. 13: Vesentlige bundne fond

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, a)

Fond	Bokført verdi 01.01	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond	16 013 697*	4 443 642	7 998 650*	12 548 689
Bundne investeringsfond	1 616 314	218 639	0	1 834 953
Ubundne investeringsfond	3 361 331	244 000	2 319 951	1 285 380
Disposisjonsfond	53 744 745	0	43 748 000	9 996 745
Sum	**74 826 086**	**4 906 281**	**54 066 601**	**25 665 766**

*Bundne fond knytt til Fjordane Friluftsråd utgjorde 6.101.746,29,- ved inngangen til 2025 og vart flytta over i deira rekneskap i 2025.
Overføringa er ført som bruk av bundne driftsfond i rekneksapen til Solund kommune for 2025.

NOTE nr. 17: Godtgjørelse til revisor

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-13, e)

	Godtgjørelse
Revisjon	614 000
Rådgiving	0
Sum	**614 000**

NOTE nr. 18: Andre noter

Budsjett og regnskapsforskriften, § 15-15 1. ledd første punktum

Lovtekst:

§ 5-15. ***Andre noteopplysninger i årsregnskapet og krav om nummerering av notene***

Det skal også gis noteopplysninger om andre forhold hvis opplysningene ikke framgår av årsregnskapet for øvrig og er vesentlige for vurderingen av den økonomiske utviklingen og stillingen. Det skal også gis noteopplysninger om andre forhold når det følger av annen lov eller forskrift.

Til
Vestland Revisjon Kommunalt Oppgåvefelleskap
Postboks 487,
6803 Førde

UTSEGN FRÅ LEIINGA VEDKOMANDE ÅRSREKNESKAPEN TIL SOLUND KOMMUNE FOR 2025 – STADFESTING AV AT FULLSTENDIG REKNESKAP ER LEVERT

Dette brevet vert sendt i samband med dykkar revisjon av rekneskapen til Solund kommune for året som vart avslutta 31. desember 2025, med det føremål å kunne konkludere om kor vidt rekneskapen i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Vi stadfestar etter beste evne og overtyding at:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å syte for at kommunen sin rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for betryggande kontroll, her under slik intern kontroll som vi finn naudsynt for å mogleggjere utarbeiding av ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil. Vi har oppfylt vårt ansvar vedkomande utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar. Vi meiner at rekneskapen gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

- Viktige føresetnader som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapsestimat, her under rekneskapsestimat målt og vurdert til verkeleg verdi, er rimelege.

- Det er teke tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om forhold til nærståande partar og transaksjonar med desse i samsvar med krava i internasjonale standardar for finansiell rapportering.

- Alle evt. hendingar etter utløpet av rekneskapsåret som iflg. god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert og omtalt.

- Vi meiner at verknaden av ikkje korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapsåret. Ei liste over ikkje korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg eller er teke med i noteopplysningane til rekneskapen.

- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktingar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen og noteopplysningane til denne.

- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.

- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Etterlevingskontroll RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik:

- Vi stadfestar at vi er ansvarlege for å etablere ein internkontroll som sikrar etterleving av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlege avvik som det skal gjevast utgreiing om i årsmeldinga.
- Vi stadfestar at årsmeldinga gjev ei dekkande utgreiing for.
    - Vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet.
    - Vesentlege avvik frå premissa til kommunestyret for bruken av løyvingane.

Opplysningar som er gjevne:

- Vi har gjeve revisor:
  Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidinga av årsrekneskapen
  Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og
  uavgrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis ifrå.

- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (vi viser til eige brev frå revisor og vårt svarbrev om dette).

- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærståande partar og alle forhold til nærståande parter og transaksjonar med desse, som vi er kjende med.

- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommunen sine garantiansvar, mv.

- Vi har omtalt vesentlege budsjettavvik både beløpsmessige avvik og avvik frå premissa til kommunestyret om bruken av løyvingar i årsmeldinga

Hardbakke 15. april 2026

Kommunedirektør
Jens-Eivind Kobbeltvedt

Økonomiansvarleg
Amund Fuglebakk Aglen

Solund kommune
Kontrollutvalet

Til kommunestyret

Dato: 12.05.2026
Vår referanse: 26/751
Arkiv:

Uttale til rekneskap og årsmelding 2025

Handsaming
Grunnlag for kontrollutvalet si handsaming av rekneskap og årsmelding har vore:

- Rekneskap og årsmelding
- Revisjonsmelding
- Utgreiing og tilråding frå sekretariatet

Uttale frå kontrollutvalet
Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner rekneskap og årsmelding.

Kommentarar
Vestland Revisjon KO har levert ei revisjonsmelding utan atterhald eller presiseringar.

Om uttalen
Etter kommunelova skal kontrollutvalet uttale seg før formannskap og kommunestyre handsamar rekneskap og årsmelding. Det er tilhøve knytt til desse to dokumenta som er det primære utgangspunktet for denne uttalen.

I tillegg til denne saka, følgjer utvalet også opp andre tilhøve knytt til økonomiforvaltinga i kommunen. Mellom anna med eigne saker om økonomistyringa, internkontrollen og påsjå-ansvaret overfor rekneskapsrevisor. Meir om dette finn de i årsmeldinga frå utvalet og på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no.

Bjarne Ravnøy
Leiar

Anita Einen
nestleiar

Hans Gåsvær

Ingvill Storøy

Signing Information

ÅOP-10-2025 (7) Revisjonsmelding for årsrekneskapen 2025 - Solund kommune.pdf

Name	Signed with	Signed at
Tveit, Asgeir	BANKID	2026-04-15 14:28:30

SIGNICAT

This document is electronically sealed and contains electronic signatures

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap

Forretningsadresse: Sunnfjord rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Solund Kommunestyret

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
			032/2026	15.04.2026

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om årsrekneskapen Solund kommune

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Solund kommune, som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 15 818 128. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2025, løyvingsoversikter for drift og investering, økonomisk oversikt for drift, oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining
- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkjande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og ev ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon

omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga mottatt 12. april 2026 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen
Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med reglane i kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen
Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å vurdere som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tek, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til kommunen si forklaring for vesentlege budsjettavvik, anten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premissar for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premissar for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premissar for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premissar for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Asgeir Tveit
Statsautorisert revisor/Dagleg leiar
VESTLAND REVISJON
Kommunale Oppgåvefellesskap

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-004

ArkivsakID: 26/194
JournalpostID: 26/1458
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 28.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
003/26	Administrasjonsutval	04.06.2026
025/26	Formannskap	04.06.2026
022/26	Kommunestyre	11.06.2026

Årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2025 til vitende.

04.06.2026 Administrasjonsutval

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A-003/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2025 til vitende.

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-025/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre tek årsmelding for Solund kommune år 2025 til vitende.

Vedlegg i saka:
28.05.2026 Endeleg Årsmelding 2025

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Årsmelding 2025 for Solund kommune

Saksutgreiing:

Kommunelova § 14-7 seier fylgjande om årsmeldingar:

"Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide en årsberetning for kommunens eller fylkeskommunens samlete virksomhet. Det skal også utarbeides en egen årsberetning for hvert kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

Årsberetningene skal redegjøre for
a. forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
b. vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
c. virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
d. tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
e. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
f. hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.

Årsberetningene skal avgis senest 31. mars"

Vidare fylgjer det av kommunelova § 14-3, 2,. ledd at årsmeldinga og årsrekneskapen skal handsamast politisk seinast 30. juni påfølgande år.

Av kommunelova § 25-2 fylgjer det at:

"Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året."

Her gjeld ikkje same frist som for årsmeldinga. Internkontroll er omtala i årsmeldinga, men ikkje statlege tilsyn. Kommunedirektøren kjem tilbake med eige rapportering om internkontroll og statlege tilsyn til hausten.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at årsmeldinga utfyller årsrekneskapen godt og at dei saman gjev eit godt oversyn over driften av Solund kommune i 2025.

Solund kommune

Årsmelding 2025

VEDTEKE I SOLUND KOMMUNESTYRE XXX 2026 I K-SAK XXX/XX

Innhald

Innleiing 3
Folketal og demografiutvikling 4
Politisk organisering og aktivitet 6
Administrativ organisering 9
Ikkje økonomiske mål og måloppnåing 9
Overordna økonomiske kommentarar 10
Rapporter frå den dagleg drifta 12
- Stab 12
- Oppvekst og kultur 14
  - Felles oppvekst og kultur 14
  - Barnehagen 16
  - Skulen 17
  - Kulturskulen 19
  - Biblioteket 20
- Helse og omsorg 21
  - Lækjarteneste 21
  - Helsestasjon/skulehelsetenesta 22
  - Kommunepsykologtenesta 23
  - Psykisk helse- og rus 23
  - Ergo- og fysioterapitenesta 25
  - Pleie- og omsorg 25
  - Kjøkken, vaskeri og reinhald 26
- Samfunns- og næringsutvikling 27
- Plan og tekniske tenester 28
  - Tekniske tenester 28
  - Byggesak, plan og landbruk 29
  - Bygg og anlegg 30
- Kommunedirektør/overordna 31

Investeringar 32
Sjukefråvær 35
Internkontroll 35
Likestilling 36
Etisk standard 36

Innleiing

Første skuledag hausten 2025 var ein ekstra spesiell dag, ikkje berre for dei nye 1. klassingane, men for heile kommunen. Endeleg kunne rektor ønskje elevar, foreldre og tilsette velkommen til det nye skulebygget. 17. oktober var det invitert til opningsfest i eit fullsett amfi, med raud løpar, musikalske innslag, talar, kake og kaffi. Både skulebygget, biblioteket og det nye kunstverket vart høgtideleg opna. Etter mange år med planlegging er dette ei storhending for heile samfunnet vårt. Det nye bygget har fasilitetar som vil tene oss godt i mange år framover.

Men året 2025 bestod, som alle andre år, av fleire kvardagar enn festdagar. Det er framleis utfordrande å rekruttere arbeidskraft, og demografiutviklingane gjev grunn til bekymring. Særleg barnetalet. For mange av dei tilsette i Solund kommune er ikkje skilje mellom kvardag og festdag så stort heller. For alle kan ikkje ta fri i jula, på 17. mai eller for skuleopning. Så sjølv om det i ettertid gjerne er dei store markeringane vi hugsar, skal vi ikkje gløyme den solide innsatsen som vert lagt ned kvar dag for å halde hjula i gang i kommunen vår.

Ekstra gledeleg er det difor å sjå at det nye skulebygget har vore eit løft i kvardagen og at det vert flittig brukt også etter skuletid. Her er mellom anna kulturskuleundervisning, ungdomsklubb, «SOFA» og lesestunder. Det nye biblioteket har blitt ein triveleg samlingsstad for små og store kvar onsdag, og meiropesystemet, gjer at dei som vil kan få tilgang til biblioteket også utanfor ordinær opningstid.

Også neste år vil vi få store merkedager. Opninga av Ytre Steinsund Bru er kanskje den mest etterlengta av dei. Ikkje fordi sjølve opningsarrangementet vert så spektakulært, men fordi det vil endre kvardagen vår og binde kommunen tettare saman.

Folketal og demografiutvikling

31. desember 2025 var det 742 innbyggjarar i Solund[1], opp frå 740 året før. Auka skuldast fyst og fremst tilflyttarar, med heile 25 tilflyttarar og 16 utflyttarar. Den store tilflyttinga kom til trass for at det ikkje vart busett flyktningar i 2025, og 24 av dei 25 tilflyttarane er innanlandske tilflyttarar. Kommunedirektøren er ikkje kjent med noko bakanforliggande årsak for tilflyttinga og historisk har til og frå flytting vore vanskeleg å halde oversikt over då det ikkje alltid er samanheng mellom det som er registrert i folkeregisteret og det ein opplever i kvardagen. Mellom anna er det mange studentar som er registrert på bustaden til foreldre for å dra nytte av forsikringar m.m. slik at dei fyst kanskje melder flytting når dei etablerer seg meir permanent etter nokre år borte frå kommunen.

Trass dei gode tilflyttartala gjorde eit fødselsunderskot at folketalet samla sett berre auka med 2.

Sjølv om fjoråret medførte ein liten vekst har folketalsutviklinga i Solund vore negativ over tid. Dei siste 20 åra er det berre i perioden 2016-2018 at Solund kommune hatt positiv folketalsutvikling fleire år på rad. I denne perioden busette Solund kommune flyktningar, og ser ein på bakgrunnstala er det innvandring som driver folketalsoppgangen i denne perioden. Berre eit av dei tre åra har ein fødselsoverskot (+1 i 2017) og berre eit av dei tre åra har ein positiv innanlands nettoinnflytting (+1 i 2018). Også i perioden 2022 til i dag har Solund kommune busett flyktningar, og sjølv om det har hatt ein positiv effekt på folketalet har det ikkje vært nok til å snu ein negativ trend.



(Figuren synar folketalsutvikling i Solund dei siste 20 åra)

[1] [1] Alle tal i kapittelet er henta frå SSB. Tabell 01222 (https://www.ssb.no/statbank/table/01222/), tabell 14288 (https://www.ssb.no/statbank/table/14288) og tabell 12981 (https://www.ssb.no/statbank/table/12981)

Ser ein framover synar befolkningsframskrivingane til SSB (MMMM) at nedgangen vil ta av, og at folketalet vil stabilisere seg omtrent på same nivå som i dag.

(Figuren synar forventa befolkning i Solund kommune i 2030 og 2025 i følge SSB)

Det er verdt å merke seg at det er stor usikkerheit knytt til befolkningsframskrivingar, og at små endringar i modellane kan gje store utslag. Statistikk er ein ømfintleg øving i Solund. Når ein har 742 i nemnaren vil små endringar i teljaren kunne gje store utslag.

Vel så viktig som folketalet er samansetnaden av innbyggjarar. Eldre pleietrengande og born i skulepliktig alder treng fleire kommunale tenester enn folk i yrkesaktiv alder. Dette er basisen for inntektssystemet og den statlege finansieringa av kommunen. I tillegg er det også at dei som er i yrkesaktiv alder som skal utføre jobbane. Både i kommunal sektor og i privat næringsliv.

Ser ein nærare på aldersfordelinga bak befolkningsframskrivinga til SSB ser ein stor vekst blant dei gruppene som treng flest kommunale tenester i 2050. Og ein nedgang i blant dei i yrkesaktiv alder:

Alder	**Endring i %**
0-17 år	28,3 %
18-49 år	- 2,5 %
50-66 år	- 7,1 %
67-79 år	- 12,4 %
80-89 år	63,3 %
90 + år	120,0 %

Folketal og demografi er dei mest grunnleggande utfordringane Solund kommune står ovanfor. Sjølv om økonomien til Solund kommune dei siste åra har vore god skapar utviklinga i folketal og demografi utfordringar. Befolkningssamansetninga endrar kor i den kommunale organisasjonen det er behov for arbeidskraft. Om det til dømes ikkje vert fleire born har Solund kommune for mange tilsette i barnehagen og på skulen, samstundes som det vert brukt store summar på vikarbyrå i Helse- og omsorg då ein ikkje får rekruttert sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Held demografiutviklinga frem og Solund kommune skal levere tenestene likt som i dag må ein klare det med færre arbeidstakarar og til fleire tenestemottakarar.

Politisk organisering og aktivitet

Den politiske strukturen i Solund kommune har vore som fylgjer i 2025:



Kommunestyret

Kommunestyre har vore slikt samansett i driftsåret:

Gunn Åmdal Mongstad (ordførar)	SP
John Sigfred Hugøy (varaordførar)	SP
Sara Tunestveit	SP
Anne Marie Gåsvær	SP
Øyvind Losnegard	SP
Erlend Lambrechts Trovåg	SP
Werner Lending	SP
Nils Christian Bjørgo	SP
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Sigve Lerpold	AP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV
Signe Bjorøy – permisjon til 1. desember	H
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Øystein Olai Espeland	H
Kenneth Sæbø	H
Anita Lien Einen – for Signe Bjorøy til 1. desember	H

Solund kommunestyre hadde 7 møter i 2025. I tillegg til møter i Grendahuset på Hardbakke vart det gjennomført møte i Bygdehuset i Straumen og i Nord Solund Bygdetun.

Kommunestyret handsama 73 saker (mot 86 året før). Mange av desse sakene er faste årvisse saker som budsjett- og økonomiplan, tertialrapportar, årsrekneskap, årsmelding m.m. Kommunestyret har også handsama: samarbeidsavtalar frå ulike interkommunale samarbeid, val av medlemer til ymse

råd og utval og ulike temaplanar. Mange av dei politiske sakene gjennom året var også knytt til det pågåande bygdevekstprosjektet. I tillegg vart kommuneplanen sin samfunnsdel sendt på høyring og det vart gjennomført strategiske eigedomskjøp både i Søre Moretvika og i hamna på Hardbakke.

Formannskapet

Formannskapet har vore slik samansett i driftsåret:

Gunn Åmdal Mongstad (ordførar)	SP
John Sigfred Hugøy (varaordførar)	SP
Sara Tunestveit	SP
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Signe Bjorøy – permisjon til 1. desember	H
Øystein Olai Espeland – for Signe Bjorøy til 1. desember	H

Solund formannskap hadde 10 møter i 2025 og handsama 84 saker (mot 92 året før).

Saman med 2 representantar frå dei tilsette utgjer formannskapet også Solund administrasjonsutval, og det gjennomførte 3 møter og handsama 9 saker (mot 6 året før).

Formannskapet har gjeve innstilling i dei aller fleste saker som kommunestyre har handsama, men har også handsama ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har vore slik samansett i driftsåret:

Bjarne Leiv Ravnøy (leiar)	H
Anita Lien Einen (nestleiar)	H
Ingvill Storøy	SV
Manuela Gjata	SP
Hans Gåsvær	AP

Solund kontrollutval har hatt 4 møter i 2025 og handsama 34 saker (mot 41 året før). Sjå kontrollutvalet si eiga årsmelding for meir utfyllande informasjon.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har vore slik samansett i driftsåret:

Johannah Trovåg (leiar)
Truls Einen Osland (nestleiar)
Pola Anna Lamert
Isak Høyesen
Linus Sundal

Solund Ungdomsråd hadde 4 møter i 2025 og handsama 11 saker.

Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har vore slik samansett i driftsåret:

Synnøve Solhaugen Engen (leiar)
Hilmar Blomkvist (nestleiar)
Sigurd Johan Eide
Sølvi Songstad Waage
Anne Marie Gåsvær

Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne hadde 5 møter i 2025, og i tillegg til handsaming av saker har rådet fått orienteringar om ulike tema gjennom året.

Andre råd og utval

Solund kommune har også fleire råd og utval med ulike avgrensa ansvarsområde som klagenemnd for eigedomsskattesaker, sakkunnig takstnemnd og trafikktryggleiksutvalet. Her har møteaktiviteten vore lav med 0 – 2 møter i dei ulike organa.

I tillegg er Solund kommune representert i ulike eksterne råd og utval, som til dømes ulike representantskap og styrer. Desse vert ikkje omtale nærare her og det vert vist til årsmeldingane til dei ulike organisasjonen der dei eksterne råda og utvala høyrer heime.

Administrativ organisering

Det har ikkje vore endringar i den administrative organiseringa i meldingsåret og organisasjonskartet er som fylgjer:



Ikkje økonomiske mål og måloppnåing

Gjennom året har det vore arbeida med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel, og kommunedirektøren ynskjer at den nye samfunnsdelen får ein tydlegare rolle i så vel budsjett- og økonomiplanarbeidet som årsmeldinga og tertialrapportane framover.

Men sjølv om ein ny samfunnsdel vart sendt på høyring i løpet av året var det framleis samfunnsdelen vedteke i 2020 som var gjeldande for 2026. Der vert det trekt fram 3 konkrete satsingar i ny bru over Ytre Steinsund, ny skule med nytt bibliotek og områderegulering av sentrum på Hardbakke.

Arbeidet med ny bru over Ytre Steinsund er godt i gang og står ferdig i slutten av 2026. Solund kommune sikra seg i 2025 riggområdet til brua som framtidig næringsområde med djupvasskai plassert like ved skipsleia.

Skuleåret 2025/2026 starta også i nytt skulebygg med moderne bibliotek og eit flott amfi. Fredag 17. oktober vart bygget høgtideleg opna.

Når det gjeld områdereguleringa av Hardbakke hamn har det vore arbeida med som eit av fire delmål i Bygdevekstavtalen.

Det har også vore arbeida aktivt med mange andre tiltak samfunnsdelen, og der det er aktuelt er det omtale i rapportane frå drifta.

Overordna økonomiske kommentarar

	Resultat	Vedteke mål
Netto driftsresultat	- 14,1 %	- 13,7 %
Netto lånegjeld	177 %	171 %
Disposisjonsfond per 31.12	9,3 %	10 %
Havbruksinntekter i drift, utover produksjonsavgift og distriktstilskot	13.025.000,-	7.514.000,-

(Tabellen synar resultat mot vedteke mål)

Solund kommune budsjetterte med eit underskot i 2025 fordi det ikkje skulle gjennomførast havbruksauksjonar. Store delar av Solund kommune sine inntekter er knytt til utbetalingane frå Havbruksfondet, og inntektene svingar difor stort frå år til år. Underskotet vart likevel større enn budsjettert og skuldast i hovudsak høgare pensjonsutgifter enn budsjettert og bortfall av tilskot til ressurskrevjande brukarar.

Sett mot måltala er det ein utfordring at måltala er basert på opphavleg budsjett, og ikkje er oppdatert med budsjettjusteringane gjennom året. Til dømes er heile auken i lånegjeld vedteke i K-sak 033/25 og 1.361.000,- av den auka bruken av Havbruksinntekter vart vedteke i ulike budsjettjusteringar gjennom året. Samstundes syner resultat mot dei opphavlege måltala godt korleis større og mindre justeringar gjennom året påverkar det samla resultatet, og endrar føresetnadene i dei planane ein vedtok ved inngangen til året. Og den korte oppsummeringa om at ein til slutt gjekk endå meir i minus enn budsjettert står seg.

Pensjon

Når det gjeldt pensjon vart det til saman nytta 3.200.000,- meir en budsjettert. Det var eit området der ein grunn bruk av premiefond tidlegare år hadde budsjettert med ein positiv effekt på i drifta i 2025. Samstundes kom det store endringar i fjor, særleg knytt til AFP. Dette vart delvis kompensert i samband med revidert statsbudsjett, og vart forsøkt innarbeida i budsjettet. Her har ein feilbudsjettert, og kommunedirektøren har kontakt andre kommunar for å finne ein god måte å justere pensjonskostnadane gjennom året. Dette er særleg aktuelt etter 2. tertial då livselskapa då leverer oppdaterte prognosar.

Ser ein på pensjonskostnadane til Solund kommune i eit større perspektiv har 2025 vore eit godt år. Premieavviket vart nesten halvert og gjekk frå 18.451.000,- til 9.505.000,-. Etter at utbytte frå KLP for 2025 er utbetalt vil differansen mellom premieavviket og premiefondet til Solund kommune hos KLP være på under 850.000,-. Solund kommune er med det godt stilt når det gjeld pensjonskostnadane framover, og det viktigaste vert å treffe på budsjetteringa.

Ressurskrevjande brukarar

I 2024 fekk Solund kommune 2.741.000,- i tilskot til ressurskrevjande brukarar, fordelt med 164.051,- til Gjenbruket og 2.577.059,- til Solundheimen. Gjennomgang av ordninga i 2025 syner at Solund

kommune ikkje når innslagspunktet for ordninga, og desse inntektene fell difor bort og utgjer store deler av avviket for dei aktuelle tenestene.

	Rekneskap 25	**Opphavleg budsjett**	**Endeleg Budsjett**	**Avvik**
Stab	16 968 241	17 593 000	17 243 000	274 759
Oppvekst og kultur	31 397 666	31 223 000	31 771 000	373 334
Helse og omsorg	42 681 675	36 794 000	39 285 000	-3 396 675
Samfunns- og næringsutvikling	6 113 837	5 721 000	5 630 000	-483 837
Plan og tekniske tenester	11 220 860	10 337 000	10 267 000	-953 860
Kommunedirektør/overordna	4 270 006	1 130 000	2 579 000	-1 691 006
Sum netto drift	**112 652 286**	**102 798 000**	**106 775 000**	**-5 877 286**

(Tabellen syner resultat i drifta fordelt dei ulike sektorane)

Samla sett har ein eit stort avvik i drifta, men det skuldast i all hovudsak dei omtala utfordringane knytt til pensjon og ressurskrevjande brukarar. Pensjonskostnaden ligg under kommunedirektør/overordna, og samla avvik ser der betre ut enn realiteten fordi enkelte kostnadar som tilskot til Gyltesvingen og landbruksveg på høvesvis 530.000,- og 294.000,- ikkje vart utbetalt som budsjettert i 2025, men vil truleg kome att i 2026.

Rapporter frå den dagleg drifta

Stab

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Konto	Regnskap	Budsjett i...	Restløyving
ALLE	16 968 240,80	17 243 000,00	274 759,20
100 Politikk-adm-felles- mm	14 169 905,94	13 943 000,00	-226 905,94
120 Fjordane Friluftsråd	0,00	0,00	0,00
130 Bustadforvaltning m.m.	-983 732,42	-750 000,00	233 732,42
150 Flyktningarbeid	881 782,67	1 211 000,00	329 217,33
180 Overordna driftsutgifter og inntekter	39 284,61	-52 000,00	-91 284,61
190 Solund Sokneråd	2 861 000,00	2 891 000,00	30 000,00

2025 var prega av stor endringar i personalgruppa i Staben. Heile tre faste stillingar har vore lyst ut i Staben gjennom året. Og sjølv om det vart naudsynt med fleire rundar med utlysing, og den siste tilsetjinga formelt sett vart gjort 1. veka i 2026, lykkast ein med å rekruttere i alle tre stillingane og ein har fått på plass tre kjekke nye kollegaer. Det var også gledeleg at ein stort sett fekk til overlapp mellom dei som slutta og dei som begynte med gode løp for opplæring og overlevering av oppgåver.

Dei medarbeidarane som slutta i 2025 og starten av 2026 var særs erfarne med nærare 65 års samla ansiennitet i kommunen og har hatt ein rekke ulike roller opp gjennom åra. Det gav ein stor styrke når oppgåver skulle løysast ved fråvær og liknande, då mange tilsette hadde vore borti fråværsoppgåvene på eit tidlegare tidspunkt. Så sjølv om ein er svært nøgd med tilsetjingane som er gjort, og dei nye medarbeidarane raskt har funnet seg til rette i stillingane sine, har ein mista ein del redundans i personalgruppa i Staben og ein er meir sårbar ved fråvær.

Periodane med vakansar og opplæring gjorde også at fleire oppgåver ble skyvd på gjennom året. Det gjeld mellom anna arbeidet med overordna ROS etter sivilbeskyttelsesloven, arbeid med eigedomsskattesaker og rullering diverse reglement.

Trass redusert kapasitet vart det jobba godt gjennom året med den ordinære drifta. Det vart også gjennomført Stortingsval med ein samla valdeltaking i Solund kommune på 81,6 %. Det er ein oppgang på 4,4 % frå førre Stortingsval, og høgare enn både lands- (80 %) og valdistriktsgjennomsnittet (81,5 %). Heile 64,1 % førehandsrøysta, og i tillegg vart det handtert førehandsrøystingar til andre kommunar.

Flyktningtenesta

I 2025 låg også Flyktningtenesta under Staben. Kommunestyret vedtok at Solund kommune skulle busetje 10 flyktningar i 2025, men grunna langtidsfråvær i Flyktningtenesta vart det ikkje busett nokon i 2025. Refusjon av sjukepengar og lågare aktivitet gjer at det var satt av nesten 150.000,- til bundne fond frå Flyktningtenesta i 2025. Dette kjem i tillegg til 194.000,- avsett tidlegare år og gjev

buffer til seinare år når inntektene frå integreringstilskotet vert lågare. Deler av fondsavsetjinga vart også strøket av rekneskapstekniske årsaker som ein del av årsavslutning og kommunedirektøren kjem tilbake med sak om eventuell øyremerking av ytterlegare midlar på fond til budsjettjusteringssaka i juni.

Bygdevekst

Det gjekk også ein del ressursar til arbeidet med Bygdevekstprosjektet gjennom året. Særleg på bustadområdet har det der vore jobba mykje under det som er definert som delmål 2 Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu.

Oppvekst og kultur

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Konto	Regnskap	Budsjett i...	Restløyving
ALLE	31 397 666,07	31 771 000,00	373 333,93
200 Solund barnehage	7 636 378,74	7 954 000,00	317 621,26
210 Skulen i Solund	16 923 437,45	16 101 000,00	-822 437,45
220 Felles oppvekst og kultur	3 807 023,35	4 189 000,00	381 976,65
230 Kultur	280 517,26	353 000,00	72 482,74
240 Bibliotek	752 527,14	798 000,00	45 472,86
250 Solund kulturskule	1 128 010,98	1 365 000,00	236 989,02
260 Ungdomsråd og ungdomssatsing	106 612,04	226 000,00	119 387,96
280 Barneverntenesta	763 159,11	785 000,00	21 840,89

Samla om sektoren

Sektoren går samla sett med underforbruk, men det er store forskjellar på dei ulike einingane. Særleg overforbruket i Skulen skapar bekymring då mykje av overforbruket er knytt til lønnskostnadar, og ein ikkje kan forventa et dei andre einingane har tilsvarande underforbruk og reddar drifta til neste år.

Felles oppvekst og kultur

Innanfor ansvarsområdet ligg leiar for oppvekst- og kultursektoren med ein del tilhøyrande og overordna tenester. Naturleg nok har ny skule og nytt bibliotek vore eit hovudfokus gjennom heile 2025. Det har vore mange detaljar som må vere på plass i sluttfasen av eit så stort prosjekt.

Elles har det vore arbeidd mykje med strukturar og rutinar for samarbeid i samband med BTI (Betre tverrfagleg innsats). BTI skal tydeleggjere korleis ein skal fange opp, identifisere, møte og hjelpe barn og unge med utfordringar. Det er ein utprøvd modell som vert brukt av mange kommunar i landet. BTI skal mellom anna sikre felles praksis på tvers av tenester, og ein tydeleg struktur for korleis vi samarbeider både internt og på tvers av tenester tverrfagleg. Det har vore mykje arbeid med dette, mellom anna med å kartlegge samarbeidsrutinar, kva tiltak vi kan tilby, og kva tiltak vi treng å få på plass. I november fekk ein eit nytt tilskot til BTI-prosjektet på kr 461 538. Midlane skal brukast til implementering av BTI-modellen, noko som vert starta opp våren 2026.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa gjev tilbod om norskopplæring på dagtid og kveldstid. Hausten 2025 flytta vaksenopplæringa frå leigde lokale i Grendahuset til det gamle biblioteklokalet. Tilbodet på dagtid er hovudsakleg for flyktningar, men det vert også nytta av andre. Vaksenopplæringa vart drifta med 1 årsverk våren 2025, då det til saman var 9 deltakar på norskopplæringa, medan på hausten var det 8 deltakarar. Hausten 2025 det ikkje vore tilbod på kveldstid, og ein har redusert drifta til 0,8 årsverk. Tilbodet på dagtid vart starta opp att i januar med nyankomne flyktningar, og har vore i drift heile

året. Det er utfordrande å halde drifta gåande med eit varierande elevtal, særleg når opplæringa er finansiert med særskilte tilskot frå staten.

Pedagogisk-psykologisk teneste – PPT

PPT er ei lovpålagt teneste. Solund deltek i det interkommunale samarbeidet «Ytre Sogn og - Sunnfjord PPT», der Fjaler er vertskommune. Både barnehagen og skulen nyttar tenester frå det interkommunale samarbeidet, noko som gjer at ein har tilgang til ulik spesialpedagogisk kompetanse.

Spesialpedagog

Spesialpedagogen har arbeidsoppgåver både i barnehagen og på skulen. Det har vore svært positivt for oppvekstsektoren å få på plass ein spesialpedagogressurs inn i barne- og elevgruppene. I tillegg til arbeid knytt direkte mot enkeltbarn og enkeltelevar, bidreg spesialpedagogen i systemarbeid. Vedkomande deltek også for tida på utdanning i foreldrerettleiing, noko som vil gje kommunen styrka kompetanse på dette feltet.

Skuleskyss

Til dette området ligg skuleskyss for grunnskuleelevane i kommunen. Det er Skyss som har ansvaret for gjennomføringa av skuleskyssen, medan kommunen betaler for alle elevane som har skuleskyss. Det er nærare 30 elevar som nyttar skuleskyss.

Ressurspedagog

Arbeidet med inkluderande oppvekstmiljø er eit viktig satsingsområde for oppvekst- og kultursektoren. Ressurspedagogen har arbeidsoppgåver både i barnehagen, på skulen og i kulturskulen. Ressurspedagogen fungerer også som BTI-koordinator og er delvis finansiert med tilskotsmidlar.

Kultur

Til dette ansvarsområdet ligg utgiftspostar knytt til ulike kulturtiltak, til dømes Bygdekinoen, Musea i Sogn og Fjordane, leige av Grendahuset for Solund skulemusikk og tilskot til instruktørar/dirigent for skulemusikken. Utgiftene på dette ansvarsområdet er stort sett faste. Dei er heller ikkje så store, men gjev viktige bidrag til eit godt kulturliv i kommunen.

Ungdomsråd og ungdomssatsing

Her ligg midlar til disposisjon for ungdomsrådet, tilskot til lokalt transporttilbod for ungdom og utbetaling av verdibrev for ungdom. Det er også budsjettert med midlar til møtegodtgjersle for medlemmene i ungdomsrådet, i påvente av rullering av reglement for godtgjersle til folkevalde. Lokalt transporttilbod har vore mindre nytta i 2025 enn året før. Det gjeld særleg leige av båt. Det er utbetalt tre verdibrev for ungdom, eitt meir enn i fjor

Barnehagen

2025 starta med 24 barn og vart avslutta med 23 barn. 5 barn har gått over til skulen og 2 barn byrja ved oppstart av nytt barnehageår i august. Det vart heile året drifta med tre avdelingar. Bemanninga har vore tilfredsstillande, 9,6 årsverk inkludert styrar. Dette sjølv om assistenten som vart tilsett på topp har hatt praksis i skulen hausten 25 for å kunne ta fagbrev som Barne og ungdomsarbeidar. Solund kommune har full barnehagedekning og oppfyller rett til barnehageplass.

Nytt uteområde vart teke i bruk, dette har vore eit stort løft for barnehagen. Hausten 2025 fekk Solund barnehage og tildelt 140 000,- i Rekomp midlar frå Statsforvalteren i Vestland. Rekomp er ei regional ordning og er regjeringa si satsing på kompetanseutvikling i barnehage, og ordninga skal sikre alle barn eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Fokusområdet vil vere å styrkje personalet sin kompetanse på uteleik samt å utvikle uteområdet i barnehagen endå meir.

Anna:

Kommunepsykolog har vore inne og hatt temakveld for tilsette og føresette med tema.

Samarbeidsutvalet har handsama 16 saker samt at utvalet deltok på opplæring av Samarbeidsutvalet gjennomført digitalt i regi av FUB (foreldreutval for barnehage).

Livsgledebarnehage, barnehagen har gjennom heile året hatt eit godt samarbeid med helse/Solundheimen.

Rettleiingsteam har hatt fleire saker kring enkeltbarn og fokuset på tidleg innsats vart styrka i 2025.

Det vart gjennomført arbeidsmiljøundersøking. Resultatet for Solund barnehage var godt. Nokre punkt er det å arbeide med, ut frå det er det laga ein tiltaksplan.

Etter at ein har teke i bruk nytt kvalitetssystem har det vorte meir fokus på avviksmeldingar. Det kan nemnast at det er ei auke i avvik knytt til vald og truslar. Hausten 2025 starta det opp eit arbeid med ROS analyse kring dette temaet. Arbeidet vil verte fullført våren 2026.

Ein tilsett har fullført utdanning og er no godkjent barnehagelærar.

Etter år med underbemanning, mangel på pedagogar etc. har ein i 2025 kunna arbeide godt med kompetanseutvikling, plantid, verksemdsplanar mm. Barnehagedagane er gode for dei små med fokus på tidleg innsats og eit trygt og godt barnehagemiljø. Dei tilsette melder om gode kvardagar - kvardagar med tilstrekkeleg med tilsette på jobb slik at ein kan utføre lovpålagte oppgåver på ein tilfredsstillande måte.

Skulen

August 2025 tok tilsette og elevar i bruk nytt skulebygg. Bygget legg til rette for moderne og framtidsretta undervisning, samt at personalgruppa er samla der undervisningspersonell har kontor og felles personalrom i nytt bygg. Kontor i kjellaren på barneskulen vert nytta av spesialpedagog og PPT, ressurspedagog, kulturskulen og vaksenopplæringa.

Å flytte inn i nytt hus er arbeidskrevjande. Personalgruppa brukte plandagar i august til å kome i orden i det nye bygget. Ungdom som hadde sommarjobb, vaktmeistertenesta og personalgruppa ved skulen tok sjølv tak i å få på plass det som hadde stått lagra i 2 år. Skulebygget var tilfredstillande klart til å ta i mot elevane, første skuledagen i august, men mykje arbeid gjenstod. Det tek tid å få ting plass etter å ha «budd i kassar» gjennom to år.

I skrivande stund er ikkje innflyttinga ferdig. Årsaka er at personalgruppa står sjølve for arbeidet, med god hjelp frå vaktmeistertenesta, og gjer dette i dei små smutthola som kan dukke opp inn i mellom elevretta arbeidsoppgåver. Litt fellestid har vore sett av til å få gjort noko større arbeid, men det tek tid å kome skikkeleg på plass. Tilsette gjer ein god del innflyttingsarbeid som dugnad. Motivasjonen ligg i at elevane skal få det best mogeleg i sin skulekvardag.

Utstyr til kunst og handverksavdelinga hadde ikkje tolt lagringstida og mykje var rustent og måtte skiftast ut. Noko av det som hadde vorte teke vare på og lagra var heller ikkje i tråd med behov til opplæring i gjeldande læreplan. Dette gjeld først og fremst opplæringsutstyr til tre, keramikk ol i faget. Det hasta med å få dette erstatta då elevgruppa har hatt minimal opplæring i delar av kompetansemåla i faget. Nytt inventar og utstyr vart bestilt ved årskiftet 2025/2026.

17.10.2025 var det tid for opningsfest for det nye bygget og flotte uteområdet. Også biblioteket var klart til bruk på desse tider. Å få tilgang til biblioteket har vore eit løft i skulekvardagen og vert nytta jamleg.

Å få eit flott uteområde skaper trivsel. Det å få tilbake ballbingen har vore ekstra populært.

Andre endringar

Det er ikkje berre skulebygget som vart nytt frå hausten 2025. Det vart innført 5 dagars skuleveke for elevane på 1. - 4. trinn i Solund. Evalueringa skal, i tråd med vedtaket, gjerast hausten 2026.

Og skulen held fram med å redusere digitale læreverklisensar og har investert i, og brukar meir, fysiske læreverk. Elevane brukar skrivebøker og skriv/har innføring med blyant. Lesing som grunnleggande ferdigheit har vore satsingsområde frå august 2025. Dette med bakgrunn i resultata som, m.a. dei nasjonale prøvane, saman med andre kartleggingar, erfaringar og observasjonar som vert gjort av dei tilsette.

August 2025 kom det to nye elevbedrifter ved skulen; Bilspa og HageHardbakke.

Solund skule avslutta samarbeidet med Austrheim VGS kring Arbeidslivsfaget og har utvikla faget i samarbeid med lokale arbeidsgjevarar. Dette er eit prosjekt under utvikling, og som må seiast å ha utvikla seg positivt. Det er fleire arbeidsgjevarar som ønskjer å bidra enn det som skulen faktisk har elevar til. Målet med Arbeidslivsfaget er å ha fokus på yrkesretta arbeid/yrke. Også undervisningskompetanse kjøpt frå Austrheim VGS knytt til tysk skal no løysast av eigne tilsette.

Tilsette og kompetanse

Hausten 2025 har skulen hatt utlysing etter lærar liggande ute som fast ordning. Det har gjeve resultat med rekruttering av to lærarar med ønskja kompetanse. Begge tek til i stilling i 2026. Desse tilsetjingane gjer at kompetansehol i noko grad er dekka på barneskulen. Skulen manglar framleis formell kompetanse i praktisk estetiske fag. Kompetansebehov endrar seg i tråd med tilsette som sluttar og begynner i arbeidsforholdet i Solund kommune. 3 tilsette tek vidareutdanning gjennom UDIR

Kompetansehevinga blant dei tilsette held fram med opplæring av Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), er planlagt våren 2026, samt utvikle planar og rutinar som både skal førebygge og legge til rette for at elevar får utvikle den beste versjonen av seg sjølv.

Læringsmiljø

Skal ein lære må ein trivast samt ha det godt med seg sjølv og saman med andre. Skulen opplever at fleire elevar har behov for å få snakke med vaksne om korleis dei har det, gjerne få hjelp til å kome gjennom vanskelege situasjonar. Dette krev ressursar, som skulen i utgangspunktet ikkje har. Men, behovet tvingar seg fram og det er sett av mindre personalressursar som kan vere disponibel for samtale med og oppfølging av elevar.

Det er sett av litt ressurs til miljøarbeid ved skulen. Erfaringane pr no er at dette er ein kjærkome ressurs som både kan følgje opp einskild elevar, men også bidra med miljøarbeid i elevgruppe. Del av ressursen vert nytta til å delta på foreldremøte med tema overgangar mellom dei ulike hovudtrinna.

Det er jamleg samarbeid med skulehelsetenesta kring arbeid opp mot elevar.

Økonomisk avvik

Skulen hadde 822.000,- i overforbruk i 2025. Det er i hovudsak knytt til lønskostnader der både overtidsbetaling og vikarkostnadane har vore høgare enn budsjettert, og høgare enn

sjukerefusjonen. Særleg når ein manglar vikarar og tilsette med 100 % stilling må gå inn som vikar vert vikarkostnadane høgare enn sjukerefusjonen.

Skysskostnadane for elevar til Austrheim vidaregåande skule har også vore høge, og vart difor avslutta frå juni 2025.

Kulturskulen

Personale

Vår		Haust	
Kulturskulerektor	60 %	Kulturskulerektor	50 %
Instrumentallærar	30 %	Instrumentallærarar	30 / 20 / 20 %
Rockegruppeinstruktør	15 %	Sokult Media	15 %
SoKult Media	15 %	Kreativt verkstad	15 %

1 elev har fått rolle som assistent på SoKult Media

Kulturskulen leiger ut instrumentallærar i 15% til Solund skulemusikk

Elevar

Vår		Haust	
SoKult media	8	SoKult media	8
Ensemble med blåseinstrument	6	Ensemble med blåseinstrument	9
Piano / gitar	8	Piano	10
Rockeverkstad	6	Gitar	5
		Kreativt verkstad	7

Vi fekk i stand eit samarbeid med Ungdomskoordinator opp mot UKM. Dette blei ein viktig ekstra ressurs i gjennomføringa av lokalt arrangement som gjekk av stabelen 22. - 23.mars 2025 i Grendahuset. Det var fleire ulike sjangrar representert, kunst, film dans og musikalsk. Og tre innslag ble vidaresendt til regional mønstring i Åsane.

UKM-arbeidet har stor verdi fordi det gir ungdom ein arena for kreativ utfalding, meistring og deltaking i kulturlivet. Samstundes er det viktig for å styrkje samarbeid på tvers av alder, fag og sektor.

Ein har også fått til eit kulturhagesamabeid med barnehage og skulen kring haustens framsyning om Askeladden

Biblioteket

År 2025 har vore eit serdeles travelt år. Mest grunna flytting til nytt bibliotek der det gjekk mykje arbeid både til førebuingar og flyttinga. Ein prøvde å halde ope for publikum så lenge som råd, men frå 2. september til opningsdagen 17. oktober var biblioteket stengt for publikum.

Det nye biblioteket har vorte svært godt besøkt, spesielt skulen nytta biblioteket mykje meir enn før. Og på kveldsope om onsdagane er biblioteket blitt ein populær møteplass. Mot slutten av året fekk ein også på plass dei tekniske løysingane som gjer det mogleg å ha meirope bibliotek der dei som har inngått avtale om det kan nytte biblioteket alle dagar frå 08.00 til 22.00.

Økonomisk gjekk tenesta med overskot i 2025. Dette skuldast fyst og fremst at arbeidet med flyttinga gjorda at det ikkje vert kjøpt inn like mykje bøker som planlagt. Sjølv om det nye biblioteket er ope står det ved årsslutt framleis arbeid att. Mellom anna er ikkje det nye magasinet i drift endå, og bøker der kan ikkje fjernlånast som tidlegare.

Helse og omsorg

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Konto	Regnskap	Budsjett i...	Restløyving
ALLE	42 681 675,37	39 285 000,00	-3 396 675,37
310 Helsetenester	9 024 059,33	9 169 000,00	144 940,67
313 Psykisk helse og psykolog	2 000 100,79	1 533 000,00	-467 100,79
370 Pleie- og omsorg	25 338 200,49	22 235 000,00	-3 103 200,49
373 Avdelingsleiar kjøkken - vaskeri mm	3 442 084,26	3 125 000,00	-317 084,26
375 Kommunal reinhaldsteneste	2 877 230,50	3 223 000,00	345 769,50

Året har vore prega av personalmangel, kortvarig og av lenger karakter og vakante stillingar i 2 av tenestene, reinhald og institusjon/heimeteneste. Det har også vore avvikla permisjonar i fysioterapi og ergoterapi tenestene. Permisjonsavløysar for fysioterapeut har halde fram i stillinga for å avlaste kommunal fysioterapeut i fråvær av ergoterapeut.

I reinhaldstenesta og i institusjon/heimetenesta har fråværet vore så høgt at det i periodar har vore vanskar med å oppretthalde fagleg forsvarleg heit og reinhald på kommunale bygg.

Helsetunet er eit gammalt og slite bygg, det er haust -24 starta oppussing av den eldste delen av sjukeheimen og det har halde fram i -25. Ca. eit år på etterskot er arbeidet av bytte av vindauga i gang med ytter isolering og plating av ytterveggar. Det har vore mykje bråk med oppussinga, men det har vore forståing for det.

Me har elles hatt ulike arrangement knytt til huset. Konsert, bingo, andakt, grillfest, julelunch, åresal, loddbok osv.

Lækjarteneste

Januar 2025 vart det tilsette to nye legar i 16 % stillingar med arbeid kvar 6. veke. Det har ført til stabilitet i legestaben og full fastlegedekning. Også i personalet elles har det vore stabilitet og lite fråvær.

Det er derimot ein del utfordringar med elektronisk kommunikasjon og journalsystem. Det heng gjerne saman med at her er mange system som skal kommunisere med kvarandre og at løysingar ikkje alltid er optimale.

Det er ikkje vesentlege økonomiske avvik ved legetenesta, men ein er avhengig av tilskot til å rekruttere og behalde legevakttenesta. Tilskotet utgjorde 1.000.000,- i 2025, av ein ramme på 5.991.000,-.

Helsestasjon/skulehelsetenesta

Tenesta har i 2025 har hatt fokus på betre tidleg innsats i samarbeid med tenester i helse for barn og unge og oppvekstsektoren.

Helsestasjonen tilbyr førebyggande og helsefremmande tenester til barn, unge og deira familiar.

Mål som er førande for tenesta:

1. fremje psykisk og fysisk helse
2. fremje gode sosiale og miljømessige forhald
3. førebyggje sjukdom og skader
4. utgjevne sosiale helseforskjeller
5. førebyggje, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgssvikt.

Tenesta har ein 100 % stilling som leiande helsesjukepleiar og er organisert under helse og omsorgsleiar. Tenesta har lege 3 kvar veke, som har det medisinsk faglege ansvaret. Solund kommune kjøper 10 % stilling jordmorteneste frå Kinn kommune. Dei gravide reiser til Florø for konsultasjon og kan delta på foreldreførebuande kurs der.

Det var 4 fødslar i 2025 og 29 barn frå 0 – 6 år som saman med sine føresette fekk oppfølging frå tenesta.

I 2025 fekk skulehelsetenesta eit kontor på barneskulen og er der fast kvar måndag kl. 08.00 – 15.30. Det er 65 barn 1 – 10 trinn som alle har fått tilbod om oppfølging frå tenesta, samt tilbod om vaksine etter barnevaksinasjonsprogrammet. Tenesta tilbyr kvalitetssikra undervisningsopplegg inn i skulen. Dette er forankra i årshjul for tenesta, og som reviderast i samarbeid med skulen kvart år. Vi deltek fast på foreldremøte i 1 og 8 trinn, samt har lågterskeltilbod som Drop in timar.

Tenesta har også ansvar for:

Smittevern / Tuberkulosearbeid / Reisevaksinering

Leiar for koordinerande eining. Har opplæringsansvar til koordinatorar i samarbeid med fysioterapeut og ergoterapeut

Koordinator i ansvarsgrupper og i Individuell plan

Koordinator for psykososialt kriseteam

Delegert rettleiingsansvar

Kommunepsykologtenesta

Kommunepsykologen gir samtalar og oppfølging til innbyggjarar i alle aldersgrupper med psykiske helseplager eller mistanke om dette, samt samarbeider med andre instansar. Psykologen har også helsefremjande- og førebyggande oppgåver og systemoppgåver.

Psykologen har hatt oppfølging av totalt 39 pasientar og hatt 429 timer terapi. Desse var tilviste frå helsesjukepleiar og lege, samt nokre som blei direkte starta via psykolog.

Alder og kjønn blant dei tilviste i 2025:

0- 18 år: 11

18- 49 år: 22

50+ år: 6

26 kvinner og 13 menn.

Forutan klinisk oppfølging har psykologen hatt fokus på førebyggande arbeid og samarbeid på tvers av tenester. Det har vore ulike samarbeidsmøte med andre tenester, som barnehage, skule, PPT, NAV, flyktningtenesta, barnevern, fysio/ergo og helsesjukepleiar. Psykologen har også delteke på småbarnstreff og foreldremøte, hatt innlegg på temakveldar, med meir.

Psykologen er koordinator i konsultasjonsteam om vald og overgrep, som hadde to saker hausten 2025. Psykologen deltek elles fast i rettleiingsteam og psykososialt kriseteam.

Tenesta hadde eit overforbruk i 2025. Det skuldast dels høgare lønnskostnader enn budsjettert, men også at forutsett sal av tenester til andre kommunar ikkje har materialisert seg.

Psykisk helse- og rus

Tenesta er eit lågterskeltilbod med vekt på førebygging, tidleg innsats og oppfølging av vaksne med moderate til alvorlege psykiske lidingar og/eller rusproblem. Ved milde til moderate vanskar blir det tilbydd kortare oppfølgingsperiodar. Tenesta har vore drifta av ein tilsett i 2025 og har gjennom året følgt opp pasientar tilvist frå kommunelege, samt gitt lågterskel oppfølging og rettleiing til personar som tek kontakt på eige initiativ. Kommunepsykologen er fagleg ansvarleg for tenesta.

Oppfølginga omfattar:

· støttesamtalar

· kognitiv rettleiing

· rettleiing og tilrettelegging for fysisk aktivitet

· arbeid med sosialisering og deltaking i samfunnsliv

· samarbeid og koordinering på tvers av tenester

Tenesta skal òg ta imot pasientar utskrivne frå spesialisthelsetenesta for vidare oppfølging i kommunen. Det har ikkje kome nye pasientar frå spesialisthelsetenesta i 2025.

Det er framleis hovudvekt av brukarar med psykiske vanskar utan rusproblematikk.

Det er pågåande kompetanseheving og tverrfagleg samarbeid i tenesta. Leiar har starta eit toårig studium (60 studiepoeng) ved Fagskulen Vestland innan psykisk helse og rusarbeid.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen er eit lågterskeltilbod for personar med auka risiko for å utvikle livsstilssjukdommar, eller som treng støtte til meistring av eksisterande sjukdom. Tenesta tilbyr individuell rettleiing innan fysisk aktivitet, kosthald, søvn og tobakk. Arbeidsmetodane omfattar motiverande samtalar, rettleiing og kurs.

I 2025 har to nye brukarar gjennomført det anbefalte 12-vekars opplegget i tråd med Helsedirektoratet si rettleiing for frisklivssentralar. I Solund blir opplegget gitt individuelt, då det ikkje er grunnlag for kurs i grupper.

Som eit viktig tiltak for både frisklivsbrukarar og andre brukarar av psykisk helsetenesta har det vore faste treningssamlingar på treningssenteret på Hardbakke. Tiltaket er gjennomført i samarbeid med fysioterapitenesta og har vore særleg viktig for personar med låg tiltakslyst og sosial angst.

Det har gjennom året vore eit tydeleg behov for fleire sosiale og helsefremmande arenaer for brukarane. Tenesta har difor fått etablert eit frivillig initiativ for å utvikle friluftsarenaer i nærområdet, i samarbeid med næringsliv, grunneigarar og andre kommunale einingar.

Eit nytt friluftsområde bak helsetunet på Hardbakke er etablert og teke i bruk. Det blir arbeidd vidare med liknande tiltak fleire stader i kommunen. Dette fungerer som eit viktig supplement til treffstaden på helsetunet.

Frå nyttår har Frivilligsentralen teke over ansvaret for svømmetilbodet på onsdagar. Dette er eit helsefremmande og førebyggande tiltak som er godt etablert og viktig for mange innbyggjarar.

Ergo- og fysioterapitenesta

Frå april 2025 har det vore tilsett to fysioterapeutar i Solund kommune, den eine som vikar for ergoterapeut i morspermisjon. Begge fysioterapeutane har fått fastlønstilskot frå Helfo. Fysioterapitenesta behandlar ca. 40 pasientar i veka frå 0-100 år med ulike behov, samstundes har ein ansvar for sjukeheimsbebuarar. Det er godt samarbeid mellom alle avdelingar.

Frå april 2025 har det vore meir fokus på førebyggande tenester i helsestasjons- og skulehelsetenesta, samt at fysioterapeut er med i BTI-arbeidsgruppe og Bygdevekst-prosjektgruppe. Hausten 2025 gjennomførte fysioterapeut kurs i barns psykososiale utvikling, ei viktig satsing på førebyggande tenester.

Frå mai 2025 gjekk ergoterapeut ut i permisjon. Ettersom ein ikkje fekk tilsett ergoterapeut i vikariat, forlenga ein fysioterapeut-vikariat og fysioterapeut overtok ansvar for hjelpemiddel og vart kontaktperson for Hjelpemiddelsentralen. Trass i at ein har hatt inn vikar gjekk tenestene samla sett 222.000,- med overskot i 2025.

Pleie- og omsorg

Året har vore prega av personalmangel. Det har vore kortidsfråvær og fråvær av lengre karakter, samt 5 vakante sjukepleiarstillingar og vakante helgestillingar. For å dekke fråværet har ein nytta både vikarbyrå og eigne tilsette. Trass vakansane har auka kostnadar til overtid og vikarbyrå gjort at tenesta samla sett går med overforbruk. Samla sett vart det nytta 7.770.000,- på vikarbyrå i 2025.

Dette til trass for at dei tilsette har trådd til og stått på med ekstravakter og vakante vakter, både helse og omsorgsleiar og leiar for sjukeheim og heimetenester har gått vakter og i sommarturnus som ferieavløysarar for å få drifta til å gå rundt.

Gjennom året har ein tilsett 3 nye sjukepleiarar, og det vert arbeid med ny turnus som forhåpentlegvis vil sikre betre sjukepleiar dekning framover.

Saman med bortfallet av tilskot til ressurskrevjande brukarar på 2.741.000,- gjer det at tenesta gjekk med eit overforbruk på 3.758.000,- i 2025.

Avdelinga har hatt litt auka belegg med 78 % dekning og KAD har hatt ein liten nedgang med 5,42 % dekning. Ein ser ein jamn auke i tenester hjå heimebuande. Også i tenester som tryggleiksalarm m.m.

Dagsenter

Dagsenteret ytret tilbod til eldre heimebuande som har behov for sosialisering og aktivisering. Tilbodet er også ment for heimebuande personar med en demensdiagnose, dei som er under

utredning, eller at det ligger ein mistanke om demens. Personar som bur på institusjon har også besøkt Dagsenteret gjennom året. Dagsenteret har totalt 10 plasser tysdag og torsdag. Det er ingen venteliste på besøksplassar på Dagsenteret, og det har gjennom året også vore ledig kapasitet på vedtaksplassar-

Personalsituasjonen på dagsenteret er sårbar med berre ein tilsett. Men drifta har gått bra gjennom 2025. Det er ein del utfordringar knytt til lokala, då særleg støyproblematikk som har vore forsterka av oppussingsarbeidet som har vore gjort i 2025.

Kjøkken, vaskeri og reinhald

Kjøkkenet merker godt prisstigninga som har vore i samfunnet dei siste åra. Auka sal til Åsen & Øverlid i anleggsperioden på skulen og Helsetunet har gjeve auka inntekter i ein periode. Drifta går elles som normalt. Same gjeld vaskeri, sjølv om det der er verdt å merke seg vedvarande behov for oppgradering av tørkerom.

Reinhaldstenesta har derimot hatt store utfordringar med sjukefråvær i 2025. Mykje av fråværet skuldast slitasjeskader. Reinhald er fysisk tungt arbeid, spesielt på gamle bygg som til dømes kommunehuset og helsetunet. Det er krevjande å få tak i vikarar, som igjen medfører at ein må prioritere kvar ein kan utføre reinhald. Solundheimen, skular og barnehage kjem fyrst, dei andre stadene kan det bytast om på dagar og i verste fall ikkje verte uført reinhald etter planen.

Det vart tilsett ein driftsleiar i vikariat i tenesta, dette har fungert bra. Det er meir kontinuitet og betre oppfølging av tilsette.

Samfunns- og næringsutvikling

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Konto	Regnskap	Budsjett i...	Restløyving
ALLE	6 113 837,09	5 630 000,00	-483 837,09
400 Samfunns- og næringsutvikling	3 048 171,70	3 557 000,00	508 828,30
420 Frivilligsentral	720 178,29	515 000,00	-205 178,29
430 Gjenbruket	717 317,74	363 000,00	-354 317,74
440 Folkehelsearbeid	496 965,22	542 000,00	45 034,78
480 Nav Solund	1 131 204,14	653 000,00	-478 204,14

I tillegg til dei ordinære driftsmidlane har prosjektmidlar fått yngle. Det har vore gjennomført fleire spanande prosjekt gjennom året og mange positive aktivitetar som SoFA, seniorkonferansen og verdsdagen for psykisk helse har i ulike grad vore stetta av ulike prosjektmiddel.

Frivilligsentralen og gjenbruket har hatt eit økonomisk overforbruk, særleg grunna bortfall av tilskot til ressurskrevjande brukarar.

Dei støre endringar i 2025 var knytt til NAV. Mangeårig NAV-leiar gjekk av med pensjon ved slutten av året, og det vart frå staten sin side tidleg signalisert at stillinga ikkje ville bli erstatta lokalt. Det har difor vore ein prosess med vegval for NAV kontoret der ein har vald mellom å halde fram som eige NAV-kontor eller bli del av eit vertskommunesamarbeid. Ein landa på å halde fram som eige NAV-kontor med ein samlokalisering med andre tenester i sektoren. Frå 1. januar 2026 vert difor også Flyktningtenesta ein del av sektoren. Det var også mange variablar knytt til økonomien til NAV, og samla enten NAV opp med eit overforbruk på 478.000,- fordelt med 292.000,- til drifta og 186.000 i ytingar til livsopphald. Kostnadane med drifta vert truleg meir føreseieleg framover, men ytingar til livsopphald gjer grunn til bekymring der ein ser ein trend med auke dei siste åra (frå eit i utgangspunktet særs lågt nivå).



Plan og tekniske tenester

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Konto	Regnskap	Budsjett i...	Restløyving
ALLE	11 220 860,04	10 267 000,00	-953 860,04
600 Tekniske tenester	2 547 904,68	3 013 000,00	465 095,32
610 Byggesak-plan og landbruk	1 369 738,94	1 121 000,00	-248 738,94
620 Bygg og anlegg	7 303 216,42	6 133 000,00	-1 170 216,42

2025 har vore eit år med stor byggeaktivitet. Sjølv om mykje av dette arbeidet er sett vekk til andre fell det likevel ein del arbeid på vårt driftspersonell. Dette har til tider medført redusert kapasitet og lengre leveringstid på driftsoppgåver, spesielt ved Solundheimen og dels i barnehagen.

Det vert elles jobba kontinuerleg med internkontroll og etablering av rutinar på dei ulike arbeidsoppgåver innanfor sektoren. Avvikssystemet er tatt i bruk

Sektoren har hatt eit relativt høgt overforbruk i høve til budsjett i 2025. Enkelte kostnadar var opphavleg tenkt ført i investering men måtte førast i drifta på grunn av rekneskapsreglane. Dette gjeld mellom anna eigenkapital ved leasing av bil på 125.000,-. I tillegg er det brukt vesentleg meir enn budsjettert på straum (353.000,-) og kommunale avgifter (183.000,-).

Tekniske tenester

Tekniske tenester består av brannvern, brannførebygging, trafikktryggleik, oppmåling, vassverk og avløp

Brann

Solund kommune har avtale med Masfjorden kommune og leige av brannsjef i 20 % stilling. Avtalen vert inngått for 1 år om gangen. Samarbeidet fungerer godt og det vert laga årsplan for øvingar for brannmannskapet og det vert jobba kontinuerleg med formell kompetanseheving. I 2025 fullførte 2 brannkonstablar grunnkurs. Brannmannskapet er deltidstilsette i 0,77 % stilling og består av 16 brannkonstablar knytt til brannstasjonen på Hardbakke og 6 brannkonstablar knytt til Hjønnevåg. Vi har ingen godkjente røykdykkarar per 2025.

Trafikktryggleik

Kommunen er regodkjent som trafikktrygg kommune. Ei godkjenning som seier at kommunen jobbar systematisk med trafikktryggleik. Det har vore eit fokus på veglys som trafikktryggingstiltak og det har vore løyvd trafikktryggleiksmidlar til oppgradering og etablering av veglys på kommunale vegar på Hop og i Skoterokkvegen.

Oppmåling

Timebasert avtale med tidlegare tilsett. Vedkomande tek all oppmåling og ajourhald av kart mm.

Hardbakke Vassverket

Det er investert i nye pumper ved Hardbakke vassverk. Dette er pumper som står innomhus og som kan handterast heile året. Dei førre pumpene var nedsenka i vatnet og utfordra HMS – krav dersom noko hadde skjedd med dei i vinterhalvåret og spesielt i periodar med islagt vatn.

Vidare er det lagt ut ny vassleidning i drikkevatnet med nytt inntakspunkt lengre vekk frå fylkesvegen og djupare ned i vatnet.

Vasskvaliteten er særs god. Unntaket er til tider litt høge fargetal.

Det har dessverre vore nokre uheldige tilfeller med redusert vassmengde i høgdebassenget utan at alarmar har vorte utløyst. Vi jobbar kontinuerleg med betring av rutinar knytt til kontroll av vassverket og høgdebassenget.

Det vert jobba med ein plan for rehabilitering av kummar og leidningsnett. Det er omfattande lekkasje i leidningsnettet og vasskummar med øydelagte/ korroderte ventilar. Vidare manglar me reservevasskjelde. Det er lovpålagt å ha. Alt dette kjem med i hovedplan for vatn og avløp som vert produsert i 2026.

Byggesak, plan og landbruk

Byggesak

Solund kommune leiger byggesakshandsamar frå Masfjorden kommune på timebasis. Solund kommune er godt nøgd med ordninga. Sakshandsamingstida er kort og det vart handsama 38 byggesaker i 2025. Det vart søkt om løyve for oppføring av 2 bustadhus, men ingen fritidsbustadar.

Plansaker

I 2025 har det berre vore ein reguleringsplan under arbeid. Planeigar er Vestland Fylkeskommune og gjeld ny bru i Rørdalsfjorden. Planen vert ikkje vedteken før i 2026.

Landbruk

Det er 38 søkjarar om produksjonstilskot i jordbruket. 36 av søkjarane har sauehald, medan 2 har mjølkeproduksjon og ammekyr for produksjon av storfekjøt. Eit foretak har både storfe og sau. Søkjar

talet har vore stabilt dei siste åra. Solund kommune har ansvaret for landbruksforvaltninga i Fedje kommune også.

Det var 7 søknader om SMIL – midlar i 2025 og det vart løyvd totalt kr 171.130. Alle søkjarane fekk tilskot til sine prosjekt.

Hjorteviltforvaltning

Tidlegare bestandsplan er ikkje søkt fornya og er dermed utgått. Indre Solund Storvald er oppløyst. Dermed er det særs mange og små vald i kommunen no. Det er no 49 små vald i kommunen. Etter at storvaldet vart oppløyst gjekk tildelinga av hjort kraftig ned. Dette skuldast at det krevjast 1000 dekar areal pr hjort og at det vert mange hundre dekar som småvalda ikkje får uttelling for. Døme : Eit vald på 1800 dekar får berre 1 hjort.

Tildelinga gjekk ned frå 213 dyr i 2024 til 180 dyr i 2025. Avskytinga gjekk ned frå 119 dyr til 114 dyr. Det er teikn som seier at hjortestammen er i tilbakegang i delar av kommunen. Men i områder med aktiv jordbruksdrift er framleis beiteskadar frå hjorten eit problem. .

Bygg og anlegg

Bygg og anlegg består av dei kommunale bygga, kommunale vegar og kaiar.

Teknisk vakt er etablert og fungerer godt. Vaktordninga er 4 delt.

Kommunale bygg

2 av personell er knytt opp til drift av dei kommunale bygga. I tillegg vert dei stadig involvert i ulike investeringsprosjekt.

Kommunale vegar og kaiar

Den kommunale vegen i Klubben bustadfelt er avretta og asfaltert i år. Eit parti står igjen fordi her skal veglinje korrigerast først for så å verte asfaltert i 2026. Det vert gjort ei reguleringsendring før arbeidet startar. Det har vore gjort rassikringsarbeid på vegen til Engdal då ein har fjerna steinmassar som var nær ved å rase ut i vegen.

Elles skjer et eit omfattande lappearbeid med asfaltmasse i sekkar for å tette hol i vegen. Utfordringa er størst på eldre vegar som er dårleg fundamentert. Dette er dyrt, men naudsynt. Her har Solund kommune eit etterslep på vedlikehaldet av vegane våre.

Det vert gjort eit kontinuerleg vedlikehaldsarbeid på dei kommunale kaiane av ein privat aktør kommunen har avtale med.

Kommunedirektør/overordna

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Konto	Regnskap	Budsjett i...	Restløyving
ALLE	4 270 006,46	2 579 000,00	-1 691 006,46
799 Pensjon- og premieavvik	2 988 130,83	-255 000,00	-3 243 130,83
800 Til Kommunestyre sin disposisjon	3 540,00	1 324 000,00	1 320 460,00
801 Til Formannskapet sin disposisjon	10 000,00	400 000,00	390 000,00
802 Til Ordførar sin disposisjon	65 854,90	50 000,00	-15 854,90
803 Til Adm.sjefen sin disposisjon	443 370,07	460 000,00	16 629,93
804 Til Samfunns- og næringsutvikling	759 110,66	600 000,00	-159 110,66
805 Bygdevekst	0,00	0,00	0,00

Det er særleg pensjonskostnadane som gjer at dei overordna utgiftene samla sett kjem ut høgare enn budsjettert. Gjennom året vert pensjonskostnadane ført på einingane, og så vert føringane på slutten av året med bruk av premiefond m.m. ført felles på ansvar 799. Det var forventa å gje innsparingar på 255.000,- i år, fyst og fremst på grunn av amortisering av høg bruk av premiefond tidlegare år. Men grunna store endringar og dårleg budsjettering på pensjonsfeltet i 2025 gjekk ein her totalt med 3.243.000,- i underskot.

Ser ein på pensjonskostnadane til Solund kommune i eit større perspektiv har 2025 vore eit godt år. Premieavviket vart nesten halvert og gjekk frå 17.186.000,- til 8.448.000,- og etter at utbytte frå KLP for 2025 er utbetalt er differansen mellom premieavviket og premiefondet til Solund kommune på under 850.000,-. Solund kommune er med det godt stilt når det gjeld pensjonskostnadane framover, og det viktigaste vert å treffe på budsjetteringa.

Ein del vedteke tilskot, mellom anna til Gyltesvingen og landbruksveg, var derimot ikkje utbetalt. Og det redda inn mykje av overforbruket. Desse utgiftene kan ein derimot forventa at i staden vil komme i 2026, så resultat ser betre ut enn realitetane her.

Her ligg også ein del av fellesutgiftene, og særleg sommarjobbar 13-17 var eit populært tilbod i 2025.

Investeringar

Den største investeringa i 2025 var ny skule m/ bibliotek og det gjekk sjølvsagt mykje ressursar til det prosjektet. Men det har også vore mykje anna investeringsaktivitet i 2025. Tabellen under synar dei ulike prosjekta. Fleire av prosjekta bør sjåast i samanheng, og der det er relevant er det også opplyst om allereie vedteke løyvingar i 2026.

Investeringsprosjekt	Revidert budsjett	Rekneskap	Restløyving	Budsjett 2026	Kommentar
STAB					
Varmeløysing fjernarkiv	188 000	0	188 000		Berre driftskostnader i 2025
OPPVEKST OG KULTUR					
Inventar og utstyr skule	428 000	326 423	101 577		
Nytt utlånssytem bibliotek	100 000	100 000	-0		
Musikkutstyr Oppvekst	141 719	118 444	23 275		
HELSE- OG OMSORG					
Velferdsteknologi	55 000	0	55 000		Berre driftskostnader i 2025
Inventar og utstyr helse- og omsorg	576 000	159 110	416 890		
Medisinsk utstyr lækjarkontor	40 000	0	40 000		
SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING					
Idrett- og friluftsplan inkl. utstyr	550 000	0	550 000	100 000	Ulike spelemiddel prosjekt. Bør sjåast i samanheng. Mellom anna ein del utbetalt som er forskottert tidlegare år. Samla overskot på 627.464,-
Ballbinge Eide	0	136 868	-136 868		
Ballbinge ved Solund barne- og ungdomsskule	610 000	497 206	112 794		
Utviding diskgolfbane (tilskot)	0	-52 650	52 650		
Dagsturhytte	0	-48 888	48 888		
Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	200 000	0	200 000	325 000	
Utvikling Ekspressbåtstopp Hardbakke	215 000	0	215 000	1 500 000	
Utbetring Ytre Solund Fleirbrukshus	266 000	91 227	174 773		
Kulturvandring	0	259 730	-259 730		Underskotet skuldast tilskot som per i dag ikkje er realisert
Sikkerheitstiltak - utgang borgarmottak / samtalerom	200 000	0	200 000		
Områdeplan Hardbakke	200 000	0	200 000		
Utvikling næringsareal	250 000	0	250 000		
Tilrettelegging av lokaler Studiesenter Kysten	0	0	0		

Investeringsprosjekt	Revidert budsjett	Rekneskap	Restløyving	Budsjett 2026	Kommentar
PLAN OG TEKNISKE TENESTER					
Prosjekt mot Oppvekst- og kultur					
Barnehagen - leikeapparat	200 000	81 137	118 863		Samla overskriding på 119.165,- Takast frå neste års løyving i budsjettjusteringssaka?
Barnehagen - uteområde	370 000	576 028	-206 028		
Barnehagen - Sykke- og utstyrsbod	-32 000	0	-32 000		
Utbetringar barnehagen				900 000	
Prosjekt mot Helse og Omsorg m.m.					
Utskifting vindauge / ny glasfasade Solundheimen	3 000	0	3 000		Ulike oppgraderingsløyvingar på Solundheimen, alle bør sjåast i samanheng med prosjekt 2001. Alt av kostnader i 2025 ført der. Samla overskriding på 1.186.011,- kor 722.000,- er knyt til tilskot som truleg vert realisert i 2026
Ny frys og kjøl Solundheimen (bruk av ub.inv.fond)	600 000	0	600 000		
Fjerne gml. Pasientvarslesystem	157 000	0	157 000		
Oppgradering varmeanlegg Solundheimen	121 000	0	121 000		
Oppgradeing varmestyringsanlegg kommunale bygg	183 000	0	183 000		
Rehabilitering og etterisolering Solundheimen	6 133 000	8 383 011	-2 250 011	2 800 000	
Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetesarena	0	0	0	1 130 000	
Andre prosjekt					
Kaihus Krakhella - opprusting	211 360	220 640	-9 280		
Utbetring kommunale bustader	137 000	0	137 000		
Oppgradering kommunale vegar	350 000	548 761	-198 761	1 077 000	Takast frå neste års løyving i budsjettjusteringssaka?
Utbetring Klubben	1 180 000	1 502 023	-322 023	1 470 000	Takast frå neste års løyving i budsjettjusteringssaka?
Trafikktryggingstiltak	1 248 000	639 420	608 580	250 000	250.000,- er knytt til ikkje realiserte tilskot.
Oppgradering kaiar	347 000	75 204	271 796		
Adresseprosjekt	459 000	0	459 000		
Veglys - utskifting til LED	396 000	16 996	379 004		
Kommunale bygg - utskifting til LED	237 000	296 092	-59 092		
Trafostasjon Hardbakke	500 000	1 577 237	-1 077 237		Overskridinga skuldast anleggsbidrag til Eviny
Skilting kommunale bygg	104 000	50 000	54 000	50 000	
Utstyr					
Flisekutter	165 000	165 000	0		
Lift	600 000	612 679	-12 679		
Frontmontert kost traktor	100 000	0	100 000		

Investeringsprosjekt	Revidert budsjett	Rekneskap	Restløyving	Budsjett 2026	Kommentar
Sjølvkostprosjekt					
Sjøvkost vatn	0	71 089	-71 089		Dei ulike sjølvkostpostane bør sjåast i samanheng (men fordelt på vatn og avlaup). Alt ført på 2434 i og 2701 i 2025. Samla restløyving på 957.282,-
Sjøvkost avlaup	1 000 000	0	1 000 000		
Oppgradering alle vassverk	40 000	902 630	-862 630		
Avlaupsanlegg Hardbakke - forprosjekt / rapport	208 000	0	208 000		
Overtaking pumpestasjon Sildevika	108 000	0	108 000		
Digitalisering leidningsnett	25 000	0	25 000		
Hovudplan vassforsyning	188 000	0	188 000		
Avlaupspumpestasjonar - automatisering og overvaking	189 000	0	189 000		
Utskifing pumper avlaupsstasjonar	123 000	0	123 000		
Nytt høgdebasseng Hardbakke - forprosjekt	50 000	0	50 000		
KOMMUNEDIREKTØR					
Ny skule m/bibl.	30 915 000	31 828 441	-913 441		
Bustadfelt Hersvik	0	230 628	-230 628		Overskridinga skuldast anleggsbidrag til Eviny
Kjøp av areal Søre Mortevika	2 000 000	2 019 800	-19 800	2 600 000	
Næringsbygg / nytt kommunehus	141 000	291 660	-150 660		
Kjøp Hardbakke 20	4 000 000	4 105 495	-105 495		
Vidareutlån og eigenkapital KLP					
EK KLP	330 000	330 000	0		
Formidlings og startlån	267 000	267 000	0		
Lån til næringsutvikling	322 000	322 000	0		
Vidareutlån (startlån)	500 000	0	500 000	500 000	Ved ein feil vart lån til vidareutlån ikkje tatt opp i 2025

Sjukefråvær

Sjukefråvær i % for 2025							
Eining	**Ansvar**	**Mnd.verk**	**EM 1-8 dg**	**SM 1-16 dg**	**SM 17-56 dg**	**SM>58 dg**	**Sjukefråvær**
Stab, administrasjon	100,150,805	8,4	0,5	0,1	2	1,5	4,1
Oppvekst og kultur	200,210,220,240,250	32,9	1,2	0,7	0,8	3,7	6,3
Helse og omsorg	310,312,313,370,373,375	33,2	1,2	0,9	1,8	6,1	10
Samfunn og næring	400,420,430,440,480	6,6	0,5	0	2,4	0,4	3,3
Plan og tekniske tenester	099,600,610,620	7,1	0,3	0	0,7	2,1	3,1
SUM		**88,2**	**1**	**0,6**	**1,4**	**4**	**7**

(Tabellen over syner sjukefråværet for 2025 fordelt på sektorane og lengda på sjukefråværet.)

Det var eit samla sjukefråvær på 7 %, ned frå 10 % i 2024, 8,7 % i 2023, 9 % i 2022 og 7,7 % i 2021. Trekk ein ut eigenmeldingane var det legemeldte sjukefråværet på 6 %, det er 0,5 % høgare enn landsgjennomsnittet og 1,7 % lågare enn gjennomsnittet for norske kommunar.

Ved inngangen til året hadde ein i enkelte sektorar særs høgt sjukefråvær, særleg var reinhaldstenesta hard råka. Det har difor blitt gjennomført eit arbeid saman med NAV arbeidslivssenter Vestland for å betre nærversarbeidet og redusere sjukefråværet. Arbeidet er pågåande og forhåpentlegvis ein del av forklaringa på den positive utviklinga.

Internkontroll

I 2024 innførte Solund kommune eit nytt internkontrollsystem og innføringa av nytt system har gitt interkontrollarbeidet i Solund eit stort løft. Heile kommunen har fått eit felles og oversiktleg kvalitetssystem der det låg 162 ulike dokument og rutinar ved utgangen av 2025. Arbeidet er pågåande og det er ulikt kor langt dei ulike sektorane er kome i arbeidet.

Med systemet har ein også fått eit avviksystem som er vesentleg enklare å nytte enn det ein hadde tidlegare. Med nytt system såg ein nesten ein firedobling av tal meldte avvik mot det nye systemet, og det nivået har halde seg gjennom 2025.



(Tabellen synar avvik per månad gjennom 2025, dei lysegrøne stolpane er månadane i 2024 vi har tal fra)

Samstundes ser ein stadig at det er rom for ytterlegare forbetring og det vert arbeida aktivt med å få ein god kultur for å melde avvik i heile organisasjonen. Arbeidsmiljøutvalet har fast gjennomgang av alle avvik knytt til HMT i sine møter.

Likestilling

Kommunestyret bestod av 4 kvinner og 11 menn. Formannskapet bestod av 2 kvinner og 3 menn mesteparten av året, og 3 kvinner og 2 menn frå og med desember. Ordførar er kvinne og Kommunedirektøren er mann. Blant sektorleiarane har det i meldingsåret vore 3 menn og 2 kvinner, og blant einingsleiarane elles er det 1 mann og 5 kvinner. Blant dei tilsette er det mest kvinner, med unntak av på Plan- og tekniske tenester.

Kravet om rapportering på likestilling famnar vidare enn berre kjønn og gjeld også mellom anna etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Kommunedirektøren er ikkje kjend med tilhøve som har gjort det naudsynt å sette inn særskilte tiltak knytt til likestilling i driftsåret.

Etisk standard

Dei etiske retningslinene til Solund kommune er gamle og har ikkje vore revidert i meldingsåret. Kommunedirektøren er ikkje kjend med tilhøve som har gjort det naudsynt å sette inn særskilte tiltak knytt til dei etiske standardane i driftsåret, men grunna alderen på retningslinene bør dei reviderast.

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-210

ArkivsakID: 26/287
JournalpostID: 26/1464
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 28.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
027/26	Formannskap	04.06.2026
023/26	Kommunestyre	11.06.2026

Tertialrapport nr. 1 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2026 til vitande.

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-027/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2026 til vitande.

Vedlegg i saka:
28.05.2026 Tertialrapport nr. 1 2026

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Tertailrapport for perioden januar - april 2026

Saksutgreiing:

Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal i utgangspunktet vera ein avviksrapport, men skal også omtale status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse der dette er naudsynt, og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått for å oppnå balanse.

Grunna kapasitet i kommuneadministrasjonen omhandlar tertialrapport nr. 1 utelukkande større økonomiske avvik. Endringane på inntektssida er omtala som normalt, men når ein kjem til drift og investering er det berre dei større avvika som er omtala og foreslått handtert i budsjettjusteringssaka.

Vurdering:

Det vert vist til vedlagt tertialrapport for vidare kommentarar. Tertialrapporten vert fylgt opp med ein eigen budsjettjusteringssak og er ein viktig føresetnad for arbeidet med økonomiplanen.

Tertialrapport nr 1. 2026

Solund kommune

Vedteke i Solund kommunestyre 11. juni 2026 i K-sak xxx/26.

Innhold

Innleiing 3
Inntekter 3
Finanskostnader 4
Økonomiske avvik 4

Innleiing

Det har i 1. tertial blitt arbeida jamt og godt i kommuneorganisasjonen og tenestene er drifta stort sett som normalt. Administrativt har det blitt arbeida med fleire store saker som nærmar seg handsaming i kommunestyret, enten i juni eller til hausten. Her kan nemnast arbeidet med ekspressbåtstopp på Hardbakke, nytt kommunehus og bustadprogram. I tillegg vart kommuneplanen sin samfunnsdel for 2026 – 2038 vedteke i kommunestyremøte 26. mars 2026.

12. mai 2026 la Regjeringa fram forslag om revidert nasjonalbudsjett for 2026 (RNB) og Kommuneproposisjonen 2027. I kroner og øre er det små endringar for Solund kommune sin del. Det er frå 2027 varsla vekst i dei frie midlane for kommunal sektor, men då Solund kommune fortsett hald på å innarbeide trekka i nytt inntektssystem vil ein også mot budsjett 2027 få lågare vekst enn løns- og prisstigninga.

Men kommuneproposisjonen omtalar også arbeidet som vert gjort med å fylgje opp fyste rapport frå kommunekommisjonen. Regjeringa ser på å ta bort ein rekke kompetansekrav innanfor helse og oppvekst, og om det vert fylgt opp kan det gjere arbeidet med rekruttering enklare då ein ikkje på same måte som tidlegare vil være avhengig av den eine eller andre spesifikke formelle kompetansen. Det vert også arbeida med å slå saman ulike tilskotsordningar. Enkelte slike ordningar kjem Solund kommune særs godt ut av, og det er knytt spenning til om nokon av dei ordningane vi i dag drar nytte av vil falle bort.

I år som i fjor skal RNB også gjennom ein runde med forhandlingar i Stortinget. Så det kan framleis kome til dels vesentlege endringar, sannsynlegvis i kommunane sitt favør.

Samstundes har det gått 4 månader av året og ein kan oppdatere anslaget på ein del inntekter og utgifter. Det vert fremja eige budsjettjusteringssak med desse endringane, samt å overføre unytta investeringsløyvingar frå tidlegare år. Arbeidet med årsrekneskapen 2025 avdekka også at Solund mister tilskot for ressurskrevjande brukarar frå og med 2025. Det er her budsjettert med 3.200.000,- i inntekter i 2026 som ikkje vil kome, og som må kompenserast.

Inntekter

Det har skjedd relativt lite på inntektssida i 1. tertial. Effektane av saldert budsjett 2026 gjev 698.000,- meir i inntekter, og skatteinngangen per april gjev grunn til å forvente 359.000,- meir i skatteinntekter og inntektsutjamning. Held den gode skatteinngangen fram kan sannsynlegvis tilsvarande beløp leggast inn også til hausten, men kommunedirektøren vil med å budsjettere inn ytterlegare auka skatteinngang til vi kjenner til meir av utviklinga gjennom året.

Eviny sitt utbytte er også kjent og kan oppjusterast med 24.000,-.

Finanskostnader

		ØP-26	T1-26
19000	Renteinntekter	-1 100	
19005	Utbyte Eviny (0,24% eigarskap)	-2 650	-24
	Utbyte SF Holding (1,5% eigarskap)	-1 110	
15100	Avdrag på eksisterande lån	6 246	-668
	Avdrag på lån til vidareutlån		468
	Ekstraordinære avdrag	5 000	-5 000
15000	Renteutgifter	9 008	489
	Netto finansutgifter/inntekter	15 394	-4 735

Dei store endringane som er foreslått kjem på finanskostnadssida. Bortfallet av tilskot for ressurskrevjande brukarar på 3.200.000,- vert varig og må inndekkast. I tillegg kjem eit overforbruk i drifta som er forventa å være på 3.135.000,- ved årsslutt, samt overførte investeringsløyvingar frå 2025 (inkludert eit overforbruk på 673.000,-) med ein nettoauke på 940.00,- i 2026. For å finansiere dette tilrår kommunedirektøren å kutte ekstraordinær avdrag både i budsjettet for 2026 og fleire plasser i økonomiplanperioden, samt å auke låneopptaka til investering.

I tillegg er ny rentebane og justerte låneopptak innarbeida og finansiert. Det utgjer berre 289.000,- samla sett i 2026, men lågare nedbetalinga av lån og høgare rente gjer et rentekostnadane for økonomiplanperioden samla stiger frå 32.343.000,- til 38.638.000,-.

Økonomiske avvik

Gjennomgangen etter 1. tertial har av kapasitetsårsaker fokusert på dei største økonomiske avvika. Det kan være mindre avvik elles i drifta, både positive og negative, men desse er på noverande tidspunkt ikkje handtert. Også pensjon kan by på svingingar, men kommunedirektøren planleggar ein gjennomgang av pensjonskostnadane til hausten når oppdaterte prognoser frå livselskapa føreligg.

Første ansvar med vesentlege avvik er Solund skule. Ein ser der ut til å gå 1.135.000,- over budsjett, i all hovudsak grunn lønskostnadar. 485.000,- av desse er knytt til grunnleggande norskopplæring og difor foreslår kommunedirektøren og finansiere det med midlar frå flyktningfond. At overforbruket er knytt til lønsmidlar bekymringsverdig då det betyr at det er kostnader ein i utgangspunktet dreg med seg også inn i åra som kjem.

Deler av overforbruket skuldast også omlegging av ordninga med kompetansemidlar frå UDIR, der Solund kommune tidlegare fekk 100.000,- per person som tok kompetanseheving, og der ein no samla sett i sektor for Oppvekst og kultur får 65.000,-.

Også legekontoret forventar budsjettsprekk på 1.000.000,-. Det skuldast at ein ikkje søkte om midlar til å rekruttere og behalde legevakttenesta i tide. Det er budsjettert med 1.000.000,- i inntekter, på same nivå som vi fekk tildelt i fjor, men sidan ordninga ikkje er søkt om i tide får Solund kommune ikkje desse inntektene.

I tillegg til bortfallet av tilskotet til ressurskrevjande brukarar ser Solundheimen og heimetenesta ut til å gå 1.000.000,- med meirforbruk i 2026. Bruken av vikarbyrå går ned, og kan forhåpentlegvis fasast heilt ut til hausten, men eigne lønskostnader ser førebels ut til å bli høgare enn budsjettert.

Av investeringsprosjekt er det berre prosjekt 2004 Utbetringar barneskulen som går mot overforbruk. Der var det budsjettert med tilskot frå Enova på 300.000,- som ein har fått avslag på. I tillegg forventar ein at prosjektet vert 200.000,- dyrare enn budsjettert.

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-202

ArkivsakID: 26/304
JournalpostID: 26/1429
Sakshandsamar: Jens-Eivind Kobbeltvedt
Dato: 26.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
026/26	Formannskap	04.06.2026
024/26	Kommunestyre	11.06.2026

Nytt kommunehus i Hardbakke senter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Solund kommunestyre gjer vedtak om å gå vidare med etablering av kommunehus i Hardbakke senter.

Solund kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å signere leigeavtale med Solund Næringsbygg AS i samsvar med dei føresetnadane som ligg til grunn i denne saka.

Kostnader i saka vert innarbeida i økonomiplan og budsjett.

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-026/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre gjer vedtak om å gå vidare med etablering av kommunehus i Hardbakke senter.

Solund kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å signere leigeavtale med Solund Næringsbygg AS i samsvar med dei føresetnadane som ligg til grunn i denne saka.

Kostnader i saka vert innarbeida i økonomiplan og budsjett.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

K.sak. 019/24: Samlokalisering av kommunehus og næringsbygg:
https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a__de8c__4fed__8410__71ae71ffb04f-2022002131!BqIhWX/d-e8f93b5a__de8c__4fed__8410__71ae71ffb04f-2022009152!I8brXM

K.sak 049/25: Vidare arbeid med nytt kommunehus:
https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a__de8c__4fed__8410__71ae71ffb04f-2022003697!ScqkWp/d-e8f93b5a__de8c__4fed__8410__71ae71ffb04f-2022015121!yknhLg

Kommunelova: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) - Kapittel 14. Økonomiforvaltning - Lovdata

Husleigelova: Lov om husleieavtaler (husleieloven) - Lovdata

Kva saka gjeld:

I saka vert det lagt fram ein modell gjennomføring av etablering av kommunehus ved Solund Næringsbygg.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

18. april 2024 gjorde kommunestyret vedtak om å få utarbeida ein mogelegheitsstudie for samlokalisering av dagens kommunehus og Hardbakke senter. Det vart lyst ut anbod av moglegheitstudien september/oktober 2024, og det vart jobba med skisser i løpet av vinteren 2024/2025. I k.sak 049/25 den 2. oktober 2025 vart saka om "*Vidare arbeid med nytt kommunehus*" handsama. Denne politiske saka er ei oppfølging av vedtaket i k.sak 049/25. I k.sak 049/25, vart det gjort vedtak om å utarbeide kravspesifikasjon og hente inn prisar for gjennomføring av entreprisar, sjå på alternative finansieringsmodellar i samarbeid med styret i Solund Næringsbygg, og legge fram pris, gjennomføringsmodell og alternativ for finansiering for kommuestyret.

Status Solund kommunehus

Eksisterande kommunehus er bygd i 1938. Huset er i 4 etasjar, der 1. etasje er i mur og dei øvrige 3 etasjane i trekonstruksjon. Det har vore gjort ein del oppgraderingar av bygget gjennom åra, mellom anna skifte av tak og alle vindauge er bytta. Det er montert ventilasjonsanlegg i 1. og 2. etasje. I tillegg er det gjort mindre oppussing og malararbeid over tid.

Bygget framstår som ein lite attraktiv arbeidsplass, då bygget er i dag nedslite og har eit stort behov for reparasjon og oppgradering. Det manglar ventilasjonsanlegg i 3. og 4. etasje, og det er nødvendig å repararere eller ombygging av ventilasjonsanlegg i 1. etasje. Golv i 3. etasje har store setningsskader og det er skeive golv i alle etasjar. Toalett i 3. etasje treng full renovering. Etter avviksmelding om sterk lukt i kontor i 3. etasje vil folkehelseavdelinga gjere luftmålingar i desse romma no i mai og juni. Naudsynt ombygging og oppgradering med krav til universell utforming vil utløyse byggekrav iht. TEK 17.

Det er sett av 2,4 MNOK til oppgradering. Desse arbeida er sett på vent i påvente av politisk avgjerd av mogelegheitsstudien. Dei midlane som er sett av er berre til eit første trinn av oppgradering. Vidare detaljutgreiing og kostnadsberekning må gjerast. Men basert på erfaringstal frå liknande reparasjons- og oppgraderingsarbeider vil dette fort kunne beløpe seg til rundt 10-12 millionar kroner og kan også bli vesentleg meir.

Det er vanskeleg å kostnadsestimere nøyaktig kva det vil koste i reparasjon og oppgradering for å nytte bygget som kommunehus i framtida. Eit slikt estimat vil først kunne gjerast etter ei tilstandsanalyse, og kva som vert vurdert som naudsynt.

Status Hardbakke senter

Hardbakke Senter har vore i drift i over 33 år, og gjennomgått ei rekke tilpassingar og ombyggingar. Dette har lagt til rette for endra bruk og å kunne nytte heile arealet. Potensialet for ytterlegare utnytting er avgrensa, utan ei større, heilskapleg ombygging. Det fordi tilpassingane gjennom åra gjer at utnyttingsgraden på store delar av bygget er dårleg. Ein har derfor i dag eit stort etterslep på både utvendig og innvendig vedlikehald. Den største enkeltinvesteringa vil vere å fornye eit utslite og defekt ventilasjonssystem. Her snakkar ein om eit investeringsbehov på 5-6 millionar kroner. Røyropplegg for vatn er også anbefalt å skifte ut. I tillegg er det behovet for innvendig ombygging og oppgradering for å auke utnyttingsgraden.

Eigedomsselskapet Solund Næringsbygg AS har gjennom åra gjennomført ei rekke mindre oppgraderingar og vedlikehald på bygget, og i tillegg teke ei stor investering ved å fornye taket. Det har pressa likviditeten i selskapet og det finst ikkje handlingsrom i selskapet sin økonomi til å ta nye store investeringar. Ei tilførsle av kapital i løpet av kort tid vere naudsynt. Det vil sjølvsagt vere det beste for selskapet om ein samstundes kan auke inntekts-grunnlaget gjennom ei utviding av det kommersielle arealet og ei betra utnytting og funksjonalitet av det eksisterande. Ved å kunne ta inn nye leigetakarar vil ein kunne oppnå synergiar med fordeling av felleskostnader som reinhald, fasilitetar for besøkande og rutinemessig vedlikehald.

Kostnadane for desse oppgraderingane er kostnadsrekna til rundt 10 millionar kroner.

Verdivurdering av eksisterande kommunehus, bankbygget og tilhøyrande tomt.

Administrasjonen ser på denne tomta som ei av dei beste plasseringane i indre hamn. Ei verdivurdering vil nok i stor grad avhenge av bruks- og kjøparinteresser. Adminstrasjonen meiner likevel at tomta og bygningane har ein vesentleg verdi i eit framtidig attraktivt hamnesentrum. Og at verdien av eigedommen vil auke vesentleg viss stoppet til ekspressbåten vert flytta til indre hamn.

Administrasjonen har lagt vekt på å svare ut kommunestyret sitt vedtak frå 2. oktober 2025 og har derfor ikkje teke med ei verdivurdering av dei 2 bygga og tomta. Kommunestyret må sjølv avgjere om dei vel å ta denne verdien med i vurderinga av nytt kommunehus.

Framdrift i saka sidan sist

Administrasjonen har lyst ut anbod og henta inn prisar i ein anbodskonkurranse. Det kom inn fem tilbod som Solund kommune har vurdert i samsvar regelverk og vanleg praksis i Solund kommune.

Styret i Solund Næringsbygg har vore tett på i utgreiinga av denne løysingsa, for å sikre at funksjonaliteten for dagens leigetakarar blir ivareteken. Senteret har hatt ein vellukka sambruk mellom kontor, tenesteyting og handel, og dette må ein klare å ta med seg inn i ei eventuell ombygging.

Administrasjonen har lagt til grunn at tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen, best kvalitet og miljø. Ut frå det opprinelege tilbodsgrunnlaget har administrasjonen valt å gjere nokre endringar. Det er planlagt å byggje ein 2. etasje over tilbygget, over torgarealet og inn på taket ved Gjenbruket. Dette gjer at møterom framfor Gjenbruket går ut og dette store møterommet blir plassert i 2. etasje over nybygget, med

utsikt mot vest. Resten av arealet i 2. etasje vil nyttast til ventilasjonsrom. Fordelen med det er at alt areal i 1. etasje vil kunne nyttast som næringsareal, og ikkje til tekniske rom.

Etter desse justeringane er Byggmester Stølsvik sin anbod det lågaste på kr. 23 921 729. Av dette beløpet vil vi trekke frå kr. 1 556 056 som gjeld innreiing i Solund kommune sine eigne lokale. Dette beløpet må finansierast direkte av Solund kommune. Det gjer ein kontraktssum på kr. 22 365 673. Tilbodet til Byggmester Stølsvik AS er gyldig til 15. august 2026. Ein må vente vesentleg prisauke grunna auka varekostnad, samt endringar i byggebransjen om ein ikkje aksepterer tilbodet innan fristen og det vert vedtatt ny utlysing.

Finansiering og eigarskap

Det er i utgangspunktet to partar som kan tenkast å finansiere rehabiliteringa av bygningsmassen i Hardbakke Senter, Solund kommune eller Solund Næringsbygg AS. Ingen av partane har oppsparte midlar, så uavhengig av kven som står for gjennomføringa vil prosjektet bli finansiert med låneopptak. For Solund kommune sin del er det i kroner og ører langt på veg det same om kostnaden kjem som renter og avdrag, eller som leigeutgifter. Dei ulike alternativa kan få mindre utslag på til dømes berekninga av minsteavdrag etter kommunelova men den typen omsyn har ikkje vore avgjerande i kommunedirektøren sin vurdering.

Solund kommune har allereie ein høg lånegrad og gjeldande økonomiplan tek sikte på å redusere lånegraden gjennom mellom anna bruk av fondsmidlar til investering og ekstraordinær nedbetaling av lån. Kommunedirektøren foreslår å skru ned ambisjonsnivået for fleire av tiltaka som retter seg mot lånegraden i framlegget til revidert budsjett, men eit ytterlegare låneopptak på kr. 22 365 673 vil auke lånegraden til Solund kommune gjennom økonomiplanperioden.

Skal Solund Næringsbygg AS ta lånet vil det truleg forutsette ein langsiktig leigeavtale med Solund kommune. Utan ein langsiktig og trygg leigetakar vil bankane enten ikkje gje lån, eller gje lån på dårlegare vilkår enn med ein langsiktig og trygg leigetakar som kommunen.

Kommunelova § 14-19 opnar for at kommunen på enkelte vilkår også kan stille garanti for andre sine lån. Kommunedirektøren har ikkje utgreidd om desse vilkåra er oppfylt. Viss Solund kommune stiller garanti for lånet til Solund Næringsbygg AS vil det i praksis medføre same risiko ved eventuelt misleghald som viss Solund kommune tok lånet sjølve. Når lånegraden til Solund kommune gjer at det ikkje er tilrådeleg, bør ein også unngå slike omvegar og skjulte låneopptak. Leigekostnadane og finanskostnadane vil nok være på det jamne all den tid leigeinntektene frå Solund kommune skal gå til å finansiere finanskostnadane på låneopptaket til Solund Næringsbygg AS. Men tek Solund kommune lånet sjølve, eller stiller garanti for lånet til Solund Næringsbygg AS, mister ein sikkerheitsventilen som i dag ligg i at ein kan slå Solund Næringsbygg AS konkurs viss økonomien i selskapet ikkje går rundt over tid.

Eit eventuelt leigeforhold mellom Solund kommune og Solund Næringsbygg AS vil være regulert av husleigelova, men i § 1-2, 2. ledd opnar husleigelova for at mange av paragrafane i husleigelova kan fråvikast når det er snakk om å leige anna enn bustad. Deriblant heile kapittel 3 som regulerer leiga. Det er difor ingenting i vegen for at Solund kommune og Solund Næringsbygg AS avtaler ein husleige som regulerast etter dei faktisk finanskostnadane Solund Næringsbygg AS har på lånet. Gjer ein det risikerer ikkje Solund kommune å betale inn for mykje i rentekostnader, som eventuelt må delast med andre eigarar. Og det vert med det også mindre presserande å gjere noko med eigarstrukturen.

Solund kommune eig i dag 59,33 % av aksjane i Solund Næringsbygg AS. Nest største eigar i er Laila Lien Einen med 12,5 % av aksjane, så kjem VY Buss AS med 8 % av aksjane, Sparebank 1 Sogn og Fjordane med 6 % av aksjane, Øyvind Kråkås med 5 % av aksjane og 6 ulike aksjonærar med til saman 9,167 % av aksjane. Aksjane var i si tid skrive ut pålydande 1.000,- per aksje, men selskapet sin økonomi tilseier at den reelle verdien i dag er vesentleg lågare. Solund kommune gjekk i 2023 inn med 500.000,- i eit ansvarleg lån til Solund Næringsbygg AS, og det er desse midlane som held selskapet flytande per i dag. Med drift

som i dag vil selskapet truleg være tom for betalingsmidlar ein gong i 2027, og det er før kostnadane på lånet frå Solund kommune har begynt å forfalle.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer tilbodet frå valt tilbydar som gunstig. Det er mellom anna vurdert ut frå ein marknadssituasjon der mange entreprenørar slit med å fylle ordreboka si. Valt tilbydar har levert eit godt grunngjeve tilbod med bruk av løysingar og produkt av høg kvalitet. Ein må vidare forvente at eit tilsvarande tilbod f. eks. i 2027 vil ligge i området 25-30 MNOK. Det er vurdert ut frå prisnivået i dei andre innkomne tilboda.

Eigarskap og finansiering

Solund kommune kjøpte tidlegare i vår 10 aksjar for pålydande verdi på 10.000,-, men aksjane har som sagt truleg ingen verdi og viss ein strukturerer leigeavtalen riktig har ikkje Solund kommune behov for å gjere endringar i eigarstrukturen. Kommunedirektøren synast i utgangspunktet den originale tanken om at Solund Næringsbygg AS skulle eigast og driftast i eit samarbeid mellom ulike offentlege og private aktørar er god, men meiner Solund kommune, viss ein vel å flytte kommunehuset, bør vurdere å auke eigarandelen betydeleg eller overta alle aksjane i selskapet.

På leigetakarsida er den store endringa av ein eventuell rehabiliteringa av næringsbygget at Solund kommune leiger lokale til kommunehus. Eksisterande leigetakarar beheld omtrent same areal som i dag, men av høgare kvalitet. Eksisterande leigetakarar har også laupande leigeavtalar, enkelte med opsjonar, som gjer at husleiga ikkje kan justerast i særleg grad. Og det ein får henta inn treng Solund Næringsbygg AS for å sikre dei eksisterande forpliktingane deira. Dei auka finanskostnadane vil difor måtte dekkast av leiga Solund kommune betalar for kommunehusdelen.

Legg ein til grunn ein kontraktssum på kr. 22 365 673. med 30 års nedbetalingstid og ein anslagsvis rente på 5,5 % medfører det ein årleg kostnad for Solund kommune på 1.855.000,- i husleige for i underkant av 500 kvadratmeter. Då er det lagt til grunn at Solund kommune sjølv betaler for innredning i eigne lokaler, som er kostnadsrekna til ca.1,55 millioner kroner. Det gjev ein kvadratmeterpris på tett oppunder 4.000,- i året. Marknadsleiga for tilsvarande areal på Hardbakke ville truleg vore om lag 1.700,- per kvadratmeter i året, altså 790.500,- totalt. Solund kommune må difor subsidiere Solund Næringsbygg AS med i overkant av 1.000.000,- årleg for at rehabiliteringa skal gå rundt. På den andre sida er det ikkje ledige næringslokale i Hardbakke, og nytt bygg eller ombygging vil heller ikkje ha marknadsmessig kvadratmeterpris.

Kapitalkostnader i byggeperioden er ikkje rekna inn. Det må avklarast med banken når betalingsplan med entreprenør er klar.

Solund Næringsbygg

Solund næringsbygg vil om kort tid ha behov for tilført kapital for å unngå konkurs. Alternativet kan være ei løysing som gir meir langsiktige kontraktar og forbetra økonomisk situasjon. Kommunestyret med Solund kommune som største eigar i Solund næringsbygg vil måtte vurdere næringsbyggets framtid og kommunens rolle. Avhengig av kommunens eigarrolle i næringsbygget framover, vil det kunne påføre kommunen kostnader eller investeringar i storleik rundt 10 millionar kroner.

Vel Solund kommune å nytte seg av det lågaste innkomne tilbodet vil Hardbakke senter verte oppgradert og vil kunne stå fram som eit moderne og driftssikkert bygg i 20-30 år framover. I tillegg til at det kan trekke til seg nye leigeinteressentar.

Eksisterande kommunehus

I budsjettet er det foreløpig avsett 2,4 MNOK til oppgradering. Slik status på eksisterande kommunehus er beskrive i denne saka vil det være eit betydeleg behov for oppgradering. Avhengig av tilstandsanalysen vil kostnader til naudsynt oppgradering kunne beløpe seg til opp mot 10-15 MNOK.

Vel Solund kommune å nytte seg av det lågaste innkomne tilbodet vil kommunehuset, bankbygget og tomta ha ein betydeleg verdi for næring, overnatting eller bustader. Enda større verdi viss ekspressbåten får stopp i indre hamn.

Konsekvensar med å avslå innkomne tilbod

Solund kommune kan ikkje rekne at tilbydar vil vedstå seg tilbodet ut over 15. august 2026. Ein må då pårekna auke anbodskostnader på fleire millionar kroner. Ynskjer ein, på eit seinare tidspunkt, å vurdere leige eller bygge i hamna må vi pårekna kostnader rundt 33 MNOK. Det er rekna ut frå ein kvadratmeterpris på 55 000,- og eit arealbehov på 600kvm.

Anna risiko

Vel kommunestyret å flytte kommunehuset opp i Solund næringsbygg og overta 100% eigarskap i selskapet, vil det fortsatt være ein økonomisk risiko ut over det som tidlegare er beskrive i saka. Fråflytting eller nedlegging av ein eller fleire av leigetakarane vil påføre næringsbygget meirkostnader. Det vurderer vi til å være ein ikkje ubetydeleg risiko, ein risiko som kanskje er større utan oppgradering av Solund næringsbygg.

Positive synergiar

Som nemnt andre plassar i saka vil ei flytting av kommunehuset opp i næringsbygget gje heile senteret eit lyft og auke sjansane for å sikre stabil og god drift framover.

Vi kan ta ut synergiar på reinhald, forsikring, kanskje på lånerenter og nokre andre områder viss kommunehuset flyttast opp på næringsbygget.

Solund kommune vil kunne få lågere driftskostnader på eksisterande kommunehus.

Oppsummering

Med Solund kommune som største eigar i selskapet, og samstundes den største brukaren av kontorareal i Solund, har ei samlokalisering vakse fram som den mest nærliggande løysinga på dei utfordringane som eigedomsselskapet står i. Kommunedirektøren vurderer det slik at ei lokalisering av kommunehuset i Hardbakke senter vil vere gunstig fordi det samlar fleire sentral funksjonar på ein stad: mellom anna kommunehus, butikkar, Gjenbrukt, NAV og BUA. Samtidig vil denne løysinga bøte på det prekære behovet Solund Næringsbygg AS har for oppgradering av næringsbygget og den økonomiske situasjonen i selskapet. På same tid vil løysinga svare ut Solund kommune sitt store behov for oppgradering av kommunehuset, mest truleg til den billegast mogelege løysinga om ein samanliknar med eit nybygg. Ei flytting av kommunehus vil kunne frigje eit attraktivt område til andre formål i hamneområdet, som til dømes bustader, passande næringsaktivitet, eller anna. Prosessar kring hamneområdet vil ein måtte komme tilbake til i arbeidet med delmål 1 i Bygdevekst - hamneområde.

Vidare prosess

Med bakgrunn i tilrådinga frå kommunedirektøren så vert det lagt opp til følgjande framdriftsplan:

- Aksept av tilbod frå tilbydar Næringsbygget

- Inngå langvarig leigeavtale på næringsbygget

Næringsbygget har ansvar for det vidare arbeidet

- Flytting av leigetakarar august-september 2026
- Byggestart august-september 2026
- Innflytting mai-juli 2027

Prosjektleiinga for utbygginga skje i eit samarbeid mellom Solund kommune og Solund Næringsbygg AS.

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-153

ArkivsakID: 26/311
JournalpostID: 26/1462
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 28.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
028/26	Formannskap	04.06.2026
025/26	Kommunestyre	11.06.2026

Budsjettendringar 1. tertial 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Inntekter:

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning	1.006.000,-
Totalt	**1.006.000,-**

Finansinntekter- og utgifter:

Justert utbytte Eviny	24.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	5.000.000,-
Auka renteutgifter	-489.000,-
Justerte avdrag	200.000,-
Totalt	**4.735.0000,-**

Bruk av fond:

Auka fondsbruk i drift	5.424.000,-
Bruk av flyktningfond	485.000,-

Reduksjon av ekstraordinære avdrag	-5.000.000,-
Reduksjon bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering	-1.937.000,-
Bruk til medfinansiering Gyltesvingen	530.000,-
Bruk til tilskot til landbruksveg	294.000,-
Bruk til dekking breibandsutbygging	895.000,-
Totalt	**706.000,-**

Endringar drift:

Overført til investering	-1.937.000,-
Ansvar 210 - Solund skule	1.135.000,-
Ansvar 310 - Helsetenester m.m	1.000.000,-
Ansvar 370 - Pleie- og omsorg	3.900.000,-
Ansvar 430 - Gjenbruket	300.000,-
Ansvar 800 - Tilleggsløyvingar Kommunestyret	2.049.000,-
Totalt	**6.447.000,-**

Utgifter investering

Auka kostnader alle prosjekt	957.000,-
Moms	2.906.000,-
Totalt	**3.863.000,-**

Finansiering investering

Bruk av lån	1.078.000,-
Momskompensasjon	2.906.000,-
Auka bruk av tilskot	1.922.000,-
Redusert bruk av investeringsfond	-106.000,-
Redusert overføring frå drift	-1.937.000,-
Totalt	**3.863.000,-**

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-028/26 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek fylgjande budsjettendringar:

Inntekter:

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning	1.006.000,-
Totalt	**1.006.000,-**

Finansinntekter- og utgifter:

Justert utbytte Eviny	24.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	5.000.000,-
Auka renteutgifter	-489.000,-
Justerte avdrag	200.000,-
Totalt	**4.735.0000,-**

Bruk av fond:

Auka fondsbruk i drift	5.424.000,-
Bruk av flyktningfond	485.000,-
Reduksjon av ekstraordinære avdrag	-5.000.000,-
Reduksjon bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering	-1.937.000,-
Bruk til medfinansiering Gyltesvingen	530.000,-
Bruk til tilskot til landbruksveg	294.000,-
Bruk til dekking breibandsutbygging	895.000,-
Totalt	**706.000,-**

Endringar drift:

Overført til investering	-1.937.000,-
Ansvar 210 - Solund skule	1.135.000,-
Ansvar 310 - Helsetenester m.m	1.000.000,-
Ansvar 370 - Pleie- og omsorg	3.900.000,-
Ansvar 430 - Gjenbruket	300.000,-
Ansvar 800 - Tilleggsløyvingar Kommunestyret	2.049.000,-
Totalt	**6.447.000,-**

Utgifter investering

Auka kostnader alle prosjekt	957.000,-

Moms	2.906.000,-
Totalt	**3.863.000,-**

Finansiering investering

Bruk av lån	1.078.000,-
Momskompensasjon	2.906.000,-
Auka bruk av tilskot	1.922.000,-
Redusert bruk av investeringsfond	-106.000,-
Redusert overføring frå drift	-1.937.000,-
Totalt	**3.863.000,-**

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Budsjettendringar 1. tertial 2026

Saksutgreiing:

I junimøte handsamer kommunestyre ein rekke ulike økonomisaker som alle heng saman og påverker kvarandre. Det er årsrekneskapen og årsmelding for føregåande år, tertairapport nr. 1, budsjettendringar i inneværande år og oppstart økonomiplan for dei neste 4 åra. Denne saka er budsjettendringar i inneværande år og kommunestyret skal her vedta ulike endringar som gjeld 2026.

Kva endringar som er naudsynt veit ein på bakgrunn av årsrekneskapen, årsmeldinga og tertialrapport nr. 1 og revidert nasjonalbudsjett. Det kjem ein ny runde med budsjettjustering til hausten. Grunn manglande kapasitet har ein i tertialrapport nr. 1 berre fokusert på dei større økonomiske avvika og det vil truleg bli behov for fleire justeringar til hausten. Det er framleis også ein del usikkerheit knytt til RNB då Regjeringa sitt framlegg skal gjennom forhandlinga på Stortinget før det vert vedteke.

Under kjem ein summersik oversikt overbudjettjusteringar. For nærare detaljar om dei ulike endringane sjå årsmeldinga og tertialrapport nr. 1. Ein komplett oversikt over endringar i budsjett- og økonomiplanen, inkludert budsjettjusteringane, ligg ved økonomiplansaka.

Vurdering:

Når det gjeld inntektssida og justeringane i drifta fremgår nærare forklaring i tertialrapport nr. 1.

På investeringssida er unytta investeringsløyvingar frå i fjor overført. Det gjeld:

Idrett- og friluftsplan	600.000,-
Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	200.000,-
Utvikling Ekspressbåtstopp Hardbakke	200.000,-
Områdeplan/Reguleringsplan Hardbakke	200.000,-
Utbetringar barnehagen (overforbruk frå i fjor)	-120.000,-
Utbetringar kommunale bustader	130.000,-
Oppgradering kommunale vegar (overforbruk frå i fjor)	-200.000,-
Utbetringar Ytre Solund Fleirbrukshus	150.000,-
Utbetringar Klubben bustadfelt (overforbruk frå i fjor)	-320.000,-
Trafikktryggleikstiltak	600.000,-
Frontmontert kost traktor	100.000,-
Sjølvkost vatn	650.000,-
Sjølvkost avlaup	250.000,-
Framført meirforbruk	673.000,-

I tillegg foreslår kommunedirektøren å flytte på hele eller deler av enkelte løyvingar. Desse vil ein finne att i drifta, seinare i økonomiplanperioden, eller på ein eige liste med investeringsinnspel som ein ikkje har funnet rom for å finansiere. Det gjeld:

Utvikling ekspressbåtstopp Hardbakke	1.000.000,-	Deler av løyvinga til 2028
Draumeplassen del 2	486.000,-	Til ikkje finansierte innspel
Bru Ytre Steinsund (fond)	15.000,-	Til drift
Inventar og utstyr kommunehuset	100.000,-	Til drift
Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena	1.005.000,-	Til 2027 i påvente av forprosjektet
Reguleringsplan Søre Mortevika	250.000,-	Til 2027

Som nemnt i tertialrapporten vil budsjettet til prosjekt 2004 - Utbetringar barneskulen måtte styrkast med 500.000,- der 300.000,- av dei skuldasat bortfall av tilskot frå Evinova.

I tillegg har Solund kommune ein del prosjekt som av ulike grunnar ikkje kan førast i investeringsrekneskapen, mesteparten fordi det er tilskot til andre sin investeringar. Der har ein tidlegare år løyvd pengar til medfinansiering av Gyltesvingen, tilskot til landbruksveg på Elvaneset og breibandsutbygging. Desse løyvingane vert vidareført i 2026 då dei ikkje var realisert tidlegare.

Når det gjeld tilskot til breibandsutbygging må ein auke løyvinga med 395.000,-. I hovudsak skuldast det at ein forskutterer innbyggjartilskot på breibandsprosjekta. Denne måten å finansiere prosjekt på har ein svakheit som vart tydeleg i 2025 når driftsrekneskapen gjekk over budsjett. Dei unytta løyvingane må då gå til å dekke meirforbruket i drifta.

Kommunedirektøren vil fram mot budsjett 2027 undersøke om det er andre måter å budsjettere så ein unngår slik “skjult” fondsbruk i drifta.

Prosjektet med rehabilitering av Hardbakke senter og flytting av kommunehuset vil også medføre ein byggelånskostnad på ansvar 800 på 250.000,- som er tilrådd innarbeida.

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-145

ArkivsakID: 26/313
JournalpostID: 26/1465
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk Aglen
Dato: 28.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
004/26	Administrasjonsutval	04.06.2026
029/26	Formannskap	04.06.2026
026/26	Kommunestyre	11.06.2026

Økonomiplan 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek Økonomiplan for Solund kommune år 2026 - 2029 slik den ligg føre i vedlagte dokument.

Rammene i planperioden vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplanen i desember.

04.06.2026 Administrasjonsutval

Handsaming:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek rammene for økonomiplan for Solund kommune for år 2027 - 2029 slik dei ligg føre i vedlagt dokument. Desse vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplan 2027 - 2030 i desember.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A-004/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre vedtek rammene for økonomiplan for Solund kommune for år 2027 - 2029 slik dei ligg føre i vedlagt dokument. Desse vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplan 2027 - 2030 i desember.

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-029/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre vedtek rammene for økonomiplan for Solund kommune for år 2027 - 2029 slik dei ligg føre i vedlagt dokument. Desse vert retningsgjevande for det vidare arbeidet med budsjett 2027 og rulleringa av økonomiplan 2027 - 2030 i desember.

Vedlegg i saka:

28.05.2026	Inntekter
28.05.2026	Drift
28.05.2026	Investering
28.05.2026	Ikkje finansierte investeringsinnspel

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Økonomiplan 2026 - 2029 og oppstart budsjettprosess 2027

Saksutgreiing:

I junimøte handsamar kommunestyre ein rekke ulike økonomisaker som alle heng saman å påverkar kvarandre. Det er årsrekneskapen og årsmelding for føregåande år, tertialrapport nr. 1, budsjettendringar i inneværande år og økonomiplan for dei neste 4 åra. Denne saka er økonomiplan for dei neste 4 åra og kommunestyret skal her vedta ulike endringar som gjeld fram mot 2029.

Vedlagt finn ein økonomiplanen i sin heilheit, inkludert budsjettendringane for 2026 som kommunedirektøren har fremja i eige sak.

Trass gode inntekter frå Havbruksfondet har Solund kommune ein utfordrande økonomisk situasjon. Dei siste åra har ein rekke store inntekter falt bort. Her kan nemnast distriktstilskot Sør-Noreg (7.032.000,-), ordinære skjønnsmidlar (1.300.000,-), refusjon for vedlikehald av fylkesveg i Ytre Sula (1.000.000,-) og tilskot til ressurskrevjande brukarar (3.200.000,-) Til saman utgjer det årlege inntekter på over 12.500.000,- som Solund kommune berre for få år sidan kunne rekne med. Overgangsordninga INGAR kompenserer i 2026 3.264.000,- av desse millionane, men skal fasast ut dei komande åra.

Samstundes får Solund kommune som sagt store Havbruksinntekter, og det er budsjettert med 47.000.000,- i 2026 åleine. Samla sett utgjer havbruksinntektene 23 % av Solund kommune sine samla inntekter i økonomiplanperioden. Regjeringa presenterte i fjor ein Stortingsmelding om Havbruksnæringa i framtida og eit breitt fleirtal på Stortinget seg til meldinga etter ein forliksavtale der ein mellom anna vart samde om at «Havbruksfondet skal

videreføres og videreutvikles for å sikre og opprettholde forutsigbare og stabile inntekter til vertskommuner og lokalsamfunn.» og at «Ny regulering skal tre i kraft i løpet av 2-4 år». Det er sagt lite om kva som skal skje i perioden fram til nytt system er på plass. 2026 skal i utgangspunktet være eit auksjonsår for Havbruksfondet, og Solund kommune har budsjettert med 36.600.000,- i inntekter frå desse auksjonane både i 2026 og 2028. Kommunedirektøren tilrår ikkje å gjere endringar i budsjetterte auksjonsinntekter per i dag, men ein eventuell svikt i inntekter frå Havbruksfondet vil være svært utfordrande å handtere i gjeldande økonomiplan.

Solund kommune har også mykje gjeld, og økonomiplanen som vart vedteke i desember hadde ein profil som i stor grad syta for å nedbetale lån. Overforbruket i 2025, og særleg dei delane som vert varige, gjer det vanskeleg å oppretthalde denne profilen. Der økonomiplanen som vart vedteke i desember reduserte lånegraden i perioden 2026 - 2029 med 26.700.000,- reduserer dette framlegget lånegraden med 13.161.000,-. Den høge gjelda gjer Solund kommune også utsett for stigande renter, og konsekvensen av nye rentebaner og mindre nedbetaling av lån utgjer til saman 6.295.000,- i renteutgifter for økonomiplanperioden.

Store deler av overforbruket både i 2025 og så langt i 2026 er knytta til drifta, og særleg dei største einingane. I tillegg kjem leigekostnadane til nytt kommunehus på toppen av den eksisterande drifta. Kommunedirektøren ligg difor opp til ein prosess med ein grundig gjennomgang av moglegheiter for innsparingar i drifta med mål om spare 1.000.000,- i 2027, 2.000.000,- i 2028 og 3.000.000,- i 2029. Kutta er førebels lagt på ansvar 800 men vil fordelast på sektorane etter kvart som moglegheiter for innsparing vert avdekka. Innsparingar av denne størrelsen kan truleg ikkje gjerast utan å redusere lønskostnadar. Også andre inntektsmoglegheiter som auka eigedomsskatt bør diskuterast fram mot budsjettsaka i desember.

Vurdering:

Trass store inntekter frå Havbruksfondet har Solund kommune ein utfordrande økonomi, og kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan toler ikkje ein stor svikt i inntektene frå Havbruksfondet. I alle fall ikkje om ein samstundes skal få ned gjeldsgraden til Solund kommune. Fram mot budsjettvedtaket i desember ynskjer kommunedirektøren difor ein grundig gjennomgang for å finne varige innsparingar i drifta.

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
18000	Innbyggjartilskot	-25 492		-26 182	-26 183	-26 182
	Utgiftsutjamning	-29 529	51	-29 478	-29 479	-29 478
	Overgangsordningar (INGAR)	-3 264		-3 160	-2 832	-2 505
	Særskilte fordelingar	-111		-116	-116	-116
	Effekt av saldert statsbudsjett 2026		-698			
	Sum rammetilskot	-58 396	-647	-58 936	-58 610	-58 281
18000	Inntektsutjamning	3 963	-29	3 917	3 917	3 917
18700	Skatt på inntekt og formue	-38 618	-330	-38 948	-38 948	-38 948
	Sum skatt og inntektsutjamning	-34 655	-359	-35 031	-35 031	-35 031
	Sum rammetilskot, skatt, inntektsutjamning	-93 051	-1 006	-93 967	-93 641	-93 312
18101	Rentekompensasjon Sokneråd	-20		-20	-20	-20
	Rentekompensasjon skulebygg	-30		-30	-30	-30
	Rentekompensasjon praktisk og variert opplæring	-90		-90	-90	-90
	Rente- og avdragskomp. Solundheimen	-500		-500	-500	-500
	Sum andre generelle statstilskot	-640	0	-640	-640	-640
18750	Eigedomsskatt	-1 800		-1 800	-1 800	-1 800
18600	Integreringstilskot busette flyktningar	-1 776		-665	-299	0
18400	Inntekter statleg Havbruksfond - produksjonsavgift	-10 400		-10 400	-10 400	-10 400
	Inntekter statleg Havbruksfond - auksjonar	-36 600			-36 600	
	Sum frie disponible inntekter	-144 267	-1 006	-107 472	-143 380	-106 152
	Herav inntekter frå statleg havbruksfond	47 000	0	10 400	47 000	10 400
	Sum frie disponible inntekter ekskl. inntekter frå havbruksfond	-97 267	-1 006	-97 072	-96 380	-95 752
	Frie disponible inntekter justert for akusjonsinntekter og INGAR	-104 403	-1 006	-104 312	-103 948	-103 647
19000	Renteinntekter	-1 100		-2 100	-1 100	-2 200
19005	Utbyte Eviny (0,24% eigarskap)	-2 650	-24	-2 674	-2 674	-2 674
	Utbyte SF Holding (1,5% eigarskap)	-1 110		-1 202	-1 800	-1 800
15100	Avdrag på eksisterande lån	6 246	-668	6 628	6 761	6 930
	Avdrag på lån til vidareutlån		468	472	476	480
	Ekstraordinære avdrag	5 000	-5 000	0	5 000	1 000
15000	Renteutgifter	9 008	489	10 415	9 735	8 991
	Netto finansutgifter/inntekter	15 394	-4 735	11 539	16 398	10 727
	Til fordeling drift - før avsetnader	-128 873	-5 741	-95 933	-126 982	-95 425
	DISPOSISJONSFOND:					
	Avsetnad auksjonsinntekter frå statleg Havbruksfond	36 600			36 600	
	Kompensasjon for inntekter som fell bort grunna Havbruksinntekter	-5 068		-5 172	-5 500	-5 827
	Leige av nytt kommunehus			-988	-1 976	-1 976
	Justering mot fond	-6 264	-5 424	-6 369	-5 126	-2 057
	Bruk av flyktningfond (grunnleggande norskopplæring i skulen)		-485			
	Ekstraordinære avdrag	-5 000	5 000	0	-5 000	-1 000
	Bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering	-10 644	1 937	0	-679	0
	Vaske/male Hardbakke kyrkje - ansvar 800	-1 150				
	Medfinansiering FV 606 Gyltesvingen (overført frå 2025 + 15')		-545			
	Tilskot til landbruksveg Elvaneset (overført frå 2025)		-294			
	Breibandsutbygging		-895			

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Netto avsetnader	**8 474**	**-706**	**-12 529**	**18 319**	**-10 860**
	Overføring til Eigenkapitalinnskot KLP (inv)	**330**		**330**	**330**	**330**
	Overføring til Netto avdrag på utlån (inv)	**120**		**120**	**120**	**120**
	Overføring av midlar frå disposisjonfond til investering	**10 644**	**-1 937**		**679**	**0**
	Sum overført til investering	**11 094**	**-1 937**	**450**	**1 129**	**450**

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor Stab - 100 serien	**16 379**	**0**	**16 717**	**17 455**	**17 555**
100	**Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.**	**14 170**	**0**	**14 508**	**15 246**	**15 346**
	Tilbakeføring ressursinnsats mot Bygdevekst	**100**				
	Justering utgiftsnivå valår	**-100**		**100**	**-100**	**100**
	Overlapp av stillingar i samband med genrasjonsskifte			**-300**		
	Ny kostnadsnøkkel SySIKT	**-300**				
	Frikjøp HTV til ansvar 620	**-125**				
	Frå ansvar 180	**174**				
	Opphør retrettstilling			**-450**	**-150**	
	Leige nytt kommunehus			**988**	**988**	
	Løns- og prisvekst	**478**				
130	**Bustadforvaltning**	**-783**	**0**	**-783**	**-783**	**-783**
	Permanent auka ramme	**200**				
	Løns- og prisvekst	**-33**				
190	**Solund Sokneråd**	**2 992**	**0**	**2 992**	**2 992**	**2 992**
	Løns- og prisvekst	**101**				
	Sektor Oppvekst og Kultur - 200 serien	**31 350**	**1 135**	**31 100**	**31 600**	**31 100**
200	**Solund barnehage**	**8 019**	**0**	**7 769**	**7 769**	**7 769**
	Demografitilpassing (med verknad frå barnehageåret 25/26)	**-500**		**-250**		
	Kompensasjon redusert foreldrebetaling	**287**				
	Løns- og prisvekst	**278**				
210	**Solund skule**	**15 345**	**1 135**	**16 345**	**15 845**	**15 345**
	Heilårseffekt personalendringar 25/26	**-300**				
	Løn særskild norskopplæring m.m.	**-425**				
	Redusert drift ved ny / rehabiitert skule	**-150**				
	Ytterlege utgifter flyktningprogram	**-400**				
	Overforbuk mot budsjett		**650**	**-650**		
	Midlar til grunnleggande norskopplæring frå flyktningfond		**485**	**-485**		
	Overlapp rektor			**1 000**	**-500**	**-500**
	Løns- og prisvekst	**519**				
220	**Fellesadm.- og utgifter Oppvekst og kultur**	**4 336**	**0**	**3 336**	**4 336**	**4 336**
	Ungdomskoordinator 40 % (tidlegare prosjektfinansiert)	**300**				
	Ytterlege utgifter flyktningprogram	**-300**				
	Vakanse leiar Oppvekst- og kultur			**-1 000**	**1 000**	
	Løns- og prisvekst	**147**				
230	**Kultur**	**365**	**0**	**365**	**365**	**365**
	Løns- og prisvekst	**12**				
240	**Bibliotek**	**826**	**0**	**826**	**826**	**826**
	Kompensasjon løns- og prisvekst	**28**				
250	**Solund kulturskule**	**1 413**	**0**	**1 413**	**1 413**	**1 413**
	Kompensasjon løns- og prisvekst	**48**				
260	**Ungdomsråd og ungdomssatsing**	**234**	**0**	**234**	**234**	**234**
	Løns- og prisvekst	**8**				
280	**Barnevern**	**812**	**0**	**812**	**812**	**812**

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Løns- og prisvekst	27				
	Sektor Helse og omsorg - 300 serien	39 367	4 900	39 967	39 967	39 967
310	**Helsetenester m.m.**	9 817	1 000	9 817	9 817	9 817
	Frå investering - Velferdsteknologi	200				
	Frå investering - Inventar og utstyr Helse- og omsorg	50				
	Auka basistilskot til fastlegar	68				
	Kompensasjon for manglande søknad på tilskot		1 000	-1 000		
	Løns- og prisvekst	330				
313	**Psykisk helse og Psykolog**	1 737	0	1 737	1 737	1 737
	Styrking ramme	150				
	Løns- og prisvekst	54				
370	**Pleie- og omsorg**	20 943	3 900	21 543	21 543	21 543
	Frå investering - Inventar og utstyr Helse og omsorg	200				
	Auka kostnader grunna bruk av vikarbyrå	-2 200	1 000	-3 300		
	Kompensasjon bortfall av tilskot til ressurskrevjande brukarar		2 900			
	Løns- og prisvekst	708				
373	**Kjøkken og vaskeri**	3 323	0	3 323	3 323	3 323
	Løns- og prisvekst	112				
375	**Reinhald**	3 547	0	3 547	3 547	3 547
	Forbruksmateriell reinhald frå ansvar 620	300				
	Løns- og prisvekst	110				
	Sektor Samfunns- og næringsutvikling - 400 serien	7 469	300	6 658	5 993	5 993
400	**Samfunns- og næringsutvikling**	2 847	0	2 847	2 847	2 847
	Tilbakeføring ressursinnsats mot bygdevekst	450				
	Planressurs til ansvar 610	-1 000				
	Sosialfagleg ressurs til ansvar 480	-300				
	Løns- og prisvekst	140				
420	**Leiar frivillegsentral**	633	0	633	633	633
	Husleige BUA	100				
	Løns- og prisvekst	18				
430	**Gjenbruket**	376	300	676	676	676
	Kompensasjon bortfall av tilskot til ressurskrevjande brukarar		300			
	Løns- og prisvekst	13				
440	**Folkehelsearbeid**	561	0	561	561	561
	Løns- og prisvekst	19				
480	**NAV Solund**	1 276	0	1 276	1 276	1 276
	Sosialfagleg ressurs frå ansvar 400	300				
	Auka kostnader ny partnerskapsavtale	150				
	Auka budsjett sosialhjelp	150				
	Løns- og prisvekst	23				
490	**Flyktningtenesta**	1 776	0	665	299	0
	Overført frå ansvar 150	1 776				
	Sektor Plan og tekniske tenester - 600 serien	12 075	0	12 725	12 625	12 625

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
600	**Tekniske- og sjølvkosttenester**	**3 586**	**0**	**3 586**	**3 586**	**3 586**
	Frå ansvar 610	**118**				
	Kompensasjon for bortfall av avtale om oljevern	**350**				
	Løns- og prisvekst	**105**				
610	**Byggesak, plan, landbruk, m.m.**	**2 239**	**0**	**2 239**	**2 239**	**2 239**
	Tilbakeføring ressursinnsats mot Bygdevekst	**100**				
	Til ansvar 600 og 620	**-149**				
	Planressurs frå ansvar 400	**1 000**				
	Frikjøp hovudverneombod - styrking vernetenesta	**125**				
	Løns- og prisvekst	**42**				
620	**Bygg og anlegg**	**6 250**	**0**	**6 900**	**6 800**	**6 800**
	Frå investering - prosjektleiing	**1 000**				
	Ressursinnsats ført mot investering	**-1 000**				
	Innsparde driftskostnader ny skule	**-100**				
	Frå ansvar 610	**31**				
	Frikjøp hovudtillitsvald frå ansvar 100	**125**				
	Kompensasjon for bortfall av refusjon fylkesveg	**250**		**750**		
	Innsparing feiing i eigeregi	**-100**		**-100**	**-100**	
	Forbruksmateriell reinhald til ansvar 375	**-300**				
	Løns- og prisvekst	**211**				
	Sektor Kommunedirektør 799 + 800-serien	**2 665**	**2 049**	**845**	**-405**	**-1 405**
799	**Pensjonsoppgjer og premieavvik**	**-255**	**0**	**-255**	**-255**	**-255**
	Justering pensjonskostnad til dagleg drift					
	Auka kostnader AFP	**745**				
800	**Tilleggsløyvingar - Kommunestyre**	**1 150**	**2 049**	**-750**	**-2 000**	**-3 000**
	Investeringstilskot Solund sokneråd - vaske/male Hardbakke kyrkje	**1 150**				
	Bruopning (frå investering)		**15**			
	Stolar møterom (frå investering)		**50**			
	Medfinansiering FV 606 Gyltesvingen (overført frå 2025 + 15')		**545**			
	Tilskot til landbruksveg Elvaneset (overført frå 2025)		**294**			
	Breibandsutbygging		**895**			
	Byggelånskostnadar Hardbakke senter		**250**	**250**		
	Gjennomgang av drifta med tanke på innsparingar			**-1 000**	**-2 000**	**-3 000**
801	**Tilleggsløyvingar - Formannskap**	**400**	**0**	**400**	**400**	**400**
	Fri disposisjon	**200**		**200**	**200**	**200**
	Kulturmidlar	**200**		**200**	**200**	**200**
802	**Tilleggsløyvingar - Ordførar**	**50**	**0**	**50**	**50**	**50**
	Fri disposisjon	**50**		**50**	**50**	**50**
803	**Tilleggsløyvingar - Kommunedirektøren**	**720**	**0**	**900**	**900**	**900**
	Personaltiltak	**100**		**100**	**100**	**100**
	Arbeidsmiljøtiltak	**100**		**100**	**100**	**100**
	Beredskapsarbeid	**150**		**150**	**150**	**150**
	Lærlingar / Trainée	**250**		**250**	**250**	**250**
	Stipend	**120**		**300**	**300**	**300**
804	**Tilleggsløyvingar - Samfunns- og næringsutvikling**	**600**	**0**	**500**	**500**	**500**
	Sommarjobbar 13-17 år	**300**		**200**	**200**	**200**
	Heilårsbasert reiseliv	**100**		**100**	**100**	**100**
	Strategisk handlingsplan	**100**		**100**	**100**	**100**
	Frå tilleggsløyvingar ansvar 800 - Fri disposisjon	**100**		**100**	**100**	**100**

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Synleggjering og tilrettelegging næringsutvikling	**600**		**600**		
	Tilskot til næringsutvikling	**-300**		**-300**		
	Matchingsmidlar frå Utviklingsfondet	**-300**		**-300**		
805	**Bygdevekst**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
	Bygdevekst fase 2	1 000		**7 000**	**1 000**	
	Tilskot frå staten	**-1 000**		**-7 000**	**-1 000**	
	Sum alle sektorane	**109 305**	**8 384**	**108 012**	**107 235**	**105 835**

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Investeringsprosjekt pr. sektor	ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING					
2409	Idrett- og friluftsplan inkl. utstyr	100 000	600 000	200 000	200 000	200 000
	+ mva		175 000	50 000	50 000	50 000
2408	Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	325 000	200 000			
	+ mva		131 000			
2410	Utvikling Ekspressbåtstopp Hardbakke	1 500 000	200 000			
	+ mva		425 000			
	Flytting av løyving til 2028		-1 000 000		1 000 000	
	+ mva		-250 000		250 000	
	Forprosjekt nytt Servicebygg Hardbakke hamn					
2902	Draumeplassen del 2	380 000	-380 000			
2902	Draumeplassen (fond)	45 000	-45 000			
2090	Utvikling prestegardsmarka (fond)	61 000	-61 000			
2213	Områdeplan/Reguleringsplan Hardbakke		200 000	800 000		
	+ mva		50 000	200 000		
2126	Forprosjekt Kråkesundet				300 000	
	Til ynskjeliste				-300 000	
2769	Bru Ytre Steinsund (fond)	15 000	-15 000			
	Investeringsprosjekt pr. sektor	ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor PLAN OG TEKNISKE TENESTER					
	Prosjekt mot Stab m.m.					
	Nytt toalett 3.høgda				200 000	
	Går ut grunna flytting av kommunehuset				-200 000	
	Kommunehus - Kontor 3.høgda				150 000	
	Går ut grunna flytting av kommunehuset				-150 000	
	Kommunehus - Altan aust				50 000	
	Går ut grunna flytting av kommunehuset				-50 000	
	Ventilasjonsanlegg 3. og 4. høgda kommunehus			650 000		
	Går ut grunna flytting av kommunehuset			-650 000		
	Utskifting tak gml. Bankbygg					500 000
	Går ut grunna flytting av kommunehuset					-500 000
	Utskifting vindauge gml. Bankbygg					400 000
	Går ut grunna flytting av kommunehuset					-400 000
	Oppgradering underetasje (ventilasjon+vindauge+varmepumpe)			350 000		
	Går ut grunna flytting av kommunehuset			-350 000		
	Inventar og utstyr kommunehuset	100 000	-100 000			
	Innreiing nytt kommunehus			1 550 000		
	+ mva			388 000		
	Prosjekt mot Oppvekst og kultur m.m.					
2004	Utbetringar barneskulen, jf. rapport	1 500 000	500 000			
	+ mva		500 000			
	Tilskot frå Enova til utbetringar barneskulen	300 000	-300 000			
2005	Utbetringar barnehagen, jf. rapport	500 000	-120 000	520 000		
	+ mva		95 000	130 000		
	Etterisolering/drenering barnehagen	300 000				
	+ mva		75 000			
	Inventar og utstyr barnehagen	100 000		100 000		
	+ mva		25 000	25 000		
2208	Utbetringar idrettsbygget	200 000				

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	+ mva		50 000			
	Prosjekt mot Helse og Omsorg m.m.					
2001	Utbetringar Solundheimen	2 800 000				
2301	Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena.	1 130 000				
	+ mva		283 000			
	Flytta til 2027		-1 005 000	1 005 000		
	+ mva		-25 000	25 000		
	Andre prosjekt					
2422	Utbetring kommunale bustader		130 000	2 000 000	1 000 000	
				-1 000 000		
	Tilskot frå Husbanken			2 000 000	1 000 000	
				-1 000 000		
2423	Oppgradering kommunale vegar	1 077 000	-200 000	350 000	350 000	350 000
	+ mva		219 000	88 000	88 000	88 000
2606	Utbetring av veg Solneset før overtakning	300 000				
	+ mva		75 000			
2414	Utbetringar Ytre Solund Fleirbrukshus		150 000			
	+ mva		38 000			
2424	Utbetring veg Klubben bustadfelt	1 370 000	-320 000			
	+ mva		263 000			
	Regulering Klubben	100 000				
	+ mva		25 000			
2425	Trafikktryggingstiltak	250 000	600 000	250 000	250 000	250 000
	+ mva		213 000	63 000	63 000	63 000
2430	Adresseprosjekt		450 000			
	+ mva		113 000			
2607	Utbetring fortøyningar flytebrygge Hardbakke	300 000				
	+ mva		75 000			
	Klargjere naustetomtar Klubben			500 000		
				-500 000		
	Uteområde Treningssenter			300 000		
				-300 000		
2937	Skilting kommunale bygg	50 000	50 000	100 000		
	+ mva		25 000	25 000		
	Ormetunga (hyller, pallestablar og ny garasjeport)			200 000		
	+ mva			50 000		
2604	Frontmontert kost traktor		100 000			
	+ mva		25 000			
2608	Mindre tiltak i hamna i samband med Bygdevekst	300 000				
	+ mva		75 000			
	Sjølvkostprosjekt					
2701	Sjølvkost vatn		650 000			
	+ mva		163 000			
2702	Sjølvkost avlaup		250 000			
	+ mva		63 000			
	KOMMUNEDIREKTØR					
2002	Kjøp av areal Søre Mortevika	2 600 000				

		ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Utbetring Søre Mortevika				5 000 000	
	Tilskot utbetring Søre Mortevika				5 000 000	
2801	Reguleringsplan Søre Moretvika	250 000				
	+ mva		63 000			
	Flyttet til 2027		-250 000	250 000		
	+ mva		-63 000	63 000		
	Framført meirforbruk frå 2025		673 000			
	Vidareutlån og eigenkapital KLP					
7000	EK KLP	330 000		330 000	330 000	330 000
7030	Formidlings og startlån	267 000		267 000	267 000	267 000
7040	Lån til næringsutvikling	322 000		350 000	375 000	375 000
	Sum finansieringsbehov	16 872 000	3 863 000	9 379 000	15 223 000	1 973 000
	Vidareutlån (startlån)	500 000		500 000	500 000	500 000
	Ny sum finansieringsbehov	17 372 000	3 863 000	9 879 000	15 723 000	2 473 000
	Finansiering	ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Bruk av lån:					
	Lån - vedtak (ramme)	-4 500 000	-1 078 000	-5 937 000	-6 733 000	-412 000
	Momskompensasjon		-2 906 000	-1 107 000	-451 000	-201 000
	Bruk investeringsfond:					
	Bru Ytre Steinsund (fond)	-15 000				
	Utvikling Solund Prestegård	-61 000	61 000			
	Draumeplassen	-45 000	45 000			
	Bruk av tilskot:					
	Tilskot frå Husbanken til Solundheimen		-722 000			
	Tilskot frå Husbanken til energieffektivisering bustader			-1 000 000	-1 000 000	
	Tilskot frå Kystverket				-5 000 000	
	Tilskot frå Enova	-300 000	300 000			
	Tilskot til amfiet på skulen		-1 500 000			
	Sal av fast eigedom:					
	Sal av tomtar og bustader	-388 000		-388 000	-388 000	-388 000
	Overføring frå drift:					
	Til EK KLP	-330 000		-330 000	-330 000	-330 000
	Til Formidlingslån	-120 000		-120 000	-120 000	-120 000
	Fondsmidlar til investering	-10 644 000	1 937 000		-679 000	
	Mottekne avdrag på formidlingsutlån	-147 000		-147 000	-147 000	-147 000
	Mottekne avdrag på næringslån	-322 000		-350 000	-375 000	-375 000
	Sum finansiering	-16 872 000	-3 863 000	-9 379 000	-15 223 000	-1 973 000
	Låneopptak til vidare utlån	-500 000		-500 000	-500 000	-500 000
	Ny sum finansiering	-17 372 000	-3 863 000	-9 879 000	-15 723 000	-2 473 000

	ØP-26	T1-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
Innspel om investeringar (ikkje finansiert)	**Kostnad**				
Forprosjekt nytt Servicebygg Hardbakke hamn	?				
Draumeplassen del 2	486 000	Har 106.000,- til formålet på fond			
Forprosjekt vegutløysing Kråkesundet	300 000				
Naustetomtar Klubben	500 000				
Uteområdet treninggsenter	300 000				

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K1-145

ArkivsakID: 26/298
JournalpostID: 26/1324
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 11.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
030/26	Formannskap	04.06.2026
027/26	Kommunestyre	11.06.2026

Prosess felles handlings- og økonomiplan med budsjett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtek prosessplanen for 2026 og for budsjettår 2027 og vidare slik den ligg føre i saksutgreiinga.

2. Solund kommunestyre vedtek følgjande målsettingar for arbeidet med fellles handlings- og øknomiplan med budsjett:
    a. *Sikre at samfunnsdelen er eit fungerande og forpliktande styringsdokument*
    b. Forenkle og tydeleggjere samanhengen mellom samfunnsdelen, og handlingsdel med økonomiplan og budsjett
    c. *Ein prosess som også sikrar drøfting av ikkje-økonomiske prioriteringar*
    d. *Handlingsorienterte og økonomiske prioriteringar som er tydelege, reelle og med realisme*

3. *Solund kommunestyre vedtek føgjande rammer for arbeidet*
    a. Samfunnsdelen legg føringar for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen
    b. Handlings- og økonomiplan med budsjett er eitt dokument, direkte underlagt samfunnsdelen. Handlingsdelen til samfunnsdelen ligg i felles handlings- og økonomiplan med budsjett.
    c. Handlings- og økonomiplanen gjeld for fire år, og rullerast årleg. Fokuset i 2026 vert primært året 2027.
    d. Omlegging av administrativ og politisk medverknad til handlings- og økonomiplanarbeidet

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Framlegg frå Gunn Åmdal Mongstad (SP):

“4. Kommunestyre vedtek ramma for økonomiplanen i juni. Det vert lagt opp til drøftings-/arbeidsmøte i forkant av dette.”

Votering:

Det vart røysta samla over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og framlegg om nytt punkt 4. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og framlegg om nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

FOR-030/26 Vedtak i:

1. Solund kommunestyre vedtek prosessplanen for 2026 og for budsjettår 2027 og vidare slik den ligg føre i saksutgreiinga.

2. Solund kommunestyre vedtek følgjande målsettingar for arbeidet med felles handlings- og økonomiplan med budsjett:
    a. *Sikre at samfunnsdelen er eit fungerande og forpliktande styringsdokument*
    b. Forenkle og tydeleggjere samanhengen mellom samfunnsdelen, og handlingsdel med økonomiplan og budsjett
    c. *Ein prosess som også sikrar drøfting av ikkje-økonomiske prioriteringar*
    d. *Handlingsorienterte og økonomiske prioriteringar som er tydelege, reelle og med realisme*

3. *Solund kommunestyre vedtek følgjande rammer for arbeidet*
    a. Samfunnsdelen legg føringar for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen
    b. Handlings- og økonomiplan med budsjett er eitt dokument, direkte underlagt samfunnsdelen. Handlingsdelen til samfunnsdelen ligg i felles handlings- og økonomiplan med budsjett.
    c. Handlings- og økonomiplanen gjeld for fire år, og rullerast årleg. Fokuset i 2026 vert primært året 2027.
    d. Omlegging av administrativ og politisk medverknad til handlings- og økonomiplanarbeidet

4. Kommunestyre vedtek ramma for økonomiplanen i juni. Det vert lagt opp til drøftings-/arbeidsmøte i forkant av dette.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova § 14-4, 5. ledd: Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) - Kapittel 14. Økonomiforvaltning - Lovdata

Plan- og bygningslova § 11-1, 4. ledd: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) - Kapittel 11. Kommuneplan - Lovdata

Statsforvaltaren i Troms og Finnmark: Veiledningsnotat Veien fram mot en bedre kobling mellom samfunnsplan og økonomiplan: veiledningsnotat---bedre-kobling-mellom-samfunnsplan-og-okonomiplan2.pdf

Distriktssenteret: Enkelplanlegging.no: Handlings- og økonomiplan | Enkel planlegging

Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038: https://www.solund.kommune.no/_f/p3/ia62ffd84-f03e-43dd-8745-2011bf5bff8d/vedteken-2026-kps-samfunnsdel-solund-utan-helsing.docx

Kva saka gjeld:

Avklare prosess for arbeidet med handlingsplan til kommuneplanen sin samfunnsdel i 2026. Handlingsplanen vert foreslått slått saman med dokumentet økonomiplan 2027 - 2030 med budsjett 2027. Det vert også foreslått ein prosess for dette arbeidet etter 2026, då ein ikkje når å få til den beste prosessen i 2026.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Det vart skrive i saksutgreiinga til vedtakssaka for samfunnsdelen: "*Samfunnsdelen i seg sjølv har ingen økonomiske konsekvensar. Koplinga til samfunnsdelen og økonomiplan/handlingsdel er viktig. I administrasjonen skal alle ha kunnskap om, og praktisere at samfunnsdelen er det viktigaste politiske styringsdokumentet i kommunen vår framover. Det er eit administrativt ynskje å slå saman handling- og økonomiplan i neste revisjon av økonomiplan og budsjett (prosess for 2027)*." Eit felles dokument er også ei tilråding frå regionalt og nasjonalt hald.

Plan- og bygningslova seier: "*Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 14-2 bokstav a kan inngå i eller utgjøre handlingsdelen*."

Kommunelova seier: "*Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.*"

På *www.enkelplanlegging.no* står det: "*Kobling mellom økonomiplan og samfunnsdel er viktig for å sikre at tiltak baserer seg på omforente mål, og at planleggingen skjer innenfor kommunens økonomiske rammer*."

Solund kommune har fram til vedtak av ny samfunnsdel i mars 2026, hatt ein tekstleg handlingsplan i samfunnsdelen med handlingspunkt knytt til fjorten tema. Økonomiplan og budsjett har vore eit eige dokument. Dette kan også seiast å vere i samsvar med lova. Det er likevel slik at dette ikkje nødvendigvis gjer at det er veldig tydeleg samanheng mellom handlingsdelen av samfunnsdelen, og økonomiplan med budsjett. Dette gjer vidare til at samfunnsdelen fungerer i mindre grad som eit overordna styringsverktøy.

Status i andre kommunar

Det er varierande korleis kommunar løyser dette i ulike kommunar. Nokre kommunar brukar Framsikt (digital løysing for økonomi og planlegging), som gjer at dette blir automatisk ein integrasjon. Solund har ikkje Framsikt, og andre kommunar løyser også dette i eigne dokument. Solund kan ikkje kopiere slik andre kommunar har gjort det, for dette avheng av struktur og nivå i samfunnsplanen, og Solund kommune sin verkemåte generelt.

Framlegg til rammer for arbeidet med felles handlings- og økonomiplan

For å sikre at det er omforeint kva ein ynskjer å få ut av ein felles handlings- og økonomiplan med budsjett (HØP), så er det nødvendig med nokre målsettingar for arbeidet og dokumentet:

- *Sikre at samfunnsdelen er eit fungerande og forpliktande styringsdokument*
- Forenkle og tydeleggjere samanhengen mellom samfunnsdelen, og handlingsdel med økonomiplan og budsjett
- *Ein prosess som også sikrar drøfting av ikkje-økonomiske prioriteringar*
- *Handlingsorienterte og økonomiske prioriteringar som er tydelege, reelle og med realisme*

Nokre føresetnader ligg til grunn for resultatet skal bli i samsvar med målsettingane:

- Samfunnsdelen legg føringar for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen

- Handlings- og økonomiplan med budsjett, er eitt dokument, direkte underlagt samfunnsdelen. Handlingsdelen til samfunnsdelen ligg i felles handlings- og økonomiplan med budsjett.
- Handlings- og økonomiplanen gjeld for fire år, og rullerast årleg. Fokuset i 2026 vert primært året 2027.
- Omlegging av administrativ og politisk medverknad til handlings- og økonomiplanarbeidet

Framlegg til prosess i 2026 for budsjettår 2027

Merk at dette berre gjeld budsjettåret 2027. I tillegg kjem det "aktivitet" som gjeld budsjettåret 2025 gjennom årsrekneskap og årsmelding, og budsjettåret 2026 gjennom tertialrapportar og budsjettendringar.

AKTIVITET	JAN.	FEB	MARS	APR	MAI	JUNI	JULI	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
Førebuingar til budsjettåret 2027												
5 mål. Realistiske behov. Kartlegge vedlikehald og investering per sektor.												
Analysere kommuneprop. Og RNB												
Vedtak økonomiplan og budsjett 1. utkast 2027												
Lokalsamfunns-medverknad på 5 mål i samfunnsdel												
Medverknad i politiske råd												
Arbeidsverkstad kommunestyremøte												
Legge rammer for drift, investering og vedlikehald												
Legge detaljbudsjett for kvar sektor												
Utarbeide kort beskriving av investeringsprosjekt												
Førebu politiske saker til november og desember												
Orientering statsbudsjett og havbruksinntekter												
Vedta gebyrregulativ												
Vedta evt. Budsjettendring												
Vedta felles handlings- og økonomiplan 2027 - 2030, med budsjett 2027												

Forklaring av fargar under:

Tidsperiode med aktivitet
Adminstrativ aktivitet
Politisk aktivitet
Merking av månad for å gjere det meir lesarvenleg

Prosessmessig vert det lagt opp til ei administrativ medverknadsrunde om våren som omfattar arbeid med dei fem målsettingane i samfunnsdelen (bustad, næring, infrastruktur, kultur og frivilligheit, og arbeidsmåtar), kartlegging av behov innan vedlikehald, investeringar og anna. Lokal medverknad vert løyst gjennom at det vert bedt om innspel til dei fem måsettingane i samfunnsdelen via e-postlister, Solund nyheiter og nettsida. Det vert også lagt opp til involvering i ungdomsrådet, og fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne med utgangspunkt i dei fem måla.

I september er det planlagt ein arbeidsverkstad i kommunestyret leia av ein ekstern konsulent, der det vert lagt fram ein del grunnlagsmateriale og det vert sendt ut førebuingsmateriell på førehand. Dette skal vere ein arbeidsverkstad som dannar grunnlag for utkast til felles handlings- og økonomiplan med budsjett for 2027.

Utover hausten skal administrasjonen legge detaljbudsjett for sektorane og utarbeide ei kort beskriving av investeringsprosjekta som er aktuelle for prioritering i handlings- og økonomiplan med budsjett.

Framlegg til prosess i 2027 for budsjettår 2028 og vidare

For eit gitt år vil prosessen med rapportering på førre år sjå slik ut:

AKTIVITET	JAN.	FEB	MARS	APR	MAI	JUNI	JULI	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
Førre år - Gjeld budsjettåret året før												
Ferdigstille årsrekneskap												
Ferdigstille årsmelding												
Førebuing av politiske saker												
Vedtak årsrekneskap og årsmelding for året før												

For eit gitt år vil økonomiarbeidet for inneverande år sjå slik ut:

AKTIVITET	JAN.	FEB	MARS	APR	MAI	JUNI	JULI	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
Inneverande år - Gjeld dette budsjettåret												
Analysere kommuneprop. Og RNB												
Orientere om kommuneprop. Og RNB												
Vedtak 1. tertialrapport år XX med budsjettendring												
Førebuing av politiske saker september												
Vedtak 2. tertialrapport år XX med budsjettendring												

For eit gitt år vil handlings- og økonomiplanarbeidet for det påfølgjande året sjå slik ut:

AKTIVITET	JAN.	FEB	MARS	APR	MAI	JUNI	JULI	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
Påfølgjande år - Gjeld frå og med neste år												
5 mål. Realistiske behov. Kartlegge vedlikehald og investering per sektor.												
Medverknad lokalsamfunnet												
Medverknad i politiske råd												
Drøftingssak kommunestyremøte												
Analysere og orientere om statsbudsjett												
Analysere og orientere om havbruksinntekter												
Legge rammer for drift, investering og vedlikehald												
Legge detaljbudsjett for kvar sektor												
Utarbeide kort beskriving av investeringsprosjekt												
Vedta gebyrregulativ												
Vedta evt. Budsjettendring												
Vedta felles handlings- og økonomiplan, med budsjett neste år												

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer det slik at det er nødvendig med ein felles handlings- og økonomiplan for å sikre ei tydelagare styring i politisk ynskja retning og for å sikre ei betre handtering av andre tider med omsyn til alt frå demografiendringar, til krig i Europa og klimaenderingar.

Det vert lagt opp til ein prosessplan som gjeld for 2026 som ser litt annleis ut enn planen for 2027 i samsvar med saksutgreiinga. Dette kjem av at det behov for tid til å omstille organisasjonen i korleis ein jobbar i denne prosessen.

For å sikre at ein får fullt utbytte av arbeidet har administrasjonen laga måsettingar for prosessen og for plandokumentet. Dette er målsettingar som tek utgangspunkt både i det som kommunedirektøren oppfattar som politiske behov, og administrasjonen sine eigne behov.

- *Sikre at samfunnsdelen er eit fungerande og forpliktande styringsdokument*
- Forenkle og tydeleggjere samanhengen mellom samfunnsdelen, og handlingsdel med økonomiplan og budsjett
- *Ein prosess som også sikrar drøfting av ikkje-økonomiske prioriteringar*
- *Handlingsorienterte og økonomiske prioriteringar som er tydelege, reelle og med realisme*

Det ligg i tillegg nokre rammer og føresetnader for å sikre at politikk og administrasjon er omforeinte i arbeidet.

- Samfunnsdelen legg føringar for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen
- Handlings- og økonomiplan med budsjett er eitt dokument, direkte underlagt samfunnsdelen. Handlingsdelen til samfunnsdelen ligg i felles handlings- og økonomiplan med budsjett.
- Handlings- og økonomiplanen gjeld for fire år, og rullerast årleg. Fokuset i 2026 vert primært året 2027.

- Omlegging av administrativ og politisk medverknad til handlings- og økonomiplanarbeidet

Med ovanfornemnde som målsettingar og rammer vurderer kommunedirektøren at det er laga ein prosessplan som stør opp om målsettingane for arbeidet, og som er realistisk å gjennomføre. .

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K2-N31

ArkivsakID: 25/788
JournalpostID: 26/1466
Sakshandsamar: Kjartan Nyhammer
Dato: 28.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
031/26	Formannskap	04.06.2026
028/26	Kommunestyre	11.06.2026

Lokalitet for ekspressbåtstopp

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund Formannskap syner til rapporten «Vurdering av kailokalitetar – flytting av ekspressbåten til Hardbakke» utarbeida av Asplan Viak.
På bakgrunn av rapporten vert alternativet Valen lagt vekk og ikkje jobba vidare med. Men det vert jobba vidare med følgjande punkt før endeleg val av lokalitet :

1. Avklare om mudder på sjøbotn i indre hamn i kombinasjon med ekspressbåten sitt vannjetsystem vil skape problem for ekspressbåten og/eller nærmiljøet. I så fall avklare tiltak og kostnad.
2. Avklare eigarskap og økonomi på dei to lokalitetane
3. Kva krav vil regionale mynde stille knytt til at det tidlegare har vore eit avfallsmottak nært aktuell lokalitet i Steinsund ?
4. Kva meirverdi vil det ha for sentrumsutviklinga på Hardbakke at ekspressbåten kjem inn på indre hamn kontra ein lokal skyssbåt som korresponderer med ekspressbåten
5. Kva meirverdi vil ein permanent fleirbrukskai i Steinsund gje ?

For å sikra ein best mogeleg prosess og sikra at alle som ynskjer å uttale seg i saka får høve til det vert rapporten frå Asplan Viak lagt ut på høyring med frist for uttale 15.august 2026.
Målet er å fatta endeleg vedtak i saka i kommunestyremøtet 24.september 2026

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Framlegg om endring i punkt 4 frå Signe Bjorøy (H):

Ta bort ordlyden “kontra ein lokal skyssbåt som korresponderer med ekspressbåten”.

Framlegg om nytt punkt 6 frå Anne Marie Gåsvær (SP):

"6. Beskrive mogelegheit for betra tilkomst til kaiområdet i Indre hamn. Vurdere kostnader ved utbetring av veg og gangfelt på strekninga mellom skule og hamneområdet i høve trafikksikkerheit."

Votering:

Det vart røysta samla over framlegg om endring i punkt 4 og punkt 6, og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med føreslegne endringar i punkt 4 og punkt 6 vart samrøystes vedteke.

FOR-031/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre syner til rapporten «Vurdering av kailokalitetar – flytting av ekspressbåten til Hardbakke» utarbeida av Asplan Viak.
På bakgrunn av rapporten vert alternativet Valen lagt vekk og ikkje jobba vidare med. Men det vert jobba vidare med følgjande punkt før endeleg val av lokalitet :
1. Avklare om mudder på sjøbotn i indre hamn i kombinasjon med ekspressbåten sitt vannjetsystem vil skape problem for ekspressbåten og/eller nærmiljøet. I så fall avklare tiltak og kostnad.
2. Avklare eigarskap og økonomi på dei to lokalitetane
3. Kva krav vil regionale mynde stille knytt til at det tidlegare har vore eit avfallsmottak nært aktuell lokalitet i Steinsund ?
4. Kva meirverdi vil det ha for sentrumsutviklinga på Hardbakke at ekspressbåten kjem inn på indre hamn ?
5. Kva meirverdi vil ein permanent fleirbrukskai i Steinsund gje ?
6. Beskrive mogelegheit for betra tilkomst til kaiområdet i Indre hamn. Vurdere kostnader ved utbetring av veg og gangfelt på strekninga mellom skule og hamneområdet i høve trafikksikkerheit.

For å sikra ein best mogeleg prosess og sikra at alle som ynskjer å uttale seg i saka får høve til det vert rapporten frå Asplan Viak lagt ut på høyring med frist for uttale 15.august 2026. Målet er å fatta endeleg vedtak i saka i kommunestyremøtet 24.september 2026

Vedlegg i saka:

05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Fjordane Friluftsråd
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Kennet Johannessen og Vidar Hop Rederier As
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Øyvind Trovåg Fimreite
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Sveinung Kårkås
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Tom Erling og Nina Bahus
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Solund Leilighetshotell og Solund Gjestegaard
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Kjell Mongstad
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Steinsund - Rune Steinsund
05.06.2026	Innspel ekspressbåtstopp Hardbakke - Sigve Lerpold

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Val av plassering av ekspressbåtstopp i Hardbakkeområdet.

Saksutgreiing:

I kommunestyresak 052/25 vart det vedteke å få vurdert 3 alternative lokalitetar for ekspressbåtstopp i Hardbakkeområdet – indre hamn, Valen og Steinsund. Oppgåva vart tildelt Asplan Viak. I bestillinga til Asplan vart det lista opp 11 ulike kriterium/tema som skulle vurderast på kvar lokalitet :

- Lågast mogeleg investeringsbehov
- Kortast mogeleg reisetid for innbyggjarane og besøkande
- Smidigast mogeleg overgang for kollektivtransporten (båt-båt og båt-buss)
- Tryggast mogeleg tilhøve for mannskap og reisande, på sjø og land.
- Minst mpgeleg inngrep i urørt natur.
- Minst mogeleg inngrep i landskapet.
- Minst mogeleg påverknad på botntilhøve og grunn i og under kaiar.
- Minst mogeleg omfang av bilbruk
- Nærmiljø. Minst mogeleg ulemper knytt til bumiljø/trivsel frå støy, trafikk og bygging.
- Minst mogleg ulemper knytt til leik, bading og padling.
- Mest mogeleg styrking av eksisterande funksjonar.

Asplan Viak har gjort ein grundig jobb og vurdert kvart enkelt kriterium med vurderingsskalaen «Svært god», «God» og «Mindre god».
I rapporten tilrår Asplan Viak indre hamn som lokalitet for ekspressbåtstopp.

Etter at rapporten vart klar har det vore gjennomført informasjonsmøte 21.mai 2026 der rapporten vart presentert og publikum kunne stille spørsmål eller kome med kommentarar i saka. Innspela som kom i møtet var i korte trekk :

- Nokre hadde ynskje om å behalda Krakhella som ekspressbåtstopp
- For mange var det viktigaste å få flytta ekspressbåtstoppet frå Krakhella til Hardbakkeområdet. Mindre viktig kva alternativ lokalisering som vert valgt.
- Nokre meinte at det vart feil eller manglar i vurderinga av Steinsund som alternativt og at det alternativet vart undervurdert.

Det vart opplyst i møtet at dei som ikkje hadde fått sagt det dei meinte i møtet kunne ettersende skriftleg uttale i etterkant av møtet.
Det er kome inn 4 skriftlege merknadane i saka etter at rapporten var kjent. Det er tidlegare motteke 2 innspel i saka i etterkant av bestillinga frå kommunestyret i oktober 2025. Alle dei skriftlege innspela ligg som vedlegg i saka.
I ei av merknadane vert det uttrykt bekymring for problem med oppvirvling av mudder frå sjøbotn på indre hamn når ekspressbåten skal manøvrere i uvær med sitt vannjet-system.

Vurdering:

Kommunedirektøren legg Asplan Viak sin rapport til grunn som tilrår å plassere ekspressbåtstoppet på indre hamn. Vidare går det fram av rapporten at Steinsund er nest beste alternativ og at Valen kjem klart dårlegast ut på bakgrunn av spesielt økonomi, tilkomst og landskapsinngrep. Kommunedirektører meiner difor ein skal legge vekk Valen som alternativ.

Kommunedirektøren meiner at ein må sjå nærare på nokre punkt før ein endeleg tar valet mellom indre hamn og Steinsund.

1. Avklare om mudder på sjøbotn i indre hamn i kombinasjon med ekspressbåten sitt vannjetsystem vil skape problem for ekspressbåten og/eller nærmiljøet. Avklare pris på eventuelle tiltak.
2. Avklare eigarskap og økonomi på dei to lokalitetane
3. Kva krav vil regionale mynde stille knytt til at det tidlegare har vore eit avfallsmottak nært aktuell lokalitet i Steinsund ?
4. Kva meirverdi vil det ha for sentrumsutviklinga på Hardbakke at ekspressbåten kjem inn

på indre hamn kontra ein lokal skyssbåt som korresponderer med ekspressbåten ?
5. Kva meirverdi vil ein permanent fleirbrukskai i Steinsund gje ?

Mudderbotn på Hardbakkevika
Mudder i vannmassane som vert tatt inn i vannjetsystemet vil påverka effekt, påføre mekanisk slitasje og kunne tette kjølesystemet. Dersom det skulle vise seg at mudder vert ei stor utfordring også i denne saka så vil det kunne vere særs fordyrande og i verste fall gjere indre hamn uaktuell som ekspressbåtstopp.

Eigarforhold og økonomi
Det er eit dårleg utgangspunkt for forhandlingar å ha bestemt seg for eit alternativ. I indre hamn foreslår Asplan Viak å etablere ekspressbåtkaien med venterom, WC og handicap-parkering på gbnr 26/47 som er eigd av VHO Invest AS.
Det aktuelle området for ekspressbåtstopp i Steinsund er næringsområdet N20 og som er eigd av Hans I. Steinsund. Her må ein gå i dialog med grunneigarane for å finne gode permanente løysingar til beste for fellesskapet.

Tidlegare avfallsmottak i Steinsund
Det er avmerka i kart at det tidlegare har vore ein kommunal avfallsplass i området ved det aktuelle næringsarealet i Steinsund. Normalt sett vert det då stilt krav om grunnundersøkingar frå Statsforvaltaren før ein kan gjennomføre tiltak. Eventuelle sikringstiltak av ureine massar kjem som ein konsekvens av dei funn ein måtte gjere i grunnundersøkinga.

Ringverknader/meirverdi av å få ekspressbåten inn på indre hamn
Dette vert omtalt i rapporten frå Asplan Viak, men ein ynskjer at spesielt lokalt næringsliv inkludert reiselivet uttaler seg i saka. Av dei 5 skriftlege merknadane som er kome i saka så er det berre VHO Invest AS som tydeleg støttar indre hamn alternativet.

Prosessen vidare
Parallelt med lokaliseringssaka jobbar Kystverket no med eit forprosjekt knytt til mudringstiltak i Indre Steinsund for å gjere det mogleg å få ekspressbåten gjennom sundet og eventuelt inn på indre hamn. Dette arbeidet skjer tidlegast i 2029/30. Det arbeidet må gjerast før ekspressbåten kan flyttast frå Krakhella til Hardbakkeområdet.
Når lokaliseringa av ekspressbåtstoppet er vedteke så startar reguleringsplanarbeidet som skal sjå på detaljane knytt til parkering, busstopp m.m.
Kommunedirektøren har alltid eit ynskje om at saker er best mogeleg belyst før ein fattar vedtak i saker. Dei som var på informasjonsmøtet fekk mulighet til å koma med skriftleg innspel etter møtet. Dette er ikkje informert ut til resten av innbyggjarane og dei har ikkje fått denne oppfordringa. Verken naboar, grunneigarar, Vestland fylkeskommune mm.fl. På bakgrunn av dette ynskjer kommunedirektøren å leggje rapporten frå Asplan Viak ut på ei høyring med frist 15.august 2026 for å koma med innspel. Det er no om lag 20 år sidan Solund kommune vedtok å jobba for å få flytta ekspressbåtstoppet frå Krakhella til Hardbakke. Å ta oss tid til å sikra ein god prosess på «oppløpssida» meiner kommunedirektøren er fornuftig.

asplan
viak

Vurdering av kailokalitetar

Flytting av ekspressbåten til Hardbakke

Skisser, kostnadskalkyler og vurdering av 3 alternative kailokaliseringar på Hardbakke.



Foto: Norskhavneguide.no

Dato: 15.05.2026

asplanviak.no

Versjon: **02**

asplan
viak

Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar:	Solund Kommune
Tittel på rapport:	Vurdering av kailokalitetar
Oppdragsnamn:	Lokalitet for nytt ekspressbåtstopp, Hardbakke
Oppdragsnummer:	652937-01
Utarbeidd av:	Steinar Onarheim, Øystein Rønningen, Jarle Skjold, Lita Cecilie Sylta, Inga Elen Årvoll Eidsvik og Tuva Hus Gregersen.
Oppdragsleiar:	Steinar Onarheim
Tilgjenge:	Open

Kort samandrag

Rapporten omhandlar vurdering av tre moglege kailokaliseringar for nytt ekspressbåtanløp på Hardbakke i Solund kommune: Indre hamn, Valen og Steinsund. Bakgrunnen er ønskje om å flytte anløpet frå Krakhella til kommunesenteret for å betre tilgjenge og samspel mellom transporttilbod.

Arbeidet omfattar innsamling av kunnskapsgrunnlag gjennom statistikk, intervju og analysar, før det er utarbeidd skisser, løysingsforslag og grove kostnadskalkylar for alternativa. Samstundes er det fastsett rammer for utforming av kai, tilhøyrande areal, parkering, kollektivløysingar og andre fasilitetar.

Rapporten presenterer også analyser om dagens trafikkgrunnlag, inkludert passasjertal for båt og buss, samt geografiske analysar av busetnad, arbeidsplassar, hytter og reisevanar i kommunen. Dette dannar eit viktig grunnlag for å forstå transportbehov og bruk av ei ny kai.

Dei tre kaialternativa vurderte opp mot ei rekkje kriterium knytt til mellom anna transport, kostnader, miljø, naturinngrep, nærmiljø og utvikling av lokalsamfunnet. Desse vurderingane er baserte på skissene og som er utarbeida, samt dei ulike kunnskapsgrunnlaga og rammene som er gitt. Rapporten avsluttar med ei samla samanstilling av vurderingane, og med tilråding.

Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS
02	15.mai 2026	Leveranse	SO, ØR, JS	JS
01	7. mai. 2026	Utkast	SO, ØR, JS	JS

Føreord

Oppdragsleiar for arbeidet har vore Steinar Onarheim. Øystein Rønningen har utarbeidd grovskisser for kaiar og laga kostnadskalkylene. Tuva Hus Gregersen har bidrege på skisser for vegløysingar. Lita Cecilie Sylta og Inga Elen Årvoll Eidsvik har teikna ut skissene for Indre hamn og Steinsund. Jarle Skjold har vore KS-ansvarleg og har elles bidrege på vurderingane for dei ulike kriteria. Kontaktperson hos Solund kommune har vore Kjartan Nyhammer.

Bergen, 15.05.2026

Steinar Onarheim
Oppdragsleiar

Jarle Skjold
Kvalitetssikrar

Innhald

1. Bakgrunn 5
1.1. Om oppgåva og avgrensing av oppdraget 5
1.2. Flytting av ekspressbåtanløp frå Krakhella og tidlegare arbeid 5
1.3. Skildring av kailokaliseringane 7
1.4. Overordna metode og oppbygging av rapporten 8

2. Passasjertal på dagens ruter 10
2.1. Rute 190 (ekspressbåt Bergen-Nordfjord-Bergen) 10
2.2. Lokalbåtar 13
2.3. Buss, rute 370 - Krakhella-Hardbakke-Daløy 15

3. Rammer og dimensjoneringsgrunnlag 17
3.1. Overordna lovar og føringar 17
3.2. Dimensjoneringsgrunnlag/ rammer 17
3.3. Vind og vértilhøve 21

4. Løysingsforslag med kostnadskalkylar 27
4.1. Innleiing og metode 27
4.2. Indre hamn 27
4.3. Valen 30
4.4. Steinsund 31
4.5. Oppsummering; kostnadskalkyler og vértilhøve 34

5. Vurdering og tilråding 35
5.1. Metode og kriterium for vurdering 35
5.2. Analyser/ kunnskapsgrunnlag 36
5.3. Vurdering per kriterium 45
5.4. Samla vurdering og tilråding 67

6. Samandrag 70

6.1. Kort skildring av dei tre alternativa 70
6.2. Hovudtrekk i vurderingane 70
6.3. Samla vurdering og tilråding 72

7. Vedlegg, kostnadskalkyler 74

1. Bakgrunn

1.1. Om oppgåva og avgrensing av oppdraget

Det har lenge vore eit ynskje frå Solund kommune å flytte ekspressbåtruta mellom Bergen og Selje («Bergen-Nordfjord», Rute 190), frå ferjekaien på Krakhella til kommunesenteret på Hardbakke. Båtruta er eit viktig samband for Solundsamfunnet, både når det gjeld reiser til Bergen og til andre kommunar i Vestland. Ei flytting av anløpet vil mellom anna gi kortare reiseveg til kaien for mange av innbyggarane, det vil gi betre forbindelse til lokalbåtrutene og vil kunne gi meir aktivitet ril Hardbakke sentrum.

Oppdraget går ut på å vurdere tre ulike kailokaliseringar for ekspressbåtanløp i/ved Hardbakke sentrum. Lokaliseringane er gitt av Solund kommune; Indre hamn, Valen og Steinsund. I tillegg til at alternativa er vurdert opp mot kvarandre så er det utarbeida skisser for kai og tilhøyrande landareal og det er laga grove kostnadskalkyler.

Det høyrer ikkje med til arbeidet å vurdere konsekvensen av flytting frå Krakhella til Hardbakke, til dømes endring i seglingstid og eventuelle behov for justering av ruter. Det er heller ikkje del av arbeidet å sjå på tiltak i leia for å sikre framkomst for ekspressbåtane, som til dømes muddring og sprenging. Dette er ein eigen pågåande prosess mot mellom anna Kystverket. Det er derfor ein føresetnad i arbeidet at leia har kapasitet i høve seglingsdjupne, bredde og høgde som er naudsynt for at ekspressbåten kan passere.

1.2. Flytting av ekspressbåtanløp frå Krakhella og tidlegare arbeid

Saka om flytting av ekspressbåtstopp har vore arbeidd med i mange år. Det er forankra kommunen sitt overordna planverk i dei to siste revideringane. Ved ferdigstilling av bru over Ytre Steinund har det og vorte meir aktuelt å knyte kommunen meir saman gjennom kommunesenteret som knutepunkt for båttrafikken. I rapport for Vestland fylkeskommune frå 2020[1], vert det vist betydeleg innsparing for dei reisande til/frå Solund ved å flytte

[1] *Utredning av alternativ seilingsled for ekspressbåtene Selje–Bergen. COWI, 2020, for Vestland Fylkeskommune*

båtstoppet til kommunesenteret, både ved reise nordover og sørover, men då føresett at ein kuttar dagens båtanløp i Rysjedalsvika. Rapporten seier og at for samla reisetid Selje-Bergen gir flytting av anløp mindre endringar. I rapporten er det også peika på løysing for å ivareta kommunikasjon til Sogn.

Frå både næringsaktørar og særleg yngre innbyggjarar blir saka peika på som den viktigaste for å kunne skape vidare utvikling og bulyst i kommunen.

I 2010 var det gjort ei moglegheitsstudie for flytting av båten til Hardbakke[2]. Rapporten peika på at Hardbakke kan bli nytt hovudknutepunkt for båttrafikken i Solund, og ein får kortare reisetid til Bergen. Endringane krev omlegging av bussruter og gir både fordelar og ulemper, der nokre får betre samband medan det også er nokre som får lengre reisetid.

I kommuneplan sin arealdel vart det avsett område for kai på Teigeneset, rett nord for Indre ham. Dette kom inn i arealplanen som vart vedteken i 2010. Alternativet har imidlertid vist seg for komplisert og dyrt å gjennomføre.

I 2023 vart det utarbeida ei moglegheitsstudie for etablering av ny ekspressbåtkai i Indre hamn på Hardbakke i Solund[3]. Bakgrunnen var eit ønskje om etablere eit nytt stopp som kan gi betre løysingar for trafikk, miljø og arealbruk. Studien vurderte om det var fysisk plass til naudsynte tiltak både i sjø og på land, og skisserer ei overordna løysing utan å gå i detalj på kostnader eller grunnforhold. Forslaget legg opp til ei samla utvikling av hamna med ekspressbåtkai som hovudelement, kombinert med bussterminal, parkering, gjestehamn og område for friluftsliv. Det blir lagt vekt på god funksjonsdeling for å unngå konflikt mellom ulike brukarar av hamna, samt korte avstandar og enkel overgang mellom båt og buss. Samstundes blir det understreka at ein må ta omsyn til landskap, eksisterande strukturar og småskalapreget i området.

Samla sett viser studien at det er mogleg å etablere ei ny, funksjonell hamneløysing i Indre hamn som kan styrke Hardbakke som knutepunkt, men at vidare utgreiingar er naudsynte for å avklare detaljar og konsekvensar.

Denne moglegheitsstudien sine løysingar på landsida, for trafikk, parkering og busshaldeplass har vore eit viktig grunnlag for løysingane som vert gitt for Indre hamn i føreliggande rapport.

---

[2] Hurtigbåt til Hardbakke. Nordfjordekspressen i Solund kommune- Mulighetsstudie. Rambøll, juli, 2010.

[3] Notat – Indre hamn. Asplan Viak, juni 2023.

1.3. Skildring av kailokaliseringane

Figur 1-1: Dei tre kailokaliseringane, gitt av Solund kommune.

Dei tre lokalitetane som er vurdert er følgande:

- Indre hamn: Ligg sentralt i Hardbakke i det som i dag er eit hamneområde som har småbåthamn, gjestehamn, kai for lokalbåtar (både av/påstiging og nattligge), drivstoffylling, kai for godsbåten Rani, badestrand mm. På landsida finnes og ulike funksjonar som parkeringsplass, busshaldeplass, kommunehus, friluftsråd, bustader mm.
- Valen: Dette er eit smalt nes som ligg om lag 500 meter sørvest for Indre hamn i luftlinje. Ytterst på neset er det ingen bebyggelse, men i vika på austsida av neset held Hardbakke båtlag til. Her er det flytebryggjer med båtplassar, parkeringsplassar, naust og eit båtlagsbygg. Det er og kajakkutleige. Området er delvis sprengt ut og med massar som er fylt ut i sjøen. Det er ein relativt smal asfaltert veg ned frå Daløyvegen, på ca. 100 meter lengde.
- Steinsund er eit regulert næringsområde like på nordvestsida av bru over Steinsundet, om lag 1,2 km i luftlinje sørvest for Indre hamn. Det ligg i umiddelbar tilknyting til Daløyvegen, der det er eit lite opplagsområde for diverse maskinelt utstyr i dag. Det er fyllmassar nedover mot sjøen, og litt utfylling i sjø.

1.4. Overordna metode og oppbygging av rapporten

Den overordna metoden er skildra i figuren under. Fyrst fase har vore å samle inn naudsynt informasjon som er relevant for å vurdere dei tre alternativa. Her inngår mellom anna gjennomgang av føreliggande rapportar, innhenting av passasjerstatistikk (ekspressbåten, lokalbåtar og buss), møte med Solund kommune og intervju med nøkkelaktørarar, deriblant sjøkapteinar. Dette arbeidet har og vore grunnlag for å avklare kva føringar som skal leggast til grunn for det vidare arbeidet, til dømes storleik på kai, tal passasjerar ein kan vente mm. Dette er presentert i kapittel 1.4.

Figur 1-2: Hovudfasar i arbeidet.

Neste fase har vore å utarbeide grovskisser for dei tre alternativa, basert på kunnskapen og dei føringane ein avdekka i fyrste fase.

Vidare har ein rangert dei tre alternativa opp mot ein annan, ut frå 11 kriterium som var gitt av Solund kommune. Grovskissene har då vore naudsynt for å kunne gjere ein del av vurderingane (t.d. vurdere overgang mellom båt og buss). I denne fasen inngår ulike analyser som er gjort for å belyse føremonn og ulemper ved alternativa, inkludert kartanalyser ved bruk av GIS-verktøy. Nærare metode og presentasjon av vurderingane er i kapittel 5.

Den fjerde fasen har vore å utarbeide endelege skisser for kaialternativa, inkludert grove kostnadskalkyler (sjå kapittel 4). Her har det vore ein iterativ prosess i høve vurderingsfasen, noko som er indikert med ei pil i Figur 1-2. Eit døme er der endeleg skisse har vorte endra i høve grovskisser, så har ein og måtte justere på vurderingane av alternativet. Og motsett veg: Dersom ein har sett av vurderingane at det var nokre uheldige løysingar i grovskissene, så har ein tilpassa for å gi best mogleg løysing i endeleg skisse. Vurderingane i kapittel 5 er difor basert på ei optimalisert løysing for kai og tilhøyrande areal basert på den kunnskapen ein har i dag. Og likeins med den endelege tilråding som er presentert i kapittel 5.

Metodane som er nytta i oppdraget er elles:

- Befaring på alle tre lokalitetar, 11. februar 2026
- Dokumentanalyse: Gjennomgang av føreliggande rapportar og dokument, inkludert referat frå synfaring som vart gjort på lokalitetane, med sjøkapteinar mm, i oktober 2022.
- Intervju: Intervju/møte med sentrale aktørar i Solund kommune, Skyss og operatørar av dagens ekspressbåtrute (Norled) samt lokalbåtar i Solund. Inkludert i intervju er sjøkapteinar som både har lokalkunnskap i Solund og som har ført ekspressbåten tidlegare. Fyrstnemnde møte var fysisk, resten på teams.
- Statistikk: Gjennomgang og analyse av passasjerstatistikk for ekspressbåten, lokalbåtruter i Solund samt bussruter i Solund. Data er motteken av Skyss.
- GIS-analyser: Bruk av Geografisk informasjonssystem (GIS) for å analysere og belyse egenskapar ved lokalitetane som har relevans for vurderingane.
- Vurdering av dei tre lokalitetane opp mot ein annan, dvs ei rangering (sjå kapittel 5). Dette er basert på ulike kunnskapsgrunnlag som vert presentert i rapporten.

2. Passasjertal på dagens ruter

Det er mottatt passasjerdata frå Skyss på ekspressbåten, lokalbåtane og bussruta til Krakhella. Dataene gir eit oversyn over reisevolumet og mellom anna ein peikepinn på kva dimensjonering ein bør ha på kai og tilhøyrande infrastruktur (ref. kapittel 3). Det seier også ein del om betydninga som ekspressbåten har for Solund i dag.

2.1. Rute 190 (ekspressbåt Bergen-Nordfjord-Bergen)

Statistikken viser at i 2025 var det totalt 12 858 av- og påstigande passasjerar på Krakhella kai, og med tilnærma lik fordeling av og på. Dette er eit relativt høgt tal samanlikna med dei andre anløpsstadane og der dei som ligg over Krakhella er i kommunar med noko høgare eller mykje høgare folketal. For å få fram dette tydeleg så er det i siste kolonne delt tal av- og påstigande på folketalet i kommunen, og ein ser at Krakhella har den desidert høgaste kvotient, på 17,4 mot eit snitt på 3,7 for alle kaiane[4].

*Tabell 2-1: Tal av- og påstigande per kai for ekspressbåten, linje 190, 2025. Kjelde: Skyss og SSB (3.kv.2025). *Gjennomsnitt for alle anløp.*

Anløpsstad	På-stigande	Av-stigande	Av- + påst.	Kommune	Folketal i kommunen	Passasjer-kvotient
Strandkaiterminalen	61515	63672	**125187**	Bergen	293709	0,4
Florø terminal	33038	38275	**71313**	Kinn	17357	4,1
Måløy hurtigbåtterminal	24720	21267	**45987**	Kinn	17357	2,6
Askvoll kai	12805	12211	**25016**	Askvoll	2929	8,5
Smørhamn kai	12982	10033	**23015**	Bremanger	3386	6,8
Selje kai	6551	8636	**15187**	Stad	9617	1,6
Krakhella kai	6384	6474	**12858**	Solund	739	17,4
Vardetangen kai	2866	2547	**5413**	Austrheim	2929	1,8
Mjømna kai	3408	502	**3910**	Gulen	2283	1,7
Sollibotn kai	1561	2219	**3780**	Gulen	2283	1,7
Rysjedalsvika kai	1869	1514	**3383**	Hyllestad	1274	2,7
Leirgulen kai	1682	1550	**3232**	Bremanger	3386	1,0
Skjerjehamn kai	1160	1310	**2470**	Gulen	2283	1,1
Lygra kai	139	162	**301**	Alver	30223	0,0
Totalsum	**139**	**162**	**301**		**389755**	**3,7***

[4] Kvotienten må brukast kun som ein indikator då kaiane ikkje er knytt direkte til kommunegrensene. Til dømes kan ein kai betjene fleire kommunar eller berre delar av ein kommune. Gulen har til dømes 3 kaiar på linje 190.

Om ein deler desse verdiane på tal avgangar i året frå Krakhella, som er 1205, så får ein eit snitt på 10,7 av- eller påstigande per avgang (ikkje vist i tabellen). Det vil sei at ca. fem passasjerar går av og fem går på i snitt kvar gong båten kjem til kai.

Når det gjeld framtidige reisande på ekspressbåten så vil dette kunne endre seg når den vert flytta til Hardbakke og båten vert meir tilgjengeleg. Eit anna viktig moment er her at lokalbåtrute 395 i dag er ei viktig overgangsrute til ekspressbåt, og delvis Sognebåten, for dei som bur på Nåra og også Tungodden (sjå statistikk i kapittel 2.2.1), då den korresponderer med sørgåande ekspressbåt på Mjømna/ Sollibotn på føremiddag og kveld på kvardagar, samt på laurdag føremiddag og søndag kveld. Dette kan ein og sjå av passasjertala på rute 395, der strekningen Nåra-Mjømna hadde om lag 2300 passasjerar kvar veg i 2024, og Tungodden- Mjømna har ca 200 kvar veg. I tillegg er det ein del passasjerar som har overgang frå/til Nåra/Tungodden på Sollibotn, rundt 200 kvar veg. Dette volumet kan ein sjå føre seg vil verte flytta over til framtidig stopp på Hardbakke.

2.1.1. Max passasjertal

Det vil naturleg nok vere store variasjonar mellom avgangane på ekspressbåten, og det viktigaste for ei dimensjonering av kai er kanskje å sjå på avgangane med høgast passasjertal. Figur 2-1 syner at det var 21 anløp på Krakhella som hadde over 20 avstigingar i 2025, og maks tal avstigingar var 41 (dette var fredag, kl.18.15, frå nord). Ein ser elles at dei fem anløpa som har flest avstigande er fredag ettermiddag (18.15-avgangen er frå nord og 18.27-avgangen er frå sør). Elles så er ulike vekedagar representert på lista, men det er overvekt av ettermiddagsavgangar.

Merk at i framtida så kan passasjertala verta høgare, som nemnt i førre kapittel, og at passasjerane frå Nåra truleg vil verte «overført» til framtidig Hardbakkestopp. Som vist i kapittel 2.2.1 så har strekningen Nåra- Mjømna relativt høge passasjertal, og i snitt litt under 4 av- og påstigande på Mjømna som skal til/frå Nåra. Ein kan vente at ein god del av desse har overgang til ekspressbåten.

På ekspressbåten er det nokolunde jamn spreiing ut over året, men med noko overvekt på- og rundt sommaren. Til dømes er 14 av 21 avgongane med flest avstigande frå mai til september. Fire av dei seks «største» avgangane er på seinsommaren august-september.



Figur 2-1: Tal avstigande på Krakhella i 2025. Kun anløp med meir enn 20 avstigande. Kvar søyle viser eit enkelt anløp.

Det var 21 anløp på Krakhella som hadde over 20 påstigingar i 2025 (Figur 2-2), og maks tal påstigingar var 49 (kl.18.27, mot nord)[5]. Kva vekedagar som har mange påstigingar varierer, men det er ettermiddagsavgangane som dominerer.

Også her er det nokolunde jamn spreiing ut over året, men flest påstigande i sommarhalvåret. Til dømes er 16 av 21 avgongane med flest påstigande frå mai til september.



Figur 2-2: Tal påstigande på Krakhella i 2025. Kun anløp med meir enn 20 påstigande. Kvar søyle viser eit enkelt anløp.

[5] Det var registrert ein avgang med 166 påstigande i 2025. Denne er ikkje teke med i figuren då det antas at dette er ei feilregistrering.

2.2. Lokalbåtar

Det er teke ut data på tal passasjerar for lokalbåtane. Det er nytta data frå 2024 då det er her ein har mest detaljar om kvar folk reiser til- og frå[6]. Tabellane viser eit bilete på kva strekningar og ruter som har dei største voluma i høve ein annan.

2.2.1. Lokalbåt, rute 395 – Gulen-Solund

Tabell 2-2: Tal billettar/reisande, rute 395, i 2024.

Frå	Til Eivind-vik kai	Grimma kai	Kvernøy kai	Mastrevik kai	Mjømna kai	Nåra kai	Skjerje-hamn kai	Sollibotn kai	Stevnebø kai	Tungodd en kai	Andre kaiar*	Totalsum
Eivindvik kai	0	0	44	1 687	754	**52**	168	5	0	1	148	2 861
Grimma kai	0	0	3	7	33	**0**	0	35	0	0	15	92
Lille Kvernøy kai	41	12	0	23	112	**0**	5	0	0	0	0	194
Mastrevik kai	1 449	3	5	0	1 650	**49**	17	59	36	0	0	3 269
Mjømna kai	775	76	100	1 600	0	**2 330**	7	74	7	222	218	5 409
Nåra kai	**39**	**0**	**0**	**44**	**2 239**	**0**	**3**	**254**	**0**	**0**	**0**	**2 579**
Skjerjehamn kai	40	1	1	33	4	**19**	0	19	7	12	1	138
Sollibotn kai	0	4	0	72	17	**142**	1	0	0	28	3	267
Stevnebø kai	3	1	0	25	8	**0**	8	0	0	0	0	45
Store Kverøy kai	0	0	0	0	3	**0**	0	0	0	0	0	3
Tungodden kai	0	0	0	0	185	**0**	3	45	0	0	0	233
Andre kaiar*	154	20	0	37	223	**1**	0	15	0	0	0	451
Totalsum	2 502	118	154	3 530	5 229	**2 594**	213	505	49	263	385	**15 541**

Som nemnt er rute 395 mellom anna viktig for reisande til/frå Nåra og Tungodden som skal vidare med ekspressbåten (og i nokre tilfelle Sognebåten) med overgang på Mjømna. Det er moglegheit for overgang i sørgåande retning både på føremiddag og kveld på kvardagar, på føremiddag på lørdagar og på ettermiddag på søndagar. I nordgåande retning er det og moglegheit for overgang på Mjømna, på ettermiddagen på kvardagar og på laurdag og søndag ettermiddag (desse vert køyrd av Sognebåten, mellom Bergen og Sogn). Ein ser at det er årleg om lag 2200 frå Nåra til Mjømna, og litt fleir motsett veg, og om lag 200 kvar veg frå Tungodden. Av desse kan vente at ein god del har overgang mot ekspressbåten, men ikkje alle. Det er i tillegg overgangsmoglegheit på nokre ruter (ekspressbåten/ Sognebåten) på Sollibotn, noko ein kan sjå igjen med relativt høge passasjertal på Nåra/Tungodden-Sollibotn, og motsett veg.

[6] Uttrekk er frå Skyss sitt Mobitech-system, som har mest detaljar i høve kvar passasjerane stig av og på (relasjonar). Frå 1.10.24 gjekk Skyss over til nytt system (WTS). For tala som er brukt (2024) er det gjort eit estimat for perioden oktober-desember, basert på dataene for januar -september 2024. Dataene har likevel den veikskapen at dei kan ha fleire «skjulte reiser» i form av nokre faste reisande som ikkje vert registrert på kvar tur, dette gjeld mellom anna skuleelevar.

For rute 395 var maks passasjertal frå Nåra til Mjømna på 32 passasjerar (ikkje vist i tabellen), men dette var eit enkelttilfelle 21.juli[7]. Resten av året var maks på åtte passasjerar. Det var berre fem avgongar med meir enn fem passasjerar. Motsett veg, frå Mjømna til Nåra, var maks på åtte passasjerar (13.september) og det var fem avgongar med meir enn fem passasjerar.

2.2.2. Lokalbåt, rute 394 - Gåsvær - Midtre Solund – Hardbakke

Denne ruta betjener nordlege og midtre delar av øyene nord i Solund, mot Hardbakke. Dei høgaste reisetala er mellom Hardbakke og Gåsvær, Lille Færøy, Lågøy og Oddekalv.

Tabell 2-3: Tal billettar/reisande, rute 394, i 2024.

Frå	Gåsvær kai	Hardbakke kai	Indrøy kai	Lille Færøy kai	Lågøy kai	Oddekalv kai	Stokkevåg kai	Storøy kai	Strand kai	Tangenes kai	Yterøy kai	Totalsum
Gåsvær kai	0	372	0	4	0	0	0	0	0	0	0	376
Hardbakke kai	455	0	114	242	265	274	13	25	5	39	29	1 461
Indrøy kai	0	84	0	0	0	0	0	0	0	0	0	84
Lille Færøy kai	0	388	0	0	0	0	0	0	0	0	0	388
Lågøy kai	0	286	0	0	0	0	0	0	0	0	0	286
Oddekalv kai	0	297	0	0	0	0	0	0	0	0	0	297
Stokkevåg kai	0	9	0	0	0	0	0	0	0	0	0	9
Storøy kai	0	32	0	0	0	0	0	0	0	0	0	32
Strand kai	0	4	0	0	0	0	0	0	0	0	0	4
Tangenes kai	0	57	0	0	0	0	0	0	0	0	0	57
Yterøy kai	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
Totalsum	**455**	**1 531**	**114**	**246**	**265**	**274**	**13**	**25**	**5**	**39**	**29**	**2 996**

2.2.3. Lokalbåt, rute 393 – Nord-Solund

Denne ruta forbinder øyene i Nord-Solund med Hersvik. Om ein skal vidare til Hardbakke må ein nytte buss eller bil. Dei høgaste reisetala er mellom Hersvik og Buskøy og Færøy.

Tabell 2-4: Tal billettar/reisande, rute 393, i 2024.

Frå	Buskøy kai	Færøy kai	Hersvik kai	Krakøysund kai	Saltskår kai	Totalsum
Buskøy kai	0	1	365	3	0	369
Færøy kai	0	0	472	1	0	473
Hersvik kai	374	433	0	147	142	1 096
Krakøysund kai	0	0	100	0	1	102
Saltskår kai	0	0	158	0	0	158
Totalsum	**374**	**435**	**1 095**	**151**	**143**	2 198

2.2.4. Lokalbåt, rute 392 - Hardbakke - Kolgrov – Utvær

Denne ruta forbinder øyene i vestleg del av kommunen, inkludert Ytre Sula, med Hardbakke. Det er sambandet Kolgrov-Notøy og Nåra-Notøy som har flest passasjerar.

[7] Merk at ein ikkje har data frå oktober til desember, men erfaringa viser at det er høgast passasjertal i sommarhalvåret.

Tabell 2-5: Tal billettar/reisande, rute 392, i 2024.

Frå	Hardbakke kai	Husøy kai	Indrevær kai	Kolgrov kai	Notøy kai	Nåra kai	Utvær kai	Totalsum
Hardbakke kai	0	1	23	0	9	0	108	142
Husøy kai	3	0	0	13	0	23	0	39
Indrevær kai	27	0	0	24	0	31	0	82
Kolgrov kai	0	23	63	0	261	0	51	397
Notøy kai	12	0	0	130	0	185	0	326
Nåra kai	0	5	0	0	64	0	4	74
Utvær kai	86	0	0	43	0	20	0	148
Totalsum	**127**	**29**	**86**	**210**	**334**	**258**	**163**	**1207**

2.2.5. Lokalbåt, rute 391 - Hardbakke-Nåra-Mjømna

Denne ruta forbinder Nåra med Hardbakke og Mjømna. Det største volumet på denne ruta er mellom Hardbakke til Mjømna[8].

Tabell 2-6: Tal billettar/reisande, rute 391, i 2024.

Frå	Til Hardbakke kai	Mjømna kai	Nåra kai	Totalsum
Hardbakke kai		24		24
Mjømna kai	17		3	20
Nåra kai	1	1		3
Totalsum	**19**	**25**	**3**	**47**

2.3. Buss, rute 370 - Krakhella-Hardbakke-Daløy

Tabell 2-7: Passasjertal for bussrute 370 i 2024. Tal passasjerar (inkl. skuleskyss) ***mellom Krakhella og stopp i Hardbakkeområdet (Hardbakke, Hardbakke skule, Solund senter, Håneset og Steinsund).*** *Skyss, passasjerdata. *For desember er det estimerte tall for perioden 13-12 - 31.12, grunna bytte av billettsystem.*

Månad	Til Krakhella	Frå Krakhella	Til og frå
Jan	258	214	472
Feb	241	225	466
Mars	252	209	461
April	239	199	438
Mai	277	222	499
Juni	250	262	512
Juli	316	438	754
Aug	342	349	691
Sept	391	323	714
Okt	247	214	461
Nov	235	201	436
Des*	116	84	200
Totalsum/ snitt	**3164**	**2940**	**6104**

[8] Sidan dette er ei viktig skulerute så er det truleg ein del «skjulte reiser» som ikkje viser i statistikken. Det er ca 5 elevar som nyttar denne ruta dagleg til Mjømna ifbm vidaregåande skule.

Tabell 2-7 viser at det var 6104 reisande som tok buss mellom Krakhella og haldeplassane i Hardbakkeområdet i 2024, det vil seie Hardbakke[9], Hardbakke skule, Solund senter, Håneset og Steinsund. Juli, august og september er månadane med klart flest reiser. Det var nokon fleire som tok bussen *til* en *frå* Krakhella.

Totalt var det 8965 bussreisande mellom Krakhella og heile kommunen (ikkje vist i tabellen). 73% av alle i Solund som tek bussen *til* Krakhella har påstiging i Hardbakkeområdet. Motsett veg har 63% av alle i kommunen som tek bussen *frå* Krakhella avstiging i Hardbakkeområdet. Snittet for Hardbakkeområdet sine av- og påstigingar begge vegar (til og frå Krakhella), samanlikna med alle av- og påstigingar i Solund, er 68%.

Figur 2-3 syner meir detaljert fordeling av dei rundt 6100 busspassasjerane som skal til eller frå Krakhella. Det er klart flest som nyttar haldeplassen Hardbakke, deretter Solund senter, som nesten berre har påstigande og ikkje avstigande frå Krakhella. Håneset, Hardbakke skule og Steinsund hadde under 300 av- og påstigingar i 2024.



Figur 2-3: Tal busspassasjerar med rute 370 i 2024 mellom Krakhella og haldeplassar i Hardbakkeområdet. Kjelde: Skyss, passasjerdata.

[9] Uklart i datagrunnlaget kvar denne haldeplassen er lokalisert i Hardbakke.

3. Rammer og dimensjoneringsgrunnlag

3.1. Overordna lovar og føringar

I oppdraget har det vore gitt frå Solund kommune kva lokalitetar som skal vurderast og kva kriterium som skal nyttast for vurderingane, sjå kapittel 1.1 og 5.1.

Det er og nokre lovverk som må følgast for denne type tiltak. Bygging av kai er eit søknadspliktig tiltak etter Havne- og farvannsloven. Alle tiltak som kan påverke sikkerheit eller framkome i farvatnet krev tillating frå kommunen eller Kystverket (avhengig av lokalisering). Dette inkluderer blant anna bygging av kai (faste konstruksjonar eller flytekaier), muddring, utfylling eller sprenging og tiltak som påverkar ferdsel, manøvrering eller sikkerheit i farvatnet.

Dei fleste tiltak som er søknadspliktige etter Hamne- og farvannsloven er også søknadspliktige etter Plan- og bygningsloven og krev dermed ei eiga byggesak hos kommunen. Tiltaket må vere i samsvar med kommuneplan/arealplan og eventuelt få dispensasjon dersom tiltaket avvik frå gjeldande planar. Det vil bli utarbeida reguleringsplan for valt lokasjon.

Ut over dette er det sentralt å utarbeide løysingar for kaianlegg og tilhøyrande infrastruktur som vil kunne tene ekspressbåtruta på ein god måte. Dette gjeld både omsynet til dei reisande og til avvikling av rutetilbodet, inkludert mannskap. Kai og tilhøyrande anlegg må oppfylla gjeldande krav til tryggleik både på land- og sjøsida, samt krav til universell utforming. Denne rapporten går ikkje ned på eit nivå der ein løyser slike krav i detalj, men skal sørge for at løysingane legg til rette for at krava vert oppfylt når detaljutforminga skal skje. Til dømes at gjeldande krav til universell utforming vert oppfylt med tanke på toalett, stigningsforhold osv.

3.2. Dimensjoneringsgrunnlag/ rammer

Ein sentral del av arbeidet har vore å avklare kva dimensjoneringsgrunnlag ein skal legge til grunn for utforming av kai og tilhøyrande anlegg, mellom anna kailengde og djupne. Dette har vore naudsynt for å kunne utarbeide skisser og kostnadskalkyler for alternativa.

Det føreligg ikkje ei konkret liste med krav frå Skyss/ Vestland fylkeskommune, så ein del av prosessen har vore å utarbeide ei eigne rammer for utforminga. Desse er basert på mellom anna:

- Dagens fartøy på ekspressbåtruta; storleik, fart, propulsjon, manøvreringsevne, landgang/ombordstigning osv.
- Vurderingar av korleis fartøya vil utvikle seg i framtida (storleik etc)
- Erfaringar frå andre hurtigbåtkaiar som ekspressbåten nyttar.
- Tidlegare arbeid med ekspressbåtstopp på Hardbakke (Notat- Indre hamn, Asplan Viak, 2023)

Kjeldene for arbeidet er diverse tekniske data på fartøy og intervju med sjøkapteinar, inkludert Norled som er dagens operatør av ruta. Det har vore dialog med Skyss undervegs i høve kva rammer som vert lagt til grunn.

3.2.1. Kaikonstruksjon og anløp

Viktige spesifikasjonar for fartøya som trafikkerer ekspessbåtruta Bergen – Nordfjord i dag er vist i tabellen under. Alle fartøya er dieseldrivne. Med unnatak av Tyrving så har også alle fartøya vannjet som propulsjon.

Tabell 3-1: Spesifikasjonar for fartøya som trafikkerer ekspessbåtruta Bergen – Nordfjord, rute 190, i dag.

Fartøy	Lengde (m)	Breidd (m)	Passasjerar	Fart (knop)	Byggeår
MS Frøya	35,2	10,6	190	35	2012
MS Njord	35,2	10,6	290	33	2012
MS Vingtor	35,1	10,6	290	35	2012
MS Tyrving	27,3	9	180	32	2002

Lengda varierer mellom 27 og 35 meter i dag og bredda er på rundt 10 meter. Det er venta at storleiken vil kunne auke nok i framtida, særleg dersom ruta skal elektrifiserast sidan batteri krev større volum. Den eine båten som truleg skal inn i ruta frå desember 2026 er om lag 40 meter[10]. Alle fartøya som trafikkerer ruta i dag kan legge til både med

[10] Ny anbudsperiode for ruta startar 1. desember 2026 og då vil Fjord1 overta som operatør for Norled. Kontraktens lengde er 2026-2029, men med inntil 3 års opsjon. Det er ikkje offisielt opplyst kva fartøy som skal inn i ruta i den nye kontrakten.

baugen og med sida. Å nytte baugen er føretrekt då dette vanlegvis er raskast. Dersom det er meir enn 10 passasjerar som skal av- og om desse i tillegg har med bagasje, så legg ein heller til med sida så ein slepp mykje «trafikk» gjennom passasjersalongen. Dei fleste fartøya er utstyrt med lengre landgang på styrbord side og denne sida er derfor då å føretrekke, men babord side er også mogleg.

Dagens ekspressbåtar stikk om lag 1,5 meter djupt. Av omsyn til fleksibilitet for andre båttypar i framtida legg me til grunn ei minimum djupne på 4.5 m i Tabell 3-2. Her er det då og lagt inn djupne som ei sikkerhetsmargin under kjølen.

Dagens båtar har ei seglingshøgd på rundt 14 meter. Det er mogleg at dette kan vere annleis framover.

Av kaiane langs ekspressbåtruta er det i dag berre Lygra, Skjerjehamn og Måløy som har flytekai, men andre stader i landet er dette langt meir vanleg, mellom anna på Trøndelagskysten der det er større skilnad på flo og fjøre.

Tabell 3-2 viser kva rammer som vert lagt til grunn for skisser, kostnadskalkyler og vurdering av alternativa. Rammene er relevant i høve dimensjonering av kai og fartøya sine anløp.

Tabell 3-2: Rammer som vert lagt til grunn for båtanløp og kaikonstruksjon.

Tema	Ramme som vert lagt til grunn	Kommentar
Minimum djupne ved kai	4,5 m	Ved lågvatn
Høgde på kai	1,6-2 m.	Ideell høgde. Lettast å oppnå ved flytekai.
Tal båtar med samtidig anløp	3 stk	Ein må dimensjonere for samtidig anløp av to lokalbåtar i tillegg til ekspressbåten. Lokalbåtane er venta å ikkje vere større enn ca.16 meter.
Fastkai vs flytekai	Flytekai	Flytekai er å føretrekke. Få ulemper ved slik løysing.
Sidelengs anløp vs bauganløp	Begge delar	Baug er forettrukket, men ein bør ha moglegheit forå legge til med sida i tillegg.
Minimum kailengde for sideanløp	40 m	Dimensjonert for ekspressbåten
Minumum kaibredde for bauganløp	10 m	Dimensjonert for ekspressbåten
Andre kaikrav	Lading av båt tas ikkje inn.	Elektrifisering av ruta er høgst usikker, og det er uansett truleg ikkje naturleg at lading skjer på Hardbakke. Lading må evt skje på kaiar med lengre liggetid, t.d. endestopp.

Merk at kaianlegga vert utforma for anløp (for ekspressbåten er det kun snakk om korte stopp på maks 1-2 minutt), og ikkje at lokalbåtar eller andre båtar skal ha kailigge der over lengre tid, til dømes om natta. Samstundes skal ikkje nytt kaianlegg ta vekk eksisterande kailiggekapasitet for lokalbåtar og ambulansebåten, i så fall må slik kapasitet erstattast.

3.2.2. Fasilitetar på kai

Følgande fasilitetar vert lagt til grunn:

Tema	Ramme som vert lagt til grunn	Kommentar
Venterom	Ja	Bør kunne handtere opp til 15-25 passasjerar
Toalett	2 stk	HC + unisextoalett
Andre fasilitetskrav	Lite lager for pakkar, maks ca 8 kvm	

3.2.3. Busshaldeplass

Følgande rammer for busshaldeplassar vert lagt til grunn:

Tema	Ramme som vert lagt til grunn	Kommentar
Minimum kapasitet; tal bussar	2	Bussar av klasse M2.
Snusløyfe ved kai?	Ja	Ikkje ønskeleg med rygging på kai.
Maks avstand frå busshaldeplass til ombordstiging på båt	ca.150 m*	*Båt skal vere synleg frå busshaldeplass
Andre busskrav	Bør ha leskur	Evt sambruk med venterom for båt

3.2.4. Parkering

I dag har Krakhella om lag 10 oppmerka parkeringsplassar, men det er plass til ein del fleire bilar på uoppmerka plassar. I og med at båten mellom Nåra og Mjømna kanskje ikkje vil gå lenger etter opning av bru over Ytre Steinsund er det truleg at folk frå Ytre Sula, og som skal med ekspressbåt frå Hardbakke, vil auke parkeringsbehovet tilknytt kaien.

Følgande rammer for parkering vert lagt til grunn:

Tema	Ramme som vert lagt til grunn	Kommentar
Tal parkeringsplassar	28	Basert på tidlegare skisser av indre hamn (kva det er plass til).
Sykkelparkering: Tal og standard	15	Under tak og låsbare plassar
Andre forhold		Det kan vere aktuelt å differensiere og regulere parkerinsplassane med omsyn på tidsrom og områder.

3.3. Vind og vértilhøve

3.3.1. Vindtilhøve og bølgjer.

Det finst ikkje tilgjengelege vindroser ved målestasjonane på Hardbakke. Vindrosene for Værlandet i nord og Vikingneset i sør vert nytta og vert vurderte som relativt representative for området.

Figur 3-1: Lokalisering av Værlandet og Vikingneset i høve Hardbakke

Vindrosene viser at vinden kjem hovudsakleg frå sør/søraust gjennom Steinsundet frå sør og Liasundet frå nord.

Solund vert rekna som relativt skjerma for vind. Valen vert òg rekna som relativt vindskjerma, men har lengre strøklengd enn Solum. Steinsundet ligg i sør–nord-retning, som samsvarar med den dominerande vindretninga.

Tilgjengelege vinddata for alternativa vert vurderte som representative for vinden som dannar bølgjene. Fordelinga av vindretning og vindstyrke er vist i dei etterfølgjande vindrosene.

Maksimalt førekomeande vindhastigheit, Vref, er om lag 25 m/s, som kan opptre i Steinsundet.





3.3.2. Bølgjer

Vind gjennom Steinsundet vil gje bølgjer. Sundet har holmar og er trongt, noko som gjer at bølgjene vert reduserte. Strøklengda Fvert vald som maksimal lik breidda på sundet som vist i figuren.

Utrekningar

Det vert vald å nytte ein vindhastigheit $V_{ref} = 30$ m/s.

Vindhastigheit:

$$V_A = 0{,}71 \times V_{ref}^{1{,}23}$$

Med $V_{ref} = 30$ m/svert $V_A = 47$ m/s.

F (strøklengda)=ca. 340m.

Bølgjehøgd:

$$H_s = 5{,}112 \times 10^{-4} \times V_A \times F^{0{,}5}$$

Med $F = 340$m gjev dette ein signifikant bølgjehøgd:
$H_s = 0{,}44$ m.

Den signifikante bølgjehøgda $H_s$er middelverdien av den tredjedelen av bølgjene som er høgast. Den maksimale enkeltbølgja kan vere vesentleg høgare enn dette, og kan oppstå ved samverknad (resonans) mellom to eller fleire bølgjer. Ein vanleg tommelfingerregel er at den høgaste bølgja som kan opptre er om lag det dobbelte (1,9 gonger) av den signifikante bølgjehøgda.

Bølgjehøgda vert målt frå topp til botn av bølgja. I høve til nullnivå svarar dette til $H/2$. Brytande bølgjer (vert ikkje vurderte som relevante) fører til havnivåstiging, slik at høgda over stillvatn vert mellom $0{,}6$ og $0{,}8 \times H$. Maks bølgjehøgd enkeltbølgje er ca 1.9 x 0,44m = ca. 0,85m. I kombinasjon med straum (tidevasstraum) gjev dette urolege sjøtilhøve.

3.3.3. Stormflo verdiar /tidevatn.



Stormflo med tidevatn og havnivåstiging er særleg viktig for faste betongkaier med tilhøyrande landområde. For flytande kaier har ikkje havnivået tyding, men landgangen mot land og landområda er av stor tyding.

Stormflo for Solund kommune er henta frå Kartverket si nettside, uttrekk april 2026, sjå figur til venstre.

200 års stormflo er ca. 1,48 meter NN2000 (dvs. år 2000, året målinga er tatt ut frå) i følgje tabellen til venstre.

Stormflo opptrer oftast:

- Under kraftige lågtrykk og stormar, spesielt om hausten og vinteren.
- Når vinden bles langs kysten eller rett inn mot land.
- Når stormen treff samtidig med høgvassfase i tidevatnet.
- I tronge sund og fjordar, der vatnet kan hopa seg opp.

3.3.4. Venta havnivåstigning

Pågåande klimaendringar fører til havnivåstiging. Storleiken på havnivåstigninga er samstundes avhengig av landhevinga. I Noreg blir år 2100 brukt som referansenivå for planlegging av sikker etablering av bygningsmasse langs kysten. Det er teke ut data om venta havnivåstiging frå kartverket si nettside, uttrekk april 2026, sjå figurar under.





Venta havnivåstiging er $2{,}30m – 1{,}40m = 0{,}9m$. Maksimal høgd for stormflo, inkludert tidevassstiging, er 2,30 m. Tabellen viser 1,48 m. Maksimalt havnivå vert då $1{,}5m + 0{,}9m = 2{,}4m$.

Kotehøgda i indre hamn er i dag på 2,0 m, noko som vil gi oversvømming ved jamleg stormflo i framtida. I dag er høgda tilfredsstillande. Eksakt kotehøgd må sjekkast. Dette har inga tyding for flytande kaiar.

Tidevatnet vil skape straum i tronge sund som Steinsundet. Tronge forhold i Steinsundet kan gje sterke tidevasstraumar opp mot 2–4 knop (3,5–7 m/s). Det finst ingen offisielle tal for Steinsundet. Tala er henta frå KI.

Dette kan gje vanskelegare manøvreringsforhold i Steinsundet, særleg ved manøvrering inn til kai under ekstreme vêrforhold.

Etablering langs land i Solund kommune bør vere over kote 2,4 m NN2000. I tillegg kjem lokale bølgjeforhold, sjølv om maksimal stormflo truleg ikkje vil inntreffe samstundes med maksimale bølgjer.

4. Løysingsforslag med kostnadskalkylar

4.1. Innleiing og metode

Kapittelet inneheld skisser og kostnadskalkyler. Kalkylar er basert på tidlegare anbod, entreprenørar, Norsk prisbank, Calcus- og Holte kalkyleprogram, samt tidlegare vurderingar av bryggjer, kaier og hamneanlegg.

Det er ikkje nytta tekniske rådgjevarar for vatn og elektro, og kostnadene for tekniske fag er berre anslag for alle alternativa.

Det er ikkje detaljrekna med kostnader til elektro, og kostnaden er avhengig av omfanget av belysning og straumtilkoplingar. Landstraum for større båtar/skip er ikkje teke med. Tilkoplingspunkt og effektbehov er heilt avgjerande. Det same gjeld vatn og avløp, som er avhengige av tilkoplingspunkt på land samt behov for vatn og avløp på kaia.

Prisane er på dagens prisnivå, ekskludert finansiering, og offentlege avgifter (mva). Økonomiske kalkylar inneheld ein usikkerheitsfaktor på –10 % til +30% (ut over det som er lagt inn for uforutsett i kalkylene). Dersom prisane skal nyttast i framtida må det leggast til prisstigning.

Skissene er teikna på eit grovt nivå og ut frå dagens kunnskap (utan grunnundersøkingar etc). Dei må detaljerast ut nærare dersom kai/anlegg skal byggjast. Alternativa som er rekna å vere minst aktuelle har kun handteikna skisser, medan resten har meir detaljar.

Det har vore tilstreba å plassere kaien på ein måten som gir gunstig vindtilhøve for ekspressbåten. Vanlegaste vindretning er om lag sør eller søraust.

4.2. Indre hamn

For indre hamn er det laga kalkyler for to alternativ; flytande og fast kai.

Kostnader for flytande kai er på eit grovt nivå og inneheld:

- Flytande betongkaier på 40 x 6 meter[11].

[11] *Dette er flytande betongelement på 40x 6 meter. Modulane kan koblast saman, f.eks til bredde på 12 meter (2 x 6 meter), eller 15 meter bredde (3 x 5 meter). Dette er avhengig av kva leverandør ein vel, kva modulbreidder dei tilbyr og i kva grad det er mogleg å koble saman fleire modular. NB: Når kaien er smalare*

- Parkeringsareal for bilar: 28 plassar og i tillegg 3 HC-plassar nærare kaien.
- Haldeplass med plass til to bussar, klasse M2.
- 15 sykkelparkeringsplassar, WC (eksisterande) og nytt venterom med lager, om lag 40 m² (sjå elles dimensjoneringsgrunnlag, kapittel 3.2).



Figur 4-1: Alternativ med flytekai for Indre hamn (seinare omtala som «hovudalternativet» for Indre hamn).

enn 10 meter kan ekspressbåtane ikkje legge til på enden av kaien. Den må då legge til på langsida av kaien, enten med baugen eller med sida. Begge sider av kaien kan nyttast, med til dømes ekspressbåt på eine sida og to lokalbåtar på andre sida.

Løysinga som ligg til grunn for kostnadskalylene er vist i Figur 4-1. Det er ikkje plass til-, eller ønskeleg å ha trafikk og parkering i området bak Fjordane Friluftsråd sitt bygg. Parkering og busshaldeplass er difor trekt noko lenger nord og busshaldeplassen treng mest bredde av desse to funksjonane. Sidan det er litt trangt for to rader med parkering ved kommunehuset er det lagt inn ei trebryggje på 50 meter på utsida av parkeringsplassen, slik at det er godt med plass for gåande som skal passere[12]. Kostnad for WC er ikkje inkludert, då det er lagt til grunn at ein nyttar det anlegget som er i bygget i dag.

Kaien er dreia mot nordvest, mellom anna for å få meir avstand til naboar i sør/aust. Dagens flytebrygger må flyttast. Dagens faste kai kan elles nyttast om lag som i dag, mellom anne for godsbåten Rani og for friluftsrådet.

Kostnader for alternativet med fast kai inneheld:

- Fast betongkai på 33 x15meter. 15meter bredde gir båtane høve å legge til med baugen både på kortsida. På sidene er det plass til lokalbåtar.
- Kaien vert dreia mot sør for å gi betre avstand/ manøvreringsareal i høve holmen.



Figur 4-2: Alternativ med fast kai på Indre hamn.

[12] Eit alternativ her er å flytte muren i bakkant, mot kommunehuset

Kostnadane er estimert til 22,8 mill.kr inkl. mva for flytekai (hovudalternativet) og 29,5 mill.kr med fast betongkai. For begge to er det inkludert ein andel for uforutsett (dette er for å dekke småting som elles ikkje er teke med) på 10% og ein reserve på 10%. Reservar kan vere krav og utføringar som ikkje er kjende på noverande tidspunkt.

Meir detaljar i kalkylene finnes som vedlegg.

Eit anna moment som må tas med i vurderinga er dei planane som ligg for utvikling av kaien og bygga i Indre hamn. Mellom anna er det snakk om å renovere nokre av dei eksisterande bygga og kanskje etablerer bustader, servering og liknande. Her kan det mellom anna vere potensial for å få til ei samdrift med venterom.

Av desse kostnadane (både flytekai og fast betongkai) er 4,5 mill. kr. eks. mva. for trebryggje på utsida av parkeringsplassen. Om ein inkluderer uforutsette kostnader og reserve og mva. blir summen 6,75 mill. inkl. mva. For lokaliteten kan mur mot kommunehuset kanskje flyttast mot aust, som alternativ til trebrygge. Kostnadene for desse arbeida er ikkje kalkulerte og konsekvensane av dette er ikkje vurdert.

I fortsettinga vert alternativ 1, med flytande kai på 40 x 6 meter, nytta som hovudalternativ. Dette basert på at det er eller er ein del føremonn ved flytande kai, mellom anna ift. flo og fjære (nærare vurderingar av dette alternativet er gitt i kapittel 5).

4.3. Valen



Figur 4-3: grovskisse av alternativ for Valen.

I alternativet er det lagt til grunn dei same føresetnadane som for Indre hamn, når det gjeld fasilitetar, parkering, busshaldeplass osv. Einaste skilnaden er at det vert bygd nytt WC som vil inngå i bygget med venterom og lager. Bygget vert på om lag 50 m².

Ut mot sjøen er det lagt til grunn fast betongkai, med sprenging av berg og bruk av dette til fyllmassar i sjøen. Løysinga krev og noko muddring ut i sjøen.

Valen vert rekna som det mest kompliserte av alternativa. Mellom anna er vegen frå Daløyvegen til hamneanlegga komplisert. Den er i dag

smal og krysset er relativt trongt (det er medteke kostnader for utviding av vegen). Nede ved båtlaget må vegen gå ute langs/på dagens kai og passere på utsida av båtlagshuset der det er særs trongt. Komplikasjonane rundt dette, og om ein evt må flytte på bygget, er ikkje nærare vurdert. Eit alternativ kunne vore å legge vegen på baksida av bygget, men det ville i så fall vore eit svært omfattande og kostnadskrevjane inngrep, då berget her er 10 meter høgt.

Ut mot sjøen kan det som alternativ etablerast eit flytande betongalternativ tilsvarande Steinsundet eller sentrum. Kostnadene og kompleksiteten er høge, slik at alternativet ikkje er teikna opp på same detaljnivås som dei andre to (etter avtale med Solund kommune). Der er kun vist grovskisse av alternativet.

Det er gjort eit overslag over lengdemeter føringar for elektro samt vatn og avløp. Tilkoplingspunkt og kapasitetar er ikkje kjende, men kostnadene fungerer som eit overslag. Samla kostnad er estimert til 39 mill.kr. inkl. mva. Her er inkludert ein andel for uforutsett på 10% og reserve på 10%. Meir detaljar frå kalkylene finnes som vedlegg.

4.4. Steinsund

Steinsundet er teikna ut med tre alternativ og som er kostnadskalkulert:

- Flytande kai, 40 x 6 meter[13] (seinare omtala som hovudalternativet), sjå Figur 4-4.. Her må ekspressbåten leggja til på kaiens sideflate (med baugen eller med sida).
- Flytande kai, 40 x 15 meter[14], sjå Figur 4-5 til venstre. Her har ekspressbåten og moglegheit å leggja til ved enden av flytebryggja (med baugen). Dette alternativet er teikna opp, men ikkje kostnadsberekna.
- Fast betongkai langs land har ei lengd på 70 m. Breidda mot land vil variere. Sjå Figur 4-5 til høgre.

[13] *Dette er flytande betongelement. Modulane kan koblast saman, f.eks til bredde på 12 meter (2 x 6 meter)*

[14] *Dette er flytande betongelement. Modulane kan koblast saman, f.eks til bredde på 15 meter (3 x 5 meter)*



Figur 4-4: Alternativ med flytekai for Indre hamn (seinare omtala som «hovudalternativet» for Indre hamn). Ekspressbåten legg til på sida av kaien, enten ved båtens side eller med baug.

I alle alternativa er det lagt til grunn dei same føresetnadane som for Indre hamn, når det gjeld fasilitetar, parkering, busshaldeplass osv. Einaste skilnaden er at det vert bygd nytt WC som vil inngå i bygget med venterom og lager. Bygget vert på om lag 50 m². Det er og plass til to lokalbåtar i alle alternativ, men for fastkai-alternativet så må ekspressbåten legge til med baugen for å få plass til to lokalbåtar.

Alle alternativa har avkøyrsle like nord for Steinsundbrua, og med parkeringsplass nærast vegen og busshaldeplass med plass til to M2-bussar ned mot kaien. HC-parkering og sykkelparkering (15 plassar) er ned mot kaien.



Figur 4-5: Til venstre: Alternativ med brei flytekai, der båten kan legge til med baugen på enden av kaien. Til høgre: Alternativ med fast betongkai (resten av anlegget på land vil vere likt som dei to andre alternativa).

Fast betongkai kan etablerast tilsvarande sentrum, som betongpir eller fast betongkai langs land, slik det er vist på skissa. Ekspressbåten kan gå inn med baugen, alternativt med sida ved behov. Den faste betongkaia langs land vil ha ei lengd på om lag 70 meter.

Det er gjort eit overslag over lengdemeter føringar for elektro samt vatn og avløp. Tilkoplingspunkt og kapasitetar er ikkje kjende, men kostnadene fungerer som eit overslag.

Kostnadane er estimert til 24 mill.kr inkl. mva for flytekai og 23,5 mill.kr med fast betongkai. Her er inkludert ein andel for uforutsett på 10% og reserve på 10%. Meir detaljar frå kalkylene finnes som vedlegg.

I fortsettinga vert alternativ med flytande kai på 40x 6 meter nytta som hovudalternativ. Dette basert på at alternativet er vurdert som best for manøvrering, djupne, flo/fjære og at det har plass til to lokalbåtar, også dersom ekspressbåten legg til med sida. Kostnaden er om lag dei same som for fast betongkai (nærare vurderingar av hovudalternativet er gitt i kapittel 5).

4.5. Oppsummering; kostnadskalkyler og vértilhøve

*Tabell 4-1: Oppsummering av kostnadskalkyler og vertilhøve. Sjå vedlegg for meir detaljar. *For hovudalternativa (på Indre hamn og Steinsundet) har ein nytta kostnad for flytekai på 40 x 6 meter. **Kostnadene i indre hamn på Hardbakke inkluderer ny gangveg med trebryggje, på om lag 4,5 mill. ekskl. mva. Alternativ kan vere å flytte mur på parkeringsplassen i retning mot rådhuset. Kostnadene for dette er ikkje kalkulert.*

Lokalitet	Kostnader, NOK, inkl. mva	Kommentar; Vind bølger, straum
Indre hamn. Flytekai (Hovudalternativet*)	22,8mill.**	Svært gode
Indre hamn. Fast betongkai	29,5mill.	Svært gode
Valen. Fast betongkai (Hovudalternativet)	39 mill.	Gode
Steinsundet. Flytekai (Hovudalternativet*)	24.1 mill.	Det kan vere opprørt sjø ved straum og bølgjer frå sør.
Steinsundet. Fast betongkai	23,5mill.	Det kan vere opprørt sjø ved straum og bølgjer frå sør.

Indre hamn med flytekai er billegast, og har samstundes eit potensial for kostnadsreduksjon knytt til trebrygga utanfor parkeringsanlegget. Dette alternativet har og potensial for å få til noko samdrift med den øvrige utviklinga som skjer rundt Indre hamn, med t.d. felles venterom.

5. Vurdering og tilråding

5.1. Metode og kriterium for vurdering

Dei tre alternativa skal vurderast ut frå 11 ulike kriterium/tema vist i tabellen under, og som er gitt av Solund kommune[15]. Som ein ser av tabellen så er det vurderingar innafor eit stort spenn; både samfunnstema, transport/reisetid, tryggleik, miljø/inngrep og nærmiljø. Det er berre hovudalternativet for kvar lokalisering som vert vurdert (ref. kapittel 4.5). Dersom sekundæralternativa har ei anna vurdering så vert dette kommentert i teksten.

A.	Lågast mogleg investeringsbehov .
B.	Kortast mogleg reisetid for innbyggjarane og besøkande.
C.	Smidigast mogleg overgang for kollektivtransporten (ekspressbåt-lokalbåt og ekspressbåt-buss)
D.	Tryggast mogleg tilhøve for mannskap og reisande, på sjø og land.
E.	Minst mogleg inngrep i urørt natur.
F.	Minst mogleg inngrep i landskapet.
G.	Minst mogleg påverknad på botntilhøve og grunn i og under kaiar.
H.	Minst mogleg omfang av bilbruk.
I.	Nærmiljø: Minst mogleg ulemper knytt til bumiljø / trivsel frå støy, trafikk og bygging.
J.	Minst mogleg ulemper knyt til leik, bading, padling.
K.	Mest mogleg styrking av eksisterande funksjonar.

Kriteria vert vurdert på ein rangeringsskala med tre nivå, og som vert gitt fargekodar for å gje enklare visuell lesbarhet i tabellen. Alternativa vert her rangert i høve ein annan, og om lokaliseringa er «mindre god», «god», eller «svært god».

Svært god
God
Mindre god

Figur 5-1: Vurderingsskalaen som vert nytta

[15] *Det er gjort ei lita omformulering av ordlyden til kriteria for at det skal vere mogleg å vurdere alternativa ved bruk av vurderingsskala («Mindre god» , «god» og «svært god»).*

Sidan mange av vurderingskriteriene ikkje er kvantifiserbare eller målbare, og i noko grad basert på skjønsmessige vurderingar, er det hensiktsmessig å ha ei såpass grov skala-inndeling. I den grad det er mogleg å sei at det eine alternativet er monaleg betre enn det andre, så vert det gitt ei høgare rangering. Dersom alternativa er vurdert som nokolunde like så vert dei jamstilte. Dei kan og verte jamnstilte dersom det er eit forhold som «slår i hel» eit anna. Eit døme her kan vere kriterium «Minst mogleg ulemper knyt til leik, bading, padling». Her kan eit alternativ rangerast bra på ulemper knytt til bading, medan det rangerast dårleg på ulemper knytt til leik på land, og kan då verte jamnstilt med eit alternativ som er bra for leik, men dårleg for bading.

Kapittel 5.2 inneheld analyser og vurderingar som utgjer eit kunnskapsgrunnlag for rangering av alternativa. I kapittel 5.4 visast den samla rangeringa av alternativa. Deretter, i kapittel 5.3, følger ein tekst som skildrar alternativa si rangering nærare, for kvart kriterium/ tema.

5.2. Analyser/ kunnskapsgrunnlag

Det er gjennomført GIS-analyser av demografi, lokalisering av hytter, gangavstandar mm. som er relevant i høve dei kriteria som gjelde reisetider, bilbruk, nærmiljø og styrking av eksisterande funksjonar, ref. kriteria i tabellen under.

B. Kortast mogleg reisetid for innbyggjarane og besøkande.
H. Minst mogleg omfang av bilbruk.
I. Nærmiljø: Minst mogleg ulemper knytt til bumiljø / trivsel frå støy, trafikk og bygging.
K. Mest mogleg styrking av eksisterande funksjonar.

5.2.1. Demografi

Innbyggjarane i Solund vil utgjere ein viktig del av dei reisande med ekspressbåten frå eit framtidig stopp på Hardbakke. Det er derfor gjennomført demografiske analyser basert på dagens befolkning, sjå Figur 5-2. «Varmekart» med farge gul-mørk brud syner folketettleik. Tal busette innafor kommunen sine grunnkretsar[16] er vist med raud storleiksproporsjonal sirkel. Vidare er kommunen delt inn i fem «kommuneområder» vist med blå, raud, svart, gul

[16] Nokre grunnkretsar er slått saman til områder av om lag same storleik for å få hensiktsmessige områder å presentere i kartet.

og grøn farge. Dette er ein hensiktsmessig inndeling når ein seinare skal sjå på reisemiddelfordeling (kapittel 5.2.4).



Figur 5-2: Folketettleik og andel innbygjarar i ulike "kommuneområder".

Hardbakke har klart høgast konsentrasjon av innbyggjarar; 358 personar bur på- eller nær Hardbakke, dvs mellom Steinsundvatnet og Hopsvatnet. Dette utgjer 47% av eit samla innbyggjartal på 753 i kommunen.

Ytre Sula har 140 innbyggjarar og saman med dei 40 innbyggjarane på Rånøyna og Steinsundøya (vest for Steinsundvatent) så bur 24% av innbygjarane i kommunen vest for Hardbakke (unnateke dei som bur på øyane vest). Dette er om lag like mange som bur aust for Hardbakke; Eide, Stranda, Hersvik, Krakhella, Losna mm. har om lag 23% av innbygjartalet.

Øyane i nord, vest og på Losna har lågast folketal med hhv. 4% og 1% av innbygjjarane.

5.2.2. Hytteturisme

Hytteturistar er og ein viktig del av dei reisande med ekspressbåten. Ein har ikkje tal på kor stor andel av dei reisande som er knytt til hytter eller anna form for turisme, men som ein

såg av passasjerdataene (kapittel 2) så var det ein del fleire reisande både med båt og buss på sommarhalvåret, noko som tyder på at turistane har tyding for ekspressbåten.

Frå matrikkelen er det henta ut bygningsdata og som viser at det er registrert 472 fritidsbustader/hytter i Solund[17] og varmekart i Figur 5-3 viser kvar tettleiken av hytter er størst. Til samanlikning er det registrert 384 bustadhus[18]. Sjølv om det er fleire hytter enn bustadhus så er det truleg at bustadane genererer ein god del fleire reiser sidan dei er bebudd heile året.



Figur 5-3: Hyttetettleik og andel hytter i ulike "kommuneområder".

Ein ser i Figur 5-3 at hyttene er langt meir spreidd utover heile kommunen samanlikna med innbyggjarkartet. Berre 5% av hyttene er på/nær Hardbakke medan 28% er på øyane i vest (13%) og nord (15%). Det er og ein stor andel på 42% som har hytte aust for Hardbakke. Nokre få av hyttene i kommunen har ikkje vegtilkomst eller lokalbåttilbod og dei må bruke privat båt for å kome til.

[17] Her inngår tre bygningstypar: Fritidsbygg (hytter, sommarhus e.l.) , heilårsbustad som vert nytta som fritidsbustad og våningshus som vert nytta som fritidsbustad.

[18] Alle typar bustader: Einebustader, våningshus, tomannsbustader, rekkehus og liknande.

5.2.3. Gang- og sykkelavstandar, Hardbakke

Det er gjort lokale analyser for Hardbakkeområdet med gang- og sykkelavstandar. Dette er ikkje gjort for andre områder i Solund då desse er rekna å ligge for langt unna til at folk flest vil gå eller sykle til framtidig ekspressbåtkai, uavhengig av kva kailokaliseringa blir.

Gangavstandar

Figur 5-4 syner kor langt ein kjem dersom ein går 800 meter frå kailokalitetane. Ein gangavstand på 800 meter svarar til om lag 10 minuttar gange og reknast som akseptabelt for mange. Ein ser at Indre hamn (rosa polygon) dekkjer dei tettast befolka delane av Hardbakke, men at også Valen (blått polygon) dekkjer sørlege delar av Hardbakke godt. Frå Steinsund (grønt polygon) er det meir enn 800 meter å gå for å nå bebyggelsen på Hardbakke. Valen er t.d. litt over 1 km unna Steinsund.



Figur 5-4: Folketettleik på Hardbakke (jo mørkare farge jo høgare tettleik). Gangavstand på 800 meter frå Lokalitetane; Rosa=Indre hamn, Blå=Valen, Grøn=Steinsund. Små brune punkt syner bustadbygg.

I Figur 5-4 er det ikkje vist standard på veg og tilhøve for gåande. Frå Hardbakke til Steinsund er det til dømes ikkje tilrettelagd for gåande eller syklande, og Daløyvegen har her fartsgrense 80 kmt.

I Figur 5-5 er det talt opp kor mange som bur innafor ulike avstandar. Det er 219 personar som har 10 minutt gangavstand til Indre hamn og dette utgjer nær ein tredjedel av folketalet i kommunen. Om lag 20% har gangavstand til Valen og 5% til Steinsund.



Figur 5-5: Tal innbyggarar som bur i ulike gåavstandar frå dei tre lokalitetane. Prosenttal viser kor stor del av kommunen sine innbyggarar som bur innafor 800 meter til dei tre lokalitetane.

I tillegg til innbyggjarane og hyttene så vil arbeidsplassar og andre funksjonar kunne generere reiser med ekspressbåten. I Tabell 5-1 er det gjort ei oppsummering av tal arbeidsplassar[19] og andre viktige funksjonar som ein finn innafor 800 meter i dag.

[19] Arbeidsplassdata er henta frå bedrifts- og føretaksregisteret. Dette har ein del svakheter, mellom anna at bedrifter og offentlege tenester kan ha registrert tilsette som i praksis ikkje jobbar på aktuelle adresse. Eit døme på dette tilsette i heimesjukepleien. Merk og at bedriftsregisteret viser tal arbeidsplassar og ikkje årsverk. Dette slår ut på bl.a. tal tilsette på butikkar som ofte har mange deltidstilsette.

Tabell 5-1: Tal arbeidsplassar og type tenester/ funksjonar som ligg innafor 800 meter gangavstand til lokalitetane.

Lokalitet	Tal innbyggjarar	Tal arbeidsplassar	Funksjonar/ tenester
Indre hamn	219	342	Skule, barnehage, overnatting, servering, kyrkje, rådhus, NAV, kjøpesenter, post, kino og idrettsanlegg.
Valen	148	127	NAV, kjøpesenter, post, kino og idrettsanlegg (rådhus flyttar truleg innafor 800 m)
Steinsund	35	2	Overnatting.

Indre hamne er lokaliteten som har klart flest arbeidsplassar og funksjonar, deretter Valen med nest flest.

Sykkelavstandar

Sykkel er og eit aktuelt reisemiddel på kortare avstandar. Ofte reknar ein 3 km. som akseptabel sykkelavstand, men dette varierer mykje frå person til person. Det avhenger og av stigningsforhold, vér/ klima og av tryggleiken langs vegen; dvs om det er eigen sykkelveg eller fortau, og standard og trafikkmengde på vegen ein eventuelt skal sykle på (dersom det ikkje er fortau eller sykkelveg). Solund har relativt dårlege forhold for dagleg sykling (smale vegar, ein del stigning og mykje ruskever) så er sykkelandelen rekna å vere lav for dei som skal reise med båten, inkludert dei som bur på Hardbakke. Det kan likevel vere nokre syklande på sommaren då Solund er attraktivt for sykkelturistar, og der desse då ofte vil sykle lengre avstandar.

Figur 5-6 syner kor langt ein kjem ved å sykle ca 3 km. frå Hardbakke sentrum. Mot vest kjem ein til Ytre Steinsund og mot aust til Søre Hop, der det er noko lenger sykkeltid på grunn av meir stigning. Dette er områder som er definert å ligge innafor «kommuneområde» Hardbakke i Figur 5-2 og Figur 5-3 i føregåande kapittel.



Figur 5-6: Kor lang kjem ein om ein syklar ca 3 km aust eller vest frå Hardbakke sentrum? Kjelde: google maps.

5.2.4. Reisemiddelfordeling til Hardbakke

Basert på reisetider til/frå Hardbakke, eksisterande vegnett (som inkluderer ny Ytre Steinsund bru) og kva som finnes av tilgjengeleg kollektivtransport, og kva som er venta å vere av kollektivtilbod i framtida, er det gjort ei vurdering av kva som er dei mest aktuelle reinsemidla når ein skal komme seg til ekspressbåten på Hardbakke frå dei ulike områda av kommunen (sjå siste kolonne i Tabell 5-2). Vurderingane er dei same uavhengig av kva kailokalisering ekspressbåten får på Hardbakke[20].

[20] For enkelheits skuld vert «Hardbakke» her brukt som namn på kaien i dette kapitelet, men dette kan vere både Indre hamn, Valen eller Steinsund.

*Tabell 5-2: Innbyggjarar og hytter fordelt på «kommuneområder», og kva som er mest aktuelle reisemiddel til Hardbakke *Det ventast at Ytre Sula vert dekka av bussrute når Steinsundbrua opnar.*

Område	-Andel av alle innbyggjarar og tal innbyggjarar	-Andel av alle hytter og tal hytter	Mest aktuelle reisemiddel til Hardbakke
Øyane i vest	1% (9 innb.)	13% (59 hytter)	Lokalbåt
Øyane i nord (inkl. midt)	4% (33 innb.)	15% (72 hytter)	Lokalbåt, saman med buss eller bil
Vest	24% (180 innb.)	25% (118 hytter)	Bil eller buss*
Hardbakke	47% (358 innb.)	5% (24 hytter)	Bil, buss, sykle eller gå
Aust	23% (173 innb.)	42% (200 hytter)	Bil eller buss

Frå øyane i vest er det venta at lokalbåtrutene held fram å gå til Hardbakke, også dersom ekspressbåten vert flytta dit. Her bør ein legge opp til best mogleg korrespondanse mot ekspressbåten.

Frå øyane i nord (inkl. midt). Her er det todelt. Øyane i Gåsvær og midtre Solund har lokalbåt til Hardbakke. Det er venta at denne held fram å gå til Hardbakke som i dag.

Øyane i nord (omtala som «Nord-Solund» i Skyss sine ruter) har hurtigbåt til Hersvik og ikkje Hardbakke. Frå Hersvik er det buss eller privatbil vidare. Det vert lagt til grunn at også denne ruta held fram som i dag.

For enkelte i øyane i vest og nord vil det og vere aktuelt å nytte privat båt som transportmiddel, men dette er ikkje teke med i tabellen.

Frå vest, det vil seie Ytre Sula, Rånøyna og hovuddelen av Steinsundøya, er det lagt til grunn at ein vil få ei bussrute til Hardbakke, og som korresponderer med ekspressbåten. Dette er eit truleg scenario med tanke på at ein får bru over Ytre Steinsundet ila. 2026. Det er uvisst kva områder ei slik rute vil dekke i så fall, men det er ikkje usannsynleg at den vil dekke både Ytrøy, Hjønnevåg, Kolgrov og Nåra, som er områda på Ytre Sula der det bur flest folk. I tillegg vil mange av dei som skal ta ekspressbåten reise med bil, enten som parkerande eller at dei bli køyrd til/frå kaien.

Frå aust, det vil seie den delen av Sula som ligg aust for Hardbakke, er det og lagt til grunn at det vil vere ei bussrute til Hardbakke, og at den då korresponderer med ekspressbåten. Kvar ei slik rute vil gå er uvisst per dags dato[21].

Frå Hardbakke, mellom Steinsundvatnet og Hopsvatnet vil ein ha fleire alternativ å velje mellom. Mange vil velje privatbil, særleg om ein bur eit lite stykke unna. Her er også buss eit alternativ når rutene korresponderer med ekspressbåten. Mange av dei som bur i sentrum vil og ha mulighet for å gå til båten, men avhengig av kva kailokalisering ein får (sjå kapittel 5.2.3). Sykkel er og eit aktuelt reisemiddel for heile dette området, sjølv om andelen syklande er vurdert å vere låg (sjå kapittel 5.2.3).



Figur 5-7. Symbola viser mest aktuelle reisemiddel til Hardbakke for dei ulike kommuneområda.

[21] Solund kommune m.fl. vil jobba vidare med å lage eit heilhetleg bussystem.

5.3. Vurdering per kriterium

I fortsettinga vert lokalitetane rangert for kvart kriterium og i kapittel 5.4 vert dette summert opp i ei samla vurdering. Dette ei relativt grovmaska vurdering som utgjer ei rangering av alternativa seg imellom. Dei ulike kriteria er ikkje vekta seg imellom. Metoden er nærare skildra i kapittelet 5.1.

5.3.1. Lågast mogleg investeringsbehov.

Kostnadskalkylene er presentert i kapittel 4 og med utgangspunkt i hovudalternativa, som er flytekai med 40 x 6 meter bredde på Indre hamn og Steinsund, og fast kai på Valen. Alternativet på Indre hamn billegast (22,8 mill.kr, inkl. mva). Steinsund er litt dyrare (24,1 mill.kr, inkl. mva) , men ikkje mykje. Merk samstundes at potensialet for å spare kostnader er klart størst på Indre hamn. Valen er nesten dobbelt så dyrt (39 mill.kr, inkl. mva), og dermed klart dyrast. Dette er kostnadskalkyler på eit svært grovt nivå.

Tabell 5-3: Vurdering av kriterium A.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
A. Lågast mogleg investeringsbehov.	Svært god	Mindre god	Svært god

5.3.2. Kortast mogleg reisetid for innbyggjarane og besøkande.

Tabell 5-4 syner den samla vurderinga av reisetider for innbyggjarar og besøkande i form av ei rangering av alternativa. Vurderinga er delt opp i «kommuneområdene» (skildra i kapittel 5.2) og i siste kolonne er det ei samla rangering for alle områdene.

*Tabell 5-4: Kva reisemiddel som er mest aktuelle mellom ulike områder og Hardbakke, samt rangering av kva kailokalitet som kjem best ut reisetidsmessig for desse reisemiddla. I tillegg samla rangering av reisetid for dei tre lokalitetane.*Frå Nord-Solund (Saltskår, Færøy, Buskøy, Sluppen, Krakøysund) må ein ta bil eller buss frå Hersvik dersom ein skal til Hardbakke.*

	Til/ frå øyane, vest og nord	**Til/ frå vest**	**Til /frå aust**	**Til/ frå Hardbakke**	**Samla rangering: Alle reisemiddel til/ frå alle områder**
Indre hamn	Båt* - 1	Bil og buss: 3	Bil og buss: 1	Bil, buss, gå og sykle: 1	**1**
Valen	Båt* - 1	Bil og buss: 2	Bil og buss: 2	Bil, buss, gå og sykle: 2	**2**
Steinsund	Båt* - 1	Bil og buss: 1	Bil og buss: 3	Bil, buss, gå og sykle: 3	**3**

Når det gjeld reiser til og **frå øyane i vest og nord** (kolonne to) så er lokalbåt dei vanlege alternativa når ein skal reise til Hardbakke, men frå Øyene i Nord-Solund må ein då via

Hersvik. Her er reisetida til dei tre kailokalitetane tilnærma like (dette vil avhenge litt av kva øy ein kjem frå) og dei er derfor rangert likt (alle er rangert som 1) .

Reiser til og **frå vest** har bil og buss som hovudalternativ, forutsett ny Steinsundbru og ein får eit busstilbodet til Ytre Sula i framtida. Reisetida til dei tre kailokalitetane er relativt lik, men Steinsund er noko nærare vest og derfor rangert høgast. Indre hamn er lengst aust og lenger unna, og difor lågast rangert. (NB: I desse vurderingane er det lagt til grunn at parkeringstilbodet og busshaldeplassane er av same standard og at det derfor tek same tid å parkere og stige av/på bussen uavhengig av lokalitet.)

Til/frå aust er det og bil og buss som er mest aktuelle reisemiddel og her er situasjonen motsett enn frå vest. Indre hamn er noko nærare busette og hytter i aust og er derfor rangert best medan Steinsund er rangert dårlegast.

Frå Hardbakke er både bil, buss, sykkel og gange aktuelt som reisemiddel (sjå kapittel 5.2.3). For alle desse reisemiddla så er det kortast reisetid til Indre hamn, som ligg nærast tyngdepunktet av busette, hytter, arbeidsplassar og funksjonar/ tenester, og denne er derfor høgast rangert. Valen ligg nest nærast tyngdepunktet og Steinsund er lengst unna og er lågast rangert.

Merk her at den reisetidsmessige fordelen for Indre hamn er klart størst for dei som går til kaien. Dei ekstra to kilometrane til Steinsundet har mindre å seie for dei som køyrer bil, tek buss eller syklar. Ekstra køyretid til Steinsundet med bil er til dømes ca 3 minutt om ein kjem frå aust. På sykkel er det ca. 7 minutt lengre å sykle frå sentrum til Steinsund og om ein går er skilnaden over 25 minutt.

Samla sett så «nullar» reisetidene med bil og buss frå øyane (kolonne 2), frå aust (kolonne 3) og frå vest (kolonne 4) seg ut. Det er og tilnærma lik befolkning i aust og vest. Sidan «aust» har ca. 80 fleire hytter enn «vest» så gjer dette eigentleg at Indre hamn kjem litt betre ut når det gjeld reisetid med bil og buss fram til kaien, men dette generere såpass få reiser at det ikkje er vektlagt i vurderinga. Det er derfor vurderinga av reisetida til/frå Hardbakke (kolonne 5) som er utslagsgjevande for den endelege rangeringa av reisetid (kolonne 6)[22], og her er Indre hamn rangert høgast og Steinsund er rangert lågast.

[22] 47% av innbyggjarane i Solund bur på/nær Hardbakke, og mange av kommunen sine arbeidsplassar og funksjonar og tenester ligg også her. Dette forsterkar tanken om at ein må vektlegge reisetida innafor dette området når ein skal rangere lokalitetane i høve reisetid.

Tabell 5-5: Vurdering av kriterium B.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
B. Kortast mogleg reisetid for innbyggjarane og besøkande.	Svært god	God	Mindre god

5.3.3. Smidigast mogleg overgang mellom kollektivtransporten

For dette kriteriet legg ein til grunn at tryggleiken og den universelle utforminga følgjer dei krav og reglar som gjeld for nye tiltak av denne typen (sjå og vurdering av tryggleik i kapittel 5.3.4). Det er elles to typar overgang som vert vurdert her, mellom ekspressbåt og buss og mellom ekspressbåt og lokalbåt:

Overgang ekspressbåt-lokalbåt

Alle kaialternativa er utforma med umiddelbar nærleik mellom ekspressbåten og lokalbåtane, og med plass til to lokalbåtar. I praksis vil ein kunne gå rett av den eine og over på den andre. Dei tre alternativa er derfor vurdert likt her, og det er overgangen mellom ekspressbåt og buss som er avgjerande for samla vurdering.

Overgang ekspressbåt-buss

Slik som vist i skissene (kapittel 4) vil busshaldeplassane vere utforma som rundkøyring med effektiv av- og påstiging og der ein unngår rygging med buss. Haldeplassen vil ha leskur for ventande passasjerar og med same standard, uavhengig av lokalitet. På kaien er det og små skilnader mellom alternativa når det gjeld om bord- og ilandstiging for passasjerane. Båtane har landgang som sikrar trygg og effektiv passasjerflyt mot kaien, enten det er på flytande kai eller fast kai. Gangsona mellom båt og buss vil vere i eige gangareal som er adskilt frå anna trafikk. Det er derfor avstanden mellom båten og bussen som skil mellom alternativa.

Som ein ser av Tabell 5-6 så er Indre hamn rangert litt lågare enn Steinsund og Valen. Dette skuldast at det er noko større avstand frå busshaldeplassen til kaien, enn på Steinsund og Valen, der bussen kan køyre nesten heilt ned til kaikanten. Gangavstanden

på Indre hamn er likevel mindre enn 150 meter og ein vil ha visuell kontakt mellom bussen og båten[23].

Tabell 5-6: Vurdering av kriterium C.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
C. Smidigast mogleg overgang mellom kollektivtransporten (båt-båt og båt-buss).	God	Svært god	Svært god

5.3.4. Tryggast mogleg tilhøve for mannskap og reisande, på sjø og land.

Alle alternativ vil byggast slik at dei føl dei lovar, reglar og krav (sjå omtale av dei viktigaste i kapittel 3.1) som gjeld for utbygging både på land, på kai/ ved sjø, og i sonene mellom. Dette gjeld både for mannskap og reisande og inkluderer trafikksikring knytt til parkering og busshaldeplass.

Ein skilnad mellom alternativa er at Valen er skissert med fast kai medan Indre hamn og Steinsund (hovudalternativet) er med flytekai. Flytekai vil vere betre egna i høve universell utforming då landgangen vil kunne ta mykje av høgdeskilnaden mellom flo og fjære. På fast kai er det fartøyet sin landgang som må ta alt av høgdeskilnaden og denne har mindre «høgdekapasitet» og kan gi meir stigning/bratthet for av- og påstigande. Dette kan potensielt gi noko mindre trygge tilhøve ved av- og påstiging. På den andre sida vil alternativa med landgang og flytekai (Indre hamn og Steinsund, hovudalternativ) ha noko større potensiale for at folk kan dette på sjøen, særleg dersom flytekaien er smal og det er mange personar som skal av og på samstundes. Dette er likevel så marginale skilnader at alle tre lokalitetar er vurdert likt for dette kriteriet.

Tabell 5-7: Vurdering av kriterium D.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
D. Tryggast mogleg tilhøve for mannskap og reisande, på sjø og land.	Svært god	Svært god	Svært god

[23] Skyss har gitt signal om at det må vere visuell kontakt mellom båten og bussen slik at ein til dømes ser bussen når ein kjem seglande inn mot land.

5.3.5. Minst mogleg inngrep i urørt natur.

Det er vurdert kva inngrep og i kva grad lokaliseringane medfører inngrep i urørt natur. Det vil vere individuelt kva ein ser på som inngrepsfri natur. Ei mykje brukt avgrensing er Miljødirektoratet sin definisjon INON (Inngrepsfri Natur i Noreg), som er eit forvaltningsomgrep for naturområde som ligg minst éin kilometer frå tyngre tekniske inngrep som vegar, kraftlinjer og bygningar.

I kartportal frå miljødirektoratet kan ein sjå at ingen av lokaliseringane fell inn under INON-områda, men det er likevel slik at tiltaka kan opplevast som inngrep i natur som har ein verdi for folk, enten på land eller sjø. Tabell 5-8 syner ei overordna oversikt over om lokalitetane og kva type inngrep dei medfører[24]. Av dei fem inngrepa er det berre flytekai som er heilt reversibelt.

*Tabell 5-8: Inngrep som må gjerast ved etablering av lokalitetane. *Fjerning av delar av holmen ved innsegling **Kan bli ei lita grad av sprenging. ***Nødvendig dersom en vel fast kai. ****Tiltaket vil i tillegg ha ei grad av inngrep gjennom behov for flåteforankring på botnen, skyggekast frå flåte og påverknad frå båtar som går til/frå kai.*

Type inngrep	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
Sprenging i fjell (fysisk inngrep på land)	Ja*	Ja	Nei**
Utfylling på land (fysisk inngrep på land)	Nei	Ja	Ja
Utfylling i sjø (fysisk inngrep i sjø)	Nei	Ja	Ja
Sprenging/ muddring i sjø (fysisk inngrep i sjø)	Nei	Ja	Nei***
*Flytekai i sjø (visuelt inngrep****)*	Ja	Nei	Ja

Figur 5-8 viser kartlagde naturtypar på sjø og land frå miljødirektoratets naturbasekart. Det er ingen av lokalitetane som gir direkte inngrep i nokon av områda, men Steinsund er tett på ein lokalitet med tareskog for stortare, og med verdi «viktig»[25]. Avstand til flytekaien er

[24] Dette er ut frå det ein i dag veit om kva som trengs for å etablere kaiane.

[25] Dette på ein tredelt skala: «svært viktig», «viktig», «lokalt viktig». «Viktig» tyder at det er stor utbreiing og/eller god økologisk tilstand. Lokaliteten har viktig funksjon som leveområde, oppvekst- eller

rundt 50 meter og avstand til fylling i sjø er ca. 100 meter. Det er også gjort en avsjekk om i forhold til raudlisteartar. Det er nokon observasjonar av nær trua eller sårbare artar, men dette er fuglar og som ikkje er direkte knytt til observasjonsstaden. Desse observasjonane er og gjort nokre hundre meter unna alle tre lokalitetane. På Hønseholmen litt vest for Indre hamn er det registrert Kystblåfiltlav som er nær trua, men tiltaket er ikkje rekna å ha negativ innverknad på dette.



Figur 5-8: Kartlagde naturtypar på sjø og land.

Oppsummert for dette temaet så er *indre hamn er rangert som best*. I dette alternativet er det lagt til grunn at noko av holmen i innseglinga til Indre hamn må fjernast for å utvide leia (kystverket si vurdering), og elles er det lagt til grunn at utsprengt stein vert fjerna. Holmen består stort sett av bart berg og det er ingen registrerte viktige naturtypar eller

næringsområde for mange artar. Den er av regional eller nasjonal betydning, og skal tilleggjast stor vekt i arealplanlegging og konsekvensvurderingar (Miljødirektoratet).

raudlisteførekomstar. Den visuelle ulempa av å fjerne delar av holmen er for øvrig vurdert under landskap, kapittel 5.3.6.

Ut over dette er det vurdert at tiltaket i Indre hamn ikkje har behov for større fysiske inngrep, som sprenging, fylling eller muddring, korkje på land eller i sjø. Lokaliteten er heller ikkje i konflikt med registrerte naturtypar eller registrerte raudlisteartar. Det er ulempe knytt til forankring og skyggekast frå flytekaien, men dette er i eit område som allereie har flytebryggjer i dag, og det er også eit reversibelt inngrep.

Steinsund og Valen er begge rangert som mindre god, og har fysiske inngrep på land og/eller i sjø, som ikkje er reversible. Valen vil ha det klart største inngrepet på land, med stort behov for sprenging, blant anna på vestsida av eit nes som ikkje har noko utbygging i dag. I tillegg krevst det mykje utfylling i sjø og også noko muddring.

Steinsund er klart best av desse to på landsida, fordi det er i eit område som allereie har inngrep i form av utfylling, og det ikkje er behov for større sprenging. På sjøsida er det derimot noko behov for utfylling i sjø, i tillegg til forankring for flytekai, som kan gi ulemper knytt til registrert tareskog like i nærleiken. Dette er særskilt eit problem på grunne områder, der bølgjer og propellstraumar frå båtane kan forårsake direkte skade, eller oppvirvling av sediment som kan dekke taren. Truleg vil det eventuelt krevjast nærare utgreiingar og eventuelt avbøtande tiltak for å unngå dette.

Tabell 5-9: Vurdering av kriterium E.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
E. Minst mogleg inngrep i urørt natur.	Svært god	Mindre god	Mindre god

5.3.6. Minst mogleg inngrep i landskapet

Det vart utarbeidd ein stadanalyse for Hardbakke i 2006[26]. Analysen omtalar tilhøve som:

- Historiske element på staden
- Strukturar i landskapet (ferdselsårer, knutepunkt, område, kantar og landemerke)

[26] Asplan Viak for Solund kommune, mars 2006

Analysen omhandlar primært Hardbakke sentrum, og der Valen og er med i skissene. Lokaliteten Steinsund ligg litt utanfor analyseområdet og er ikkje inkludert.

Analysen vektlegg at det finns to viktige knutepunkt eller møtestadar; det gamle sentrum kring hamna og det nye kjøpesenteret på austsida av vegen. Hovudvegen er ei barriere i dei sentrale delane av Hardbakke, og høgdedraget mellom hamna og skulen skapar ei visuell og fysisk barriere mellom det gamle og det nye. Sjølv om analysen er nokre år gamal stemmer dette godt også i dag.

Dei viktigaste landemerka er kyrkja med den store Sjøsteinen og gardstunet på Teigen. I tillegg skapar den tronge innseglinga eit visuelt knutepunkt, eit fokus i overgangen mellom to landskapsrom, dvs. mellom utsida og innsida av Indre Hamn. Notholmen, Teigneset, Hønseholmen, Tårnholmen og Håneset er avmerkt som særleg verdifulle / karakteristiske terrengformer.



Figur 5-9 Til venstre: Særleg verdifulle / karakteristiske terrengformer, viktige siktelinjer og karakteristisk / særleg verdifullt landskap. Til høgre: Overordna- og underordna landskapsrom. Kjelde: Asplan Viak, 2006.

Indre hamn

Indre hamn høyrer iflg naturbase (Miljødirektoratet) under landskapstype: «Relativt åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur». I arbeid med tiltak i Indre Hamn må ein vera varsam med inngrep i særleg verdifulle / karakteristiske terrengformer. Vidare bør ein

unngå å plassere tiltak inn i viktige siktelinjer / fokuspunkt. Når det gjeld tiltak på land må ein vera varsam med tiltak som bryt med småskalalandskapet omkring hamna.

Lokaliteten Indre hamn gjev visuelle inngrep i form av ny flytekai. Kaien rører ved viktig siktelinje mot Håneset, men ein vurderer det slik at siktelinja i stor grad vert ivareteke sidan kaien ligg lågt. Det er vurdert som positivt at tiltaket allereie er prega av kaiar, flytebryggjer, parkering og menneskeleg aktivitet. Areal som allereie er bygd på kan omdisponerast. Flytekaien er eit reversibelt inngrep.

Tiltaket gjev elles ikkje inngrep i verdifulle / karakteristiske terrengformer, med unntak av inngrep i innseglinga til hamnebassenget. Dette vil vere eit visuelt inngrep som rører ved terrengformer og siktlinjer i Indra hamn. I den samla vurderinga legg ein til grunn at deler av holmen vert teke bort (sprenging) for å gi betre plass til innsegling. Vidare er det lagt til grunn at utsprengte massar vert fjerna. Det er per dags dato ikkje avgjort omfang av arbeidet, og dette er ein prosess som kystverket held i.

Figur 5-10 Illustrasjon over kvar flytekai og trafikkareal lokaliserast i Indre hamn, sett frå nordaust. Lokalisering for Valen og Steinsund er markert i bakgrunnen. Foto: Norskhavneguide.no

Figur 5-11 Indre hamn sett frå nordvest. Lokalisering for deler av flytekai til høgre og parkering/køyreareal til venstre (piler indikerer at areala strekk seg utafor bildekanten).

Valen

Valen ligg iflg naturbase (Miljødirektoratet) akkurat på grensa mellom to typar landskap: «Relativt åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur» og «Beskyttet indre kupert kystslette». Den ligg samstundes utanfor det lokale landskapsrommet som Indre hamn utgjer.

Ei utbygging på Valen vil medføre mykje sprenging i fjell (bl.a ein relativt høg knaus) og fylling ut i sjøen. Dette er store inngrep som vil øydelegge urørt strandsone karakterisert som særleg verdifulle karakteristiske terrengformer i stadanalysen frå 2006. Permanent kai med tilhøyrande anlegg (veg, parkeringsplass, venterom mm), er og irreversibelt.

Figur 5-12 Valen, sett mot nord. Omtrentleg område for sprenging og fylling er markert



Figur 5-13 Valen sett frå sjøen, mot sør. Omtrentleg område for sprenging og fylling er markert.

Steinsund

Steinsund er ikkje omfatta av landskapsanalysen frå 2006, men høyrer iflg naturbase (Miljødirektoratet) under landskapstype: «Beskyttet indre kupert kystslette».

Lokaliteten Steinsund er plassert slik at den underordnar seg hovudformene i landskapet. Terrengforma / ryggen vest for anlegget vert bevart – den bidreg til å ramme inn landskapsrommet omkring Steinsundet. Flytekaien vil kunne sperre noko for siktelinje inn sundet på nordsida av Samsundholmen, for sjøfarande som kjem sørover gjennom Steinsundet. Det er elles vurdert som positivt at anlegget på land er plassert i eit område som allereie har inngrep og er regulert som næringsområde. Arealet er delvis utfylt og brua med fylling ligg tett på. Omfanget av sprenging og fylling er og betrakteleg mindre enn for Valen.

Figur 5-14 Steinsundet sett frå aust. Omtrentleg areal på land og flytekai er markert.

Figur 5-15: Steinsund sett mot sørvest. Samsundholmen midt i biletet. Flytekai vil vere like utanfor høgre biletkant.

Samla sett er Indre hamn Steinsund rangert best av dei tre lokalitetane. Begge har inngrep i landskapet enten på land eller i sjø, men ikkje i like stor grad som Valen.

Tabell 5-10: Vurdering av kriterium F.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
F. Minst mogleg inngrep i landskap.	God	Mindre god	God

5.3.7. Minst mogleg påverknad på botntilhøve og grunn i og under kaiar.

Indre hamn

Det er kjent at det er ein del mudder i Indre hamn, mellom anna på dei grunne områda i nord. Det føreligg ikkje kartleggingar av botntilhøva i Indre hamn, så ein veit ikkje nøyaktig kvar mudderet avtek. Det er likevel venta at området der flytekaien er plassert har mindre mudder enn dei grunnare områda lenger nord. Dette er basert på topografien på land og i sjøen, som er bratt og skrår ned på ei djupne på litt over 11 meter på det djupaste. Dei nærliggande landområda rundt flytekaien (på holmen og fastlandet aust for båten) har og fast fjell ned i littoralsona, og det kan tyde på fast fjell vidare nedover under vatn. For øvrig kan ein og avgrensa mudderproblematikk ved å gjere ei tildekking av problemområdet, men som då vil utgjere ein ekstra kostnad (ikkje medteke i kostnadskalkylene).



Figur 5-16: Plassering av flytekai (omtrentleg) og båt, og mogleg manøvreringsmønster ved anløp for ekspressbåt og lokalbåtar. Ekvidistanse på kotene er 0,5 meter. Kartkjelde: Veseth, Survey & inspection, 2024.

Flytekaien med landgang strekker seg om lag 50 meter ut frå land, noko som gjer at ein ikkje ventar at båtane gir utgraving under ekspressbåtflytekaien. Det er også fleire andre kaiar og anlegg i nærområdet, og der avstand frå ekspressbåt og flytekai til næraste nabokai er under 50 meter. Sidan det er eit smalt sund inn til indre hamn vil farten på ekspressbåten vere låg under innsegling, noko som gjer at båten lagar minimalt med bølgjer i hamnebassenget, og ein i stor grad unngår ulemper bølger på private båtar og kaiar. Vannjet lagar også generelt mindre bølgjer enn båtar utan vannjet, men dei har den ulempa at dei skubbar meir vatn og gir meir skum. Retninga på flytekaien er og dreia mot nordvest slik at bakenden av ekspressbåten ligg mot sørvest, for å gi større avstand til andre kaiar og båtar og for at ekspressbåten skal bakka ut lenger unna desse og der det er djupare.

Ankring av flytekai er vurdert å ha lite tyding for botntilhøve då ankera ligg på fast plass. Unnataket er ved fortøying/ montering då anker kan virvle opp mudder.

Det er primært manøvrering av ekspressbåten som er vurdert å verka inn på botntilhøva. Båtane ligg og med pådrag mot kai når dei legg til med baugen. Plassering av flytekai er mellom anna gjort med tanke på å få best mogleg botntilhøve i Indre hamn: Akterenden av ekspressbåten er på ca 10 meters djupne, noko som reduserer oppvirvling av mudder betydeleg. Det er også relativt god avstand til badestranda, med ca. 150 meter, noko som er langt meir enn avstanden frå kaien til dagens lokalbåtar og til dieselfyllinga som ambulansebåten brukar (som og går på vannjett). Det er også aukande djupne under båten og sørover der den har manøvreringsarealet sitt. Manøvrering er venta å skje som vist i Figur 5-16 og det er ved bakking ut at ein kan vente mest oppvirvling av mudder, særleg ved bruk av vannjet, der straumen går skrått ned og ca 60 grader framover.

Lokalbåtane har mindre motorkraft og gir i utgangspunktet mindre oppvirvling frå botn enn ekspressbåten. Dei vil ligge på om lag 8 meters djupne, noko som er om lag ein meter meir enn der dei anløper i dag. Lokalbåtane sitt venta anløpsmønster er også vist med piler i Figur 5-16. Både manøvrering og kailigge skjer i om lag same avstand til innerste del av havna (badeplassen mm) vert om lag som i dag.

Samla sett er det vurdert at løysinga som er skissert for Indre hamn er god når det gjeld dette kriteriet. Her er det og teke inn i vurderinga at Indre hamn allereie har mykje trafikk av lokalbåtar, godsbåt (Rani), ambulansebåt (dieselfylling) og private båtar og at ekspressbåten i lita eller ingen grad forverra denne situasjonen.

Valen

På lokalitet Valen vil fylling vil vere ut til ca kote -10-15, og djupna i området der ekspressbåtar og lokalbåtar manøvrerer og legg til vil vere på 15 til 25 meter. Lokaliteten ligg i tillegg i eit mindre lukka område enn Indre hamn, og med meir gjennomstrauming av vatn. Det er derfor vurdert at det er lite fare for mudder.



Figur 5-17: Plassering av flytekai (omtrentleg) og båt, og mogleg manøvreringsmønster ved anløp for ekspressbåt og lokalbåtar. Ekvidistanse på kotene er 0,5 meter. Kartkjelde: Veseth, Survey & inspection, 2024

Det er også få andre kaiar i nærområdet, med unnatak av ambulansebåtstasjonen i vest. Denne har flytekai, og ambulansebåten er også drive av vannjet, og det er ikkje venta at tiltaket vil påverke denne kaien negativt.

Steinsund

Steinsund er noko grunnare enn dei andre to lokalitetane, der steinfylling er på om lag -5-8 meter, og flytekaien går ut på om lag 8-9 meters djupn (det føreligg ikkje like detaljerte bunnkart som for dei to andre lokalitetane). Lokaliteten har truleg for det mest sandbotn og med god gjennomstrauming. Det er difor lite eller ingen mudderproblematikk her. Det

er heller ikkje andre kaiar her, med unnatak av ein privat kai på sørsida av sundet, ca. 250 meter unna. Bruk av flytekai, som ligg i hovudalternativet, er ein fordel med tanke på minst mogleg påverknad grunn i og under ekspressbåtkaien.



Figur 5-18: Plassering av flytekai (omtrentleg) og båt, og mogleg manøvreringsmønster ved anløp for ekspressbåt (sørgåande og nordgåande) og lokalbåtar. Ekvidistanse på kotene er 0,5 meter. Kartkjelde: Asplan Viak.

Samla sett er Valen og Steinsund vurdert som best medan Indre hamn er vurdert noko dårlegare. Dette skuldast noko større sjangs for mudder, samt størst nærleik til andre kaiar i nærområda.

Tabell 5-11: Vurdering av kriterium G. For innverknad på marin natur: sjå kapittel 5.3.5.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
G. Minst mogleg påverknad på botntilhøve og grunn i og under kaiar.	God	Svært god	Svært god

5.3.8. Minst mogleg omfang av bilbruk.

For denne vurderinga vert analysane i kapittel 5.2 lagt til grunn. Dei viser at for busette utanfor Hardbakke så kan ein venta om lag same bilbruken uavhengig av kva lokalitet som

blir valt. For området på- og rundt Hardbakke, som utgjer 47% av busetnaden i Solund, vil Indre hamn derimot ha størst potensial for syklande og gåande fordi det er flest busette, arbeidsplassar og andre funksjonar nært denne lokaliteten. Til dømes kan 30% av kommunen sine innbyggjarar gå til Indre hamn på 10 minutt, 20% kan gå til Valen og berre 5% kan gå til Steinsund på same tid. Indre hamn ligg og noko nærare tyngdepunktet av hytter, som er mot austlege delar av kommunen (om ein ser vekk frå hyttene på øyene i nord og vest, der bil ikkje er eit reelt alternativ).

Når det gjeld bilbruk er dette og avhengig av tilgang på parkeringsplassar; jo fleire plassar jo meir bilbruk. For alle lokaliseringane er det lagt til grunn 28 parkeringsplassar. I Indre hamn er det vanskeleg å få plass til meir enn dette ned ved kaien, medan på Valen og Steinsund vil det vere lettare å få plass til fleire plassar. Samstundes vil Valen og Steinsund ha størt parkeringsbehov då desse lokalitetane er mest bilbasert (færre alternative reisemåtar).

I Indre hamn vil anna aktivitet, mellom anna arbeidsplassar, bading eller arrangement (marknad, festival eller liknande), kunne legge press på parkeringstilgangen nede på kaien, og dette er truleg størst utfordring på sommaren. Her vil det vere aktuelt å differensiere/ regulere parkeringsplassane. Til dømes at ein i enkelte tidsrom begrenser parkering på kaien og at ein då må parkere ved skulen, senteret eller liknande. Det kan og vere aktuelt at ein midlertidig eller permanent stenger for langtidsparkering på kaien, og at ein då har eit tilbod om langtidsparkering lenger opp. Dette må då handhevast med skilting. Slike tiltak vil uansett ytterlegare bidra til redusert bilbruk på Indre hamn, medan tiltaka neppe er relevant å gjennomføre på Valen og Steinsund der parkeringsplassane ikkje har «konkurrerande brukarar.»

Tabell 5-12: Vurdering av kriterium H.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
H. Minst mogleg omfang av bilbruk.	Svært god	God	Mindre god

5.3.9. Minst mogleg ulemper knytt til bumiljø / trivsel frå støy, trafikk og bygging.

I vurderinga skil me på utbyggingsfasen og driftsfasen.

<u>Utbyggingsfasen</u>

Denne fasen er tidsavgrensa til den tida ein bygger ut kai og tilhøyrande infrastruktur, og medfører mellom anna:

- Entreprenør/anleggsarbeid på land, som sprenging, fylling, kaikonstruksjon, asfaltering mm.
- Transport av varer og tjenester, frå og til anlegg, både med tyngre kjøretøy og mindre kjøretøy
- Aktivitet i sjø; sleping og ankring av flytekai, bygging av fast kai eller feste for flytekai.

I driftsfasen:

Denne fasen er ein meir permanent fase og det vert lagt til grunn at tal anløp av ekspressbåt og lokalbåtar er om lag som i dag. Driftsfase medfører mellom anna:

- Anløp av ekspressbåt og lokalbåtar
- Biltrafikk til og frå, med parkering eller av/påstiging på bilane.
- Busstrafikk med av/påstiging
- Private båtar som henter eller bringer folk som kjem med båten
- Folk som kjem gåande og syklande til båten
- Generelt meir folk og aktivitet på kaien, inkludert på venterom og toalett

Tabell 5-13 syner ei oversikt over ulemper knytt til støy, trafikk og andre ulemper for trivsel og bumiljø (eventuelle føremon er og teke med sidan dette er ein del av totalvurderinga), og der ein har delt mellom drifts- og byggefasen. Tabellen viser også oversikt over kor mange bygg og funksjonar som er berørt på kvar lokalitet (fyrste to rader), som då seier noko om omfanget av ulempene. Influensområdet er her satt til 150 meter for å kunne samanlikne lokalitetane på same grunnlag, men dette vil variere noko ut frå kva kva type ulempe ein vurderer.

Tabell 5-13: Oversikt over berørte bygg og funksjonar på kvar lokalitet og vurdering av ulemper knytt til støy, trafikk og andre ulemper for bumiljø/trivsel.

	Indre hamn	***Valen***	***Steinsund***
Berørte: Tal bustader og hytter innafor 150 meter	-13 bustader -2 hytter	-7 bustader - 0 hytter	-1 bustad -0 hytter
Berørte: Andre funksjonar innafor 150 meter	-Friluftsråd, kystkulturakademi, bibliotek, rådhus, barnehage, skule, kyrkje.	-Hardbakke båtlag og båthamn, ambulansebåtstasjon	-Ingen

Drift: Ulemper knytt til støy	-Ekspressbåtanløp gir støy, men lav fart reduserer volumet. -Noko trafikkstøy ned til kaien, for dei som bur nært vegen.	-Ekspressbåtanløp gir støy, men lav fart reduserer dette. -Noko trafikkstøy, men ingen busette langs vegen til kaien.	-Få/ ingen
Drift: Ulemper knytt til trafikk	-Meir trafikk ned på kaien, bl.a. forbi skulen.	-Trafikk i trangt område langs kai og forbi båtlagshuset. -Truleg behov for å utvide kryss og vegen ned	-Få/ ingen
Drift: Andre ulemper knytt til bumiljø/ trivsel	-«Låser» areal til parkering som potensielt kunne hatt andre funksjonar. -Eksisterande flytebrygge må flyttast.	-Uheldig med trafikk inne i området til båtlaget	-«Liv og røre» på kaien gir lite effekt i et såpass langt unna sentrum.
Drift: Andre føremon knytt til bumiljø/ trivsel	-Meir aktivitet i sentrum og på kaien. (Styrkar stadens identitet) -Moglegheit for å utvikle nye aktivitetar/ funksjonar (kafè eller liknande.	-Moglegheit for å bruke kaien til andre funksjonar?	-Moglegheit for å bruke kaien til andre funksjonar?
Utbygging: Ulemper knytt til støy	- Ingen sprenging eller fylling. - Noko støy bygging av p-anlegg og busshaldeplass.	-Mykje støy ifbm sprenging, fylling og transport.	-Mykje støy ifbm sprenging, fylling og transport, men få berørte.
Utbygging: Ulemper knytt til trafikk	-Noko trafikk ifbm utbygging, deriblant tungtrafikk forbi skulen.	-Mykje trafikk ifbm utbygging, på trangt område forbi båtlaget	-Mykje trafikk ifbm utbygging, men få berørte
Utbygging: Andre ulemper knytt til bumiljø/ trivsel	-Uheldig med anleggsarbeid i sentrum og bl.a. skule.	-Uheldig med anleggsarbeid ved båtlaget.	-Få/ingen
Utbygging: Andre føremon knytt til bumiljø/ trivsel	-Få/ingen	-Få/ingen	-Få/ingen

Ein ser av tabellen at det er Indre hamn som berører klart flest innbyggjarar og andre funksjonar. Generelt kan ein sei at dette då gjeld særleg i driftsfasen, sidan dette alternativet ikkje inneberer sprenging og fylling i utbyggingsfasen.

Valen berører færre busette og funksjonar, men tiltaket inneberer stor grad av sprenging, fylling og transport i byggefasen, noko som er ei stor ulempe for dei berørte. Ei stor ulempe på Valen er og at trafikken i driftsfasen må passere kaien og naustet til båtlaget der det er trangt.

Steinsund er vurdert som best, særleg då det er få bustader og funksjonar som blir berørt. Dette alternativet gir også langt mindre sprenging og fylling samanlikna med Valen, men likevel meir enn Indre hamn.

Ein fordel med lokaliteten på Indre hamn er at ekspressbåtanløpet vil gi meir folk og aktivitet på kaien, noko som kan bygge opp under moglegheit for nye aktivitetar, til dømes kafé/ servering, leikeplass, park eller liknande, som vil kunne auke trviselen. Dette trekker opp vurderinga av denne lokaliteten. Samstundes vil busshaldeplass og særleg parkeringsarealet legge begrensningar på utviklingsmoglegheitene akkurat på desse areala, og ein mister moglegheita for å gjere det bilfritt. Dersom ein ønsker å ha midlertidige arrangement, til dømes marknad eller festival, så vil ein imidlertid kunne sette tidsavgrensa begrensning for parkering. Parkering for reisande med båten må då flyttast lenger opp i sentrum.

Tabell 5-14: Vurdering av kriterium I.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
I. Nærmiljø: Minst mogleg ulemper knytt til bumiljø / trivsel frå støy, trafikk og bygging.	God	Mindre god	Svært god

I vurderinga er det vektlagt ulempene knytt til tiltaket, og kor mange som er berørt. Potensialet for auka trivsel grunna meir aktivitet er ikkje teke med her, men derimot vurdert i kapittel 5.3.11- Mest mogleg styrking av eksisterande funksjonar.

5.3.10. Minst mogleg ulemper knyt til leik, bading, padling.

I Tabell 5-15 er det satt opp kva som er venta å vere av leik, bade og padleaktivitet knytt til kvar lokalitet, og kva som er ulempene knytt til desse.

Tabell 5-15: Ulemper for leik, bading eller padling for kvar lokalitet.

	Indre hamn	***Valen***	***Steinsund***
Venta aktivitet knytt til leik	-Ingen tilrettelagde leikeareal (utanom på skulen), men fint område for fri leik ved kaien, badeplassen og p-plassen.	-Lite. Kanskje noko leik rundt båtlaget sitt anlegg og ut på neset.	-Lite/ ingen
Ulemper knytt til leik	-Meir biltrafikk på kaien og på vegen ned til kaien.	-Meir trafikk på vegen ned til kaien, rett forbi båtlaget	-Få/ ingen
Venta aktivitet knytt til bading	-Badeplass innafor 150 m. frå ekspressbåtkai	-Lite. Kanskje noko bading knytt til båtlaget sitt anlegg.	-Lite/ ingen

Ulemper knytt til bading	-Meir båttrafikk i Indre hamn, men med lav fart og lite bølgjer.	-Meir båttrafikk, men dette skjer på motsatt side av Valen/ neset.	-Få/ ingen
Venta aktivitet knytt til padling	-Indre hamn vil vere målpunkt eller stopp undervegs for ein del padlande.	-Hardbakke båtlag har kajakkar til utleige og er difor start/ målpunkt for ein del padlande.	- Om ein skal sørover frå Hardbakke så padlar ein gjennom Steinsund.
Ulemper knytt til padling	-Meir båttrafikk i Indre hamn, men med lav fart og lite bølgjer. Trafikken held seg og på sørsida av holmen.	-Meir båttrafikk, men på andre sida av Valen/ neset og i oversiktleg område.	-Flytekai gir innsmalning i eit allerede trangt sund, med mykje straum. Gir mindre plass til padling.

På Indre hamn gir tiltaket ulemper med meir biltrafikk ned til- og på kaien. Det er truleg at det skjer ein del fri leik i dette området, mellom anna på kaien, parkeringsplassen og ved badeplassen, og då er nyskapt trafikk og parkering knytt til ekspressbåtanløpa ei ulempe.

Meir båttrafikk i Indre hamn, og med stort fartøy, gir og nokre ulemper for badande og padlande, men ekspressbåten vil ha lav fart inn i området og gir lite bølgjer. I tillegg held den seg på sørsida i Indre hamn slik at den då vert adskilt frå badeplassen og dei padlande har moglegheit for å halde seg meir på nordsida. Indre hamn er i dag og prega av at det allereie går lokalbåtar, godsbåt (Rani) og private båtar, så ekspressbåten utgjer berre ei lita auke i tal båtar. Det som er skilnaden frå dagens situasjon, og som kan vere uheldig for særleg padlande, er den betydelege storleiken på båten.

På Valen og Steinsund er det vurdert at det er lite aktivitet med leik og bading i dag, og det er ikkje tilrettelagt for slik aktivitet. Noko bading skjer truleg knytt til båthamn på Valen.

Når det gjeld padling så ligg Valen i eit litt ut av leia inn til Indre hamn. Hardbakke båtlag har naust med utlånskajakkar og her kan de derfor vere ein del padlande inn og ut. Det er eit relativt ope og oversiktleg område med lite potensiale for konflikt mellom ekspressbåt og padlande, særleg med tanke på at dei padlande kjem inn/ ut på austsida av Valen.

Steinsund er derimot trongare og har meir straum. Med ei flytebrygge som ligg eit stykke ut i sundet så vert passasjen for padlande noko trong, særleg når ekspressbåten har anløp. Problemet er likevel vurdert som relativt lite då volumet av padlande ikkje er veldig stort.

Samla sett er Indre hamn rangert som noko dårlegare enn dei to andre. Dette skuldast primært at det er meir aktivitet både for leik, bading og padling og at dette skjer inne på eit trangt område både på sjø og land, og når ein får fleire aktivitetar (ekspressbåtkai, bussanløp, parkering mm) inne i dette området kan det skapa interessekonfliktar mellom ulike aktivitetar.

Tabell 5-16: Vurdering av kriterium J.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
J. Minst mogleg ulemper knyt til leik, bading, padling.	God	Svært god	Svært god

5.3.11. Mest mogleg styrking av eksisterande funksjonar.

Flytting av ekspressbåten til Hardbakke vil gi meir folk og aktivitet til området og då særskilt i sona mellom buss og parkering, venterom og sjølve kaien der ekspressbåt og lokalbåtar legg til. Her er det og eit potensial for at folk og aktivitet spreiar seg ut til nærområda og særskilt dei næraste områda som er i gangavstand (til samanlikning: om ein nyttar bil så har umiddelbar nærleik til kai mindre tyding for då kan ein likegodt køyre nokre minutt ekstra før ein parkerer, til dømes om ein skal handle).

Den auka aktiviteten vil konsentrere seg rundt dei tidspunkta som båten har anløp, og i dag er dette i 10-10.30 tida på føremiddagen og 18-18.30-tida på ettermiddagen (kvardagar), der anløp i sørgåande og nordgåande retning er omtrent på same tid.

Døme på korleis ekspressbåtkaien og aktiviteten rundt anløpa kan styrke eksisterande funksjonar, eller gi grunnlag for nye funksjonar, aktivitet og bedrifter:

- Handel og tenester
- Servering og overnatting
- Idrettsanlegg og andre fritidsaktivitetar
- Arbeidsplassar/bedrifter (lettare å pendle til/frå, og å besøke ifbm. møter, tenestereiser etc)
- Lokale arrangement, som festivalar, marknader etc.
- Generelt meir folk og liv på og rundt kaien. Dette gir og meir bruk av offentlege funksjonar som badeplass, leikeplass osv.

I Tabell 5-1, kapittel 5.2.3 var det vist tal funksjonar innafor 800 meter (ca.10 minutt) gangavstand frå dei tre lokalitetane. Indre hamn har i dag mange funksjonar som skule, barnehage, overnatting, servering, kyrkje, rådhus, NAV, kjøpesenter, post, kino og idrettsanlegg i gangavstand, medan Valen har nokon færre: NAV, kjøpesenter, post, kino

og idrettsanlegg, i tillegg til at rådhus truleg flyttar innafor denne avstanden. I Steinsund er einaste funksjonen denne avstanden ei overnattingsverksemd.

Indre hamn er difor heilt klart den lokaliteten som er klart mest del av dagens sentrum og der ekspressbåtkai i størst grad vil bidra til å styrke mange funksjonar. Valen er også relativt nært sentrum, men då mest området rundt Hardbakke Senter og i mindre grad området rundt kaien/ Indre hamn og opp mot skulen og dei tenestene som ligg der. Steinsund ligg utanfor sentrum og vil bli langt meir bilbasert. Då er sjangsen mindre for at folk stoppar og nyttar tenester og funksjonar som ligg i sentrum, og at dei heller køyrer forbi.

Tabell 5-17: Vurdering av kriterium K.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
K. Mest mogleg styrking av eksisterande funksjonar.	Svært god	God	Mindre god

5.4. Samla vurdering og tilråding

Tabell 5-18 syner vurderingane for alle kriterium. Indre hamn kjem best ut og scorar «god» på fem kriterium og «svært god» på seks kriterium og er vurdert å ikkje vere «mindre god» på nokon kriterium. Steinsund kjem nest best ut og er «svært god» på fem kriterium, «god» på to kriterium, men er vurdert som «mindre god» på reisetid (B), inngrep i natur (E), bilbruk (H) og styrking av eksisterande funksjonar (K). Valen kjem dårlegast ut. Dette alternativet er «svært god» på fire kriterium, «god» på tre kriterium, og «mindre god» på investeringsbehov (A), inngrep i urørt natur og landskap (E og F) og ulemper for nærmiljø (I).

Tabell 5-18 Samla vurdering av alternativa.

Vurderingskriterier:	***Indre hamn***	***Valen***	***Steinsund***
A. Lågast mogleg investeringsbehov.	Svært god	Mindre god	God
B. Kortast mogleg reisetid for innbyggjarane og besøkande.	Svært god	God	Mindre god

C. Smidigast mogleg overgang mellom kollektivtransporten (båt-båt og båt-buss).	God	Svært god	Svært god
D. Tryggast mogleg tilhøve for mannskap og reisande, på sjø og land.	Svært god	Svært god	Svært god
E. Minst mogleg inngrep i urørt natur.	Svært god	Mindre god	Mindre god
F. Minst mogleg inngrep i landskap.	God	Mindre god	God
G. Minst mogleg påverknad på botntilhøve og grunn i og under kaiar.	God	Svært god	Svært god
H. Minst mogleg omfang av bilbruk.	Svært god	God	Mindre god
I. Nærmiljø: Minst mogleg ulemper knytt til bumiljø / trivsel frå støy, trafikk og bygging.	God	Mindre god	Svært god
J. Minst mogleg ulemper knyt til leik, bading, padling.	God	Svært god	Svært god
K. Mest mogleg styrking av eksisterande funksjonar.	Svært god	God	Mindre god

5.4.1. Tilråding

Alle alternativa er vurdert som moglege å gjennomføre frå den kunnskapen ein har i dag, men basert på dei samla vurderingane rår ein til å arbeide vidare med lokaliteten i Indre hamn. Dette alternativet kjem samla sett best ut og er vurdert som «god» eller «svært god» for alle kriterium. Båtanløp og tilhøyrande aktivitet på- og ned til kaien (parkering, trafikk mm) har nokre ulemper, særleg med tanke på at dette er eit trangt område både på sjø og land, og med konfliktpotensiale med omsyn til ulike interesser og naboar. Dette er likevel vurdert som akseptabelt så lenge ein finn gode grensesnitt mellom ulike interesser / funksjonar. I tillegg er det allereie mykje av same aktivitet (inkludert lokalbåtanløp og anna båttrafikk) som lokalsamfunnet er vane med å handtere i dag.

Ekspressbåtanløpet vil og kunne bidra positivt til å skape meir aktivitet i sentrum, i større grad enn dei andre to lokalitetane. Indre hamn ligg nærast der folk bur, jobbar og har sine tenester, og vil samla sett gi minst reisetid og biltrafikk.

Etablering på Valen og Steinsund vil gi meir inngrep både på sjø og land, som er uheldig både i drifts- og utbyggingsperioden. Valen har og svært trong og komplisert adkomst for køyrande ned til kaien, medan Steinsund har den beste tilkomsten med bil og buss av alle lokalitetane.

Fordelar med Steinsund og Valen er at ein får etablert eit anlegg som er skreddarsydd for båtanløp, parkering og busshaldeplass, medan Indre hamn i større grad må tilpasse seg strukturane som er der i dag, mellom anna med noko lengre avstand mellom buss og båt. På den anna side kan Indre hamn gjere seg meir nytte av eksisterande infrastruktur, som kaifront og toalett, det er ikkje behov for sprenging og fylling, og alternativet er difor det rimelegaste å bygge ut.

5.4.2. Andre forhold

Andre forhold som er relevant å vurdere seinare, og som ikkje er teke med her:

- Detaljert kartlegging av grunnforhold og bunnforhold
- Skilnad i seglingstid for alternativa
- Seglingshøgd ved brua over Steinsund
- Eigedomsforhold og gjennomførbarhet i høve dette
- Detaljerte kostnadsberekningar

6. Samandrag

Denne rapporten vurderer tre alternative lokaliseringar for nytt ekspressbåtanløp på Hardbakke i Solund kommune: **Indre hamn**, **Valen** og **Steinsund**. Bakgrunnen er eit langsiktig ønskje om å flytte anløpet frå Krakhella til kommunesenteret, for å betre tilgjenge, styrke samspel mellom transportmiddel og bidra til utvikling av Hardbakke som senter.

Alle alternativa er utgreidde med skisser, kostnadsoverslag og vurderte opp mot eit breitt sett av kriterium som omfattar transport, økonomi, miljø, tryggleik og lokalsamfunn.

Det har vore forsøkt å plassere kaien på ein best mogleg måte ut frå dei ulike føresetnadane som er på kvar lokalitet, mellom anna vindtilhøve (oftast sør eller søraust), botntilhøve og omsyn til naboar.

6.1. Kort skildring av dei tre alternativa

- **Indre hamn** ligg midt i eksisterande sentrumsmiljø på Hardbakke, i eit område som allereie er prega av aktivitet, kaiar og infrastruktur. Hovudalternativet som er skissert her er flytekai, med relativt moderate inngrep og god tilknyting til eksisterande funksjonar.
- **Valen** ligg sør for sentrum og krev større tekniske inngrep for å etablere kai, inkludert sprenging og utfylling. Området har mindre eksisterande infrastruktur og tilkomstvegar er meir krevjande.
- **Steinsund** ligg ved innløpet til sundet og tett på hovudleia. Her er hovudalternativet flytekai. Lokaliseringa gir gode manøvreringsforhold, men ligg utanfor sentrum og har mindre nærleik til bustader og funksjonar.

6.2. Hovudtrekk i vurderingane

Vurderinga er gjort etter elleve kriterium der alternativa er rangerte i høve til kvarandre, og med skalaen «mindre god», «god» eller «svært god».

Transport og tilgjenge

Når det gjeld **reisetid for innbyggjarane**, kjem Indre hamn best ut. Lokaliseringa ligg nær tyngdepunktet av busetnad, arbeidsplassar og tenester på Hardbakke, og gir kortast

avstand for dei som ønsker å gå eller syklr. Steinsund kjem dårlegast ut, mellom anna fordi lokaliteten har gåavstand for langt færre av innbyggjarane på Hardbakke.

For **overgang mellom transportmiddel** (båt, buss og lokalbåt) er skilnadene mindre. Alle alternativa legg til rette for gode løysingar, men Valen og Steinsund har noko kortare avstand mellom buss og båt enn Indre hamn.

Kostnader og gjennomføring

Når det gjeld **investeringskostnader**, har Indre hamn og Steinsund omtrent like kostnader (Indre hamn er litt lågare), men indre hamn har eit større potensial for å gjere tiltak som reduserer kostnadene. Valen er klart dyrast grunna omfattande tekniske inngrep.

Indre hamn har fordelen av å kunne nytte eksisterande infrastruktur, medan dei andre alternativa i større grad krev nyanlegg.

Miljø og naturinngrep

Indre hamn kjem best ut når det gjeld **inngrep i natur og landskap**. Tiltaket krev i liten grad sprenging eller utfylling, og inngrepa er i stor grad reversible.

Valen kjem klart dårlegast ut, med store irreversible inngrep i strandsona. Steinsund ligg mellom desse, men har utfordringar knytt til inngrep i sjø og nærleik til marin natur.

Trafikk, bilbruk og reisevanar

Indre hamn har størst potensial for **reduksjon i bilbruk**, fordi mange kan gå eller sykle til kaien. Dette gjeld særleg for dei som bur på eller nær Hardbakke, som utgjer ein stor del av innbyggjarane. Steinsund vil i større grad vere bilbasert, medan Valen ligg midt imellom.

Tryggleik og tekniske forhold

Alle alternativa er vurderte som gode når det gjeld **tryggleik for mannskap og reisande**. Skilnadene er små, og alle kan oppfylle nødvendige krav til universell utforming og sikkerheit.

Når det gjeld **botntilhøve og tekniske driftstilhøve**, kjem Valen og Steinsund best ut grunna djupne, meir straum og meir ope farvatn. Indre hamn har noko større risiko knytt til mudder og har større nærleik til eksisterande aktivitet og naboar.

Nærmiljø og trivsel

For **nærmiljø og påverknad**, er Steinsund best, fordi få bustader og funksjonar blir påverka. Indre hamn påverkar flest menneske, særleg i driftsfasen, medan Valen gir store ulemper i anleggsfasen. Indre hamn har likevel eit viktig potensial: auka aktivitet i sentrum kan gi positive effektar for trivsel og utvikling. Denne fordelen vert midlertidig ikkje talt med her, men under tema «styrking av eksisterande funksjonar».

Leik, friluftsliv og bruk av området

Indre hamn kjem noko dårlegare ut fordi det allereie er mykje aktivitet her (leik, bading, padling) på eit relativt lite område, og ny aktivitet kan skape konfliktar både på sjø og land. Valen og Steinsund har mindre slik bruk, og dermed færre konfliktar. På Valen kan det imidlertid vere moglege konfliktar i høve Hardbakke båthamn som må passerast med bil og buss som skal ned til ekspressbåtkaien. Her er det trangt og det føregår ein del aktivtet på land, og på sjøen føregår padling.

Styrking av eksisterande funksjonar

Dette er eit kriterium der Indre hamn skil seg tydeleg ut. Lokaliseringa ligg midt i sentrum og vil i størst grad bidra til å styrke handel, tenester og arbeidsplassar. Lokalisering på Valen kan gi ein viss effekt, medan etablering på Steinsund i minst grad bidreg til sentrumsutvikling.

6.3. Samla vurdering og tilråding

Den samla rangeringa viser eit tydeleg bilete:

- **Indre hamn**: Best samla sett, med gjennomgåande høge vurderingar og ingen kriterium der alternativet kjem dårleg ut
- **Steinsund**: Nest best, med fleire gode eigenskapar, men tydelege svakheiter knytt til reisetid, bilbruk og sentrumsfunksjon
- **Valen**: Dårlegast samla, særleg på grunn av høge kostnader og store inngrep i natur og landskap.

På bakgrunn av dei samla vurderingane vert det tilrådd å arbeide vidare med **Indre hamn** som lokalitet for nytt ekspressbåtanløp.

Alternativet kjem best ut totalt sett og kombinerer låge kostnader, gode miljøløysingar, kort reisetid og sterk effekt for utvikling av Hardbakke sentrum. Samstundes gir det minst behov for omfattande inngrep.

Alternativet Indre hamn medfører nokre utfordringar, særleg knytt til avgrensa areal og potensielle konfliktar mellom ulike brukarar av området. Desse utfordringane vert likevel vurderte som handterbare, og mykje av aktiviteten knytt til båtanløp er allereie etablert og kjent for lokalsamfunnet.

Vidare vil ei lokalisering i Indre hamn gi meir liv og aktivitet i sentrum, styrke eksisterande funksjonar og redusere behovet for bilbruk, noko som samla sett veg tungt i vurderinga.

7. Vedlegg, kostnadskalkyler

Tabellane inneheld grove kalkyler. Sjå kapittel 4 for meir informasjon om kva føresetnader som er lagt til grunn. Merk at ikkje alle (mindre) delkostnader er vist og at enkelte summeringar difor ikkje vil stemme om ein summerer delkostnadene over. (Dette gjeld for alle kalkyletabellane).

Kostnadskalkyle Indre hamn

Alternativ flytekai 40 x 6 meter:

KOSTNADSKALKYLE FLYTEKAI MED DYBDE 4,5M LAT. LENGDE 40m.	
SAMMENSTILLING AV KOSTNADER HAVNEUTBYGGING	
Spesifikasjon	***Kostnad, NOK, eks. mva***
Parkerings - og bussholdplass. Parkeringsplassen er i dag asfaltert frem til steinmur mot sjø.	
Sum grunnarbeider inkl parkering og bussarealer. Ekskl. mva.	**2 505 000**
Rigg og drift	250 500
Sum grunnarbeider inkl parkering og bussarealer. inkl. rigg og drift	**2 755 500**
Kaiplate som opplegg for gangbane fra flytebrygge. ekskl rigg og drift	
Sum betongarbeider ekskl rigg og drift	**366 250**
Rigg og drift	54 938
Sum betongplate inkl. rigg og drift	**421 188**
Sum grunnarbeider og betongplate inkl. rigg og drift	**3 176 688**
Flytebrygger.	
Flytebrygge, 6x40m.	**4 650 000**
Trebrygge på yttersiden av parkering, l= 50m.	**4 500 000**
	-
Bygg	-
Venterom, toalett og lagerrom. WC ikke medtatt	**560 000**
Fremføring kabler i grunnen	**30 000**
Sum bygg	**590 000**
Utendørsarbeider tekniske fag.	
VA. Fremføring til toalettrom.	200 000
Elektro utendørs fremføring.	150 000
Lysarmatur	300 000
Sum tekniske fag utendørs	**650 000**
Tiltransport/koordinering	124 000
	-
Entreprisekostnader	**13 690 688**
	-
Prosjektering, byggeledelse. Regulering ikke medtatt	1 369 069
Uforutsett (+10%)	1 505 976
Sum enteprisekostnad, inkl prosjektering og uforutsett	**16 565 732**
Reserve (+10%)	1 656 573
Prosjektkostnad + eks. mva.	**18 222 305**
Prosjektkostnad mva.	4 555 576
Prosjektkostnad inkl. mva.	**22 777 881**

Alternativ fast betongkai.

KOSTNADSKALKYLE KAI MED DYBDE 4M LAT. LENGDE 110m.	
SAMMENSTILLING AV KOSTNADER HAVNEUTBYGGING	
Spesifikasjon	***Kostnad, NOK, eks. mva***
Parkerings - og bussholdplass. Parkeringsplassen er i dag asfaltert frem til steinmur mot sjø.	
Sum grunnarbeider inkl parkering og bussarealer. Ekskl. mva.	**1 570 000**
Rigg og drift	157 000
Sum grunnarbeider inkl. rigg og drift	**1 727 000**
Kaikonstruksjon. Lengde 33m. Bredde 15m. Utførelse betongpir.	
Sum kaikonstruksjon ekskl rigg og drift	**9 207 750**
Rigg og drift	**1 381 163**
Sum kai 1 inkl. rigg og drift	**10 588 913**
Sum grunnarbeider og kai inkl. rigg og drift	**12 315 913**
Trebrygge 45m langs parkering	**4 050 000**
Bygg	
Venterom, toalett og lagerrom. WC ikke medtatt i Indre hamn	560 000
Fremføring kabler i grunnen	30 000
Sum bygg	**590 000**
Utendørsarbeider tekniske fag.	
VA. Fremføring til toalettrom.	200 000
Elektro utendørs fremføring.	150 000
Lysarmatur	300 000
Sum tekniske fag utendørs	**650 000**
Tiltransport / koordinering	124 000
Entreprisekostnader	**17 729 913**
	-
Prosjektering, byggeledelse. Regulering ikke medtatt	1 772 991
Uforutsett (+10%)	1 950 290
Sum enteprisekostnad, inkl prosjektering og uforutsett	**21 453 194**
Reserve (+10%)	2 145 319
Prosjektkostnad havn + eks. mva.	**23 598 514**
Prosjektkostnad mva.	5 899 628
Prosjektkostnad inkl. mva.	**29 498 142**

Kostnadskalkyle Valen (fast betongkai)

Valen , fast betongkai på 40+30m. dybde ytterkant kai. Dybde ved kai - 4,5m NN2000. Med peler	13.05.2026
KOSTNADSKALKYLE KAI MED DYBDE 4,5 M LAT. LENGDE 40+30m.	
Spesifikasjon	***Kostnad, NOK, eks. mva***
Sum mudring langs kaifront til kote -4,8.00 NN2000(3 LAT).	**2 696 000**
Sjøareal, med avplanering, plastring, sortering, erosjonssikring	
Sum avplanering sikring fyllingsfront	**440 000**
Oppgradering av vei med utsprengning av skjæring	
Oppgradering vei fra Daløyvegen til klubbhus.	**1 402 500**
Ny vei fra klubbhus til kaianlegg	**1 980 000**
Sum vei fra Daløyvegen til kai	**3 382 500**
Grunnarbeider kai	
Sum grunnarbeider kai	**2 090 000**
Sum grunnarbeide, inkl oppgradering veg og muddring, ekskl. rigg og mva,	**8 608 500**
Rigg og drift	1 291 275
Sum grunnarbeider, inkl rigg og drift ekskl mva	**9 899 775**
Kai, 2stk på 35 +40m	
Sum kaikonstruksjon ekskl rigg og drift	**8 800 000**
Rigg og drift	1 320 000
Sum kai inkl rigg og drift	**10 120 000**
Bygg for venterom, wc, lager. 5x10m.	
Venterom, toalett og lagerrom. WC	800 000
3 toaletter med servanter inkl rørføring internt i bygg	81 000
Sum venterom, toalett og lagerrom.	**881 000**
VA. Fremføring til toalettrom.	1 650 000
Elektro utendørs fremføring.	598 500
SUM, VA, elektro	**2 728 500**
Tiltransport/koordinering	272 850
Entreprisekostnader	**23 422 125**
Reserve (+10%)	2 834 077
Prisstigning	0
Prosjektkostnad havn + eks. mva.	**31 174 848**
Prosjektkostnad mva.	7 793 712
Prosjektkostnad inkl. mva.	**38 968 560**

Kostnadskalkyle, Steinsundet

Alternativ flytekai, 40 x 6 meter

Steinsundet- Kalkyle flytekai med landarealer, lengde kai 40m, dybde ved kai 4,5m LAT.	13.05.2026
KOSTNADSKALKYLE KAI MED DYBDE 4 ,5M LAT. LENGDE 70m.	
SAMMENSTILLING AV KOSTNADER HAVNEUTBYGGING	
Spesifikasjon	***Kostnad, NOK, eks. mva***
Grunnarbeider.	
Sum mudring langs kaifront til kote -4,8.00 NN2000(4 LAT). Areal 6,5 daa.	**1 898 000**
Sjøarealer	
Sum fyllingsfront L=52m	**720 000**
Sum grunnarbeider på land inkl. parkering og bussrundkjøring	**3 298 000**
Sum grunnarbeider inkl parkering og bussarealer. Ekskl. mva.	**5 916 000**
Rigg og drift	591 600
Sum grunnarbeider inkl parkering og bussarealer. inkl. rigg og drift	**6 507 600**
Kaiplate som opplegg for gangbane fra flytebrygge. ekskl rigg og drift	
Sum betongarbeider ekskl rigg og drift	**366 250**
Rigg og drift	54 938
Sum kai 2 inkl. rigg og drift	**421 188**
Sum grunnarbeider i sjø og på land inkl betongarbeider.	**6 928 788**
Flytebrygge, 6x40m.	**4 650 000**
Bygg for venterom, wc, lager. 5x10m.	
Venterom, toalett og lagerrom. WC	800 000
3 toaletter med servanter inkl rørføring internt i bygg	81 000
Venterom, toalett og lagerrom.	**881 000**
Utendørsarbeider tekniske fag.	
VA. Fremføring til toalettrom.	900 000
Elektro utendørs fremføring.	600 000
Lysarmatur	360 000
Sum tekniske fag utendørs	**1 860 000**
Tiltransport/koordinering	**150 000**
Entreprisekostnader	**14 469 788**
Prosjektering, byggeledelse. Regulering ikke medtatt	**1 446 979**
Uforutsett (+10%)	**1 591 677**
Sum enteprisekostnad, inkl prosjektering og uforutsett	**17 508 443**
Reserve (+10%)	1 750 844
Prosjektkostnad + eks. mva.	**19 259 287**
Prosjektkostnad mva.	4 814 822
Prosjektkostnad inkl. mva.	**24 074 109**

Alternativ, fast betongkai

Steinsundet- Kalkyle fast betong kai , lengde kai 70m, dybde ved kai 4,5m LAT.	12.05.2026
KOSTNADSKALKYLE KAI MED DYBDE 4 ,5M LAT. LENGDE 70m.	
SAMMENSTILLING AV KOSTNADER HAVNEUTBYGGING	
Spesifikasjon	***Kostnad, NOK, eks. mva***
Grunnarbeider.	
Sum mudring langs kaifront til kote -4,8.00 NN2000(4 LAT). Areal 6,5 daa.	**1 898 000**
Sjøareal, med avplanering, plastring, sortering, erosjonssikring	
Sum fyllingsfront L=52m	**720 000**
Parkerings- og bussholdplasser inkl. tilhørende områder.	
Sum grunnarbeider på land inkl. parkering og bussrundkjøring	**3 388 000**
Sum grunnarbeider inkl parkering og bussarealer. Ekskl. mva.	**6 006 000**
Rigg og drift	600 600
Sum grunnarbeider inkl. rigg og drift	**6 606 600**
Kaikonstruksjon langs land. Lengde 70m.	
Sum kaikonstruksjon ekskl rigg og drift	**7 248 500**
Rigg og drift	1 087 275
Sum kai 2 inkl. rigg og drift	**8 335 775**
	,
Sum grunnarbeider og kai inkl. rigg og drift	**14 942 375**
Bygg for venterom, wc, lager. 5x10m.	
Venterom, toalett og lagerrom. WC	800 000
3 toaletter med servanter inkl rørføring internt i bygg	81 000
Sum. Venterom, toalett og lagerrom.	**881 000**
Utendørsarbeider tekniske fag. Tekniske fag ikke engasjert. Kun anslag	
VA. Fremføring til toalettrom.	900 000
Elektro utendørs fremføring.	600 000
Lysarmatur	360 000
Sum tekniske fag utendørs	**1 860 000**
Tiltransport/koordinering	274 100
Entreprisekostnader	**17 076 475**
Prosjektering, byggeledelse. Regulering ikke medtatt	1 707 648
Uforutsett (+10%)	1 878 412
Sum enteprisekostnad, inkl prosjektering og uforutsett	**20 662 535**
Reserve (+10%)	2 066 253
Prosjektkostnad havn + eks. mva.	**18 784 123**
Prosjektkostnad mva.	4 696 031
Prosjektkostnad inkl. mva.	**23 480 153**

asplan viak

FJORDANE FRILUFTSRÅD

Solund kommune Hardbakke 22.05.2026

Innspel val av lokalitet ekspressbåt.

Viser til god og informativt møte på Hardbakke skule den 21.05.26. Viser også til høve med å gje innspel på planen innan 27.05.

Vi tykkjer i utgangspunktet at Asplan Viak har gjort ein bra og grundig jobb med vurderingane av lokasjonar. Det er likevel eindel moment som bør utredast meir spesielt mtp. på lokasjon indre havn.

Først litt om vår aktivitet; Fjordane Friluftsråd etablert 2017 med 8 tilsette har sin hovedbase på Hardbakke med pr.dags dato 4 tilsette og er lokasjon for Skjergardstenesta delvis finansiert av Miljødirektoratet. Vegg i vegg ligg Norsk Kystkulturakademi med rundt 4 tilsette.

Det store lagerskuret blir nytta av oss, men også til mellombels plassering av varer som kjem med lastebåt Rani eller vår arbeidsbåt. På området mellom kontor, verkstad og lagerskur og betongkai er det difor stor aktivitet med lossing av båt, plassering av varer i lagerskur, henting av varer med både henger, traktor, lastebil etc.

Vi driver strandrydding med Skjærgardsteneste og landar ofte vår 42 fot katamaran til betongkai for å losse den. Då bruker vi truck over heile kaiområdet for å mellomlagre avfall, større gjenstandar i container på paller etc. Vi lander ila av eit år fleire titals tonn med avfall. Området innanfor raudt lagerskur begge sider, er næringsområde.

På vestsida av kontorbygget har vi fleire båtar m.a i flytebrygge rett utanfor - som vil forsvinne ved ekspressbåtlokasjon.

I rapporten side 29 første avsnitt er tilhøve rundt basen til Fjordane Friluftsråd omtalt mtp.på biltrafikk og parkering. Ein legg opp til å løyse gangveg på ny trebrygge langs mur nedanfor kommunehus mot betongkai, men kor skal persontrafikken gå vidare derifrå ?

Persontrafikk til og frå evt. ekspressbåt må passere dette næringsområdet vi nyttar. Korleis ivaretek vi sikkerhet for dei reisande opp mot vår aktivitet ? Og - kva med

folk som er handikappa og varelevering ?. Det vil verte behov for tettare tilkomst med bil enn det som er omtalt i rapport.

Vi meiner også plassering av flytebrygge jfr. kart side 28 med fordel kunne vore trekt litt lenger sør. Rampe frå fastkai til flytekai er innteikna slik at den ligg rett utanfor 3 av våre kontorer. Vi mister 4-5 kaiplassar ved denne plasseringa berre i flytebrygga som forsvinn samt redusert kailinja nord av innteikna rampe.

Mtp. på plassering av kai, djupne og fare for opprøring/spredning av mudder p.g.a kraftige vassjettar, burde ein vurdere testing av dette. Hardbakke hamn inneheld badevikfasilitet og utsetjing av kajakk. Det vil vere uheldig om kraftig manøvrering med vassjet forringar vasstilhøva på indre hamn monaleg.

Vi ynskjer ein lokasjon for ekspressbåt som er til det beste for Solund samfunnet og ser absolutt at indre havn er eit veldig godt alternativ med Steinsund som eit godt alternativ. Valen har for store naturinngrep og er for kostnadskrtevjande.

Men, det er likevel slik at det er mange hensyn å ta med tanke på denne plasseringa.

Mvh

Bjarte Engevik

-dagleg leiar-

Fjordane Friluftsråd

Solund Kommune HARDBAKKE 27.05.2026

VEDRØRENDE FOLKEMØTE OG ANLØP AV HURTIGBÅT FRA BERGEN

Hei

Jeg var til stede på folkemøte på Hardbakke der ordfører, leder plan og tekniske tjenester, samt representanten fra Asplan Viak la frem en objektiv og vel fundamentert vurdering av tre mulige lokajsoner for fremtidig ekspressbåt stopp i Hardbakke. Jeg uttaler meg både som privatperson, jobbpendler, og leder for Vidar Hop Rederi da jeg stadig reiser mellom Bergen og Hardbakke i min jobb for Vidar Hop Rederi, har pendlerbolig i Hjønnevåg, samt at jeg også har feriehus på Indrevær da min familie er der i fra.

Uforbeholden støtte til ekspressbåtstopp i Indre havn på Hardbakke
Vi vil med dette gi uforbeholdne støtte til forslaget om etablering av ekspressbåtstopp i Indre havn på Hardbakke.

Vi mener dette er et fremtidsrettet og samlende valg for hele Solund kommune. En plassering midt i indrefileten i kommunesenteret vil styrke Hardbakke som naturlig møteplass og knutepunkt for innbyggere, næringsliv og tilreisende. Samtidig vil det bidra til å skape et mer levende sentrum, nye forretningsmuligheter og et havnemiljø kommunen kan være stolt av i mange år fremover.

Asplan Viak peker i sin vurdering på flere sentrale fordeler ved å flytte ekspressbåtanløpet til Hardbakke, blant annet bedre tilgjengelighet, kortere avstand til sentrale funksjoner, bedre samspill mellom transporttilbud og styrking av lokalsamfunnet.
Rapporten viser også at Hardbakke allerede fungerer godt som det naturlige kommunesenteret, med nærhet til boliger, servicetilbud, kollektivløsninger og offentlige funksjoner.

Vi mener videre at en slik løsning vil bidra til å samle kommunens innbyggere rundt noe felles, noe som kan skape styrket identitet og eierskap. Hardbakke er kommunesenteret for alle i Solund, også for dem som bor i randsonene, og et attraktivt og funksjonelt sentrum med Ekspressbåtstopp i Indre havn vil komme hele Solund til gode.
Når man i tillegg vet at plasseringen gir kort vei til de fleste fellestilbud og til størstedelen av bosetningen i kommunen, vurderer vi dette som et udelt positivt grep for videre utvikling av Solund.

Jeg vil trekke en sammenligning med Bekkjarvik vs Storebø i Austevoll kommune. I Bekkjarvik har ekspressen fra Bergen anløp helt inn i indre havn, ved Storebø må man i buss noen minutter inn til Storebø sentrum. Bekkjarvik rapporterer om stor økning i næringsliv, turisme, boligbygging etc, og relaterer dette til den direkte og enkle tilkomst med båt til og fra Bergen.

Ved tilsvarende i Hardbakke kan man forvente samme positive endring.

Oppsummert: Indre havn gis vår uforbeholdende støtte basert på teksten over, og vi vil bidra med det vi kan for at det riktige valget blir et godt valg.

Mvh

Kennet Johannessen

Fra: Øyvind <oyvind.fimreite@gmail.com>
Sendt: torsdag 21. mai 2026 22:55
Til: Kjartan Nyhammer <Kjartan.Nyhammer@solund.kommune.no>
Emne: Vedrørende ekspressbåtstopp indre havn

Hei,

Har sett igjennom rapporten som er utarbeidet mtp flytting av ekspressbåtstopp i kommunen.
Det kjem fram at det mest kostnadseffektive alternativet er indre havn på Hardbakke, det stemmer kanskje, men det kan umulig vere det beste alternativet for Solund?

I 2022 var det forsøkt plassert ambulansebåt i indre havn, dette er eit fartøy med mindre motorkraft, mindre vannjetsystem og er eit mindre fartøy enn ekspressbåten.
Ihht rapport om påverknad frå vannrett som var vedlagt nabovarsel i byggesak om plassering av ambulansebåt i indre havn 2022 så viste den at
vannjettsystemet har ein påverknad ned til 15m djupne.
Det vart òg forsøkt å køyre ambulansebåt til område den var tiltenkt å ligge. Resultatet vart at båten måtte forlate området kort tid etter ankomst fordi bunnforholda vart så opprota at dei fylte kjølevannsinntaka på motorer.
Årsaka til at eg skriv dette er at dette er eit vannjettsystem som er vesentlig mindre enn det ekspressbåten vil ha/har.
Hardbakke havn har ei djupne på omlag 10m, med ei noko mindre djupne der det er tenkt plassert flytekai for ekspressbåt, eit søk på nettet viser at m/s vingtor har kamewa 45A3 Vannjetter.
Kopierer inn svar på søk:

Ein Kongsberg Maritime Kamewa 45A3-vannjet lagar ein svært konsentrert og kraftig vasstråle, særleg ved manøvrering med mykje bucket og høgt turtal. Det finst ikkje noko offisiell "meter-verdi" for kor langt strålen påverkar, fordi det varierer med:

- motoreffekt
- turtal
- bucket-posisjon
- djupne under skrog
- fart på båten
- straum/sjø
- om du køyrer ahead, astern eller sideveis thrust

Men i praksis for ein 45A3 (typisk rundt 1600–1700 kW-klassen) kan du rekne omtrent slik:

- **Sterk direkte påverknad:** 10–20 meter bak jet'en

- **Merkbar turbulens og sug:** opptil 30–50 meter
- Ved hard astern/manøvrering mot kai kan straumen flytte:
    - mindre båtar
    - flytebrygger
    - tauverk
    - laus tang/tare
    - folk i sjøen

Ved "crabbing" eller sideveis joystick-manøver blir strålen ofte retta skrått nedover og til sida, og då kan botnoppvirvling bli ganske kraftig på grunt vatn. På sand/mudderbotn kan du få kraftig erosjon fleire meter unna.

Kamewa-systemet brukar styrbar nozzle og reverseringsbucket for å vektorisere thrust. Full revers kan oppnåast på få sekund, og systemet kan gi svært høg manøverkraft samanlikna med propell.

For praktisk drift brukar mange denne tommelfingerregelen:

- **Ingen folk i sjøen innan 50 m**
- **Forsiktig nær småbåtar innan 30 m**
- **Unngå høgt pådrag mot kai/grunnare enn ca. 2–3 jetdiametrar under skroget**

På ein 45A3 kan jetstrålen under hard manøvrering vere langt kraftigare enn folk forventar, særleg i revers der strålen blir kasta framover/nedover av bucket'en.

-Indre Havn på Hardbakke er i dag tilrettelagt for blandt anna båtturisme med flytekaier, badestrender, det er kaianlegg for andre skyssbåter, det er flytekaier for båtlag, det er private kaier, kajakk, ungar som nytter mindre båter.

Om ein tek seg ein tur med ekspressbåten og følger med på omgivelsene når ekspressbåten nærmer seg ei havn så vil ein sjå at det er stor påverknad på omgivelsene når eit såpass stort fartøy ankommer. Dette vil ikkje vere positivt for miljøet i indre havn.

Minner om tidlegare avslag i byggesaker om mudring i indre havn.

Kan ikkje sjå at utmudring i forkant av eventuell plassering av ekspressbåt i Hardbakke havn er nemt i nokon kostnader?

Er kostnad med å sprenge deler av holme i innløp tatt med?

Av dei 3 alternativa som er lagt fram så må no området i Steinsund vere det alternativet som må vere det beste. Ein ting er ekspressbåtstopp, men kva med ringverknader rundt dette?

Håper politikere ser galskapen med å ta ekspressbåten inn på havna i Hardbakke og vurderer eit anna alternativ. Det er ikkje langt til Steinsund!

Mvh
Øyvind Trovåg Fimreite
Håneset 23
6924 Hardbakke
Tlf 94486623

Til Administrasjonen og politikarar i Solund kommune

FLYTTING AV EKSPRESSBÅTEN FRÅ KRAKHELLA

Ved flytting av ekspressbåten frå Krakhella, er det peika på tre alternativ i området Indre Steinsund.

Innleiingsvis vil eg gje uttrykk for at ei endring på godt fungarande ekspressbåtstopp frå Nåra og Krakhella til kommunesenteret, er den sikraste vegen til ei styrd avfolking av både ytre- nordre- og delar av indre Solund for fastbuande. Framtida for desse bygdene vert fritidsbusstadar, og talet på fastbuande og skatteytarar i Solund vil gå nedover. Eventuell ekstra busetnad på Hardbakke vil ikkje kompansere for talet fastbuande ein mistar i nemnde område.

Så til saka om val av ny ekspressbåtkai og kor den skal plasserast.
Det er i rapporten frå Asplan Viak lagt til grunn tre alternativ; Indre Hamn, Valen og Steinsund.

Når ein skal plassere ein ny og moderne hamn, må den plasserast ein stad der det er plass nok både på sjø og land til å møte den framtida ein har mål om og ein ynskjer å legge til rette for.

Indre hamn eignar seg dårleg, og kan ikkje vere rette staden for ei ny ekspressbåtkai. Der er for liten plass både på land og sjø for utviding i høve til målet ein må ha, når noko nytt skal etablerast. Det er lite område på hama for vidare utbygging av kaier og på land er det ikkje mogeleg for utviding av vegnett, parkeringsområde eller servicebygg som er omtala.

I høve forventningane i planen, skal talet reisande auke vesentleg ved å flytte ekspressbåten til Indre Steinsund. Dersom denne spådomen vert realisert, må ein i det minste legge til rette for både auka passasjertal med bussar og krav til fleire parkeringsplassar i tilknytning til kaiområdet. Alle som køyrar bil, veit at det pr. idag er for få parkeringsplassar generelt i Hardbakke-område. I tillegg må det vere dårleg planlegging å legge tilrette for eit trafikk knutepunkt nær busetnad og fritidsaktiviteter, med tanke på støy og trafikktryggleik.

Med ei utbygging av kai i Steinsund, vil det vere plass nok til den utbygginga som planen legg opp til, og det vil vere mogeleg for ei framtidig utbygging.

Dette betyr at einaste staden som eigna seg for utbygging av ny ekspressbåtkai er området som er peika på i Steinsund. Der vil ein og kunne bygge ei kai som har vore etterlengta i mange ti-år, som og kan nyttast til andre båtar som lossar både sand, oljegrus m.m.

Eg støtter fullt ut Sigve Lerpold sitt innspel til planen. Han er truleg den mest erfarne skipsføraren vi har i Solund i dag, og han kjenner sjøområdet i Solund betre enn dei fleste.

Eide, 1.juni 2026

Sveinung Kråkås

Emne: Innspill til ekspressbåtkai.
Til: Solund Postmottak <post@solund.kommune.no>
Sendt: 29.05.2026 11:00:14
Fra: Tom Erling Bahus <tomerling@bahus.as>

You don't often get email from tomerling@bahus.as. Learn why this is important

Innspill til valg av kailokalitet – et innbyggerperspektiv

Vi bor og har valgt å slå rot på Hardbakke, og vi følger debatten om ny ekspressbåtkai med stort engasjement. Dette handler ikke bare om hvor en båt skal legge til kai – det handler om hva slags sted Solund skal være å bo i de neste tiårene.

Vi støtter anbefalingen om å legge kaien til Indre havn.

Å bo i Solund krever at hverdagen fungerer
Mange av oss har valgt å bosette oss her nettopp fordi Hardbakke har et levende sentrum med de tjenestene man trenger i hverdagen. Ekspressbåten er ikke bare et transportmiddel – den er livlinen til Bergen og resten av regionen. For barnefamilier, pendlere og eldre er det avgjørende at båten ligger der folk faktisk bor, ikke et stykke utenfor.
En kai i Indre havn betyr at man kan gå til og fra båten. Det høres enkelt ut, men det er nettopp den typen praktisk hverdagskvalitet som avgjør om folk velger å bli boende – eller velger å flytte.

Tilflytting handler om mer enn tomtepriser
Solund, som mange andre kystkommuner, trenger tilflyttere. Barnefamilier og unge voksne velger bosted ut fra helheten: skole, natur, fellesskap – og ikke minst tilgjengelighet. En velfungerende, sentralt plassert båtkai sender et signal om at kommunen satser på innbyggerne sine.

Et levende sentrum er selve grunnlaget
Butikker, kafé, hotell og offentlige tjenester i Hardbakke sentrum henger sammen. De er avhengige av hverandre og av at folk faktisk beveger seg gjennom området. En kai i Indre havn bidrar til dette. Den skaper liv og aktivitet på steder der folk allerede ferdes, og styrker grunnlaget for at servicetilbudet kan opprettholdes og videreutvikles.
Mister vi det tilbudet, blir Solund et vanskeligere sted å bo – særlig for dem vi ønsker aller mest å beholde og tiltrekke.

En langsiktig beslutning
Valg av kailokalitet er ikke noe man gjør om igjen. Det er en beslutning som vil prege Hardbakke og Solund i generasjoner. Vi ber kommunen tenke langsiktig og velge det alternativet som styrker sentrum, reduserer bilavhengighet og gjør det attraktivt å leve her – ikke bare å besøke.

Anbefalingen fra Asplan Viak peker entydig på Indre havn. Vi som innbyggere er enige.

Med vennlig hilsen

Nina Bauge og Tom Erling Bahus m/familie

Emne: Innspel til Expressbåtkai
Til: Solund Postmottak <post@solund.kommune.no>
Sendt: 29.05.2026 10:52:16
Fra: Post - Solund Leilighetshotell <post@solund.com>

Innspill til valg av kailokalitet – vi støtter Indre havn

Vi driver Solund Leilighetshotell og Solund Gjestegaard på Hardbakke og har fulgt arbeidet med ny ekspressbåtkai med stor interesse. For oss som næringsdrivende er dette en av de viktigste sakene kommunen behandler de neste årene, og vi vil gjerne si tydelig fra om hva vi mener.

Vi støtter fullt ut anbefalingen fra Asplan Viak om å legge kaien til Indre havn.

Hvorfor Indre havn er eneste riktige valg for næringslivet

Det handler ikke bare om logistikk – det handler om hvordan Solund fremstår som reisemål. Hardbakke sentrum er ansiktet til kommunen. Kaien bør ligge der.

Rapporten sier det samme

Asplan Viak har gjort en grundig jobb, og konklusjonen er klar: Indre havn kommer best ut på tvers av alle vurderingskriterier. Det er lavest kostnad, kortest reisetid for flest mulig, minst naturinngrep og sterkest effekt for sentrum.

Hva som står på spill

Overnattingsstedene våre er avhengige av et visst volum av gjester for å opprettholde helårsdrift med servering. Det tilbudet gagner ikke bare oss – det gagner alle som bor og jobber i Hardbakke. Uten tilstrekkelig trafikk gjennom sentrum er det vanskelig å forsvare investeringene som trengs for å videreutvikle tilbudet.

Vi har satset langsiktig på Solund. En kai i Indre havn gjør at den satsingen kan bære frukter – for oss, for andre næringsdrivende og for lokalsamfunnet.

Vi håper kommunen lytter til anbefalingen fra de eksterne konsulenter og vedtar Indre havn. Vi stiller gjerne opp til en prat om saken hvis det er ønskelig.

Med vennlig hilsen

Solund Leilighetshotell og Solund Gjestegaard

Til Solund kommune

Høyring på rapport om Ekspressbåtstopp i Indre Steinsund leia

Har 3 refleksjonar / innspel:

1. Eg tenkjer at Hardbakke har eit stort potensiale til å bli ein liten «landsby» eller «kystby», om vi berre vågar ha visjonar og tenkjer litt fram i tid. Med ein stoppestad i Indre Hamn så vil vel Kystlandsbyen Hardbakke, få det mest sentrale kommunesenteret langs heilt kyststripa Bergen – Nordfjord, og den blir like sentral med tanke på kommunikasjon austover.
   Å få stoppestaden i Indre hamn, vil kunna sette ekstra fart på utviklinga både for samfunnet vårt, med tanke på tilflytting, så vel som for næringslivet i Solund; - særleg for besøksnæringa. Dette gjeld for både sentrum, men også for distrikta i Solund.
   I dag vil mange flytte til distrikta og gjerne flytte «heim». Med eit sterkt sentrum, gode kommunikasjonar til/frå sentrum, og ei raskast og minst smertefull reise frå Solund til Bergen, Noregs nest største by og gjerne til Florø / Førde, vil ein lettare også kunna busetja seg i god avstand frå Hardbakke sentrum.

2. Når det er snakk om å ta bort litt av holmen i innløpet til Indre hamn, så bør ein vera yttarst varsom, og ein må søke å minimere inngrepet som må til.
   Noko av holmen må fjernast iflg. rapporten; - uvisst kor mykje.
   .
   Kvifor ikkje tenkje å utnytte situasjonen og utlyse ein konkurranse om å lage ein type «installasjon» på holmen, som t.d. ynskjer dei reisande velkomen, og som fortel noko om Solund sin identitet.
   Barnehage og skule må få vera med i denne konkurransen !

3. Ein må legge inn i kostnadsoverslaget for tildekking av alt mudder som potensielt kan virvlast opp for alternativ Indre hamn, slik ein gjer det andre stader der mudder er ei utfordring. Dette kan ein like godt rekne på først som sist, for ein kan ikkje akseptere å forsøple resten av hamna i iveren etter å få ekspressbåten inn i Indre hamn..

Til slutt:
Økonomien kan ikkje vera avgjerande for kva alternativ kommunestyret går for, når ein står ved denne historiske korsvegen. Ein må heller finne ut kva som gir den beste og rette miljø-, samfunns- og næringsmessige utviklinga, sett i t.d. eit 20 års perspektiv.
Faktum er at dette til slutt også bli det mest lønsame alternativet for Solund !

Alternativ Steinsund er eit veldig godt alternativ, men kan etter mi meining berre bli aktuelt å realisere, om Indre hamn ikkje let seg gjennomføre utan for store negative miljømessige konsekvensar.

Hardbakke 28. mai 2026
Kjell Mongstad

Emne: Hurtigbåtstopp-Innspel-Steinsund
Til: Solund Postmottak <post@solund.kommune.no>
Sendt: 27.05.2026 14:49:28
Fra: Rune Steinsund <rsteinsu@gmail.com>

Hei.
Viser til rapport fra Asplan Viak vedr. vurdering av ekspressbåt stopp. Vidare folkemøte 21.5 der ein ber om innspel/kommentarar innan 27.5.26.
Foreslår at Steinsund alternativet er med i det vidare arbeidet , det blir eit effektivt og trafikksikkert knutepunkt.

Dette området ligg tett inntil hovedleia, med gode driftsforhold og enkel tilkomst på sjø og land. Med denne løysinga avlastar ein Indre Hamn, ein unngår arealkonflikter og sparer reisetid for reisande med båten
Her kan ein skreddersy moderne og framtidsretta terminal løysingar som gjer at t.d. buss og nødetater kan komme heilt inn til båten.
I Indre Hamn alternativet er avstanden mellom buss og båt opplyst til mindre enn 150 meter, men tar ein med landgang og flytebrygge er ein nær på 200 meter. Dette er over anbefaling og ikkje tilrådeleg.

Sjølve forslaget i rapporten vedr. Steinsund kunne vore meir optimalt. Vi som kjenner området har heile tida meint at lausmasser/steinblokker /fjell i nordvestleg del av næringsarealet(N20) skulle planerast ned og eigna masser fyllast fram i retning Austneset. Då vil ein få eit langt større areal til noverande og framtidig behov. Sjølve kai løysingane burde vore flytta lenger vekk frå brua, eksempelvis ei fast kai (gjerne kombinert med flytekai). Dette vil gje betre driftsforhold og fleksibilitet ift. fleirbruk. Overskotsmasser frå arbeidet kystverket eventuelt utfører kan og nyttast i området.

I rapporten viser ein til tidlegare rapportarbeid mm. Her er det sett på om det på eit eller anna vis er mogeleg å få ekspressbåten inn på Indre Hamn. Ein har knytt til seg personell med relevant maritim kompetanse og næringskompetanse i området ,for å underbyggje dette. Ein har mellom anna i håp om at ekspressbåt i indre hamn vil styrkje sentrum. I det vidare arbeidet må ein ha ei objektiv og kunnskapsbasert tilnærming. Ruteeigar (Vestland Fylkeskommune) bør involverast i vurdering av reelle alternativ for stopp av hurtigbåten. Dette mellom anna for å sikre at alle som reiser med ekspressbåten får ei mest mogeleg optimal reise.

Gangavstand til sentrum og mindre bruk av bil er vektlagt i rapporten. Dette vil i praksis ikkje i særleg grad fungere. Reisande har gjerne baggage og vel, eller kan ikkje av ulike årsaker gå. Ein må ta høgde for bilbruk og legge til rette for det, og sjølvsagt må dei mjuke trafikantane planleggast for. Parsellen mellom skule og

kyrkjegard og vidare nedover mot hamna må medreknast i den samanheng. Kostnader og utfordringar med auka trafikk i sentrum må takast hensyn til.

Sjølve identiteten til Hardbakke og indre hamn er det tronge innløpet og lagunen som opnar seg når ein kjem inn forbi. Ein kan ikkje (som i rapporten) bagatellisere om innløpet skal opnast opp. Ein legg til rette for eit heit anna trafikkmønster med større båtar i indre hamn. Dette er ein vesentleg endring ift. identitet og bildet mange har av hamneområdet.

Å styrke sentrum er vektlagt som moment for ekspressbåt stopp i indre hamn.
Hovudformålet med å flytte ekspressbårstoppet må først og fremst vere trygg og effektiv trafikkavvikling på alle vis.
Eit minst like legitimt val for å styrke sentrum er å la Steinsund ta dei tunge ekspressbåt/buss/parkering utfordringane. Så kan Indre Hamn utviklast vidare for lokalt bygdeliv og tilpassa næring (leik, bading ,gjestehamn ,servering ,kultur, bustad, arbeid, rekreasjon osv....).
Dette uten å belaste og bli låst av eksperssbåtdrift, bus sløyfe, parkering og andre konfliktar som kjem.

Mvh
Rune Steinsund/m fl.

Til Administrasjonen og politikarar i Solund kommune

Innspel og kommentar til utgreiing av nytt ekspressbåtstopp på Hardbakke

Det er i rapporten frå Asplan Viak lagt til grunn tre alternativ; Indre Hamn, Valen og Steinsund.

Med dei kostnadskalkylene og andre utfordringar som rapporten syner, så er det tydeleg at Valen kjem dårlegast ut. Men dersom ein set dei to andre alternativa opp mot kvarandre, og ser vekk ifrå avstand til sentrum, er det Steinsund som kjem heilt klart best ut.

Rapporten er mangelfull under punkt 5.3.5. *Minst mogeleg inngrep i urørt natur*.
Under delpunkt *Sprenging / mudring i sjø* er det for Indre Hamn svart «Nei», og dette er feil. Dersom stopp på Indre Hamn skal realiserast, må «Dorthe-holet» utvidast. Dette vil medføre eit vesentleg inngrep i naturen og kystlandskapet ved at delar av holmen i innseglinga må sprengast og fjernast. Sjølv om dette ikkje er direkte i tilknytning til ny kai, er dette heilt nødvendig og bør difor takast med i denne vurderinga.

I vurdering av Steinsund er det svart «Ja» på delpunkta *Utfylling på land* og *Utfylling i sjø,* som er riktig. Desse to delpunkta er i rapporten vurdert som negativt for Steinsund. Men begge desse delpunkta kan ikkje anna enn vurderast som positivt. Ei opprydding og fornuftig utnytting av dette området vil vere positivt. Ein kan også sjå for seg at massane som blir fjerna med utdjuping av leia under brua, kan nyttast til utfylling om valet blir fast kai i Steinsund.

Elles vil valet av Steinsund vere eit betre valg med tanke på infrastrukturen rundt ekspressbåten. Kort veg frå buss og bilparkering til båten er ein viktig faktor for eldre og rørslehemma. Dette er eit viktig punkt, og her kjem Indre Hamn dårleg ut.

Andre punkt som talar negativt for Indre Hamn:

- Relativt liten plass for trygg manøvrering i sterk vind frå sør og nord.
- Med baugtillegg på tvers av ei flytebryggje, spesielt i sterk vind, må ein bruke relativt mykje krefter inn mot kaia for å stabilisere båten. Ei flytekai er ikkje fast grunn, og dersom ein skal unngå bevegelsar i bryggja når båten legg til vil dette kreve ei særs solid flytekai og kraftig oppankring av denne. Er dette tatt med i kostnadskalkylene? Kva flytekai og oppankring er brukt som grunnlag for berekning av kostnader?
- Plassering og vinkling av flytekai gjer at båten blir utsatt for vind frå sør. Dette vil gje utfordringar for båten ved anløp i sterk vind, ref. vindrose under rapportens punkt 3.3.1.
- Fare for mykje mudring av botn ved hard manøvrering med vannjet.
- Auka biltrafikk ned til Indre Hamn.

- Smal veg frå hovudvegen ned til hamna. Nødvendig utbetring vil auke totale kostnader.
- Trangt område for parkering.
- Reduksjon av faste båtplassar til private i flytebryggje som må fjernast. Det er ikkje nevnt ny lokalitet for desse båtplassane.
- Tiltaket vil begrense vidare utvikling av heile området rundt Indre Hamn.
- Få parkeringsplassar då det i sommarhalvåret er eit større behov for dette med ferierande på hytter og fritidsbustader som reiser ut med lokale skyssbåtar.
- Større tidstap i ruta til ekspressbåten.
- Reduksjon av båtplassar til lokale og ferierande. (I fylgje kartutsnitt i rapporten blir delar av gjestebrygge fjerna for å åpne opp farvatn nord for holmen i hamna. Dette er også nødvendig for for eksempel lasteruta eller andre større fartøy som kjem inn i hamna.)
- Venterom og WC i gamal bygningsmasse.
- Relativt stor avstand frå buss til båt.
- Stort inngrep i kystlandskapet med sprenging i sjø i «Dorthe-holet».

NORLED har i dag interne driftsprosedyrer på å unngå baugtillegg på tvers av flytebryggjer. Dette er på grunn av blant anna ei hending der gangveg på ei flytebryggje havna i sjøen pga store krefter brukt av ekspressbåten ved eit baugtillegg.

Asplan Viak har under punkt 4.2 i rapporten foreslått eit alternativt fast kai-anlegg i Indre Hamn. Det er då tenkt at ekspressbåten skal foreta baugtillegg på tvers av den vindretninga som i punkt 3.3.1 syner den hyppigaste vindretninga i hamna. Dette er den vindretninga som gjev den største utfordringa for ekspressbåten med denne løysinga. Eit slikt vindpress inn på sida på eit slikt fartøy vil gje store utfordringar ved manøvrering inn til kai, og vil føre til maksimal bruk av krefter for å få fartøyet trygt inn til kai med baugtillegg. Dette gjev mindre marginer, og ein større risiko for uforutsette hendingar, også delvis i nordlege vindretningar. Kaienden er 15 meter brei, noko som er relativt lite når båten er 10 meter brei. God bredde på kai er viktig for å kunne ta høgde for vind og avdrift ved bruk av baugtillegg. Dette er eit forslag som ikkje er å anbefale.

Både aktørar i Indre Hamn og befolkninga ynskjer kajakkpadling, bading, leik, båtliv og andre aktivitetar i Indre Hamn framover. Dersom ekspressbåten skal kome inn i hamna fire gonger kvar kvardag og to gonger laurdag og sundag. Med den auka biltrafikken vil dette vere eit stort og forstyrrande inngrep i desse aktivitetane.

Det er fleire faktorar som er fordelaktige ved å velgje Steinsund. Denne lokaliteten kan spissast mot ekspressbåten, men kan også leggjast tilrette for andre typer fartøy.

- Ved valg av fast kai på 70 meter kan fleire større fartøy, som er til stor nytte for lokalsamfunnet, nytte kaia utanom rutetidene til ekspressbåten.
- Ved innfelling av ein rampe (ref. Vardetangen kai) vil ein redusere utfordring med iland- og ombordstigning på fjære sjø.

- God plass til enklare, smidigare og tryggare manøvrering for ekspressbåten. Kun utsatt i vind frå sør, men dette vil ikkje vere eit problem då ein alltid vil ha vinden i hekken, som alltid er ein fordel ved manøvrering av tilsvarande fartøy under slike forhold. Den vil vere mindre utsatt i vind frå nord, då terrenget skyddar for denne vinden.
- Ei lang fast kai gjev rikeleg med plass for trygg manøvrering for baugtillegg i sterk vind.
- Båten kan også nytte sidetillegg, ved behov.
- Lite tidstap i ruta.
- Ei høgare grad av universell utforming med korte avstander og gode tilpasningar i nytt anlegg.
- Venterom og WC i ny og moderne bygningsmasse.
- Det blir arbeidd med gang og sykkelveg frå Hardbakke til Steinsund. Når dette blir realisert kjem Steinsund endå nærare sentrum.
- Lokale båtruter som ikkje korresponderer med ekspressbåten kan fortsatt ha avganger frå Indre Hamn. Dette vil óg fordele behov for parkeringsplassar.
- Det er mogeleg å utvide med fleire parkeringsplassar nord for innkøyring til foreslått område.

Hovudmålet med å flytte ekspressbåtstoppet frå Krakhella til Hardbakke er å kutte ned reisetida med ekspressbåten for både sulingar og andre reisande frå nord for Solund. I ei årrekke har ekspressbåten lagt langt frå sentrum, og det har fungert heilt fint, om ein ser vekk frå reisetida. Det vil fortsatt gå ein buss eller to, og innbyggjarar utanfor Hardbakke sentrum som køyrer privatbil, vil nok ikkje tenkje mykje på om køyretida er eit par minutt frå eller til. Når ein reiser har ein som oftast med seg bagasje, og sjølv om båten skulle få stopp i Indre Hamn, vil nok mange lokale som bur på Hardbakke uansett setje seg i bilen og køyre ned til båten. Så at det er gangavstanden til båten for dei som bur lokalt på Hardbakke, bør ikkje vere det som avgjer at ekspressbåten skal ha stopp i Indre Hamn. Ein må sjå dette i ein større samanheng enn det.

Valet av nytt ekspressbåtstopp må baserast på god funksjonalitet og sikkerheit både for reisande og for mannskapet på ekspressbåten. Det må óg baserast på at det ikkje skal gå utover aktivitet og framtidig utvikling på Hardbakke. No har vi mogelegheit til å bevare Indre Hamn som den er i dag, og heller knyte Steinsund nærare Hardbakke sentrum. Med nytt ekspressbåtstopp i Steinsund, kombinert med ny gang- og sykkelveg til Hardbakke sentrum, vil dette vere ei totalløysing som vil gje den beste funksjonaliteten.

Hardbakke 26. mai 2026

Sigve Lerpold

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv: K2-L13, K3-&21

ArkivsakID: 26/170
JournalpostID: 26/1500
Sakshandsamar: Kjartan Nyhammer
Dato: 02.06.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
036/26	Formannskap	11.06.2026
029/26	Kommunestyre	11.06.2026

Sluttbehandling mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til mindre endring av detaljreguleringsplan for Klubben bustadfelt, PlanID 4636_201502, som vist på plankart datert 28.05.2026, og med føresegner og planomtale datert 28.05.2026.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Plan- og bygningslova: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) - Kapittel 12. Reguleringsplan - Lovdata

Opprinneleg vedteken plan: arealplaner.no | 201502 > Plandokumenter

Innsyn arkivsak 2026/170 Endring reguleringsplan Klubben bustadfelt: Søk og postliste - Solund kommune Her ligg alle uttalane.

Nabovarsel - Endring reguleringsplan Klubben bustadfelt: Søk og postliste - Solund kommune

Kva saka gjeld:

Vedtak av mindre endring i detaljreguleringsplan Klubben bustadfelt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14 Endring og oppheving av reguleringplan. Planedringa omfattar endringar på vegen, flytting av parkering og dertil høyrande føresegner. Område sett av til helikopterlandingsplass (lufthamn) og område sett av til renovasjon.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben med plan-id.: 1412-201502 blei vedteken i 2016. Solund kommune ønskjer å gjere mindre justeringar i planen for å leggje til rette for meir føremålstenlege og gjennomførbare løysingar for veg, parkering og teknisk infrastruktur i bustadfeltet. Det er innarbeidd endringar som del av gjeldande plan frå 2016. Endringa inneber rettingar i plankart og reguleringsføresegner.

Det har vore fleire møte med grunneigarar i forkant av at dette planvarselet vart sendt ut, for å finne akseptable løysingar for alle partar både knytt til veg og renovasjon.

Prosess og medverknad

Endringane er vurdert å vere avgrensa og innanfor hovudrammene i gjeldande plan, og vert difor fremja for handsaming etter forenkla prosess, jf. plan-og bygningslova § 12-14. Med bakgrunn i denne heimelen har det vore sendt ut eit varsel om oppstart av planendring med høyring, og med utsending 2. mars og høyringsfrist 13. april 2026. Det vart sendt ut varslingsbrev til berørte partar, dette omfattaa bebuarar i Klubben, i tillegg til alle formelle høyringsinstansar, inkludert NGIR, Statens vegvesen, NVE og Statsforvaltaren i Vestland. Varslingbrevet vart også lagt ut på Solund kommune si nettside og Solund Nyheter (facebook).

Med ein forenkla planprosess er neste steg vedtak av planendringa, som vert gjort i denne politiske saka.

Uttalar

Det kom inn sju uttalar til planvarselet:

Merknad	**Innhald**	**Kommentar**
NGIR - Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS	Det er uklart om dei tidlegare innteikna renovasjonspunkta (BRE1 og BRE2) skal erstattast med eit felles bosshus, eller om bosshuset kjem i tillegg. NGIR har etterspurt presisering, men ikkje fått svar. NGIR presiserer at dersom BRE1 og BRE2 blir erstatta av eit felles bosshus på arealet O_LU (tidlegare helikopterlandingsplass), vil dette ikkje vere innanfor anbefalt maksavstand for renovasjonsløysing (300 m for eigne dunkar, 125 m for fellesløysing). NGIR anbefaler ikkje ei fellesløysing der innbyggjarar må frakte avfallet over lengre strekninga. Om husstandane har eigne avfallsdunkar kan heller ikkje desse fraktast ned til O_LU då maksavstand skal vera 300 m.	Renovasjonspunkt BRE1 og BRE2 skal erstattast med nytt renovasjonspunkt. Det er avklart at renovasjonsbil ikkje køyrer inn vegen til bustadfeltet. Bebuarar i feltet flyttar i dag bosspann fram til fylkesvegen. Føreslått område for nytt renovasjonsareal i føremål «andre anlegg» vil sikre areal for bossdunkar og manøvreringsareal for NGIR.

	Det må setjast av tilstrekkeleg areal til oppstilling og handtering av avfallsdunkar, uavhengig av løysing. NGIR må kontaktast i samband med val av avfallsløysing. Tilkomstvegar til hentestadar må ha nok breidde, høgde, tole tilstrekkeleg akseltrykk for renovasjonsbil, og ikkje overstige 8 % stigning. Hentestadane skal liggje på plant område, utan å hindre annan ferdsel, og det må vere mogleg å snu eller ha gjennomkøyringsveg for renovasjonsbilen. Leikeplassar og liknande skal ikkje vere nær hentestadane. Vegar og hentestadar må ha fast dekke, og vere brøytt, salta og strødd ved snø og glatt føre, med normalt vedlikehald heile året.	
DSB – Direktorat for samfunnssikkerhet og beredskap	Viser til Statsforvaltar	Teke til vitande
VLFK – Vestland fylkeskommune	Vestland fylkeskommune har ingen merknadar til justeringar av parkeringsareal, vegareal og helikopterlandingsplass, då føremålet er i samsvar med kommuneplanen og regulert til bustad, leikeareal, naustområde og småbåthamn. Planendringa påverkar ikkje fylkesveg 606. Avkøyrsla er teikna inn med siktsone og utforming i tråd med vegnormal Handbok N100. Det manglar innteikna sikringssone H140 for frisiktsone ved avkøyrsla, og fylkeskommunen ber om at dette vert teikna inn i kartet.	Teke til følgje. Sikringssone er teikna inn i plankart.

NVE – Norges vassdrags- og energidirektorat	NVE gir generell tilbakemelding om at kommunen har ansvar for å vurdere og ivareta flaum-, erosjons- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanen, uavhengig av om NVE gir råd eller uttale. Naturfareutgreiingar skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og relevant forskrift. Kommunen kan kontakte NVE for konkret fagleg hjelp ved behov.	Teke til vitande
Statsforvaltaren i Vestland	Statsforvaltaren har ingen avgjerande merknader til dei foreslåtte endringane i reguleringsplanen for bustadfelt Klubben i Solund kommune. Endringane omfattar fjerning av felt O_SPA1, omdisponering av areal for helikopterlandingsplass til renovasjon og postkassehus, justering av vegbana, og opning for endra krav til vegstigning. Det er mykje som talar for at saka kan handsamast som forenkla prosess etter pbl. § 12-14, andre og tredje ledd. Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader verken til endringane i planframlegget eller til sakshandsamingsmåten.	Teke til vitande
Statens vegvesen	Statens vegvesen har ingen vegar eller interesser i området, og uttaler seg kun som sektoransvarleg for vegtrafikk. Dei minner om at vegnormalane gjeld for all offentleg veg, og at fråvik må godkjennast av vegeigar før planen blir lagt ut til høyring. Plankartet må vise siktkrav i kryss og avkøyrsler. Kommunen bør unngå parkeringsplassar som krev bruk av køyreveg til	Teke til vitande

	manøvrering, og endringar i krysset med fv. 606 må avklarast med fylkeskommunen. Ut over dette har dei ingen merknader.	
Gbnr. 26/49 (Patrick Trovåg)	Merknaden ber primært om at den planlagde parkeringsplassen blir teken ut av planen fordi behovet ikkje er dokumentert og ulempene for eigedomen er for store. Det blir også bedt om at søknaden om bølgedempar/flytebrygge (frå 03.03.2022) blir innlemma og godkjend i endring av detaljreguleringsplanen.	Teke til vitande. Kommunen informerer om at planlagd parkeringsplass er ikkje knytt til bustadfeltet, men friområdet mellom Solundheimen og bustadfeltet Klubben. Innlemming av bølgedempar/Flytebrygge er vurdert å liggj utanfor ramma av mindre reguleringsendring og vert ikkje teke inn i dette planframlegget.

Planendringa

1. Føremåla for renovasjonsanlegg (f_BRE1–f_BRE2) er teke ut og erstatta med føremål for andre anlegg (f_ABA).
    a. § 4.4 er justert for å leggje til rette for nytt felles område for renovasjon og postkassehus innanfor areal avsett til helikopterlandingsplass (o_LU) i kommuneplanens arealdel.
2. Krav til stigning for køyreveger justert
    a. §5.1 er endra ved at maksimal stigning for offentleg køyreveg o_SKV1er auka frå 12% til 15%, for å ha betre samsvar mellom plan og faktisk situasjon.
3. 3.Frisiktsone er innarbeidd i plankartet og føresegnene
    a. Ny § 8.2 er teke inn og regulererkrav til frisiktsona ved avkøyrsla til fv. 606.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurdere det slik at planframlegget er i samsvar med plan- og bygningslova § 12.14, og legg til rette for å stette dei behova som er for bustadfeltet i Klubben. Ein får til ei minneleg løysing for alle partar, der bebuarane har vore involvert både i vegløysinga og i renovasjonsløysinga.



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- IND — Industri

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- KV1-5 — Køyreveg
- FO — Fortau
- GS — Gang-/sykkelveg
- AVG — Annan veggrunn - grøntareal

§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift

- L — LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden

§12-6 - Omsynssoner

- H210 — Raud sone etter rundskriv T-1442
- H220 — Gul sone etter rundskriv T-1442
- H310 — Ras- og skredfare

§12-7 - Føresegnområder

- # — Midlertidig bygge- og anleggsområde

Linjesymbol

- Plangrense
- Formålgrense
- Midlertidig bygge- og anleggrense
- Grense for støysone
- Grense for faresone
- Byggegrense
- Bebyggelse som inngår i planen
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Måle og avstandslinje

Punktsymboler

- Avkjørsel - både inn og utkjøring

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	GIS DataLake	Ekvidistanse:	1m
Dato for basiskart:	11.07.2025	Kartmålestokk:	1:500 (A1)
Koordinatsystem:	ETRS89.UTM-32N	0	37.5 75m
Høgdegrunnlag:	NN2000		

Solund kommune

Detaljregulering

Bustadfelt Klubben

Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID: 1412_201502

Forslagstillar: Solund kommune

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

	SAKS-NR	DATO	SIGN
Dato XXX Revisjon XXX			
Dato XXX Revisjon XXX			
Dato XXX Revisjon XXX			
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå .....til			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå.....til			
1. gongs handsaming			
Kunngjering av oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte...			

PLANEN ER UTARBEIDD AV: Norconsult PLANKONSULENT	TEGNNR.	DATO	SIGN.
	01	28.05.2026	AnMGj

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

BekreftDato Dato — PLANSIFNAVN Plansjef

Innhald: side

1	**Kort samandrag av planforslaget**	**6**
1.1	Bilete av eksisterande situasjon	6
1.2	Enkel skisse av mogeleg framtidig situasjon	7
1.3	Konklusjon hovudtrekk i planforslaget	7
2	**Bakgrunn for planarbeidet**	**8**
2.1	Lokalisering	8
2.2	Godkjende planar og utgreiingar	8
2.2.1	Kommunedelplan/kommunedelplanar	8
2.2.2	Reguleringsplanar	9
2.2.3	Strandsoneanalyse for Solund kommune	10
2.3	Avgrensing av planområdet	11
2.4	Krav til planprosess	11
2.5	Viktige rammer for planarbeidet	11
3	**Medverknad og planprosessen**	**13**
3.1	Kunngjering av planoppstart	13
3.2	Høyringsinstansar som er varsla	13
3.3	Heimelshavarar og naboar som er varsla	13
3.4	Innkomne merknader	14
3.4.1	Merknader til oppstart av reguleringsendring	14
3.4.2	Merknader frå andre ved oppstart av gjeldande reguleringsplan i 2011.	15
4	**Planområdet - eksisterande situasjon**	**17**
4.1	Bruk av planområdet i dag	17
4.2	Registreringar i planområdet og tilliggande areal	18
4.2.1	Natur- og ressursgrunnlaget	18
4.2.2	Landskap og grunnforhold	19
4.2.3	Standsone	21
4.2.4	Næring	22
4.2.5	Kulturminne og kulturmiljø	22
4.2.6	Naturverdiar og naturmangfald	22
4.3	Miljøfaglige forhold	22
4.3.1	Solforhold	22
4.3.2	Støyforhold	22
4.3.3	Luftforureining	22
4.4	Trafikkforhold	22
4.4.1	Køyretilkomst	22
4.4.2	Parkering	22
4.4.3	Trafikkmengde og ulykkessituasjon	23
4.4.4	Trafikksikring for mjuke trafikantar	23
4.5	Sosial infrastruktur Sosiale infrastruktur	24
4.5.1	Offentlege servicetilbod	24
4.5.2	Kollektivtilbod	24
4.6	Tekniske infrastruktur	24
4.6.1	Vatnforsyning og avlaup	24
4.6.2	Energiforsyning	24

4.6.3 Renovasjon 24
4.7 Barn og unge sine interesser 24
4.7.1 Universell utforming 24
5 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse) 26
5.1 Metodikk for vurdering av hendingar 26
5.1.1 Sannsyn og konsekvens 26
5.1.2 Risikomatrise for planforslaget 27
5.1.3 Forklaring til risikomatrisa 27
5.1.4 Moglege hendingar, vurdering av konsekvensar og sannsyn 27
5.2 No og etter utbygging. 28
5.3 Kommentar og tiltak 32
5.3.1 Skred 32
5.3.2 Havnivåendringar og stormflo 34
5.3.3 Trafikkulykker 34
5.3.4 Sterk vind 35
5.3.5 Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør 35
5.3.6 Sløkkjevasskapasitet 35
5.3.7 Tiltak for hendingar med uakseptabel risiko 35
6 Innhald i planen 36
6.1 Utfordring, målsetting og strategi 36
6.1.1 Målsetting 36
6.1.2 Utfordringar 36
6.2 Areal 36
6.3 Bygningar og anlegg 37
6.3.1 Eksisterande bustadtomter, BFS1 37
6.3.2 Nye bustadtomter, BFS2-BFS9 37
6.3.3 Naust 37
6.3.4 Leikeplass, f_BLK1-f_BLK2 37
6.3.5 Energianlegg, BE1 37
6.3.6 Renovasjonsanlegg 38
6.3.7 Utnyttingsgrad 38
6.4 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur 38
6.4.1 Køyreveg 38
6.4.2 Parkering 39
6.4.3 Anna veggrunn – grøntareal 39
6.4.4 Tilknyting til infrastruktur 39
6.5 Landbruks-, natur og friluftsføremål 39
6.5.1 Friluftsformål, LF 39
6.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag 39
6.6.1 Småbåthamn 39
6.6.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone 39
6.6.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone 39
6.6.4 Kaste og låssetjingsplassar 39
6.7 Fareområde 40
6.8 Naturmangfald 40
7 Konsekvensar av planframlegget 42

7.1 Konsekvens overordna planar 42
7.2 Konsekvens landskap 42
7.3 Konsekvens kulturminner og -miljø, evt. verneverdi 42
7.4 Konsekvens i høve krava i kap. II i Naturmangfaldlova 42
7.5 Konsekvens rekreasjonsinteressar/rekreasjonsbruk 42
7.6 Konsekvens trafikkforhold 42
7.7 Konsekvens universell tilgjenge 42
7.8 Konsekvens energibehov – energiforbruk 42
7.9 Konsekvens ROS 42
7.10 Konsekvens jordressursar/landbruk 42
7.11 Konsekvens teknisk infrastruktur 42
7.11.1 Vatn og avløp 42
7.11.2 Renovasjon 43
7.11.3 Kraftliner, trafo 43
7.12 Konsekvensar for kommunen 43
7.13 Interessemotsetnader 43
7.14 Avveining av verknad 43
8 Avsluttande kommentar 43
9 Vedlegg 43
Illustrasjon 44
FØRESEGNER 45
1 GENERELT 45
2 FELLES FØRESEGNER 46
2.1 Krav til byggesøknad 46
2.2 Plassering og definisjonar 46
2.3 Høgde på terreng, gjerde, m.v. mot offentleg veg og grøntareal 46
2.4 Terrengtilpassing, utomhusplan 46
2.5 Parkeringsdekning 46
2.6 Automatisk freda kulturminner 47
2.7 Støy 47
2.8 Universell utforming 47
2.9 Estetisk kvalitet 47
2.10 Krav om uteopphaldsareal for bustader 47
2.11 Utnyttingsgrad 47
2.12 Kommunaltekniske anlegg 47
2.13 Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg 48
2.14 Tiltak og fylling i sjø 48
3 REKKEFØLGJEKRAV 48
4 BYGNINGAR OG ANLEGG 48
4.1 Bustad, frittliggande -småhus 48
4.2 Felles leikeplass, f_BLK 49
4.3 Energiforsyningsanlegg, trafo 49
4.4 Renovasjonsanlegg 49
4.5 Naust 49
5 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR 50

5.1 Offentleg køyreveg, o_SKV 1 50
5.2 Privat køyreveg, SKV2 50
5.3 Offentleg køyreveg, o_SKV3 50
5.4 Tekniske bygningar / konstruksjonar 50
5.5 Offentleg parkering 50
5.6 Anna veggrunn – grønt areal 50
5.7 Frisikt 50
5.8 Avkøyring 51
6 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE 51
6.1 Friluftsformål, LF 51
7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG 51
7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone 51
7.2 Friluftsområde i sjø vassdrag med tilhøyrande strandsone 51
7.3 Småbåthamn 51
7.4 Kaste- og låssetjingsplass, VKL 52
8 OMSYNSONE 52
8.1 Faresoner 52
9 Føresegnområde, # 52
9.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, område #1 52

Forord
Planheftet er basert på Kommunal- og moderniserings-departementet (KMD) si detaljerte sjekkliste for planomtale, og er inndelt i tema i tråd denne sjekklista. Nordplan har, der vi har funne det føremålstenleg, justert på rekkjefølgja til nokre tema i sjekklista, samt lagt til nokre få punkt.

Nordplan AS har etter 1. gongs høyring (03.02.2016-18.03.2016) revidert plandokumenta då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt ei fråsegn til forslag til detaljregulering, samt fremma motsegn til planen.
Fylkesmannen: «Med bakgrunn i strandsonevernet, jf. pbl. §1-8, fremmar me motsegn til den omfattande utfyllinga som planen opnar for i tilknyting til småbåthamna og nausta i Djupevågen».

Som ein nødvendig konsekvens av motsegna har ein i dette forslaget til detaljregulering lagt opp til å redusere utfyllingsarealet.
Endringar etter 1. gongs offentleg ettersyn er vist med grønn skrift.

1 Kort samandrag av planforslaget

1.1 Bilete av eksisterande situasjon

Figur 1. Ortofoto av planområdet (kjelde: Fylkesatlas)

Planområdet er stort sett ubebygd. Det er i dag bygd ein tilkomstveg inn i området i samsvar med gjeldande reguleringsplan frå 2014. På eigedom gbnr. 26/49 stod det ei hytte som var bygd i 1975. Denne hytta er påbygd i fleire omgangar og har i dag fått bruksendring til bustadhus. I Djupevågen lengst nord i planområdet ligg det eit naust.

1.2 Enkel skisse av mogeleg framtidig situasjon



Figur 2. Vedlagte skisse viser forslag til ny arealbruk.

1.3 Konklusjon hovudtrekk i planforslaget

I 2015 kjøpte Solund kommune størsteparten av arealet innanfor planområdet og dei ønskjer å legge til rette for eit større bustadfelt. Området er på 172 daa og føremålet med reguleringsendringa er å regulere inn 19 bustadtomter i staden for fritidsbustader. Det vil også leggast til rette for leikeareal, naustområde og småbåthamn. Det skal også opparbeidast ein køyreveg på ca. 650m frå Fv 606 i aust til Djupevågen i nordvest, som regulert i gjeldande plan.

Småbåthamna i Ågotvika regulert i gjeldande plan, vert fjerna og ein tilrettelegg for ei utviding av felles småbåthavn i Djupevågen. Dette er i samsvar med merknaden frå Fylkesmannen.

2 Bakgrunn for planarbeidet

Nordplan AS utarbeider på vegne av Solund kommune ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for bruken innanfor planområdet på Klubben, Hardbakke. Planen vert ei detaljregulering i medhald av plan- og bygningslova sin §12-8.

Det vert vist til oppstartsmøte med kommunen der det er slått fast at den gjeldande planen skal omregulerast frå fritidsbustader til frittliggande småhus. Planarbeidet omfattar tilpassingar og justeringar av interne tomtegrensener, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Gjennom planarbeidet skal ein vurdere talet på tomter, plassering av dei og den samla arealutnyttinga i feltet. Planarbeidet skal og klargjere arealformål og bruk av strandsona i Djupevågen og tilkomstveg internt i bustadfeltet.

Føremålet med reguleringsplanen er endre arealbruken frå hyttetomter til bustadtomter med tilhøyrande infrastruktur.

Kontaktpersonar:
Oppdragsgjevar: Solund kommune
Solund kommune: Helge Alme
Nordplan AS: Arvid Tveit, arealplanleggar

2.1 Lokalisering



Figur 3: Lokalisering av planområdet

Planområdet Klubben ligg nord for Hardbakke, kommunesenteret i Solund kommune.

2.2 Godkjende planar og utgreiingar

2.2.1 Kommunedelplan/kommunedelplanar



Figur 4: Kommuneplan for Solund 2008-2020

Området er avmerkt som område der reguleringsplan framleis skal gjelde. Føresegnene til kommuneplanen har lista opp reguleringsplanen Hardbakke-Klubben som regulert for fritidsbustader.
Føresegne §1.5.1:

- Tomt til fritidsføremål skal ha ein storleik avpassa etter terrenget og som hovudregel ikkje vere større enn 1 mål
- Felt med fritidsbustader skal avgrensast i omfang og tilpassast terrenget og omgjevnader.
- Fritidsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. Ved bruk av felles parkeringsløysingar vert det kravd parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. fritidsbustad.
- Uteplassen skal vere på terrengnivå.

Retningsliner i kommuneplanen:

- Det bør leggast til rette for felles løysingar for naust og sjøtilgang der det er mogeleg.
- Eksisterande kvalitetar i terreng skal takast vare på. Ålmenta skal ha tilgang til strandsona.
- Bygging av fritidsbustader skal som hovudregel ikkje hindre ålmenn ferdsel i strandsona.

2.2.2 Reguleringsplanar

Arealbruken i planområdet er i dag styrt av reguleringsplan frå 2014 der føremåla som er avsett er friluftsområde, hytter, naust, småbåthamn, parkering og veg.



Figur 5: Reguleringsplan vedteken 19.06.2014

2.2.3 Strandsoneanalyse for Solund kommune

Det ligg føre ei strandsoneanalyse, datert 21.09.2007, som vart utarbeidd i samband med revidering av kommuneplan i Solund. Funksjonell strandsone vert her definert som strandsone som er mogeleg å ferdast i eller er nyttbar utan større inngrep, medan ikkje-funksjonell strandsone representerer strandsone med naturleg eller private hinder. Planområdet Klubben fell, i følgje analysekartet i rapporten, ikkje inn under definisjonen funksjonell strandsone. Analysen kjem også med nokre tilrådingar i høve til bygging i strandsona, som det kan vere verdt å ta med seg for Klubben.
Det vert peika på at bygging innanfor 100 metersbeltet ikkje bør privatisere strandsona, men heller gjere den meir tilgjengeleg. Dette er vidareført i kommuneplanen sine føresegner.

2.3 Avgrensing av planområdet

Figur 6: Avgrensing av planområdet (svart stipla linje).

2.4 Krav til planprosess

Det vart halde eit oppstartsmøte i Hardbakke om endring av ein detaljreguleringsplan for hytteområdet på Klubben-Hardbakke, 5. nov. 2015.

Planen er vurderast nærmare etter forskrift om konsekvensvurdering sin §3 b, då detaljreguleringa inneber endring av kommuneplanen. Planen er vurdert etter vedlegg III, og tiltaka innanfor planområde vurderer ein ikkje til å ha vesentleg verknad for miljø og samfunn og planen er derfor vurdert av Solund kommune, til ikkje å utløyse krav om KU eller planprogram etter Pbl. §4.

Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet.
Planprosessen vil følgje vanleg saksgang for reguleringsplan i samsvar med Pbl. sin §12.

2.5 Viktige rammer for planarbeidet

Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for å utarbeide nasjonale mål og retningsliner for arealplanlegginga i Noreg. Planar som vert utarbeidd i strid med mål og retningsliner skal avgjerast av Miljøverndepartementet. Kommunen må følgje dei retningslinene og måla som statlege organ og fylkeskommunen kjem med i planprosessen. Dei skal sikre at viktige nasjonale og regionale omsyn til ei kvar tid vert ein del av planvurderinga. Det er viktig å ha ein planprosess med eit godt samspel mellom private, lokale interesser og med statlege og fylkeskommunale organ. Kommunen kan eigengodkjenne planen dersom det ikkje ligg føre motsegn frå statleg fagmynde, fylkeskommune eller nabokommune.

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i regionale og kommunale planstrategiar som skal utarbeidast. Forventningane er retningsgivande for regionale og kommunale planer.
Plan- og bygningslova fastslår at dei nasjonale forventningane skal bidra til å fremje ei bærekraftig utvikling. Dette har regjeringa teke omsyn til og synleggjort i eit forventnings-dokumentet **«**Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» vedtatt ved kongelig resolusjon 24. juni 2011.
Forventningane omfattar klima og energi, by- og tettstadutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap samt helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

Natur, kulturmiljø og landskap. Planlegginga skal byggje på oppdatert og tilgjengelig kunnskap om arealbruk og natur-, kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsverdiar. Naudsynt kartlegging og vurdering av desse verdiane inngår i planlegginga. Kommunane skal registrere og verdisetje kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi og innarbeide desse i planlegginga.

RPR for Barn og planlegging - kgl. res. 1. september 1989 set krav til at planen ivaretek omsynet til barn og unge sitt behov for gode oppvekstvilkår og nærmiljø. Den fysiske utforminga av anlegg som skal brukast av born og unge må vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. Det er viktig at nærmiljøa vert utforma slik at dei inkluderer alle.
RPR for Samordnet areal- og transportplanlegging – kgl. res. 20. august 1993 skal sikre ein mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport og ein planlegging som avgrensar transportbehovet. Ein bør planleggje slik at ein får korte avstandar til daglege gjeremål og ha klare grenser for mellom bygde og ubygde område.
Retningslinjer for planlegging av riks- og fylkesveger etter plan- og bygningsloven gir føringar for planlegging av riks- og fylkesvegar etter plan- og bygningslova.
Det er ei målsetting om innskjerping av **jordvernet**.
Det er viktig å planleggje slik at ein fremjar ei betre **folkehelse**. Fysisk aktivitet med moderat intensitet vil gje mange ein stor helsegevinst og betre det mentale velværet. Det er difor viktig å styrkje og leggje til rette for t.d. turstiar og samanhengande gangvegnett. Viktige faktorar for fysisk aktivitet er tilgjenge, om ein kan meistre å delta og estetiske eigenskapar. Planen må leggje vekt på friluftsområde med turvegar og leikeplassar og gode fysiske omgjevnader.
Rikspolitiske retningsliner for universell utforming set krav til at omgjevnader skal utformast på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneskjer i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og ein spesiell utforming.
Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene. Fastsatt ved kgl.res. av 25. mars 2011, jfr. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2
Det er gitt føringar for **klima- og miljøperspektivet** i planlegginga. Utslipp av klimagassar og global oppvarming er vår største miljøutfordring. Situasjonen er alvorleg for naturmangfaldet, på grunn av klimaendringar og andre truslar. Det vert viktig å redusere utslepp av klimagassar og tilpasse dei fysiske omgjevnadane dei endringane som er i gang.
Den nye **naturmangfaldlova** tok til å gjelde frå 1. juli 2009, og femnar om m.a. føresegner om berekraftig bruk, artsforvaltning, framande organismar, områdevern, utvalde naturtypar og tilgang til genetisk materiale. Lova inneheld nokre sentrale prinsipp:

- Kunnskapsgrunnlaget (§8)
- føre-var-prinsippet (§9)
- samla belastning (§10)
- kostnadene ved forringa miljø skal bæres av tiltakshavar (§11)
- miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar (§12)

Kunnskapskravet inneberer at all forvaltning av natur skal vere kunnskapsbasert, og at vi ikkje berre skal basere oss på vitskapeleg kunnskap, men og på den erfaringsbaserte. Tiltak etter naturmangfaldlova og andre lover skal avvegast mot andre viktige samfunnsinteresser.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging skal leggast til grunn ved planlegging og handsaming av einskildsaker etter plan- og bygningslova. Retningslina tilrår at anleggseigar bereknar to støysoner rundt viktige støykjelder, ei raud og ei gul sone. I den raude sona er hovudregelen at ein skal unngå støyfølsam utbygging, medan ein i den gule sona kan vurdere utbygging dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold.
Samfunnssikkerhet og planlegging etter Plan- og bygningsloven er ein rettleiar i arbeidet med ROS-analysar, m.a. for å oppfylle krav i § 4-3 i plan- og bygningslova.
Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen skal leggast til grunn. Formålet med retningslinene er å redusere nedbygging av strandsona. Bygging og landskapsinngrep skal ikkje tillatast på areal som har verdi som formål, som til dømes friluftsliv, naturvern, biologisk mangfald, kulturminne, kulturmiljø, landskap, landbruk eller andre allmenne interesse. Sogn og Fjordane er i føresegnene kategorisert under dei fylka som har mindre press på areal. Det vil vere enklare for kommunane å gje løyve til å bygge i områder utan press enn i områder der presset er stort. Det vil gje kommunane utanfor pressområda høve til å inkludere strandsona i sine heilskaplege utviklingsstrategiar. Utbygging bør så langt som mulig lokaliserast til områder som har utbygging, slik at utbygginga skjer mest mulig konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinteresser eller natur- og landskapskvalitetar skal ein unngå.

3 Medverknad og planprosessen

3.1 Kunngjering av planoppstart

Planendringa vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i avisa Firda og brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar, med frist for merknader sett til 22.10.2015.

3.2 Høyringsinstansar som er varsla

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, *postmottak.sentraladm@sfj.no*

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger,

postmottak.kultur@sfj.no

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, *fmsfpost@fylkesmannen.no*

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Postboks 53 6801 FØRDE, *nve@nve.no*

Statens vegvesen Region vest Askedalen 4, 6863 Leikanger, *firmapost-vest@vegvesen.no*

Sunnfjord Energi AS Boks 123, 6801 Førde, *firmapost@sunnfjordenergi.no*

Kystverket vest Postboks 1502. 6025 Ålesund, *post@kystverket.no*

Fjord 1 Sogn Billag Pb 67, 6851 Sogndal, *sognbillag@fjord1.no*

Fjord1 Fylkesbåtane AS Pb. 354, 6902 Florø *fylkesbaatane@fjord1.no*

NGIR Kjevikdalen, 5956 Hundvin *lindas@retura.no*

Bergens Sjøfartsmuseum Postboks 7800, 5020 Bergen *marinarkeologi@bsj.uib.no*

Telenor, *kabelnett@telenor.com*

Fiskeridirektoratet, Region vest, Pb. 185 Sentrum, 5804 Bergen, postmottak@fiskeridir.no

3.3 Heimelshavarar og naboar som er varsla

Eigedom	**Navn**
26/49	Patrick Trovåg
27/1	Svein Paul Lien
26/46	Anne Marit Martinsen
26/46	Solveig M. Lien
27/8	Norman & Ragnhild Lien
66/1	Gustav Takle

3.4 Innkomne merknader

3.4.1 Merknader til oppstart av reguleringsendring

Statens vegvesen, datert 07.10.2015
Tilkomst må planleggast i samsvar med N 100 Veg og gateutforming. Elles har dei ingen merknadar til varselet og kjem attende når planen kjem på høyring.
Vurdering av merknaden:
Veg og kryssløysingar vert utforma etter handbok N100.

Sogn og fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga, datert 17.11.2015
Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området. Det skal likevel ikkje utelukkast at slike kan finnast her. Vi ber om at følgjande føresegn blir teken i planen:
Kulturavdelinga i fylkeskommunen må straks kontaktast for nærare avklaring dersom det ved gravearbeid vert gjort funn av gjenstandar, trekollag, steinkonstruksjonar etc., jf. lov om kulturminne §§ 3 og 8.2.

Uttale frå Bergen Sjøfartsmuseum:
Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.
Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hardbakke / Klubben i Solund kommune som kan bli direkte råka av reguleringa.
Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 28.09.2015:
I skrednett sitt aktsemdkart er delar av planområdet definert som potensielle fareområde for steinsprang og snøskred.
NVE tilrår å innhente fagleg kompetanse for å definere nærmare faresonegrensene på staden. Fareområder må visast i plan som omsynssoner i samsvar med PBL §12-6 og eventuelle sikringstiltak må vurderast.
Vurdering av merknaden:
Kompetanse frå geolog er henta inn og rapport frå Skredfarevurdring er vedlagt. Faresoner er lagt inn i plankartet.

Fiskeridirektoratet, datert 23.10.2015:
Føresest at føresegnene i gjeldande detaljreguleringsplan for hyttefelt Hardbakke – Klubben, om bruk og vern av sjø og vassdrag, føresegn 7.3 Kaste og låssetjingsplass, KOL, vert teke inn ny plan.
Vi ber dykk òg om å ta omsyn til våre merknadar knytt til etablering av småbåthamner.
Vurdering av merknaden:
Vi følgjer opp i høve føresegn for reguleringsplan.

Kystverket, datert 28.09.2015
Kystverket har ingen merknad til reguleringsendringa.

Fylkesmannen i Sogn og fjordane, datert 22.10.2015
Samfunnsinteresser
Tilrår at det vert sett av minst eit felles uteopphaldsareal innanfor planområdet som er tilpassa ulike aldersgrupper og vert eigna som felles område for leik og samlingsstad for alle aldersgrupper. Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge slår fast at arealet mellom anna skal vere sikra mot trafikkfare og vere eigna til leik og opphald.

Natur og miljø
Bustadene bør plasserast i landskapet slik at fjernverknaden vert minst mogleg. Det bør elles leggast opp til minst mogleg terrengarbeid på den enkelte tomta.
I fråsegna vår til gjeldande reguleringsplan tilrådde vi at den smale sona med LNF-område mellom småbåthamna f_SH1 og dei nordlegaste tomtene innanfor FF1 vart utvida. Ved endring av arealføremålet til bustader er allment tilgjenge til strandsona minst like viktig som i eit fritidsbustadområde. Permanent busetnad ved LNF-beltet gir også meir privatisering, noko ein kan redusere ved å utvide dette beltet noko.
Vi tilrådde vidare at småbåthamna i Ågotvika, f_SH2, vart teken ut av planen på grunn av ein overkapasitet av båtplassar samanlikna med tal hyttetomter. Slik vi forstår det vert det no lagt opp til større og færre tomter og dermed ein endå

større overkapasitet av båtplassar. Det aktuelle området er eit urørt naturområde utan vegtilkomst. Vi held fast ved tilrådinga om å ta ut småbåthamna av planen av omsyn til strandsoneverdiane.

Samfunnstryggleik og beredskap
Det må gjennomførast ei ROS-analyse for endringane som planen legg til rette for. Forventingar og krav til ROS-analysen kjem fram av standardbrevet i punktet om samfunnstryggleik og beredskap.
Landbruk
Vi kan ikkje sjå at reguleringsendringa har negative verknader for nasjonale eller viktige regionale interesser knytt til landbruk. Ved eventuelle konsekvensar for landsbruksinteresser viser vi til standardbrevet og punktet om landbruk.

Syner elles til Fylkesmannen sitt standardbrev for oppstart av reguleringsplanarbeid.
Vurdering av merknaden:
Teke til orientering. Vert sett av to leikeareal. Eit stort fellesareal som er tenkt til leik og samlingsstad for ulike aldersgrupper. Nemnte LNF-område er utvida, og småbåthamn er flytta lenger vest. Småbåthamna i Ågotvika er teken ut av planen.

3.4.2 Merknader frå andre ved oppstart av gjeldande reguleringsplan i 2011.

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum, datert 22.07.2011:
Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hardbakke/Klubben i Solund kommune som kan bli direkte råka av detaljreguleringa. Dei har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid og har difor ingen merknader til detaljreguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9.juni 1978 nr.50 om kulturminne.
Vurdering av merknaden:
Teke til orientering og lagt inn i føresegnene.

Sunnfjord Energi, datert 22.08.2011:
Vedlagt merknaden er ei kartskisse som viser at Sunnfjord Energi (SE) ikkje har nettanlegg innanfor planområdet i dag, men kun lågspentlinje fram til eksisterande bustad på eigedom gbnr. 26/49. Det vert tilrådd å føre fram høgspent til det framtidig hyttefeltet som kan transformerast ned til 415V fram til hyttene. SE ser for seg at maksimallasta for det nye feltet vert lagt over det eksisterande lågspentframføringa kan klare, og det må difor førast opp nettstasjon og gravast grøft for høgspentkabel eller førast fram høgspentlinje til denne. Det må avsetjast areal til nettstasjon med str. 5-7 m² med sikringssone 5m frå andre bygg. SE ønskjer elles å få tilsendt utomhusplan samt estimert maksimaleffekt for det framtidige hytteområdet så snart det ligg føre.

Vurdering av merknaden:
Det reguleringsmessige vert ivareteke av plankonsulent. Tiltakshavar merker seg tilrådingar som gjeld gjennomføring av straumtilførsel.

Sogn og fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, datert 03.11.2011
Ved førre høyring vart det gjennomført kulturminneregistrering.

Bergen Sjøfarsmuseeum har også vurdert oppstartsvarsel og uttaler følgjande: Museet kjenner ikkje til kulturminner ved Hardbakke/Klubben. Tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.
Vurdering av merknaden:
Føresegnene til planen skal innehalde eit avsnitt om inngrep på marine kulturminne.

Trude Lien på vegne av grunneigar Solveig Lien, datert 04.08.2011:

Som grunneigar i Djupevågen og nabo til hyttefeltet, ønskjer dei å kome med følgjande merknad:
-Alle hyttene i hyttefeltet bør ha **en** felles brygge/marina
-Aktuell vik i Djupevågen (sør) er dårlig egnet til dette formålet grunnet vind. Vind fra nord blåser rett inn i denne viken.
-Båttrafikk til/fra hyttefeltet "tilhører" Liasundet og ikke Djupevågen
Vurdering av merknaden:
Teke til orientering.

4 Planområdet - eksisterande situasjon

4.1 Bruk av planområdet i dag



Figur 7: Skråfoto av planområde Klubbe, sett frå vest (Norge i 3d).



Figur 8: Skråfoto av Klubben, sett frå aust (Norge i 3d).

4.2 Registreringar i planområdet og tilliggande areal

4.2.1 Natur- og ressursgrunnlaget

Figur 9: Oversikt over lokalt viktige friluftsområde kring planområdet (kjelde Fylkesatlas; FRIDA)

Det er ikkje registrert lokale eller regionale viktige friluftsområde i det aktuelle planområdet Klubben.
Fiskeriinteresser (Fylkesatlas SFJ).

Figur 10: Område med spesiell naturkvalitet (kjelde Fylkesatlas; EDNA, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane)

Områdeskildring:
Området tilhøyrer Taklegarden. Beitemark med rydningsrøyser, høgstamma tre og steingardar skapar ein fin mosaikk.



Figur 11: Område for prioriterte naturtypar (DN Handbok 13)(kjelde:Miljødirektoratet)

Områdenavn: Hardbakken nord. Naturtype: Naturbeitemark. Verdi: Svært viktig.

Ganske stor, velbeita beitemark/natureng vest for riksvegen nord for Solund. Sentrale deler av området har truleg vore overflatedyrka og mesteparten har vel vore bruka som slåttemark. På dei sentrale delane har det tydeleg vore bruka både naturgjødsel og kunstgjødsel tidlegare. No ser det imidlertid ut til at gjødslinga er svak/fråverande. Kantsonene og meir perifere deler av lokaliteten ser ut til å ha unngått gjødsling. I desse områda fann ein naturengplanter som; finnskjegg, smalkjempe, kystmaure. gulaks, lækjeveronika, tepperot m.fl.

Figur 12: Gyteområde i sjø
(Fylkesatlas: Kartlegging i SAMS-prosjektet 2003)

Figur 13: Mogelege område for kamskjell botnkultur(
(kjelde: Fiskeridirektoratet Region Vest 23.12.2005).

Det er ikkje registrert tare eller rekefelt i nærleiken (kjelde: Fiskeridirektoratet)

4.2.2 Landskap og grunnforhold

Planområdet kan skildrast som eit småkupert og opprive landskap. Bustadområdet er tenkt lokalisert mellom dei to høgdene *Godvershaugen* på 92 moh og *Klubben* på 50 moh.

Figur 14: Bilete mot Klubben i nord.

Liafjorden er definert som landskapstype 20-T 06-08 *Småfjord- og storsundlandskap* (kjelde: Fylkesatlas) .
Berggrunn: Bergarten i området er eit konglomerat av rullestein bunde saman av ein sement av sand. Bergarten er karakterisert som hard og med lite sprekker.



Figur 15: Konglomerat i sedimentær breksje.



Figur 16: Open fastmark (kjelde: Markslagskart)

Markslaget i området vert definert som open fastmark (kjelde: Fylkesatlas). Biletet i fig. 17 viser at det er tiltakande krattlegging i området. Det er ikkje beitande dyr i området.

4.2.3 Standsone

Figur 17: Bilete frå Ågotvika.

Strandsona langs nordsida av Ågotvika er prega av brattkyst og er nokså utilgjengeleg i dag. Tilgjenge til sjø er betre utifrå terreng inst i Djupevågen.

Figur.18: Djupevågen

4.2.4 Næring

Figur 19: Akvakulturanlegg er lokalisert nord for planområdet i Grunnevågen (kjelde : Fiskeridirektioratet 20.01.2011)

4.2.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrerte kulturminner eller kulturmiljø i eller i nærleiken av planområde jf. Askeladden, Fylkesatlas SFJ.

4.2.6 Naturverdiar og naturmangfald

Det er ikkje kartlagt sårbare artar eller viktige naturtypar/økosystem eller spesielle verdiar i høve biologisk mangfald, i området jfr. artsdatabanken: www.artsdatabanken.no og på fylkesatlas: www.fylkesatlas.no.

I følgje merknader motteke ved varsel om oppstart, er det i våtmarksområda registrert hekkeplassar for sjeldne fugleartar. Det er også observert Dobbeltbekkasin og Jordugle i området.

4.3 Miljøfaglige forhold

4.3.1 Solforhold

Solforholda i området er svært gode då planområdet ligg i eit ope landskap.

4.3.2 Støyforhold

Det er ingen kjende kjelder for støy i planområdet.

4.3.3 Luftforureining

Det er ingen kjende forureiningskjelder i planområdet og det er vurdert til å vere marginal luftforureining.

4.4 Trafikkforhold

4.4.1 Køyretilkomst

Planområdet har tilkomst frå fylkesveg 606, som følgjer planområdet si austlege grense. Fartsgrense 50 km/t.

4.4.2 Parkering

Det er i dag etablert parkeringsplassar innanfor planområdet på område o_SPA1.

4.4.3 Trafikkmengde og ulykkessituasjon

Planområdet ligg tett opp mot ein offentleg veg. Fylkesvegen aust for planområdet har ifølgje Statens vegvesen sin databasa ein ÅDT på 200. Det har på strekninga til fylkesvegen, som følgjer planområdet, ikkje vore registrert trafikkulukker i løpet av dei siste 4 åra (Statens vegvesen).

4.4.4 Trafikksikring for mjuke trafikantar

Det er etablert fortau langs fylkesveg 606 frå avkøyringa til bustadområde og mot Hardbakke.



Figur 20: Kart som viser fylkesvegen og tilkomstvegen til bustadområde innanfor planområdet. Kjelde: NVDB.

4.5 Sosial infrastruktur Sosiale infrastruktur

4.5.1 Offentlege servicetilbod

Næraste tettstad er Hardbakke, som har offentleg tenestetilbod i form av helse- og posttenester, samt skule og barnehage.

4.5.2 Kollektivtilbod

Det er ikkje busstopp innanfor planområdet. Næraste haldeplass er lokalisert i Hardbakke.



Figur 21: Kart som viser 4 busstopp, ein ladestasjon, ein barneskule, ein barnehage, ein butikk(daglegvare), eit idrettsanlegg og eit returpunkt i Hardbakke. Kjelde: Finn Kart.

4.6 Tekniske infrastruktur

4.6.1 Vatnforsyning og avlaup

Vassforsyninga til planområdet kjem frå kommunalt vassverk. Offentleg vassforsyning har god kapasitet.
Avlaup er einskildanlegg til septiktank, der avlaupsvatet går til sjø (Djupevågen og Ågotvika på 15 m djupne).

4.6.2 Energiforsyning

Sunnfjord Energi er straumleverandør i området. Det er ikkje høgspentlinjer innanfor planområdet. Det er i dag lagt høgspentkabel inn til trafo (BE1) i planområdet.

4.6.3 Renovasjon

Solund kommune er tilknytt NGIR eit interkommunalt selskap). NGIR si hovudoppgåve er å ta hand om hushaldningsavfallet og administrere mellom anna renovasjonskøyring, mottak av avfall på returpunkt, samt vidaresending av avfall. Dei yter tilsvarande tenester til næring.

4.7 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje teikn til barneleik i planområdet. Slik området ligg i dag er det svært uframkomeleg både p.g.a. kupert terreng og tilvokse med siktagran. Tilkomst og tilrettelegging for friluftsliv på land vil bli betre ved utbygging av dette bustadområdet. Det vil verta etablert 2 felles leikeplassar innanfor planområdet, tenkt til leik og samlingsstad for ulike aldersgrupper.

Viktige nasjonale mål er å :

- sikre eit oppvekstmiljø som gir tryggleik mot fysiske og psyksike skadeverknader, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om behova til barn og unge.
- ivareta det offentlege sitt ansvar for å sikre barn og unge dei tilbod og moglegheiter som samla kan gje den einskilde utfordringar og ein meiningsfull oppvekst, uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn.

I Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging er det m.a. stilt krav til fysisk utforming. Planområdet må vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. Det må finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette føreset at areala er store nok og eignar seg for leik, gir høve for ulike typar leik til ulike årstider, og at dei kan nyttast av ulike aldersgrupper. Det er viktig å sikre areal til leik og møteplassar som er trafikksikre og eigna til bruk i dei ulike årstidene. Ved omdisponering av uregulert areal som barn nyttar som leikeareal skal arealet erstattast.

Området ligg i dag i eit naturområde med gode fiske og bademoglegheiter. Det er derfor godt eigna til leik og friluftliv.

4.7.1 Universell utforming

I regjeringa sin handlingsplan for auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne finn vi følgjande definisjon og forklaring av universell utforming:

”Universell utforming betyr at produkter, byggverk og uteområder som er i alminnelig bruk, skal utformes på en slik måte at alle mennesker skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mulig uten spesielle tilpasninger eller hjelpemidler.
Dette inkluderer funksjonsnedsettelser knyttet til syn, hørsel, bevegelse, forståelse og følsomhet for miljøpåvirkning (astma- /allergi).”

Byggeområde, trafikkområde og offentlege uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst. Vegar, uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne kjem seg lett fram.

5 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)

Kommunen har ansvar for å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. Det er viktig at aktuelle risikofaktorar vert vurdert ved endring av arealbruk. Tema som treng nærare utgreiing er omtalt i planomtalen. I samsvar med ny plan- og bygningslov § 4-3 samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse er det vurdert alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om området er eigna til utbyggingsformål og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

5.1 Metodikk for vurdering av hendingar

Sjekklista nedanfor baserer seg på Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin «Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar» (okt.2011). Analysen er gjennomført av Nordplan AS i nært samarbeid med kommunen. ROS er utført i samsvar med teknisk forskrift (TEK) kap.7 Sikkerhet mot naturpåkjenningar. Kjelder som har vorte brukt: www.fylkesatlas.no, Nasjonal vegdatabank, Norges geologiske undersøkelse, Norges vassdrags- og energidirektorat, Sunnfjord energi, Meteorologisk institutt og Direktoratet for samfunnssikkerhet.
Analysen byggjer på:

- Rettleiar frå Direktoratet for samfunnssikkerhet.
- Sunnfjorf Geo Consulting- Skredfarevurdering, datert mai 2014
  - Kommentar til skredvurdering datert 19.mai 2014
- Innkomne merknader til planoppstart.

5.1.1 Sannsyn og konsekvens

Sannsyn:		
5	Svært sannsynleg	Kvart år
4	Mykje sannsynleg	Ein gong mellom kvart år og 10. år
3	Sannsynleg	Ein gong mellom kvart 10. og 50. år
2	Mindre sannsynleg	Ein gong mellom kvart 50. og 100 år
1	Lite sannsynleg	Sjeldnare enn ein gong per 100 år

Konsekvens		Sikkerhets-klasse for skred	Konsekvens liv, helse og miljø
5	Svært alvorleg/katastrofalt	Særleg stor	Personskade som medfører død eller varige men; mange skadd; langvarige miljøskadar
4	Alvorleg/farleg	3 stor	Behandlingskrevjande person- eller miljøskadar og kritiske situasjonar
3	Betydeleg/kritisk	3 stor	Kan føre til alvorlege personskadar/belastande forhold for ei gruppe personar, alvorleg miljøskade
2	Mindre alvorleg/ein viss fare	2 Middels	Få/små person eller miljøskadar/ belastande forhold for einskildpersonar
1	Ubetydeleg	1 liten	Ingen person eller miljøskadar/einskilde tilfelle av missnøye

5.1.2 Risikomatrise for planforslaget

Konsekvens Sannsyn	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ ein viss fare	3 Betydeleg / kritisk	4 Alvorleg/ Farleg	5 Svært alvorleg/ Katastrof-alt
5 Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/ periodevis	4	8	12	16 Skredfare/ lausmasser/ utgliding	20
3 Sannsynleg/ fleire enkelt-tilfelle	3	6 Trafikk-ulykker. Havnivåstig ning/stormf lo	9	12	15 Sløkkevass-kapasitet
2 Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle	2	4	6 Nedbør. Vind.	8	10
1 Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

Dess høgare tal, dess høgare sannsyn og negative konsekvensar. Risikomatrisa er henta frå Miljøverndepartementet sitt vedlegg 1 vedkomande ROS-analyse.
Tiltak som reduserer sannsyn skal fyrst vurderast. Om dette ikkje gir effekt eller er mogeleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.

5.1.3 Forklaring til risikomatrisa

Hending	Risiko	Tiltak
Hending i grønt felt:	Ikkje signifikant risiko	Risikoreduserande tiltak kan vurderast. Fleire risiko-reduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.
Hending i gult felt:	Akseptabel risiko (ALARP-sone = As Low As Reasonable Practicable).	Tiltak må vurderast/ gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som råd. Det vil ofte vere naturleg å leggje ein kost–nytteanalyse til grunn for vurdering av endå fleire tiltak som kan redusere risiko.
Hending i raudt felt:	Uakseptabel risiko	Tiltak må setjast inn for å redusere til grøn/gul. Her skal risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analysar for ev. å avkrefte risikonivået.

5.1.4 Moglege hendingar, vurdering av konsekvensar og sannsyn

Risiko = Sannsyn x Konsekvens.
Dess høgare tal, dess høgare sannsyn og negative konsekvensar:

5.2 No og etter utbygging.

Hending /situasjon **NO**	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Natur og miljøforhold Er området utsett for:					
Snø eller/steinskred/-sprang ?	Ja	Mykje sannsynleg/ periodevis 4	Alvorleg/ Farleg 4	16= Uakseptabel risiko	Naudsynt med manuell reinsk, fanggrøft og fjellbolting innanfor deler av planområdet.
Vind ?	Ja	Sannsynleg/enkelt tilfeller 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Sterk vind er generelt tilstade langs kysten, men vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko for området.
Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør?	Ja	Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Tiltak: dreneringssystem. God kapasitet på grøfter og stikkrenner.
Flodbølgje som følgje av skred? Kvikkleire eller annan ustabilitet ? Flaum/ flaumskred ? Overvatn ? Havnivåendring/stormflo? Radon ? Skog-/lyngbrann ? Stormflo ? Sårbar flora?	Nei Nei Nei Ja Nei Nei Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Havnivåstigning/stormflo.
Verneområde? Vassdragsområde ?	Nei Nei			Ikkje signifikant.	
Kulturminne/-miljø?	Nei			Ikkje signifikant.	
Verksemdrisiko Er det i området :					
Anlegg/verksemder som kan utgjere risiko ?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende.
Forureining Er det i området:					
Fare for akutt forureining ?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Støy og støv (industri, trafikk, m.v.)	Nei			Ikkje signifikant	
Forureina grunn?	Nei			Ikkje signifikant.	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Høgspentleidning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Anlegg for avfallsbehandling?	Nei			Ikkje signifikant.	
Beredskap Er det i området :					

God tilkomst for utrykkingskøyrety?	Ja	Lite sannsynleg/ ingen kjende tilfeller 1	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	2= Ikkje signifikant risiko	Det er god tilkomstveg.
Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	Nei	Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	Svært alvorleg/ Katastrofalt 5	15= Uakseptabel risiko	Må etablerast brannuttak innanfor planområdet. Vassleidning med godt vasstrykk.
Infrastruktur Er området utsett for:					
Trafikkulykker?	Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Det er ikkje registrert trafikkuhell på vegen inn i planområdet.
Manglande kapasitet i kraftforsyninga?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i tele/dataforsyning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i VA-system?	Nei			Ikkje signifikant.	
Andre forhold					
Fare for sabotasje/ terror, kriminalitet, vatn med usikker is, terreng-formasjonar, gruver	Nei			Ikkje signifikant.	

Hending /situasjon **ETTER**	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Natur og miljøforhold Er området utsett for:					
Snø eller/steinskred/-sprang ?	Ja	Lite sannsynleg/ ingen tilfelle 1	Alvorleg/ farleg 4	4= Ikkje signifikant risiko	Etter gjennomføring av tiltak som manuell reinsk, fanggrøft og fjellbolting, er risikoen redusert til ikkje signifikant risiko.
Vind ?	Ja	Sannsynleg/enkelt tilfeller 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Sterk vind er generelt tilstade langs kysten, men vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko for området.
Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør?	Ja	Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	6=akseptabel risiko	Tiltak: dreneringssystem. God kapasitet på grøfter og stikkrenner.
Flodbølgje som følgje av skred? Kvikkleire eller annan ustabilitet ? Flaum/ flaumskred ? Overvatn ? Havnivåendring/stormflo? Radon ? Skog-/lyngbrann ? Stormflo ? Sårbar flora?	Nei Nei Nei Ja Nei Nei Nei	Sannsynleg/fleire enkelt tilfelle 3	Ubetydeleg/ufarleg 1	3= Ikkje signifikant risiko	Etter gjennomføring av tiltak, er risikoen redusert til ikkje signifikant risiko.
Verneområde? Vassdragsområde ?	Nei Nei			Ikkje signifikant.	
Kulturminne/-miljø?	Nei			Ikkje signifikant.	
Verksemdrisiko Er det i området :					
Anlegg/verksemder som kan utgjere risiko ?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende.
Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv m.m.)	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende.
Forureining Er det i området:					
Fare for akutt forureining ?	Nei			Ikkje signifikant	

Hending /situasjon **ETTER**	Aktuelt?	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
Forureining Er det i området:					
Permanent forureining?	Nei			Ikkje signifikant	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Støy og støv (industri, trafikk, m.v.)	Nei			Ikkje signifikant	
Forureina grunn?	Nei			Ikkje signifikant.	Ingen kjende. Kjelde KLIF.
Høgspentleidning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Anlegg for avfallsbehandling?	Nei			Ikkje signifikant.	
Beredskap Er det i området :					
God tilkomst for utrykkingskøyrety?	Ja	Lite sannsynleg/ ingen kjende tilfeller 1	Mindre alvorleg – ein viss fare 2	2= Ikkje signifikant risiko	Det er god tilkomstveg.
Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Må etablerast brannuttak innanfor planområdet. Vassleidning med godt vasstrykk.
Infrastruktur Er området utsett for:					
Trafikkulykker?	Nei	Mindre sannsynleg/ kjende tilfeller 2	Betydleg/kritisk 3	6=akseptabel risiko	Det er ikkje registrert trafikkuhell på vegen inn i planområdet.
Manglande kapasitet i kraftforsyninga?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i tele/dataforsyning?	Nei			Ikkje signifikant.	
Manglande kapasitet i VA-system?	Nei			Ikkje signifikant.	
Andre forhold					
Fare for sabotasje/ terror, kriminalitet, vatn med usikker is, terreng-formasjonar, gruver	Nei			Ikkje signifikant.	

5.3 Kommentar og tiltak

5.3.1 Skred

ROS er utført i samsvar med teknisk forskrift (TEK) kap.7 *Sikkerhet mot naturpåkjenninger.*
Skred, TEK10 § 7.3
" 1. Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område.
2. For byggverk i skredfareområde skal sikkerhetsklasse for skred fastsettes. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen nedenfor ikke overskrides."

Sikkerheitklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsynlegheit
S1	liten	1/100
S2	middels	1/1000
S3	stor	1/5000

Tabell: Sikkerheitsklassar ved plassering av byggverk i skredfareområde

Sikkerheitsklasse S1 omfattar tiltak der eit skred vil ha liten konsekvens. Dette kan t.d. vere byggverk der det normalt ikkje oppheld seg personar og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitklassen er mindre garasjar, båtnaust, bodar, lagerskur med lite personopphald og mindre kaier for sport og fritid.
Sikkerheitsklasse S2 omfattar tiltak der eit skred vil føre til middels konsekvensar. Dette kan t.d. vere byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis maksimum 10 personar og/eller der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er einebustad, tomannsbustad, fritidsbustad med inntil to bueiningar, små bygg for næringsdrift, mindre driftsbygg i landbruket, samt mindre kaier og hamneanlegg. For bygg som inngår i sikkerheitsklasse 2 kan kravet til sikkerheit for tilhøyrande uteareal reduserast til sikkerheitsnivået som er angitt for sikkerheitsklasse S1 (1/100). Dette fordi eksponeringstida for personar og dermed faren for liv og helse normalt vil vere vesentlig lågare utanfor bygga.
Sikkerheitsklasse S3 omfattar tiltak der konsekvensen av ein skredhending er stor. I dette ligg det til dømes byggverk der det normalt oppheld seg anslagsvis over 10 personar og/eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Døme på byggverk som kan inngå i denne sikkerheitsklassen er einebustader i kjede/rekkehus med tre einingar eller meir, bustadblokker, brakkeriggar, næringsbygg, større driftsbygningar, skular, barnehagar, lokale beredskapsinstitusjonar, overnattingsstadar og publikumsbygg. For bygg som inngår i sikkerheitsklasse S3 kan det vurderast å redusere kravet til sikkerheit for tilhøyrande uteareal til sikkerheitsnivået som er angitt for sikkerheitsklasse S2 (1/1000), dersom dette vil gi tilfredsstillande sikkerheit for tilhøyrande uteareal. Moment som må vurderast er eksponeringstida for personar, tal personar som oppheld seg på utearealet, mm.

Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagkompetanse og det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK10).

Solund kommune er ikkje spesielt utsett for ras. Område for steinsprang er likevel noko vanleg. I høve skred er alle fjellskråningar med over 30 grader helling rekna som potensielt skredfarlege.
Når det gjeld steinsprang, vert det vist til aktsemdskart utarbeida av Norges geologiske undersøkelse(NGU) lagt ut på www.fylkesatlas.no.

På bakgrunn av feltobservasjonar, supplert med kart og fotografiske data, klimadata, historiske data og enkle matematiske modelleringar, har Sunnfjord Geo Consulting AS gjort ei heilskapleg skredfarevurdering ved planområde ved Klubben, Hardbakke i Solund kommune
Planområdet er avgrensa av sjøen og til dels bratte fjellskråningar. Området består for det meste av bart fjell, enkelte stadar med eit tynt lag morenejord og forvitringsmateriale. Nedslagsfeltet for nedbør er avgrensa til å gjelde planområdet og er lite. Dette, i lag med lite lausmassar, gjer at faren for jordskred, massestraum, flaumskred og flaum vert vurdert som liten. Ved utbygging i austlege del av planområdet vert det viktig at røyr og drenering vert dimensjonert med tanke på auka avrenning i framtida.

Fleire av dei planlagde tomtene ligg innanfor modellert utløpsområde for steinsprang i fylgje NVE m.fl sine aktsemdkart. Desse modelleringane tek berre omsyn til hellingsgradient. Feltarbeidet viste at er fleire reelle kjeldeområde for steinsprang i det undersøkte området, og mykje steinsprangmateriale vart observert. På bakgrunn av feltarbeidet og dei eksterne data vart det laga eit faresonekart. Faresonekartet viste at delar av områda til bustader ikkje oppfyller krava til tryggleiksklasse 2 som er gjeldande for denne type bygg. For at denne type bygg skal byggast trengst det difor sikringstiltak.

Bergarten i området er eit konglomerat og er generelt svært stabil. Sikringstiltaka som er foreslått består av reinsking i kjeldeområda og eventuelt enkelt bolting eller netting. Planområdet har kupert terreng og det vil verte naudsynt med til dels store inngrep for at bygging skal verta mogeleg i dette området. I enkelte tilfelle vert det antatt at ein del lokale kjeldeområde for steinsprang dermed vert fjerna, men vi kan likevel ikkje utelukka at inngrep i seg sjølv avdekkar nye kjeldeområde. Faresonekartet byggjer på dagens situasjon. Etter at inngrepa er utført og sikringstiltaka gjennomført vil det dermed verta behov for ny geologisk vurdering.

Klimastatistikk viser at det er lite snø i dette området, og gjeldande prognosar viser at snømengda vil reduserast ytterlegare dei komande hundre åra. Topografien avgrensar i tillegg akkumulasjonspotensialet for snø. På bakgrunn av dette konkluderer vi med at det ikkje er fare for snøskred i planområdet. På grunn av dette, samt låg vassføring, vert også faren for sørpeskred vurdert som ikkje reell.



Figur 22: Faresonekart for steinsprang ved planområdet ved Klubben, Hardbakke.

Tiltak: Sjå Kapittel 6-«Forslag til sikringstiltak» i rapport Rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS (datert mars 2014) «Skredfarevurdering ved Klubben i Hardbakke, Solund kommune».

Omsynssoner i planen

I plankartet er faresonene lagt inn som omsynssoner H310, i samsvar med utarbeida rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS.

5.3.2 Havnivåendringar og stormflo

Det vert vist til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin rapport «Havnivåstigning- estimater av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner» (revidert utgåve 2009) og «Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging» (desember 2011).
Det er knytt til dels store usikre moment til sjølve havnivåstigninga grunna global oppvarming. Ein må difor nytte rapporten med varsemd og gjere lokale vurderingar. Havnivåendringane vil skje gradvis over tid, slik at ein må vurdere konsekvensane i høve til dette. For Solund kommune er det i rapporten estimert slike endringar for år 2100 relativt år 2000:
Landheving: 19 cm
Berekna havstiging: 71 cm (usikkerhetsmargin 51 – 106 cm)
100 års stormflo: 241 cm (usikkerhetsmargin 221 – 276 cm)

Kva for sikkerheitsklasse i TEK10 ulike typar byggverk høyrer inn under, er avhengig av konsekvensen ved oversvømmelse. For dette området på Hardbakke gjeld sikkerheitsklasse F1, det er tiltak der oversvømmelse har liten konsekvens. Det omfatta byggverk med lite personopphald og små økonomiske eller samfunnsmessige konsekvensar f.eks garasje og naust. For sikkerheitsklasse F1 gjeld stormflotal der stormflo har ein gjentaksintervall på 20 år. Dvs. areal som risikera å verta oversvømt av ein stormflo som er berekna til å opptre kvart 20 år.

Geografiske strekninger	Gjentaksintervall 20 år	Gjentaksintervall 200 år	Gjentaksintervall 1000 år
Oslofjorden – Arendal	-30 cm	10 cm	40 cm
Arendal – Trondheimsfjorden til og med Snillfjord kommune	-15cm	10 cm	25 cm
Snillfjord – Vestfjorden (Narvik)	-25cm	10 cm	35 cm
Harstad (nord for Lofoten) – Kirkenes	-20cm	10 cm	25 cm

Ved å ta utgangspunkt i stormflo tal frå DSBs (år 2100), og tal frå Statens kartverk (20 års stormflo) vist over og bølgjepåverking (bølgjehøgde i dette området er sett til 0,5m, kan variere noko i området), kjem ein fram til kva areal (høgdekote) som vert oversvømt av ein 20 års stormflo.
For planområdet er dette kotehøgde 2,76m - 0,15m + 0,5m = 3,25m.

Då livsalder for bygg er 50 år har ein valt å redusere på sikkerheitskrav for nivå på kai og 1. etasje på bygg.

Forslag til tiltak: Med omsyn til stormflo vert nivå på 1.etasje sett til kote 2,6 moh i føresegnene.
Pga. forventa havnivåstigning må det ikkje oppførast bygg med lågare høgde på golv enn c + 2,6. Bygging kan tillatast dersom det vert bygd med vasstett konstruksjon eller dimensjonar og konstruksjon som toler belastninga, så ein unngår skadar. Ved plassering av tekniske anlegg under c + 2,6 må det plasserast i ein vasstett konstruksjon eller tola å stå under vatn.
Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens. Vurderinga tek høgde for dei momenta som DSB angir som viktige: stormflo, forventa havnivåstigning og bølgjepåverknad/ lokale forhold.

Ved etablering av nye bygningar lågare enn nivået for ein 20 års stormflo, skal tiltaket ved planlegging og byggesakshandsaming vurderast i høve stormflo/havnivåstigning.

5.3.3 Trafikkulykker

Vegen inn i planområdet er oversiktleg med liten trafikk og låg fart.
Avkøyrselen til området frå Fv606 har god sikt i begge retningar. Fartsgrensa er 50 km/t. Det er ikkje registert alvorlege ulykker dei siste åra.
Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.3.4 Sterk vind

Vestlandskysten er svært utsett for vêr og vind, og vêret fører årleg til store skader på materielle verdiar, og då er det vind frå sør og sørvest som er mest framtredande.
Det må takast høgde for aukande stormfrekvens i framtida når bustader og viktig infrastruktur skal utarbeidast.
Sterk vind er vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko.
Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.3.5 Auka nedbørsmengder/ ekstremnedbør

Årleg nedbør vert forventa å auke med 20% fram mot 2100. Vinternedbøren kan auke med heile 40% på Vestlandet.
Hyppige periodar med ekstremnedbør og høgare nedbørsintensitet (meir enn 70 mm på under ein time) gjev større risiko for flaumar i mindre vassdrag og bekkar.
Det er planlagt ny utbygging der tiltak vil medføre lukking av store flater.
Eit våtare og mildare klima kombinert med slagregn vil auke sjansen for bygningsskadar, særleg på sørvende delar av bygningar.

Tiltak:
Avløpssystem og evt. naturlege dreneringssystem som vert oppretthaldne skal kunne takle ekstremnedbør på 140 mm i løpet av 24 timar.
Ved opparbeiding av området må overvatn takast hand om slik at området vert tilstrekkeleg drenert. God kapasitet på grøfter og stikkrenner, evt. bruk av regnbed og opne bekkeløp.
Utbyggar må verte oppfordra til å rette merksemda mot trongen for vêrbestandige byggematerialar og metodar.
Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.3.6 Sløkkjevasskapasitet

Brannsjef i Solund kommune: «Sløkkjevasskapasiteten inn til feltet er tilfredstillande og brannhydrant/ kom er i samsvar med VA-norm. Det er og tilkomst til sjø for henting av sløkkevatn der ved større hendingar».

Det skal etablerast kommunal vassleidning inn i planområdet som sørgje for at vassforsyninga i området er tilstrekkeleg til å dekke brannvesenets behov for sløkkevatn.

5.3.7 Tiltak for hendingar med uakseptabel risiko

Skredfare-tiltak for rassikring. Naudsynt med manuell reinsk, fanggrøft og fjellbolting innanfor deler av planområdet.
Sløkkjevasskapasitet- etablerast kommunal vassleidning inn i planområdet

6 Innhald i planen

6.1 Utfordring, målsetting og strategi

6.1.1 Målsetting

Gjennom reguleringsendringa skal ein vurdere talet på bustadtomter, plassering av dei og den samla arealutnyttinga i feltet. Planarbeidet skal og klargjere arealformål og bruk av strandsona i Djupevågen og tilkomstveg internt i bustadfeltet.

6.1.2 Utfordringar

Endring av planen til bustadformål vil i størst mogeleg grad følgje dei utbyggingsområda i eksisterande plan, med enkelte tilpassingar. Solund er i aller høgste grad ein sjøkommune der ca 79% av bygningsmassen ligg i 100m beltet (kjelde: Strandsonerettleiaren til Sogn og Fjordane, 2003). Det er utarbeidd ein strandsoneanalyse for Solund og ein prøver å følgje den rettleiinga som denne gjev.

6.2 Areal

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader-frittliggjande-småhus (9)	20,96
Energianlegg	0,03
Leikeplass (2)	0,73
Renovasjonsanlegg (2)	0,03
Uthus/naust/badehus (2)	1,41
Sum areal denne kategori:	23,14
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn - grøntareal (12)	2,28
Køyreveg (3)	4,39
Parkeringsplassar (2)	0,53
Sum areal denne kategori:	7,21
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift	Areal (daa)
Friluftsformål (7)	90
Sum areal denne kategori:	90
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	Areal (daa)
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	37,33
Kaste- og låssetjingsplassar	6,77
Friluftsområde i sjø og vassdragFriluftsområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	1,06
Småbåthamn (2)	7,45
Sum areal denne kategori:	52,62

Planområdet har eit totalt areal på 172 dekar (daa). Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen viser.

6.3 Bygningar og anlegg

6.3.1 Eksisterande bustadtomter, BFS1

Planen inneheld ei eksisterande tomt for bustad. BFS1 har eit totalt areal på 1,4 daa. Innanfor BFS1 kan det etablerast bustad, med tilhøyrande parkeringsplass/garasje og leikeplass. Føresegnene opnar for %-BYA=25 %, med bygg på inntil to etasjar.

6.3.2 Nye bustadtomter, BFS2-BFS9

Planen inneheld 19 nye bustadtomter (frittliggande småhus). Tomtene har varierande storleik frå ca. 830 m² for den minste tomta til ca. 1500 m² for den største tomta.

I felt BFS2-BFS9 kan det etablerast eine- og tomannsbustader.

Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval. Kloakkløysing, vassforsyning og vegtilkomst skal vere godkjent før utbygging.
Føresegnene opnar for %-BYA=35 %. Bygg utan kjellar kan oppførast med inntil 2 etasjar. Bustader med kjellar kan vere på maksimalt 2,5 etasjar.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 7,0 m for bygningar med vanlig saltak, og mønehøgde skal ikkje overstige 9,0 m.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 7,5 m for bygningar med flatt tak, og mønehøgda skal ikkje overstige 9,0 m.

På kvar tomt skal det reserverast plass for ein garasje med maksimal grunnflate 50m², mønehøgd maks 5,5m over garasjegolv. Det er lov med kjellar på garasje der alternativet er ei stor fylling.

6.3.3 Naust

I Djupevågen er det sett av eit areal til nye fellesnaust, området f_BUN1. BUN2 er eit eksisterande privat naust. I sjøområdet utanfor BUN2 er det tillate å legge ut ei flytebrygge.
Naust kan oppførast inntil 1 ½ etasje og med 38-45 graders mønetak. Gesimshøgda kan vere inntil 3,6 meter. Materialbruk skal vere trepanel og tekking av skifer, uglasert teiglstein, torv eller tradisjonelt bølgjeblikk. Bygning skal tilpassast tradisjonell byggjeskikk i området ved fasadeuttrykk, proporsjonar, farge- og materialbruk.

Grad av utnytting settast til maks %-BYA= 45 %

I strandsona må det ikkje førast opp gjerde, murar eller anna som kan hindre fri ferdsel.

I f_UN1 kan det oppførast til saman 12 naust, med grunnflate inntil 32m². Nausta skal byggast i 3 grupper på 4 samanhengande naust i kvar gruppe med minimum 1,5m mellom kvar gruppe.

Det vert ikkje tillate med rom for varig opphald på naustlem.

6.3.4 Leikeplass, f_BLK1-f_BLK2

Felles leikeplassar for bustadfelt BFS1-BFS9. Leikeplass f_BLK2 er eit stort fellesareal som er tenkt til leik og samlingsstad for ulike aldersgrupper.

6.3.5 Energianlegg, BE1

Det er sett av eit område for etablering av energianlegg (trafo), vist som BE1 på plankart.

6.3.6 Renovasjonsanlegg

Det er avsett to fellesområder, f_BRE1-f_BRE2, der avfallsbehaldarar skal framsettast for tømming og der ein kan etablere felles postkassestativ.

6.3.7 Utnyttingsgrad

Tomteutnyttinga vert utrekna etter Rettleiar for utnytting. Den er vist med prosent bebygd areal, %-BYA, og er vist på plankartet.

Bebygd areal vert berekna etter § 3-4. og er summen av areal til:

- Bygget
- overbygde opne areal
- naudsynt parkeringsareal
- konstruksjonar som er meir enn 0,5 meter over gjennomsnitt terrengnivå
- Utkraga bygningsdelar med fri høgde over terreng mindre enn 5 m

Sjå figur frå rettleiar Grad av utnytting nedanfor.



6.4 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Avkøyring til bustadfelt på Klubben følgjer dagens avkøyring frå Fv606 i eit område med fartsgrense 50 km/t (kjelde: Nasjonal vegdatabank). Tilkomst til bustadfeltet vert i reguleringsplanen planlagt i tråd med handbok 017. Frisiktssone følgjer måla for primærveg med fartsgrense 50 km/t og trafikkmengde under 100 ÅDT på sekundærveg. Siktkrava vert ivaretatt innanfor ein trekant på 6x55m.

6.4.1 Køyreveg

Veg o_SKV1 er ein offentleg veg gjennom bustadfeltet med ei vegbreidde på totalt 5m, inkludert 0,5 m skulder på kvar side. Det er avsett 1,5m på kvar side langs med vegen til grøft (annan veggrunn).
I enden av tilkomstvegen er det rundkøyring for vogntog.

Veg SKV2 er privat veg for bustadtomt BFS1. Vegbreidde på totalt 4m, inkludert 0,5 m skulder på kvar side. Det er avsett 1m på kvar side langs med vegen til grøft (annan veggrunn).

Veg o_SKV3 skal nyttast som tilkomstveg for vedlikehald av rasvoll som er etablert ved bustadfelt BFS4.

Vegtype A=adkomstveg, siktkrav i kryss 4m * 20m, fartsgrense 30km/t og dimensjonerande køyrety er lastebil.

6.4.2 Parkering

Storleik følgjer Statens vegvesen si tilrådde norm, Håndbok N100. Størrelsen på parkeringsarealet er 2,5m * 5m.
Det er etablert 9 parkeringsplassar på o_SPA1 og 11 plassar på o_SPA2.

6.4.3 Anna veggrunn – grøntareal

SVG er areal som naturleg hører til vegen, som grøft, skjering, fylling, mur, rekkverk m.m.

6.4.4 Tilknyting til infrastruktur

Vidareføring av eksisterande vassleidningar ved opparbeiding av vegsystemet inn i bustadområdet. Offentleg vassforsyning har god kapasitet. Avlaup vert einskildanlegg til septiktank, der avlaupsvatnet går til felles avlaupsleidning til sjø (Djupevågen og Ågotvika på 15 m djupne).
Det er i dag lagt høgspentkabel inn til trafo (BE1) i planområdet. Høgspenten skal her transformerast ned til 415V og førast fram til bustadane via kabel i køyrevegen inn i området.

6.5 Landbruks-, natur og friluftsføremål

6.5.1 Friluftsformål, LF

Området rundt byggeområda (naust, bustad og veg) er regulert til friluftsformål. Dette skal vere til bruk for ålmenta til rekreasjon og opphald. Områda skal også kunne nyttast som aktivitets/fritidsområde for barn og ungdom. Vegetasjonen skal holdas mest mogleg urørt, men det kan etableras naturstiar.

6.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag

6.6.1 Småbåthamn

Det er regulert ei felles småbåthamn, f_VS1 og f_VS2 i Djupevågen.
I området f_SV1 er det tenkt nytta utliggarar for båtar. Arealet f_VS2 kan fyllast ut i sjø.

Mudring og fylling i sjø er regulert av kap.22 i ureiningsforskrifta og/eller §11 i ureiningslova, og krev eige løyve frå Fylkesmannen.
Småbåthamna er felles for alle bustadområda.

6.6.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Området VFS1 er sjø og holmar regulert til friluftsområde av omsyn til brukarane i bustadfeltet og ålmenta sin tilgang til sjø og opphald. Området skal nyttast til rekreasjon og opphald.

6.6.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

Det er ikkje lov å gjere inngrep i denne sona. Bustadtomtene ligg tilbaketrekte frå sjøkanten for å sikre ålmenn tilgang i strandsona.

6.6.4 Kaste og låssetjingsplassar

Området VKL1 er avsett til kaste- og låssetjingpass. Det må ikkje leggast ut flytebrygger/fortøyingar som vil hindre bruk av låssettingsplassen. Personar som skal bruke området på sjø og land må bli gjort merksame på at det til tider kan gå føre seg aktivitet både på dag- og nattestid ved låssetting. Låset kan bli ståande over tid.



Figur 23: Kaste- og låssettingsplassar markert som raudt (kjelde: Fiskeridirektoratet 12.07.2011)

Då Solund Fiskarlag har uttalt at den inste delen av vågen ikkje vert nytta til låssetting og ikkje vil vere i konflikt med framtidig småbåthamn/naust (jf. merknad frå Fiskeridirektoratet), finn ein det ikkje naudsynt å leggje inn feltet frå fig. 23 som eit føremål i reguleringsplanen. Det er berre området utanfor Djupevågen som vert lagt inn i planen som formål låssettingsområde.

6.7 Fareområde

Skredfare: Vedlagt er rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS (datert mars 2014) «Skredfarevurdering ved Klubben i Hardbakke, Solund kommune»
Faresonekartet viste at delar av bustadtomtene ikkje oppfyller krava til tryggleiksklasse 2 som er gjeldande for denne type bygg. For at denne type bygg skal byggast trengst det difor sikringstiltak.

6.8 Naturmangfald

§ 1 i naturmangfaldlova skal leggjast til grunn ved skjønnsutøving av planframlegget.

§ 1. *Lovens formål*
Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosess tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

I tråd med formålet til naturmangfaldlova skal planframlegget legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12
Tiltaket er utgreia i forhold til naturmangfaldlovas miljørettslege prinsipp for offentleg avgjer (§8-12).

§8. (kunnskapsgrunnlaget)
Det er ikkje gjort spesielle kartleggingar innanfor planområdet eller influensområde, men det aktuelle området er undersøkt gjennom databasar som Naturbasen, Artskart, Miljøstatus Skog og landskap sine kart over miljøregistreringer, DN sine databaser og synfaring i området.

I forhold til storleiken på tiltaket og omfanget vert dette kunnskapsgrunnlaget vurdert som godt nok og vi meiner at § 8 er oppfylt.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Den sentrale ordlyden om at: *«Eksisterer det ein risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukas som grunngjeving for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak»* vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då vi meiner at kunnskapen er god nok når det gjeld plan- og influensområdet sine naturverdiar.

I forhold til kunnskapsgrunnlaget føreligg det ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet og vi meiner at § 9 *Føre-var-prinsippet* er oppfylt.

§ 10. (økosystemtilnærming og samla belastning)
Bygningar, anlegg, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er delvis eksisterande tiltak.
Nye tiltak i planen berører i all hovudsak areal som i dag er eit småkupert og opprive landskap med klynger av granskog og fjell– altså areal som driftas med stor grad av monokulturar – artsmessig sett. Konsekvensar av tiltak er dermed vurdert til å vere avgrensa med tanke på naturmangfald.

Samla belastning på økosystemet må sjåast i et større perspektiv enn planområdet. Det er ikkje kjent andre utbyggingstiltak som allereie belasta eller vil komme til å belaste førekomstane som er vurdert.
Tiltaket vert vurdert til å ikkje gje auka belastning på økosystemet i forhold til situasjonen i dag (§ 10 *Økosystemtilnærming og samla belastning*).

(§ 11 *Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*).
Kostnadene ved å hindre eller redusere skade på naturmangfaldet skal bærast av tiltakshaver.
-Utbygging av avlaupsnett og system for handtering av avløp.

(§ 12 *Miljøforsvarlig teknikker og driftsmetoder*).
Tiltakshavar vil nytte teknikkar og driftsmetodar som er mest mogleg skånsame når det gjeld natur og miljø.

Alternativ lokalisering av tiltaket er ikkje relevant då bustadane må ligge i tilknyting til tilkomst/veg/eigedomsforhold/gjeldande reguleringsplan og ein ikkje kan sjå at tiltaket vil gje ein auka belastning av økosystemet eller skade på naturmangfaldet.

7 Konsekvensar av planframlegget

7.1 Konsekvens overordna planar

Detaljreguleringsplanen er ikkje i samsvar med overordna kommuneplan. Det som strir i mot er at ein regulerer for konsentrert småhusbusetnad og ikkje fritidsbustader.

7.2 Konsekvens landskap

Bygging av bustader på tomtene vil medføre endring av landskap og omgjevnader, og det vil få stor konsekvens for landskapet i området. I hovudsak er tomtene godt tilpassa til terrenget (tomteplassering og føresegner).

7.3 Konsekvens kulturminner og -miljø, evt. verneverdi

Det er ingen bygg eller tiltak innanfor planområdet, og det er ingen kulturminner eller kulturmiljø som grensar opp mot planen. Med grunnlag i dette er det konkludert med at planframlegget ikkje vil ha konsekvens for kulturminner eller kulturmiljø.

7.4 Konsekvens i høve krava i kap. II i Naturmangfaldlova

Det vert vist til kap. 6.8 Naturmangfald

7.5 Konsekvens rekreasjonsinteressar/rekreasjonsbruk

Dagens uframkommelege og lite brukt terreng skal tilretteleggast med veg og stiar som kjem bustadeigarar og ålmenta til gode. Positiv konsekvensen for auka rekreasjonsbruk.

7.6 Konsekvens trafikkforhold

Vil få ein liten auke i trafikken, men vegnettet har kapasitet til auke i transporten til og frå området.

7.7 Konsekvens universell tilgjenge

Området skal opparbeidast med tanke på universell utforming slik at folk med nedsett funksjonsevne kan nytta seg av området. Planen vil ha positiv konsekvens for universell tilgjenge, ved at nasjonale retningslinjer for universell tilgjenge skal ivaretakast, jf. føresegnene.

7.8 Konsekvens energibehov – energiforbruk

Vil få ein auke i energiforbruket innanfor bustadområdet.

7.9 Konsekvens ROS

Det vert vist til kap. 5 ROS-analyse.

7.10 Konsekvens jordressursar/landbruk

Planframlegget har ikkje verknad knytt til jordressursar/landbruk.

7.11 Konsekvens teknisk infrastruktur

7.11.1 Vatn og avløp

Planen vil medføre behov for opparbeiding av VA-anlegget som går gjennom planområdet.

7.11.2 Renovasjon

Planen vi auka behovet for renovasjonstjenester.

7.11.3 Kraftliner, trafo

Det vert vist til kap. 7.15 Energiforsyning

7.12 Konsekvensar for kommunen

Det er ønskeleg for kommunen å auke talet på bustader i området. Huseigarar i planområdet vil gjennom skatt bidra til å oppretthalde eksisterande servicetilbod i området.

7.13 Interessemotsetnader

Gjennom innspel til planoppstart kom det ikkje fram at naboar eller andre i området er skeptisk til å etabler eit bustadfelt innafor planområdet.

7.14 Avveining av verknad

Ein kan på bakgrunn av vurderingar over ikkje sjå at planforslaget har vesentlege negative konsekvensar.

8 Avsluttande kommentar

Reguleringsplanforslaget omfattar i hovudsak eit bustadfelt med tilhøyrande infrastruktur.
Ros-analysen eller konsekvensar av planforslaget har ikkje avdekt forhold som tilseier at tiltaket ikkje kan gjennomførst.

9 Vedlegg

Rapport frå Sunnfjord Geo Consulting AS (datert mai 2014) «Skredfarevurdering ved Klubben i Hardbakke, Solund kommune» og «Kommentar til skredfarevurdering ved Klubben» dater 19. mai 2014.

Illustrasjon



FØRESEGNER

DETALJREGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELT HARDBAKKE -KLUBBEN, SOLUND KOMMUNE
Føresegner dagsett: 16.12.2015, Rev. A 04.04.2016, Rev. B 28.05.2026
Plankart dagsett: 16.12.2015, Rev. A 04.04.2016, Rev. B 28.05.2026

1 GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner.
Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Solund kommune.
Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

Området er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12.5 nr.1)

Bustader, frittliggande småhus
Energianlegg
~~Renovasjonsanlegg~~
Andre anlegg
Naust
Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)

Køyreveg
Parkeringsplassar
Annan veggrunn, grøntareal

Grøntstruktur (pbl §12.5 nr.3)

Friluftsformål

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §12.5 nr.6)

Småbåthamn
Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tillhøyrande strandsone
Kaste- og låssettingsplass

Omsynssone, faresone (pbl §12-6 / §11-8)

Ras og skredfare, H310

2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Krav til byggesøknad

Bygg, anlegg og verksemder skal utformast med sikte på å sikre gode løysingar og ta naudsynt omsyn til eksisterande miljø.

Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein detaljert, kotesett situasjonsplan. Denne skal vise bygningsvolum, handsaming av terreng og parkeringsplassar.

2.2 Plassering og definisjonar

Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrenser. Der byggegrensa ikkje er vist, gjeld reglane i Plan- og bygningslova. Tilltatt bebygd areal (BYA) vert definert etter den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift. %-BYA angir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt areal. Parkering på bakkenivå vert rekna med i utnyttinga. Gesims- og kotehøgde vert rekna i samsvar med den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift, ut frå gjennomsnittleg planert terrengnivå.

Pga. forventa havnivåstigning må det ikkje oppførast bygg med lågare høgde på golv enn c + 2,6. Bygging kan tillatast dersom det vert bygd med vasstett konstruksjon eller dimensjonar og konstruksjon som toler belastninga, så ein unngår skadar. Ved plassering av tekniske anlegg under c + 2,6 må det plasserast i ein vasstett konstruksjon eller tola å stå under vatn.

Grensa for havnivå er sett der vasstand i sjø rekk, etter vurdering av stormflo, forventa havnivåstigning og bølgjepåverknad, kote 3,25m. Ved etablering av nye bygningar lågare enn nivået for ein 20 års stormflo, skal tiltaket ved planlegging og byggesakshandsaming vurderast i høve stormflo/havnivåstigning.

2.3 Høgde på terreng, gjerde, m.v. mot offentleg veg og grøntareal

Terreng, gjerde, hekkar o.l. i føremålsgrensa langs offentlege vegar skal ikkje vere høgare enn 1,2 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkøyrslar. Sjå elles føresegnene som gjeld frisiktsone.

2.4 Terrengtilpassing, utomhusplan

Den ikkje-bygde delen av tomta skal utformast på ein tiltalande måte. Fyllingar og støttemurar skal så vidt mulig unngås, og det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Der det er behov for støttemurar mot nabotomt eller veg, skal desse i hovudsak utførast i naturstein. Kommunen kan påby at planeringshøgda blir senka eller heva slik at høgda på støttemuren blir redusert.

Saman med søknad om byggjeløyve kan kommunen krevje at det blir utarbeidd ein utomhusplan for delen av tomta som ligg mellom bygningane. Denne skal ved sidan av å vise bebygd areal, også vise terrenghandsaming, eksisterande og ev. ny vegetasjon.

Ein bør i størst mogleg grad ta vare på og nytte eksisterande terreng, vegetasjon.

2.5 Parkeringsdekning

Det skal vere 2 p-plassar for bueining i frittliggjande småhus (einebustad) og 1 p-plass for sekundær bueining. Garasje inngår i dette som oppstillingsplass.

2.6 Automatisk freda kulturminner

Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd. Tiltakshavaren pliktar å gje melding til Bergen sjøfartsmuseet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast.

2.7 Støy

Støyreduserande tiltak skal setjast i verk dersom krav gjeve i rundskriv T-1442 frå Miljøverndepartementet ikkje er tilfredsstilt. Utandørs støyforhold på uteplass og utanfor rom med støyfølsom bruk, skal ikkje overstige 55dBA L_{den} . Maks. lydnivå om natta (mellom kl. 23 og 07) skal ikkje overstige 70 dBA utandørs. For innandørs støynivå er kravet 30 dBA L_{den}.

2.8 Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle. Byggeområde, trafikkområde og offentlege uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst. Offentlege uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne lett kjem seg fram. Universell utforming skal dokumenterast i byggesøknad.

2.9 Estetisk kvalitet

Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstille rimelege omsyn til estetisk godt uttrykk både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Byggverk og offentlege uterom skal ha arkitektonisk kvalitet. I dette ligg det at det skal vere kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt. Med byggverk vert det i tillegg til bygg og meint tekniske anlegg som t.d. vegar, gangvegar og kaier. For utomhusanlegg skal det leggast vekt på miljømessige kvalitetar ved utforming, val av materialar, vegetasjon og lyssetting.

2.10 Krav om uteopphaldsareal for bustader

For alle husvære med meir enn to rom, skal det i rimeleg nær tilknyting til husværet vere uteopphaldsareal som er eigna til rekreasjon, leik og opphald. Som uteopphaldsareal kan reknast dei delar av tomta som ikkje er bebygd eller avsett til køyring og parkering, og er eigna til formålet. Uteplassen skal vere skjerma mot innsyn, uønska ferdsle og sterk støy. Plassen skal ha solinnfall. Arealet bør primært vere på bakken, men areal på terrasse/balkong kan også godtakast.

2.11 Utnyttingsgrad

Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %- BYA , etter reglane i TEK. Eit vilkår for å utnytte tomta med maksimal %-BYA, er at krav til byggehøgde, byggegrense og dokumentert parkeringsdekning er innfridd.

2.12 Kommunaltekniske anlegg

Innanfor byggjeområdet og friluftsområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg skal tilpassast dei andre bygningane på staden med omsyn til form og farge. Slike innretningar skal godkjennast av kommunen.

2.13 Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg

Innanfor kvar tomt må utbyggar sørgje for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn.

Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med nødvendig vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

2.14 Tiltak og fylling i sjø

All utfylling skal skje med reine bestandige materiale.
Før det kan startast arbeid med fylling i sjø skal det liggje føre godkjent plan for omfanget av fyllingsarbeid. For avslutning mot naboeigedom skal fylling planleggjast i samråd med naboeigedom.
Det skal vere innhenta løyve etter hamne- og farvasslova for arbeid som er nemnt i plan- og bygningslova § 20-1.

3 REKKEFØLGJEKRAV

Naudsynt løysing for avløp og tilstrekkeleg vasstrykk i leidningsnettet skal vere etablert før bygg vert oppført.

Tiltak for rassikring skal vere gjennomført og godkjent av geolog før byggesakshandsaming, for kvar einskild byggeområde (BFS2 – BFS9).

Krysset mellom Fv606 og veg inn til bustadfeltet skal ha tilstrekkelege siktforhold i tråd med gjeldande regelverk før planområdet vert utbygd.

Det tillatast trinnvis utbygging av område, dvs. at område BF1-4 kan til retteleggast og byggast ut før resten av området vert tilrettelagt.

4 BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1 Bustad, frittliggande -småhus

For område BFS1, med eksisterande bustad, kan det førast opp bustadbygg med saltak. Møne- og gesimshøgd på BFS1 er sett til hhv. 9 og 6,5 meter. Byggjegrensene er vist på kartet. Maksimal utnyttingsgrad for BFS1 er %-BYA=25%.

Garasjar skal vere tilpassa bustadane i form og materialbruk, slik at dette får ei heilskapleg utforming.
Gesimshøgd skal ikkje overstige 3 meter og mønehøgde skal ikkje overstige 5 meter.

Innanfor byggjeområde BFS2-BF9 kan det etablerast eine- og tomannsbustader i samsvar med pbl §29-4 med tilhøyrande garasje.
Graden av utnytting skal ikkje overstige %-BYA= 35%.

Bygg utan kjellar kan oppførast med inntil 2 etasjar. Bustader med kjellar kan vere på maksimalt 2,5 etasjar.
Gesimshøgde skal ikkje overstige 7 m for bygningar med vanlig saltak, og mønehøgde skal ikkje overstige 9,0 m.

Gesimshøgde skal ikkje overstige 7,5 m for bygningar med flatt tak (pulttak), og mønehøgda skal ikkje overstige 9,0 m.
Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 2,5 m og mønehøgde ikkje over 5,5 m. Garasjen si grunnflate skal ikkje overstige 50 m². Mønehøgd maks 5,5m over garasjegolv. Det er lov med kjellar på garasje der alternativet er ei stor fylling.

Det skal i byggjemeldinga oppgjevast gesims- og sokkelhøgder. Det er høve til å innreie utleigehusvære i bustaden. Det skal avsettast plass til garasje innanfor tomtegrensa.

Frittliggande garasjar skal tilpassast bustadhus på same tomt med omsyn til materialval, form og farge.
I samband med byggemelding av bustadhus skal det leggjast fram målsett situasjonsplan som syner korleis plassering, tilkomst, felles parkeringsareal, biloppstillingsplass, garasje m.v. er tenkt løyst. Situasjonsplan skal ha målestokk 1:500.
Etter samtykke med kommunen kan garasje førast opp utanfor den regulerte byggjegrensa, men ikkje nærmare eigedomsgrensa enn 3 m. Avstand på 1 m kan berre godkjennast når garasjen har innkøyring parallelt med vegen.

4.2 Felles leikeplass, f_BLK

Leikeplass f_BLK1-f_BLK2 er felles for bustadane innanfor planområdet.
Leikeplassane f_BLK1- f_BLK2 skal nyttast/opparbeidast til leikeareal for dei minste samt at f_BLK2 skal nyttast som nærleikeplass og sosialt samling- og aktivitetsområde.

Opparbeiding av leikeplassane skal skje etter eigen plan og i tråd med gjeldande krav for sikring av leikeplassar og utstyr. Natursteinsmurar, gangstiar, vassarrangement, sitjeplassar, lyssetjing og andre parkmessige installasjonar kan opparbeidast. Ingen tiltak kan iverksetjast utan plan godkjend av kommunen. Det skal oppretthaldast naturleg vegetasjon i dei delar av området som ikkje blir nytta til ball- og leikeplass.

Sikring av leikemiljøet i samband med trafikk, murar, skjeringar og skråningar som vert opparbeidd for bustadfeltet, kviler på utbyggar/tomteeigar etter plan- og bygningslova.

4.3 Energiforsyningsanlegg, trafo

Innanfor området BE1 kan det oppførast ein trafokiosk.

4.4 ~~Renovasjonsanlegg~~ Andre anlegg

Innanfor område ~~f_BRE1 f_BRE2~~ f_BAB kan det oppførast eit bygg for postkassestativ og renovasjon der avfallsbehaldarar skal framsetjast for tømming. ~~Avfallsbehaldar skal ikkje lagrast i bygg mellom hentedagane.~~

4.5 Naust

Området f_BUN1 og f_BUN2 er avsett til fellesnaust for bustadane innanfor planområdet.
Naust kan oppførast inntil 1 ½ etasje og med 38-45 graders mønetak. Gesimshøgda kan vere inntil 3,6 meter. Materialbruk skal vere trepanel og tekking av skifer, uglasert teiglstein, torv eller tradisjonelt bølgjeblikk. Bygning skal vera uisolert og tilpassast tradisjonell byggjeskikk i området ved fasadeuttrykk, proporsjonar, farge- og materialbruk.

Grad av utnytting settast til maks %-BYA= 45 %

I strandsona må det ikkje førast opp gjerde, murar eller anna som kan hindre fri ferdsel.

I f_BUN1 kan det oppførast til saman 12 naust, med grunnflate inntil 32m². Nausta skal byggast i 3 grupper på 4 samanhengande naust i kvar gruppe med minimum 1,5m mellom kvar gruppe.

I f_BUN2 kan det oppførast 1 naust, med grunnflate inntil 32m².

Det vert ikkje tillete med rom for varig opphald på i naustet.
Det skal leggast vekt på at utforming blir i samsvar med tradisjonell byggeskikk i området.

5 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

5.1 Offentleg køyreveg, o_SKV 1

Nye køyrevegar skal ikkje ha stigning brattare enn ~~12~~ 15%. Vegbane skal ha bredde min. 4m, og skulder 0,5m til kvar side (total breidde 5,0m). Avkøyrsel skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar i handbok N100 om veg- og gateutforming samt handbok V121 om geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Det er tillate å leggje rør og kablar i vegbana.

Murar, grøfter og skjerings- og fyllingsområder kan etablerast på føremål som grensar til samferdselsanlegg.

5.2 Privat køyreveg, SKV2

Køyreveg SKV2 er eksisterande veg inn til BFS1. Vegbane skal ha bredde min. 3m, og skulder 0,5m til kvar side (total breidde 4,0m).

5.3 Offentleg køyreveg, o_SKV3

Veg o_SKV3 skal nyttast som tilkomstveg for vedlikehald av rasvoll som er etablert ved bustadfelt BFS4, samt som tilkomstveg til friluftsområdet.

5.4 Tekniske bygningar / konstruksjonar

Innanfor området TK kan det oppførast trafokiosk eller andre innretningar for tekniske anlegg som er nødvendig. Frittståande bygg skal tilpassast staden sin busetnad med omsyn til form og farge. Kommunen skal gje løyve til slik innretting.

Det skal etablerast kommunal vassleidning inn i planområdet som sørgje for at vassforsyninga i området er tilstrekkeleg til å dekke brannvesenets behov for sløkkevatn. Bygd etter kommunens VA-forskrift.

Avlaup vert anlegg til septiktank, der avlaupsvatnet går til felles avlaupsleidning til sjø.

5.5 Offentleg parkering

Parkering o_SPA1 og o_SPA2 er offentleg parkering innanfor planområdet.

5.6 Anna veggrunn – grønt areal

Det er regulert inn 1,5 meter breidde med annan veggrunn på kvar side av køyrevegen. Ved store terrenginngrep skal overflatesjiktet takast ut, mellomlagrast og tilbakeførast til sidekantar (inklusive grøftetrauet) etter ferdige terrenginngrep.

Terrenginngrep for veganlegg skal utførast på ein skånsam måte, og vere tilpassa eksisterande terreng og vegetasjon. Fyllingar skal såast, eller steinsettast med robuste materialar tilpassa omgjevnaden og utførast samstundes med veganlegget.

5.7 Frisikt

Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå.

Busker, trær, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillatt. Trafikkskilt og lysmastar kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstander blir fjerna.

5.8 Avkøyring

Avkøyrsler er vist med illustrerande piler i plankartet. Eksakt plassering vert godkjent av kommunen ved byggesakshandsaming.

6 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

6.1 Friluftsformål, LF

Det er ikkje tillate å etablere tiltak innanfor LF-områda, bortsett frå tekniske bygg og installasjoner der dette er nødvendig. Det skal ikkje setjast opp gjerde eller gjerast andre tiltak som hindrar tilgjenge.

7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

I området for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, merka V skal det ikkje etablerast tiltak i sjø.

7.2 Friluftsområde i sjø vassdrag med tilhøyrande strandsone

Det er ikkje høve til å etablere faste eller flytande installasjonar utover det som er i samsvar med området sin bruk til rekreasjon og opphald. Området skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

7.3 Småbåthamn

I Djupevågen, f_VS1 er området tenkt nytta til småbåthamn med utliggarar for båtar. For området f_VS2 kan det fyllast ut i sjø. Småbåthamna er felles og skal nyttast av grunneigarane i planområdet. Det kan etablerast eit båtoppdrag/båtutsettingsplass .

Strandsona skal vere gangbar for ålmenta.

Utelagring eller oppsetting av provisoriske eller midlertidige lagerkonstruksjonar (telt, halvtekker etc.) innanfor området skal ikkje førekome.

Tiltak i sjø, herunder utfylling, mudring, utgraving, legging av leidningar/ røyr og utlegging av flytebrygger/molo, er søknadspliktige ifølge plan- og bygningslova.

Ved søknad om løyve til tiltak skal det dokumenterast at verksemda ikkje forureinar omgjevnaden på nokon måte. Det gjeld vedlikehald av båtar og utstyr (maling, bunnsmøring, oljeprodukt, blybatteri, m.m.) og at båtoppsett på land for slik vedlikehald etablerast med tett oppsamling for avvirka material frå spyling og skraping/pussing.

7.4 Kaste- og låssetjingsplass, VKL

Området VKL1 er avsett til kaste- og låssetjingplass . Tradisjonelt fiske har prioritet føre øvrige aktivitetar. Det må ikkje leggast ut flytebrygger/fortøyingar som vil hindre bruk av låssettingsplassen. Personar som skal bruke området på sjø og land må bli gjort merksame på at det til tider kan gå føre seg aktivitet både på dag- og nattestid ved låssetting. Låset kan bli ståande over tid.

8 OMSYNSONE

8.1 Faresoner

Ras-og skredfare H310
Faresone ras er vist på plankartet og merka H310. Arealet H310_1, H310_2 og H310_3 som er definert som sikkerheitsklasse 2 (1000-årsskred) har ein årleg sannsynlegheit på 1/1000. Faresonekartet viser at deler av området der det er tenkt bustadar ikkje imøtekjem kravet til sikkerheitsklasse 2. Her vert det difor naudsynt med sikringstiltak.

8.2 Frisiktsone (H140)

I området mellom frisiktlinjene og køyrevegar , gang- og sykkelvegar og kollektivanlegg skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0.5 meter over nivået til dei tilstøytande vegareala. Eigar av primærveg kan krevje sikthindrande vegetasjon, snø og gjenstandar høgare enn 0,5 meter over primærvegen fjerna.

9 Føresegnområde,

9.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, område #1

Innanfor dette sjøområdet kan det tillate å legge ut ei flytebrygge i samband med bruk av nausttomt BUN2.

Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato	07.04.2026
Vår referanse	2026/8433-4
Dykkar referanse	bd83dd2a-49e0-485d-877b-9ae5afbe1330
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Innspel til varsel om planoppstart - reguleringsplanarbeid - Bustadfelt Klubben - Solund kommune

Vi viser til brev datert 02.03.26 om oppstart av arbeid med detaljregulering for bustadfelt Klubben i Solund kommune. Hovudføremålet med reguleringa er endringar for parkeringsareal, justering av regulert vegareal og helikopterlandingsplass. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan og regulert til bustad, leikeareal, naustområde og småbåthamn, samt opparbeiding av køyreveg.

Vestland fylkeskommune vurderer planendringa ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Planfaglege merknadar
Justeringa av planen og prosessval framstår som føremålstenleg.

Samferdsel og infrastruktur
Planendringane til reguleringsplanen Bustadfelt Klubben, planID 201502, har ingen påverknad på det som vedkjem fylkesveg 606. Avkøyrsla mot fylkesvegen er teikna inn i kart med siktsone og utforming som er i tråd med vegnormal Handbok N100. Vi saknar derimot innteikna sikringssone H140 for nemnte frisiktsone, og ber om at dette vert teikna inn i kartet.

Meir informasjon
Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at kartet blir oppdatert med omsyn til frisiktssone. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Cathrine Grasdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

DSB

NORCONSULT NORGE AS Att.Sindre Eikenes Postboks 626 1303 SANDVIKA	**Dato:** 03.03.2026 **Vår ref.:** 2026/34-259 **Deres ref.:** 52406751 **Deres dato:**

Automatisk tilbakemelding - Varsel om planoppstart: Bustadfelt Klubben - Solund kommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til plansaken som dere har sendt på høring. DSB har dessverre ikke kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker og sender derfor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvalteren som skal følge opp at hensynet til samfunnssikkerhet er ivaretatt i plansaker. Statsforvalteren har også et ansvar for samordning av statlige innsigelser til kommunale planer.

DSB har innsigelseskompetanse etter plan- og bygningsloven i plansaker som berører følgende områder:

- Virksomheter som håndterer farlige stoffer herunder storulykkevirksomheter
- Transport av farlig gods
- Brannsikkerhet herunder tuneller og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistriktene)

Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig.

Hvis det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaken, bes det om at høringen sendes inn til DSB på nytt med tydelig angivelse av hvilket forhold det bes om DSBs uttalelse til.

Dersom plansaken gjelder areal knyttet til etablert storulykkevirksomhet eller areal hvor det planlegges etablering av anlegg som sikkert eller muligens vil bli storulykkeanlegg, bes det også om at høringen sendes DSB på nytt. Det må fremgå av oversendelsen at saken gjelder plansak knyttet til anlegg omfattet av storulykkeforskriften.

Vi viser til www.dsb.no for DSBs veileder om samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging og veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter.

Med hilsen
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Arkiv

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes derfor uten underskrift.

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Uttale på varsel om oppstart av planarbeid - mindre endring av detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben i Solund kommune (PlanID 201502)

Detaljar:

Saknr. NGIR:	Kommune gbnr:	Plannamn:	PlanID:
26-003	*Solund*	*Bustadfelt Klubben - mindre endring av detaljreguleringsplanen*	*4636_201502* *Saksnr: 2015 / 2*

Dokumentliste:

Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
02.03.2026	*NORCONSULT NORGE AS/NGIR IKS*	*Varsel om oppstart av planarbeid*	*LSR*

NGIR har motteke varsel om oppstart - mindre endring av detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben i Solund kommune 02.03.2026 og har følgjande merknader:

Generelt:
I NGIR-området sorterast det ut tre avfallsfraksjonar i avfallsdunk, i tillegg kjem plastavfall som leverast i 140 l returplastsekk. Kvar einskilde hushald/bueining har rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Ein standard avfallsdunk er på 140 l. Avstand frå eigedom til hentepunkt for avfall skal maksimalt vera 300 m ved eigne avfallsdunkar til kvart hushald/bueining.

Alternativet til eigne 140l avfallsdunkar er fellesløysing. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald/bueining veljast (140 l x tal bueiningar for alle fire fraksjonane). Avstand frå eigedom til fellesløysing for avfall bør vera mindre enn 125 m.

NGIR må kontaktast i samband med val av avfallsløysing. Uavhengig av kva for avfallsløysing ein vel er det viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal både til oppstilling og handtering av avfallsdunkane i samband tømming av avfallet.

NGIR sendte 27.03.2026 e-post til ansvarleg plankonsulent i Norconsult med spørsmål og behov for presisering av kva som er tenkt når det kjem til renovasjonsløysing i den mindre endringa av detaljreguleringsplan i Klubben i Solund kommune (PlanID 4636_201502). NGIR har ikkje motteke svar på etterspurd per 09.04.26.

Då det for NGIR, i varselet om mindre endring av detaljreguleringsplan for bustadfelt Klubben i Solund kommune, ikkje kjem tydeleg fram om det er slik at dei to tidlegare innteikna renovasjonspunkta inne i bustadfeltet (BRE1 og BRE2 frå 2016) no skal erstattast med eit felles bosshus eller om bosshuset kjem i tillegg til BRE1 og BRE 2 har me laga ei generell uttale på den mindre endringa.

NGIR ynskjer å presisera at om det er slik at BRE1 og BRE2 skal erstattast av eit felles bosshus på arealet som opphaveleg var avsett til helikopterlandingsplass (O_LU) for alle bueiningane i bustadfeltet, vil ikkje dette vera innanfor maks avstand frå bueining til renovasjonsløysing.

NGIR anbefaler ikkje å gå for ei felles avfallsløysing der innbyggjarar må frakta avfallet i posar over ei lengre strekning. Om husstandane har eigne avfallsdunkar kan heller ikkje desse fraktast ned til O_LU då maksavstand skal vera 300 m.

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:
Det er viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde, høgde og toler tilstrekkeleg akseltrykk slik at renovasjonsbilen kan nytta dei (jf. forskrift[1]). I tillegg må tilkomstveg ikkje vera for bratt (maks 8 % stigning), slik at renovasjonsbilen kan koma seg opp/ned både sumar- og vinterstid. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar, hentestadar og snuplassar bør ha fast toppdekke. Det må vera brøytt, salta og strødd ved snø og glatt føre. Vegen og hentestad må elles ha normalt vedlikehald gjennom heile året.

Kjevikdalen 9. april 2026

Laila S. Rød
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Rådgjevar Forvaltning, Sak og system

1 Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune, Vestland

Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 14.04.2026
Vår ref: 2026/4514
Dykkar dato:
Dykkar ref:

NORCONSULT NORGE AS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Dag Endre Stedje, 5764 3150

Fråsegn til varsel om endring av detaljreguleringsplan for bustadfelt Klubben i Solund kommune

Vi viser til oversending motteken her 02.03.2026.

Formål med endringane er å:

- Fjerne Felt O_SPA1 i plankart og tilbakeføre til anna veggrunn og blågrønn-struktur. Regulere ny parkeringsplass i eksisterande lomme vest for o_SPA1
- Omdisponere og omregulere arealet som er sett av til helikopterlandingsplass, felt O_LU, i kommuneplanen sin arealdel (KPA).
- Justere vegbana SV frå P10 til P130 4. Opne for endring av føresegn knytt til stigning, med formål om å lette på krav til maksimal stigning frå dagens 12%

Når det gjeld helikopterlandingsplassen (O-LU) i arealdelen til kommuneplanen er det vurdert at dette området ikkje er eigna til helikopterlandingsplass. Arealet (4220m²) grensar mot gjeldande detaljreguleringsplan for Bustadfelt Klubben, og vert no innlemma i planen for å nytte deler av arealet til renovasjon og postkassehus for heile bustadfeltet. Restareande areal vert tilbakeført frå helikopterlandingsplass til offentleg friområde.

Vi forstår det slik at det eigentleg er tenkt å handsame endringane etter forenkla prosess, jf. pbl. § 12-14, andre og tredje ledd, ut frå at det er vurdert at det er snakk om mindre endringar. Vi ser likevel at det i sakspapira er vist til pbl. § 12-14, første ledd, som gjeld endringar som skal handsamast på same måte som ny plan. Det er såleis noko uklart kva sakshandsaming som vert lagt til grunn for å gjennomføre reguleringsendringa.

Ut frå skildringa av endringane er det mykje som talar for at saka kan handsamast som forenkla prosess etter pbl. § 12-14, andre og tredje ledd, og vi forstår det slik at det er det som er tenkt. Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader verken til endringane i planframlegget eller til

sakshandsamingsmåten.

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
fungerande seksjonsleiar

Dag Endre Stedje
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE

Merknad til endring av reguleringsplan: Klubben Bustadfelt (Sak 2015/2)

Gjelder eigedom: Gnr/Bnr 26/49

1. Manglande behov for ytterlegare parkeringsareal

Vi stiller spørsmål ved behovet for å etablere ein ny parkeringsplass like over vår innkøyring. Feltet er planlagt med 15–20 hus, og det er allereie opparbeidd ein parkeringsplass i enden av feltet.

- **Avstandsvurdering:** For samtlige hus i feltet vil det vere kortare veg å gå til den eksisterande parkeringsplassen enn det er for bebuarane i enden av feltet å gå til det felles renovasjonspunktet ved RV606.
- **Tilstrekkeleg kapasitet:** Vi ber kommunen dokumentere kvifor dagens parkeringskapasitet ikkje er tilstrekkeleg for eit felt av denne storleiken, før ein vedtek inngrep som skapar store ulemper for eksisterande eigedomar.

2. Sperring av køyremønster og trafikksikkerheit

Den foreslåtte parkeringsplassen vil fjerne moglegheita for å snu ved vår innkøyring.

- Dette medfører at vi må køyre heilt ut på **RV606 (Hovudvegen)** for å snu når vi skal frå bustadhuset og ned til sjøbua vår.
- Å tvinge lokaltrafikk ut på ein trafikkert riksveg berre for å utføre ein snuoperasjon er trafikkfarleg og skaper ein uakseptabel kvardagslogistikk for oss som bur her.
- Vi gjer og merksam på at vår avkøyrsel fra den kommunale vegen **ikkje** toler noka form for heving av den eksisterande vegbana, då dette vil gjere inn/utkøyring uforsvarleg bratt, spesielt på vinterstid. Dette er tidlegare tatt opp med kommunen, noko som dei har vist forståelse for.

3. Innlemming av søknad: Flytebrygge/bølgedemper

Dersom reguleringsplanen no skal endrast, ber vi at vår søknad av **03.03.2022** om utlegging av flytebrygge/bølgedemper ved sjøbua blir innlemma og godkjent i planen.

- **Tidlegare avslag:** Vi fekk avslag fordi kommunen sjølv skulle etablere småbåthamn og bølgjebrytar.
- **Manglande framdrift:** Det har no gått fire år utan at kommunen har følgt opp sine lovnader. Sidan føresetnadene for det opprinnelege avslaget ikkje er innfridde, bed vi at vi no får løyve til å sikre sjøbua vår for ver og vind med dei private tiltak som tidlegare omsøkt.

Konklusjon

Vi bed om at den planlagde parkeringsplassen blir stroke frå planen då behovet ikkje er dokumentert og ulempene for vår eigedom er for store. Det må takast hensyn til avkjørsle ned til oss. Subsidiært bed vi at planen blir endra slik at vår søknad om bølgedemper frå 2022 blir godkjent som ein del av den nye reguleringa.

Med helsing,

Patrick Trovåg Hardbakke den 26.03.26

NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Vår dato: 18.03.2026
Vår ref.: 202606154-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2015 / 2

Sakshandsamar: Margit Sandem Fjellengen, masf@nve.no

NVE si uttale til varsel om oppstart – mindre reguleringsendring - Bustadfelt Klubben, planID 201502 - Solund kommune

Vi viser til brev datert 02.03.2026. Saka gjeld varsel om oppstart av ei mindre reguleringsendring i reguleringsplan for bustadfelt Klubben. Føremålet med endringa er å fjerne felt O_SPA1 i plankart for å tilbakeføre til anna veggrunn og blågrønn-struktur. Regulere ny parkeringsplass i eksisterande lomme. Omdisponere og regulere inn arealet som er sett av til helikopterlandingsplass i kommuneplanen sin arealdel. Justere vegbane, opne for endring av føresegn knytt til stigning, med formål om å lette på krav til maksimal stigning frå dagens 12%.

Om NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding
Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging.

De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, https://www.nve.no/arealplanlegging/. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløysingar.

Meld inn fareutgreiingar
Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

Kommunen sitt ansvar
NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Rådgiver

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
NORCONSULT NORGE AS

Kopimottakarar:
Solund kommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens vegvesen

NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626

1303 SANDVIKA

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Transport og samfunn	Oddvar Andreas Skrede / 94383151	26/63038-2	2015 / 2	10.03.2026

Uttale - Varsel om oppstart av planarbeid - Mindre reguleringsendring for Bustadfelt Klubben - PlanID 4636_201502 - Solund kommune

Vi viser til ovannemnde sak med uttalefrist 13.04.26. På vegne av Solund kommune har Norconsult varsla oppstart av mindre reguleringsendring for detaljreguleringsplan Bustadfelt Klubben. I hovudsak består endringa og tilpasse planen til meir føremålstenlege løysingar enn planen inneheld i dag.

Uttale frå Statens vegvesen:
Vegvesenet har ingen vegar eller andre interesser i området varsel om planoppstart gjeld. Til dette varselet uttalar vi oss difor som sektoransvarleg for vegtrafikk.
Vi minner om at vegnormalane gjeld for all offentleg veg og at fråvik frå desse skal vere godkjende av vegeigar før planen leggast ut på høyring og offentleg ettersyn. Vi minner også om at plankartet må vise siktkrav i kryss og avkøyrsler.
Kommunen må så langt det er mogleg unngå etablering av parkeringsplassar som medfører at køyreveg vert nytta til manøvreringsareal ved parkering og tilpassing av regulerte veglinjer. Eventuelle endringar knytt til krysset med fv. 606 må avklarast med fylkeskommunen.

Ut over dette har vi ikkje merknader til varselet.

Transport vest - transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Oddvar Skrede

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
SOLUND KOMMUNE, Hardbakke 26, 6924 HARDBAKKE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Solund kommune

Saksframlegg

Arkiv:	K1-033, K3-&15, K2-M70
ArkivsakID:	26/315
JournalpostID:	26/1468
Sakshandsamar:	Amund Fuglebakk Aglen
Dato:	28.05.2026

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
034/26	Formannskap	04.06.2026
030/26	Kommunestyre	11.06.2026

Val av medlem og varamedlem til representantskapen i Vest brann og redning for resten av perioden 2023 - 2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vel XXX til medlem og XXX til varamedlem til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO for resten av perioden 2023 - 2027.

04.06.2026 Formannskap

Handsaming:

Felles framlegg om vedtak:

Solund kommunestyre vel Øyvind Losnegard til medlem og Signe Bjorøy til varamedlem til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO for resten av perioden 2023 - 2027.

Votering:

Felles framlegg om vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-034/26 Vedtak i:
Solund kommunestyre vel Øyvind Losnegard til medlem og Signe Bjorøy til varamedlem til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO for resten av perioden 2023 - 2027.

Vedlegg i saka:
28.05.2026 Vest brann- og redningsregion KO - Forslag til endret samarbeidsavtale

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Selskapsavtale for Vest brann og redningsregion KO

Kva saka gjeld:

Val av medlem og varamedlem til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO

Saksutgreiing:

I K-sak 078/24 søkte Solund kommune om å bli deltakar i Vest brann og redningsregion KO. Søknaden vart innvilga og i K-sak 068/25 godkjent Solund kommunestyret selskapsavtalen til Vest brann og redningsregion KO. Av den fylgjer det at Solund kommune skal velje ein representant og ein vararepresentant til representantskapen.

Vurdering:

Kommunestyret vel sjølve representant og vararepresentant til representantskapen i Vest brann og redningsregion KO.

Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap

Godkjent av representantskapet 6. juni 2025

1. Navn og rettslig status

Oppgavefellesskapets navn er Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap, heretter benevnt Vest brann- og redningsregion KO.

Vest brann- og redningsregion KO er ikke et eget rettssubjekt.

Vest brann- og redningsregion KO har ikke noe arbeidsgiveransvar. Dette utøves av den enkelte deltakerkommune.

2. Deltakerkommuner, eier- og ansvarsandeler

Kommunenavn	Kommunenr.	Antall	Innbyggere pr. 1. januar 2025	%
Askøy	4627	1	30 377	5,98
Austevoll	4625	1	5 437	1,07
Bergen	4601	1	293 701	57,77
Bjørnafjorden	4624	1	26 342	5,18
Bømlo	4613	1	12 365	2,43
Eidfjord	4619	1	967	0,19
Etne	4611	1	4 093	0,81
Fitjar	4615	1	3 208	0,63
Gulen	4635	1	2 260	0,44
Kvam	4622	1	8 517	1,68
Kvinnherad	4617	1	13 175	2,59
Masfjorden	4634	1	1 687	0,33
Osterøy	4630	1	8 172	1,61
Samnanger	4623	1	2 491	0,49
Solund	4636	1	740	0,15
Stord	4614	1	19 350	3,81
Tysnes	4616	1	2 986	0,59
Ullensvang	4618	1	10 981	2,16
Ulvik	4620	1	1 100	0,22
Vaksdal	4628	1	3 875	0,76
Voss	4621	1	16 436	3,23
Øygarden	4626	1	40 105	7,89
Totalt		**22**	**492 322**	**100,00**

Den enkelte deltakerkommunes eier- og ansvarsandel er i samsvar med innbyggertallet i kommunen pr. 1. januar 2025. Justering av eier- og ansvarsandelene i henhold til innbyggertallet skal foretas hvert fjerde år, neste gang i 2029. Størrelsen på det årlige deltakertilskuddet reguleres av punkt 15.1 nedenfor.

Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap

Godkjent av representantskapet 6. juni 2025

3. Formål

Formålet er å utvikle og ivareta et langsiktig faglig samarbeid mellom selvstendige brannvesen i bergensregionen innen følgende fagområder:

a) Brannforebyggende arbeid
b) Brann- og redningsberedskap
c) Beredskap mot akutt forurensning
d) Nødmeldingstjeneste (110-sentral)

Det skal arbeides målrettet for å innlemme Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensning Bergen region KO (IUA Bergen region KO) i Vest brann- og redningsregion KO. Det skal da også legges til rette for at kommuner med tilknytning til et annet IUA kan bli overført til Vest brann- og redningsregion KO.

4. Hjemmel

Vest brann- og redningsregion KO er opprettet i medhold av lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 15, lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner kapittel 19 og forskrift 15. september 2021 nr. 2755 om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskriften) § 5.

5. Geografisk virkeområde

Det geografiske virkeområdet er begrenset til deltakerkommunene. På land følger virkeområdet kommunegrensene. Virkeområdet på sjøen defineres i den enkelte deltakerkommunes beredskapsanalyse.

6. Delegasjon

Deltakerkommunene har delegert den myndighet som kan delegeres etter brann- og eksplosjonsvernloven §§ 15 og 16 til Vest brann- og redningsregion KO.

7. Organisering

Vest brann- og redningsregion KO sine faste organer er representantskapet, styret og daglig leder.

8. Representantskapet

Representantskapet er Vest brann- og redningsregion KO sitt øverste organ. Det skal bestå av politisk valgte representanter fra alle deltakerkommunene. Representantene og deres vararepresentanter velges av den enkelte deltakerkommune for fire år av gangen og følger kommunevalgperioden.

Deltakerkommunene har rett til å oppnevne følgende antall representanter basert på innbyggertallet:

Færre enn 30 000 innbyggere:	1 representant
30 000 – 99 999 innbyggere:	2 representanter
Flere enn 100 000 innbyggere:	3 representanter

Hver representant har én stemme i representantskapet. Dersom bare én stemmeberettiget representant møter for en deltakerkommune som i henhold til denne samarbeidsavtalen har krav på to eller flere stemmer, skal vedkommende representant kunne avgi stemmer på vegne av samtlige stemmeberettigede representanter i deltakerkommunen.

Representantskapet er beslutningsdyktig når minst halvparten av deltakerkommunene er representert. Representantskapets beslutninger treffes med alminnelig flertall. Ved stemmelikhet treffes beslutningen ved loddtrekning.

Ordinært representantskapsmøte holdes hvert år innen utgangen av april. Møtedato blir fastsatt av styret med minst fire ukers skriftlig varsel til representantskapet.

Det konstituerende representantskapsmøtet velger leder og nestleder for fireårsperioden.

På ordinært representantskapsmøte skal følgende saker behandles:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Valg av referent og to protokollvitner
3. Årsregnskap med revisjonsuttalelse
4. Styrets årsrapport
5. Budsjett for det kommende år
6. Fastsettelse av eventuell godtgjørelse til styret
7. Innkomne saker, herunder forslag til vedtektsendringer
8. Valg av valgkomite i samsvar med § 9 nedenfor
9. Valg av styre i samsvar med § 10 nedenfor

Saker som deltakerkommunene ønsker å få behandlet, må være sekretariatet i hende senest to måneder før representantskapsmøtet.

Saksliste og saksdokumenter skal sendes til representantskapet senest to uker før representantskapsmøtet.

Det kan bli kalt inn til ekstraordinært representantskapsmøte med minst tre ukers skriftlig varsel etter vedtak i styret eller når minst tolv representanter krever det skriftlig. Saksliste skal legges ved innkallingen.

Én representant fra hver arbeidstakerorganisasjon tilknyttet brann- og redningstjenesten har møte- og talerett uten forslagsrett på representantskapsmøtene. Ved lukkede møter skal arbeidstakerorganisasjonenes møte- og talerett vurderes særskilt. Sekretariatet skal sørge for at arbeidstakerorganisasjonene som er tilknyttet brann- og redningstjenesten i regionen får tilsendt dagsorden og saksdokumenter.

Representantskapets møter kan gjennomføres som fjernmøter.

9. Valgkomite

Valgkomiteen skal bestå av tre medlemmer. Representantskapet velger valgkomiteens medlemmer og dens leder. Valgkomiteens funksjonstid er fire år, og følger kommunevalgperioden.

10. Styret

Styret skal bestå av fem medlemmer med personlige varamedlemmer fra følgende kommunegrupper:

1 representant:	Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Gulen, Masfjorden, Solund og Øygarden
2 representanter:	Bergen
1 representant:	Eidfjord, Kvam, Osterøy, Samnanger, Ulvik, Vaksdal og Voss
1 representant:	Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Tysnes og Ullensvang

Representantskapet velger styremedlemmene og deres varamedlemmer blant kommunedirektører/rådmenn, kommunaldirektører, kommunalsjefer eller andre på tilsvarende nivå fra deltakerkommunene.

Representantskapet foretar direkte valg av styrets leder og nestleder. Styrets funksjonstid er fire år, og følger kommunevalgperioden.

Styremøter skal avholdes når styrets leder finner det nødvendig eller minimum to av styremedlemmene krever det. Styret er beslutningsdyktig når minst halvparten av styremedlemmene er til stede.

Avgjørelser i styret treffes ved alminnelig flertall. Ved stemmelikhet treffer styrets leder avgjørelsen.

Styret har følgende ansvar og oppgaver:

1. Påse at Vest brann- og redningsregion KO er i stand til å løse sine oppgaver i henhold til formålet
2. Overordnet ansvar for planlegging, gjennomføring og rapportering av aktiviteten i Vest brann- og redningsregion KO, herunder finansiering og budsjettering
3. Påse at det til enhver tid foreligger et felles overordnet plandokument som bygger bro mellom dokumentasjonen av brannvesenene i deltakerkommunene
4. Nedsette fagutvalg og/eller komitéer til å arbeide med generelle eller spesielle oppgaver av faglig karakter

For øvrig gjelder den til enhver tid gjeldende styreinstruks.

Én representant fra hver arbeidstakerorganisasjon tilknyttet brann- og redningstjenesten har møte- og talerett uten forslagsrett på styremøtene. Ved lukkede møter skal arbeidstakerorganisasjonenes møte- og talerett vurderes særskilt. Sekretariatet skal sørge for at arbeidstakerorganisasjonene som er tilknyttet brann- og redningstjenesten i regionen får tilsendt dagsorden og saksdokumenter.

Styrets møter kan gjennomføres som fjernmøter.

11. Daglig leder

Brannsjefen i kontorkommunen er daglig leder av Vest brann- og redningsregion KO. Daglig leder har følgende oppgaver:

a) Lede oppgavefellesskapet i tråd med lover og forskrifter, denne samarbeidsavtalen og fastsatte rutiner
b) Innstille i saker til styret
c) Møte- og talerett i styret
d) Budsjett- og resultatansvar

12. Kontorkommune og sekretariat

Bergen kommune er kontorkommune for Vest brann- og redningsregion KO, og utøver dette ansvaret gjennom Bergen brannvesen. Kontorkommunen har ansvar for daglig ledelse og drift av oppgavefellesskapet, og skal stille kontorfasiliteter til disposisjon for sekretariatet.

13. Fagutvalg

Fagutvalgene nedsettes av styret, har en funksjonstid på fire år (følger kommunevalgperioden) og har følgende oppgaver:

a) Være faglige kontaktorgan for daglig leder
b) Bidra i koordineringen av det faglige arbeidet i regionen
c) Bidra med utredning og forberedelse av saker som skal behandles av styret
d) Andre oppgaver etter beslutning fattet av styret eller daglig leder

14. Overordnet plandokument

Det skal til enhver tid foreligge et overordnet plandokument for Vest brann- og redningsregion KO som bygger bro mellom dokumentasjonen av brannvesenene i deltakerkommunene. Plandokumentet skal revideres minst hvert fjerde år, fortrinnsvis i begynnelsen av hver kommunevalgperiode. Det overordnede plandokumentet skal godkjennes av styret.

15. Økonomi

1. Tilskudd fra deltakerkommunene

Samarbeidet finansieres av deltakerkommunene etter følgende prinsipp:

1. Deltakerkommunene betaler et grunntilskudd som skal være 20 % av det samlede budsjett for vedkommende driftsår.
2. I tillegg til grunntilskuddet skal deltakerkommunene betale et tilskudd pr. innbygger som samlet skal utgjøre 80 % av det samlede budsjett for vedkommende driftsår.

2. Fond

Det opprettes et bundet driftsfond. Dersom årsregnskapet viser et overskudd/underskudd, skal dette avsettes til/trekkes fra det bundne driftsfondet. Fondet skal tillegges renter årlig. Rentesatsen som benyttes skal være gjennomsnittlig innskuddsrente i Bergen kommune sitt konsernkontosystem for det aktuelle året. Den enkelte deltakerkommunes andel av det bundne driftsfondet beregnes etter samme fordelingsnøkkel som siste innbetaling fra deltakerkommunene ble beregnet etter. Representantskapet vedtar hvilke formål fondet kan brukes til. Dersom fondet har økt fem år på rad, skal fondet bygges ned til et forsvarlig nivå i løpet av de neste fem årene. Representantskapet kan vedta å avvike fra dette.

3. Låneopptak

Vest brann- og redningsregion KO kan ikke ta opp lån eller på annen måte pådra deltakerkommunene forpliktelser utover det som følger av vedtatte budsjettrammer.

4. Anvisningsmyndighet
Daglig leder har anvisningsmyndighet innenfor vedtatte budsjettrammer.

5. Regnskapsføring
Regnskapet skal føres av Bergen brannvesen, inngå som en del av Bergen kommune sine regnskaper, følge de regnskapsregler som gjelder i Bergen kommune til enhver tid og føres slik at det er mulig å skille ut hvilken del av Bergen kommune sine regnskaper som gjelder Vest brann- og redningsregion KO.

6. Revisjon
Regnskapet skal revideres av det revisjonsselskap som Bergen kommune til enhver tid har avtale med.

7. Beredskap i den enkelte deltakerkommune
Den enkelte deltakerkommune må selv sørge for en beredskap bestående av kompetent personell og hensiktsmessig materiell som står i forhold til risikoen for brann, ulykker og mindre tilfeller av akutt forurensning i kommunen, jf. dokumentasjonen av brannvesenet i kommunen.

8. Kompetanseutvikling
Kostnader til generell kompetanseutvikling dekkes av den enkelte deltakerkommune, jf. punkt 15-7 ovenfor. Kostnader til kompetanseutvikling som er nødvendig for å ivareta en spesialoppgave på vegne av Vest brann- og redningsregion KO, skal dekkes av Vest brann- og redningsregion KO.

9. Administrasjon
Vest brann- og redningsregion KO skal dekke Bergen kommune sine kostnader til ledelse og administrasjon av oppgavefellesskapet, herunder kostnader knyttet til drift av sekretariatet.

16. Inntreden
Styret har fullmakt til å gjennomføre forhandlinger med potensielle deltakerkommuner. Opptak av nye deltakerkommuner krever imidlertid endring av samarbeidsavtalen, og må behandles i tråd med punkt 18 nedenfor.

Dersom Vest brann- og redningsregion KO har likvide midler på bundet driftsfond ved tidspunktet for inntreden, må inntredende kommune samtidig med innbetaling av tilskuddet for første år betale inn et beløp som tilsvarer kommunens forholdsmessige andel av fondet etter følgende beregningsmodell:

a) 20 % av fondets saldo pr. 1. januar det året kommunen formelt søker om deltakelse i Vest brann- og redningsregion KO fordelt på antall eksisterende deltakerkommuner pr. samme dato.

b) 80 % av fondets saldo pr. 1. januar det året kommunen formelt søker om deltakelse i Vest brann- og redningsregion KO fordelt på antall innbyggere i de eksisterende deltakerkommunene pr. samme dato.

Dersom Vest brann- og redningsregion KO har gjeldsforpliktelser eller andre økonomiske forpliktelser ved tidspunktet for inntreden, hefter den inntredende kommune for sin andel av disse forpliktelsene fra og med inntredelsesdatoen.

Dersom en kommune som har etablert brannvernsamarbeid med én eller flere kommuner søker om inntreden i Vest brann- og redningsregion KO, forutsettes det at alle kommunene i det aktuelle brannvernsamarbeidet søker om deltakelse i Vest brann- og redningsregion KO.

17. Uttreden

Den enkelte deltakerkommune kan med minimum ett års skriftlig varsel til Bergen kommune si opp sitt deltakerforhold i Vest brann- og redningsregion KO. Oppsigelsen vil gjelde fra 1. januar påfølgende år. Innbetalte midler vil ikke bli refundert.

18. Endring av avtalen

Forslag om endring av avtalen skal først behandles av representantskapet, og krever 2/3 flertall av de avgitte stemmer. Deretter skal forslaget sendes til deltakerne for godkjenning i kommunestyrene.

19. Oppløsning

Forslag om oppløsning av Vest brann- og redningsregion KO skal først behandles av representantskapet, og krever 2/3 flertall av de avgitte stemmer. Deretter skal forslaget sendes til deltakerne for godkjenning i kommunestyrene.

Når samarbeidet er besluttet oppløst, sørger styret for at det blir satt opp en balanse med henblikk på avvikling. Alt fellesutstyr skal takseres av to takstmenn som styret oppnevner. Fellesutstyret skal selges til markedspris. Samarbeidets netto midler fordeles deretter til den enkelte deltakerkommune i forhold til innbyggertall. Kontorkommunen skal ha ansvaret for at Vest brann- og redningsregion KO sine arkiver blir oppbevart etter at oppgavefellesskapet er oppløst.

20. Voldgift

Dersom det oppstår tvist mellom deltakerkommunene om forståelsen av denne samarbeidsavtalen, skal tvisten avgjøres ved voldgift i henhold til tvistemålsloven kapittel 32. Voldgiftsrettens tre medlemmer skal oppnevnes av førstelagmannen i Gulating lagmannsrett.

21. Ikrafttreden

Samarbeidsavtalen trer i kraft så snart den er godkjent av alle kommunestyrene i alle deltakerkommunene.